



DET KONGELEGE
JUSTIS- OG BEREDSKAPSDEPARTEMENT

Prop. 1 S

(2021–2022)

Proposisjon til Stortinget (forslag til stortingsvedtak)

FOR BUDSJETTÅRET 2022

Utgiftskapittel: 61, 400–491

Inntektskapittel: 3400–3490



DET KONGELEGE
JUSTIS- OG BEREDSKAPSDEPARTEMENT

Prop. 1 S

(2021–2022)

Proposisjon til Stortinget (forslag til stortingsvedtak)

FOR BUDSJETTÅRET 2022

Utgiftskapittel: 61, 400–491

Inntektskapittel: 3400–3490

Innhold

Del I	Innleiande del	9	<i>Programkategori 06.30 Straffegjennomføring og konfliktråd</i>	93
1	Hovudinnleiing	11	Kap. 430 Kriminalomsorgen	94
1.1	Ansvarsområde og organisering ..	11	Kap. 3430 Kriminalomsorgen	101
1.2	Mål for justis- og beredskapssektoren	11	Kap. 432 Kriminalomsorgens høgskole og utdanningssenter	102
1.3	Resultat i regjeringsperioden	12	Kap. 3432 Kriminalomsorgens høgskole og utdanningssenter	103
1.4	Hovudsatsingar i 2022	16	Kap. 433 Konfliktråd	103
1.5	Effektiv kamp mot kriminalitet	19	Kap. 3433 Konfliktråd	106
1.5.1	Innleiing	19	<i>Programkategori 06.40 Politi og påtale</i>	107
1.5.2	Tilstandsvurdering	19	Kap. 440 Politiet	109
1.6	Rettstryggleik	23	Kap. 3440 Politiet	118
1.6.1	Innleiing	23	Kap. 442 Politihøgskolen	119
1.6.2	Tilstandsvurdering	24	Kap. 3442 Politihøgskolen	120
1.7	Tryggleik i samfunnet	26	Kap. 444 Politiets sikkerhetstjeneste (PST) .	120
1.7.1	Innleiing	27	Kap. 3444 Politiets sikkerhetstjeneste (PST)	123
1.7.2	Tilstandsvurdering	27	Kap. 445 Den høyere påtalemyndighet	123
1.8	Kontrollert og berekraftig innvandring	31	Kap. 3445 Den høyere påtalemyndighet	125
1.8.1	Innleiing	31	Kap. 446 Den militære påtalemyndighet	125
1.8.2	Tilstandsvurdering	32	Kap. 448 Grensekommissæren	126
1.9	Godt forvalta polarområde	36	<i>Programkategori 06.50 Redningstenesta, samfunnstryggleik og beredskap</i>	127
1.9.1	Innleiing	36	Kap. 451 Direktoratet for samfunns-sikkerhet og beredskap	139
1.9.2	Tilstandsvurdering	37	Kap. 3451 Direktoratet for samfunns-sikkerhet og beredskap	144
1.10	Godt og moderne lovverk	38	Kap. 452 Sentral krisehåndtering	145
1.10.1	Innleiing	38	Kap. 453 Sivil klareringsmyndighet	146
1.10.2	Tilstandsvurdering	38	Kap. 3453 Sivil klareringsmyndighet	147
1.11	Oppfølging av oppmodingsvedtak	40	Kap. 454 Redningshelikoptertjenesten	147
1.11.1	Stortingssesjon 2020–2021	44	Kap. 3454 Redningshelikoptertjenesten	149
1.11.2	Stortingssesjon 2019–2020	57	Kap. 455 Redningstjenesten	150
1.11.3	Stortingssesjon 2018–2019	58	Kap. 3455 Redningstjenesten	153
1.11.4	Stortingssesjon 2017–2018	58	Kap. 457 Nasjonal sikkerhetsmyndighet	153
1.11.5	Stortingssesjon 2016–2017	60	Kap. 3457 Nasjonal sikkerhetsmyndighet	155
1.11.6	Stortingssesjon 2015–2016	62	<i>Programkategori 06.60 Andre verksemder</i>	156
1.11.7	Stortingssesjon 2014–2015	62	Kap. 460 Spesialenheten for politisaker	157
1.11.8	Stortingssesjon 2012–2013	63	Kap. 466 Særskilte straffesaksutgifter m.m.	159
Del II	Nærmare om budsjettforslaget	69	Kap. 467 Norsk Lovtidend	160
2	Nærmare om budsjettforslaget	71	Kap. 468 Kommisjonen for gjenopptakelse av straffesaker	161
<i>Programkategori 06.10 Administrasjon</i>	71	Kap. 469 Vergemålsordningen	162	
Kap. 400 Justis- og beredskapsdepartementet	73	Kap. 3469 Vergemålsordningen	164	
Kap. 3400 Justis- og beredskapsdepartementet	76	<i>Programkategori 06.20 Rettsvesen</i>	77	
<i>Programkategori 06.20 Rettsvesen</i>	77	Kap. 61 Høyesterett	82	
Kap. 61 Høyesterett	82	Kap. 410 Domstolene	83	
Kap. 410 Domstolene	83	Kap. 3410 Domstolene	90	
Kap. 3410 Domstolene	90	Kap. 414 Forliksråd og andre domsutgifter	91	
Kap. 414 Forliksråd og andre domsutgifter	91	<i>Programkategori 06.70 Statens sivilrettsforvaltning, rettshjelp, erstatningsordninger, m.m.</i>	165	
		Kap. 470 Fri rettshjelp	166	

Kap. 3470 Fri rettshjelp	168	5.2	Domstoladministrasjonen	215
Kap. 471 Statens erstatningsansvar og Stortingets rettferdsvederlags- ordning	168	5.3	Kriminalomsorgsdirektoratet (KDI)	215
Kap. 473 Statens sivilrettsforvaltning	169	5.4	Sekretariatet for konfliktråda (Sfk)	216
Kap. 3473 Statens sivilrettsforvaltning	173	5.5	Politiet	217
Kap. 475 Bobehandling	173	5.6	Den høgare påtalemakta	218
		5.7	Direktoratet for samfunnstrygg- leik og beredskap (DSB)	218
<i>Programkategori 06.80 Svalbardbudsjettet</i> <i>m.m.</i>	174	5.8	Sivil klareringsstyresmakt (SKM)	219
Kap. 480 Svalbardbudsjettet	175	5.9	Hovudredningssentralen (HRS) ..	219
Kap. 481 Samfunnet Jan Mayen	178	5.10	Nasjonalt tryggingsorgan (NSM)	220
Kap. 3481 Samfunnet Jan Mayen	179	5.11	Spesialeininga for politisaker	220
		5.12	Kommisjonen for gjenopptaking av straffesaker	221
<i>Programkategori 06.90 Beskyttelse og</i> <i>innvandring</i>	180	5.13	Statens sivilrettsforvaltning	221
Kap. 490 Utlendingsdirektoratet	181	5.14	Kontoret for valdsoffererstatning ..	222
Kap. 3490 Utlendingsdirektoratet	198	5.15	Utlendingsdirektoratet (UDI)	222
Kap. 491 Utlendingsnemnda	200	5.16	Utlendingsnemnda (UNE)	223
		5.17	Omtale av likestillingsmessige konsekvensar av covid-19 for departementet og politikkområda	223
Del III Særlege tema	205		Omtale av likestillingsmessige konsekvensar av covid-19 for departementet og verksemdene ..	223
3 Fornye, forbetre og forenkle	207	5.17.1	Vald i nære relasjonar	223
3.1 Innleiing	207	5.17.2	Hatkriminalitet	223
3.2 Direktoratet for samfunns- tryggleik og beredskap	207	5.17.3		
3.2.1 Nødmeldingssentralar	207		6 Omtale av klima- og miljø- relevante saker	224
3.3 Kriminalomsorga	207		6.1 Politiet	224
3.3.1 Nytt fengsel i Agder	207		6.2 Svalbard	224
3.4 Politiet	207			
3.4.1 Digitalisering i politiet	207		7 Opptrappingsplan mot vald og overgrep	225
3.5 Domstolane	208			
3.5.1 Digitalisering av domstolane	208		8 Andre felles tiltak	227
3.6 Utlendingsforvaltninga	208	8.1	Ny premiemodell for pensjons- kostnader for statlege verksemdar	227
3.6.1 Modernisering av IT-løysingane til utlendingsforvaltninga	208	8.2	Budsjettgevinstar frå endra jobb- reisevanar	227
3.6.2 Meir effektiv innleiande asylsaks- behandling	208			
3.6.3 Betre samhandling mellom utlendingsforvaltninga og det moderniserte Folkeregisteret	208		9 Tekniske endringar i kontostrukturen og bruk av stikkord kan overførast	228
4 FNs berekraftsmål – rapportering	210		Forslag	231
4.1 Rapport om nasjonal og internasjonal innsats i 2020	210			
5 Likestilling	213			
5.1 Justis- og beredskaps- departementet	213			

Tabelloversikt

Tabell 1.1	Oversikt over hovud-prioriteringane til regjeringa på Justis- og beredskapsdepartementet sitt område samanlikna med saldert budsjett 2021	18	Tabell 2.7	Tilskot som blir lyste ut	116
Tabell 2.1	Tildelingar til Noregs forskingsråd i 2020 over post 50	74	Tabell 2.8	Øyremerkte tilskot til særskild mottakar	117
Tabell 2.2	Mål for gjennomsnittleg saksbehandlingstid	84	Tabell 2.9	Grunnleggjande nasjonale funksjonar	130
Tabell 2.3	Kapasitetsutnytting i fengsel, 2013–2021	96	Tabell 2.10	Kritiske samfunnsfunksjonar og område	133
Tabell 2.4	Del av fengselsdøgn med aktivitet, 2013–2021	98	Tabell 2.11	Sentral drifts- og bruksinformasjon om Nødnett	142
Tabell 2.5	Talet på registrerte situasjonar med vald eller truslar mot tilsette og mellom innsette, 2014–2020	100	Tabell 2.12	Folketal i Longyearbyen og Ny-Ålesund, 1. januar	176
Tabell 2.6	Talet på uteksaminerte fengselsbetjentar, 2013–2020	102	Tabell 2.13	Returar og rekneskapstal per ordning, 20201	196
			Tabell 2.14	Organisasjonar UDI har inngått avtalar med i 2020	197
			Tabell 5.1	Oversiktstabell for departementet	213
			Tabell 5.2	Fordeling av stillingar 2020 og 2021	213
			Tabell 5.3	Lønn (i 1 000 kroner)	214

Figuroversikt

Figur 1.1	Oversikt over underliggjande og tilknytte verksemdar under Justis- og beredskapsdepartementet	11	Figur 2.12	Saksbehandlingstid i Spesialeininga (2017–2020).	158
Figur 1.2	Del av befolkninga som oppgir å ha vore utsett for vald, truslar om vald, tjuveri og skadeverk dei siste 12 md.	19	Figur 2.13	Innkome og behandla saker, og dessutan restanse i DRK (2017–2020).	160
Figur 1.3	Melde lovbrøt etter lovbrøtstype, indeksverdi 100 = talet på melde lovbrøt i året 2003	20	Figur 2.14	Grunnlag for gjenopning, 2020. ...	162
Figur 1.4	Delen sikta personar med ny sikting i løpet av fem år, fordelt på lovbrøtstype ved opphavleg lovbrøt	23	Figur 2.15	Utgifter til fri rettshjelp og tilskot til spesielle rettshjelpstiltak (2017–2020).	167
Figur 1.5	Innvandringar til Noreg etter innvandringsgrunn og år.	32	Figur 2.16	Saksbehandling hos KfV (2017–2020).	170
Figur 1.6	Tal asylsøkarar, innkomstar overføringsflyktningar og mottak av relokaliserte asylsøkarar 2014–juni 2021.	33	Figur 2.17	Utbetalt erstatning og innbetalt regress (2017–2020).	171
Figur 1.7	Tal assisterte returar og tvangsreturar 2014–juni 2021. Tala inkluderer ikkje bortvisningar knyttet til innreiserestriksjonene som følgje av virusutbrøtet.	36	Figur 2.18	Saksbehandlingstid ved KfV (2017–2020).	171
Figur 2.1	Behandla saker i tingrettane per månad, 2020 i forhold til 2019.	85	Figur 2.19	Samla tal på fartøy med seglingar i fiskevernsona ved Svalbard, seglingar i året.	177
Figur 2.2	Saksbehandlingstid i meddommarsaker, tal på dagar.	86	Figur 2.20	Utvikling i restansar i UDI 2016–juni 2021. Tilbakekallssaker registrerte frå 2018.	183
Figur 2.3	Gjennomsnittleg saksbehandlingstid i straffesaker, meddomsrett.	87	Figur 2.21	Tal på asylsaker og saksbehandlingstid 2014–juni 2021. ...	183
Figur 2.4	Gjennomsnittleg saksbehandlingstid i tvistesaker.	88	Figur 2.22	Tal på saker om opphald 2017– juni 2021 (eksklusiv utvising og tilbakekall).	184
Figur 2.5	Saksavvikling i forliksråda 2016–2020	91	Figur 2.23	Saksbehandlingstid i ulike saker om opphald, 2017–juni 2021.	185
Figur 2.6	Utvikling i soningskøen for vilkårslause dommar, 2013–2021 ..	96	Figur 2.24	Tilbakekallssaker innkomne og behandla saker og klager 2018–juni 2021.	187
Figur 2.7	Talet på saker til konfliktråda 2014–2020	104	Figur 2.25	Utfall i tilbakekallssaker 2020, behandla saker i UDI, første vedtak.	187
Figur 2.8	Ikkje påtaleavgjorte saker	113	Figur 2.26	Bebuarar i mottak per 31. desember 2014–2021 (30. juni 2021)	188
Figur 2.9	Innsatsane til Sivilforsvaret fordelte etter hendingar per august 2021	140	Figur 2.27	Tal asylmottak per 31. desember 2014–2021 (30. juni 2021)	188
Figur 2.10	Månadleg fordeling av og utvikling i talet på registrerte hendingar ved HRS i perioden 2012 til juli 2021	151	Figur 2.28	Overføringsflyktningar 2014–2021 (per 30. juni).	190
Figur 2.11	Registrerte og behandla meldingar i Spesialeininga (2017–2020).	157	Figur 2.29	Tal på assisterte returar og personar i mottak med utreiseplikt per 31. desember 2014–2021 (per 30. juni).	191
			Figur 2.30	Tal på saker og gjennomsnittleg saksbehandlingstid i asylsaker 2014–juni 2021.	201
			Figur 2.31	Tal på saker og gjennomsnittleg saksbehandlingstid i saker om opphald 2014–juni 2021.	202



DET KONGELEGE
JUSTIS- OG BEREDSKAPSDEPARTEMENT

Prop. 1 S

(2021–2022)

Proposisjon til Stortinget (forslag til stortingsvedtak)

FOR BUDSJETTÅRET 2022

Utgiftskapittel: 61, 400–491

Inntektskapittel: 3400–3490

*Tilråding frå Justis- og beredskapsdepartementet 24. september 2021,
godkjend i statsråd same dagen.
(Regjeringa Solberg)*


Del I
Innleiande del

1 Hovudinnleiing

1.1 Ansvarsområde og organisering

Justis- og beredskapsdepartementet har ansvar for rettsvesenet, kriminalomsorga, politi- og påtalemakta, redningstenesta og utlendingsstyresmaktene, og har samordningsansvar for samfunnstryggleik og truslar mot rikstryggleiken på sivil side. Ansvaret for samordning av norsk poli-

tikk i polarområda og svalbardbudsjettet ligg òg til departementet. Departementet har ansvar for om lag 150 lover og har i tillegg som oppgåve å bidra til å sikre kvalitet i lovarbeidet i andre departement. Totalt har Justis- og beredskapsdepartementet 19 underliggjande og tilknytte verksemder som saman bidrar til å oppfylle samfunnsoppdraget til sektoren.



Figur 1.1 Oversikt over underliggjande og tilknytte verksemder under Justis- og beredskapsdepartementet

1.2 Mål for justis- og beredskapssektoren

For budsjettperioden 2021–2022 gjeld desse overordna måla for justissektoren:

- effektiv kamp mot kriminalitet

- rettstryggleik
- tryggleik i samfunnet
- kontrollert og berekraftig innvandring
- godt forvalta polarområde
- godt og moderne lovverk

1.3 Resultat i regjeringsperioden

Regjeringa har i regjeringsperioden 2018–2021 jobba målretta for å få eit betre og sterkare politi, eit meir digitalisert og effektivt rettsstell og ei moderne kriminalomsorg som kan handtere ei ny samansetning av innsette. Regjeringa har styrkt beredskapen på ei rekkje område, og tilrådingane frå 22. juli-kommisjonen er følgde opp. I perioden 2018–2021 er den samla løyvinga på dei ordinære driftsbudsjetta til verksemdene i justissektoren auka med om lag 3,6 mrd. kroner (12 pst.), frå 30,6 mrd. kroner i 2018 til 34,2 mrd. kroner i 2021 (Saldert budsjett). Det er og gitt løyving til fleire større investeringar i perioden, som nytt beredskapssenter for politiet, nye politihelikopter, nye redningshelikopter, nye IKT-system for personkontroll på Schengen-grensa, objektsikring og sikre datahallar, digitalisering i domstolane, skredsikring på Svalbard, nytt fengsel i Agder og rehabilitering av Ila fengsel og forvaringsanstalt.

Effektiv kamp mot kriminalitet

Politireforma er gjennomført. Ho har styrkt evna politiet har til å handtere det moderne kriminalitetsbiletet. Politiet og kommunane samarbeider meir systematisk om det lokale kriminalitetsforebyggjande arbeidet, bl.a. gjennom politiråd og politikontakt. Politiet er no samla i tolv større og sterkare politidistrikt, som alle har fått større moglegheit til å etterforske og påtale alvorleg og organisert kriminalitet. Ressursane i det enkelte politidistriktet er organisert i såkalla funksjonelle driftseiningar, som støtter heile distriktet i oppgøveløysinga.

Kvaliteten på arbeidet til politiet er styrkt, etaten har blitt endå meir profesjonell, evna til samarbeid er blitt betre, og politiet etterforskar i dag kriminalitet som tidlegare ikkje vart prioritert fordi politiet ikkje hadde tilstrekkelege ressursar eller nødvendig kompetanse. Riksadvokaten melder at kvaliteten på straffesaksområdet er høgare og jamnare. Sjølv om det er rom for ytterlegare forbe-tringar, er det liten tvil om at politireforma har vore nødvendig og riktig for at norsk politi skal kunne handtere eit nytt kriminalitetsbiletet.

Samstundes har regjeringa følgd opp arbeidet med å tilføre politiet nye ressursar. Driftsbudsjettet til politiet (post 01) har auka med 2 683 mill. kroner i perioden (16 pst.), inkl. lønns- og prisvekst, frå 17 101 mill. kroner i 2018 til 19 784 mill. kroner i 2021 (Saldert budsjett). Talet på tilsette i politiet har auka med 755, frå 16 945 i 2018 til 17 700 per 31. mars 2021, og dei fleste av dei er

politiutdanna. Det har lenge vore eit viktig mål at Noreg skulle ha to polititene-stepersonar per tusen innbyggjarar. Dette målet vart nådd i 2020. For å møte nye kriminalitetsutfordringar, medrekna IKT-relatert kriminalitet, har regjeringa òg stilt krav til politiet om rekruttering av fleire relevante yrkesgrupper.

Det er i inneverande stortingsperiode gitt løyving til politiet sin innsats for betre integrering og trygge bumiljø, som styrkt politiinnsats i Oslo Sør og ulike tiltak mot barne-, ungdoms- og gjengkriminalitet. Regjeringa har fremma forslag om forbod mot deltaking i kriminelle gjengar, noko som vil vere med på å styrke samfunnet sin moglegheit til å kjempe mot dei mest profesjonelle og organiserte miljøa og hindre rekruttering av barn og unge. Politidirektoratet og Riksadvokaten har sett i verk ein nasjonal operasjon mot kriminelle nettverk i Noreg som vil bidra til å forbetre, styrke og koordinere den allereie pågåande innsatsen mot gjengkriminalitet.

Dei siste ti åra har det vore ein betydeleg auke i talet på melde lovbrøt av seksuelle overgrep mot barn og unge. Ein av årsakene til auken er at fleire politidistrikt har etterforska store internettrelaterte saker med mange fornærma. Politiet sine ressursar og kompetanse til å forebyggje og etterforske vald, valdtektar og seksuelle overgrep er styrkte. Regjeringa legg òg til rette for eit betre samarbeid mellom politiet, skulen, helsetenesta, familievernnet, barneverntenesta og andre relevante etatar gjennom t.d. aktiv bruk av politiråd og utveking av rettleiarar for å lage kommunale handlingsplanar.

Regjeringa har følgd opp opptrappingsplanen mot vald og overgrep mot barn, bl.a. gjennom nedsetjinga av partnardrapsutvalet, gjennom etablering av støttesenter for kriminalitetsutsette, gjennom evaluering av besøksforbod som verne-tiltak og gjennom ein strategi mot internettrelaterte overgrep mot barn. Løyvinga til statens barnehus er auka, og det er etablert to nye underavdelingar av allereie eksisterande barnehus. Totalt finst det 14 barnehus, der tre er underavdelingar. Regjeringa har òg styrkt satsinga på omvend valdsalarm, og bruken har tredobla seg dei siste åra. Regjeringa har styrkt innsatsen mot valdtekt gjennom Handlingsplan mot valdtekt (2019–2022). Handlingsplanen har fem innsatsområde, der eit er god kvalitet i etterforsking og behandling i rettsapparatet for denne typen saker.

Regjeringa har utvida grunnlaget for opphaldsløyve for offer for menneskehandel gjennom ei forskriftsendring som utvidar retten til opphald

for offer for menneskehandel som gjev forklaring for retten eller politiet i ei straffesak.

Politiet har etablert eit nært samarbeid med Arbeidstilsynet, Arbeids- og velferdsetaten og Skatteetaten om felles innsats mot arbeidslivskriminalitet, bl.a. gjennom felles styringsstruktur og -modell for arbeidslivskriminalitetssentera. Etatane har vedteke felles mål- og resultatstyring for denne innsatsen.

Politiet sin kapasitet og kompetanse til å kjempe mot kriminalitet i det digitale rommet er styrkt gjennom etableringa av Nasjonalt cyberkriminalitetssenter (NC3) ved Kripos i 2019. Senteret er eit nasjonalt kunnskaps- og kompetansesenter innan teknologirelaterte politioppgåver. Politiet har etablert eigne einingar med kompetanse innanfor digitalt politiarbeid i alle politidistrikta. Det å samle og styrke kompetansemiljø ventast å bidra positivt framover. Politiet sitt nærvær på nett er styrkt gjennom etableringa av nettpatroljar i alle politidistrikta. Politiet sitt samarbeid gjennom Felles cyberkoordineringssenter (FCKS) og NSMs Nasjonal cybertryggingssenter (NCSC) er viktig for å handtere det samansette trusselbiletet.

Regjeringa sikrar grensene mot grensekryssande kriminalitet og terrorisme. Noreg deltek med andre europeiske land i Schengen-samarbeidet. Politiet og utlendingsstyresmaktene fekk i 2020 løyvd midlar til å implementere Schengen-grensekontrollsystema Entry Exit System (EES) og European Travel Information and Authorisation System (ETIAS). Under covid-19-pandemien har Forsvaret hjulpet politiet med grensekontroll. Regjeringa har gjennomført mellombels personkontroll på delar av den indre Schengen-grensa sidan hausten 2015 som eit tiltak for å sikre samfunnstryggleiken i Noreg.

Totalt er det i løpet av perioden 2018–2021 løyvd om lag fire mrd. kroner til større investeringsprosjekt i politiet¹. I tillegg til nytt beredskapssenter har politiet fått tre nye politihelikopter. Politiet har sikra både skjermingsverdige objekt i tråd med krava i tryggingsslova, og dei har bygd sikre datahallar for justissektoren. Politiet har i perioden 2018–2021 i tillegg fått auka løyving til meir og betre utstyr, bl.a. til kjøretøy, nye politibåtar, utstyr til operativt arbeid og frie midlar til politidistrikta for å styrke patruljering. Dette har gitt politiet handlingsrom til å bruke ressursane der dei lokale og regionale behov er størst.

¹ Politihelikopter og enkelte andre større investeringar er budsjettert på politiets driftspost.

Rettsstat og rettargang

Regjeringa har styrkt domstolane kraftig, med auka dommarressursar og digitalisering. Strukturreformerna i domstolane er gjennomført. Alle rettsstader er haldne oppe, samstundes som det blir større fagmiljø ved at rettskrinsane er utvida.

Ein stor digitaliseringsprosess går for seg i domstolane, og det er løyvd betydelege midlar til satsinga i perioden 2018–2021. Stadig fleire rettsaker kan gjennomførast raskare med digital deltaking. Domstolane har òg fått auka kapasitet gjennom bl.a. løyvingar til bemanning, til teknisk utstyr, til utgreiingar av nye tinghusprosjekt og til forprosjekt med lyd- og biletopptak i utvalde domstolar. Det ordinære driftsbudsjettet til domstolane og Høgsterett (post 01) har auka med 363 mill. kroner i perioden (14 pst.), inkludert lønns- og prisvekst, frå 2 561 mill. kroner i 2018 til 2 924 mill. kroner i 2021 (Saldert budsjett).

Prosjektet elektronisk samhandling mellom aktørane i straffesakskjeda (ESAS) har etablert ein effektiv, sikker og robust digital felleskomponent (Justishub) for utveksling av data innan straffesakskjeda.

Straffesaker skal avviklast meir effektivt. Regjeringa har fremma og fått tilslutning til lovforslag om aktiv saksstyring. Forslaga legg til rette for auka dommarstyring ved å styrke det faktiske grunnlaget for saksstyring i retten og ved å gi retten meir effektive styringsverktøy. Lovendringa kan gi betydelege innsparingar. Regjeringa har òg fremma og fått tilslutning til ei lovendring om å innføre ankesiling for saker med strafferamme på over 6 år. Endringane tredde i kraft i 2020.

Regjeringa har prioritert å auke løyvingane til både påtalemakta i politiet og Den høgare påtalemakta for å byggje ned restansar ved straffesaksbehandlinga.

Regjeringa stiller strenge krav til sikker lagring og behandling av personopplysningar, både frå private og frå offentlege aktørar. Regjeringa har i 2020 sett ned ein personvernkomisjon for å vurdere stillinga til personvernet i Noreg. Denne skal bl.a. se på personvern i justissektoren og på korleis personvernet kan sikrast ved auka bruk av digitale løysingar, medrekna rettane til brukarar av sosiale medium. Regjeringa har fremma lovendringar der unntaksregelen for yrtings- og informasjonsfridom i personopplysningslova § 3 er endra for å leggje til rette for meir nyanserte vurderingar av forholdet mellom yrtings- og informasjonsfridommen og personvernet. I offentleglova blir det foreslått å ta inn eit unntak frå retten til innsyn for samanstillingar og oversikter som er

utarbeidde i samband med innsyn i eigne personopplysningar etter personvernforordninga, og ei ny føresegn om innsyn i saker for EOS-utvalet.

Straff og soning

Regjeringa vil behalde det generelle straffenivået, men opne for mindre justeringar på enkelte område i høve der straffenivået blir opplevd som urimeleg. Regjeringa har auka straffenivået på enkelte område, bl.a. når det gjeld skyting mot politiet.

Talet på personar som gjennomfører straff med elektronisk kontroll («fotlenke») har auka. Dette gjer det lettare for personar med korte straffer og utan tidlegare dommar å halde fram med arbeid, utdanning og kontakt med familien. Dette aukar òg moglegheita for å klare seg betre etter gjennomført straff.

For å sikre at innsette under 18 år får eit tilpassa tilbod ved fullt belegg i ungdomseiningane, er det bestemt at Eidsberg fengsel skal gi tilpassa oppfølging for inntil tre innsette under 18 år.

Regjeringa har sørgd for viktige tiltak for å betre forholda under gjennomføring av straff og for å redusere problemet med isolasjon. Fleire norske fengsel er gamle og har ein bygningsmasse som er dårleg tilpassa moderne fengselsdrift. Regjeringa har derfor lagt stor vekt på nye bygg og rehabilitering. I 2020 opna nye Agder fengsel med 300 plassar. I regjeringsperioden er òg arbeida med å greie ut eit nytt Oslo fengsel og med å rehabilitere Ila fengsel og forvaringsanstalt starta. I sum vil dette betre forholda for mange innsette. Det har igjen betydning for korleis den innsette klarer seg etter soning, og det reduserer faren for tilbakefall til ny kriminalitet.

Fleire har fått tilbod om plass ved einingar for rusmeistring og anna behandling for avhengnad. Avrusing i fengsel er òg gjennomført som eit prøveprosjekt ved Bjørgvin fengsel, og det vil bli evaluert med tanke på ei ev. utviding. Eit landsdekkande behandlingstilbod for innsette dømde for seksuelle overgrep er òg etablert. I innsatsen mot isolasjon og for oppfølging av psykisk sjuke innsette i fengsel har regjeringa i tillegg sørgd for midlar til tiltak som skal førebyggje og hindre isolasjon.

Regjeringa arbeider for trygge og likeverdige forhold for kvinner under straffegjennomføring. I 2019 opna Arendal fengsel, Evje avdeling med 30 nye plassar for kvinner. I 2021 er det etablert eit nasjonalt ressursteam ved Bredtveit fengsel og forvaringsanstalt for å bidra til å førebyggje og

hindre langvarig isolasjon for kvinnelege innsette med alvorlege psykiske lidingar.

I 2019 og 2020 vart det gitt auka løyving til bl.a. sikringsutstyr i kriminalomsorga. Dette har bidratt til at ti av dei største fengsla i landet no har kroppsskannarar. I tillegg har 34 fengsel gjennomlysningsutstyr.

Samla er det løyvd om lag 1 700 mill. kroner til større investeringsprosjekt i kriminalomsorga i perioden, inkludert løyving til fengselsbygg under budsjettet til Kommunal- og moderniseringsdepartementet.

Ein berekraftig innvandringspolitikk

Regjeringa fører ein streng, rettferdig og berekraftig innvandringspolitikk innanfor rammene av internasjonale forpliktingar. Migrasjonsutfordringane er uføreseielege. Regjeringa har lagt vekt på å ha beredskap for raske skiftingar og å føre ein asylpolitikk som held talet på asylsøkarar utan behov for vern lågast mogleg.

Det er viktig for regjeringa å bidra til internasjonalt samarbeid om flyktningar og migrasjonsutfordringar. Regjeringa har derfor i samarbeid med UNHCR prioritert å ta imot overføringsflyktningar der behovet for vern er avklart. Regjeringa ser nivået på overføringsflyktningar i samanheng med andre innvandrings- og integreringsutfordringar, medrekna ev. relokalisering frå EU. Sidan 2016 har det komme få asylsøkarar til Noreg. Regjeringa har vidareført det vedtekne nivået på overføringsflyktningar på 3 000 plassar årleg.

Regjeringa har etablert Nasjonalt ankomstsenter i Råde, som sikrar rask behandling av asylsøknader samstundes som rettstryggleiken til asylsøkarane blir halden ved lag, i tillegg til at det er eit sentralt tiltak for innkomstberedskapen.

Regjeringa har jobba for å styrke arbeidet med avklaring av identitet og for å hindre at personar har opphald i Noreg på urett grunnlag. Regjeringa har sett i verk ei rekkje regelendringar for opptak og lagring av biometri frå 2021. Dette vil gjere det vanskelegare å ha fleire identitetar i Noreg. Som følgje av regelendringane blir det no teke foto og fingeravtrykk av alle som søker om opphald. Regjeringa har sett i verk auka bruk av DNA-testing i saker for å avklare slektskap i samband med familiegjensameining. Lov- og forskriftsendinga vart sett i kraft i 2020.

Det er sidan 2019 gitt ei varig auking i driftsbudsjettet til UDI, politiet og utanrikstenesta for å arbeide med tilbakekall og utvida bruk av DNA-testing i familiesaker. Sidan 2020 er det gitt auka løyving til å byggje ned restansar og for å styrke

rettsvernet i saker om tilbakekall av statsborgarskap.

Regjeringa har fremma forslag om enkelte endringar i handsaminga av klager i UNE som vil styrke rettstryggleiken for dei som klagar. Fleire av endringane tek særleg sikte på å styrke rettstryggleiken for barn. Dette kjem i tillegg til at regjeringa har gjort endringar i utlendingsforskrifta som styrker retten til personleg oppmøte og til å føre vitne under nemndmøte i Utlendingsnemnda i asylsaker der truverdet ved ei konvertering blir vurdert.

Det er i perioden gitt løyving til å modernisere IT-systema i utlendingsforvaltninga. Dette skal leggje grunnlag for ei stegvis utfasing av eldre løysingar. Moderniseringa vil gi betre oversikt over og kontroll med asylsøkarar og andre tredjelandsborgarar og effektivisere utlendingsforvaltninga, bl.a. ved å leggje til rette for automatisert behandling av saker.

Samla er det løyva om lag 420 mill. kroner til større investeringsprosjekt i UDI i perioden.

Arbeidet med retur av personar utan lovleg opphald i Noreg er prioritert. I perioden 2018–2020 har 574 personar reist med assistert retur og 11 243 har blitt transporterte ut av politiet. Samarbeidet mellom politiet og UDI for å motivere pårekna vanskelege grupper til å returnere fortset. Regjeringa innførte i 2021 ei eingongsløysing som gir enkelte utlendingar med avslag på asylsøknaden og lång butid i Noreg, opphaldsløyve.

Regjeringa har redusert gebyr ved familiegjen sameining for personar med flyktningstatus. Krav om butid for rett til permanent opphaldsløyve er heva frå tre til fem år for flyktningar, utlendingar med opphaldsløyve på humanitært grunnlag og deres familie. Regjeringa har gjennom endringar i utlendingsforskrifta snevra inn høva til å gjere unntak frå kravet om sjølvforsørging for å få rett til permanent løyve om opphald for vaksne. Regjeringa har i perioden gradvis utvida tilbodet om gratis heiltidsplass i barnehage til å gjelde alle barn frå eitt år og oppover som bur i asylmottak. Tidlegere vart det berre gitt gratis heiltidsplass for fire- og femåringar.

Beredskap

Regjeringa har styrkt beredskapen breitt for at Noreg skal vere førebudd på å handtere kriser, alvorlege situasjonar og nye truslar lokalt og nasjonalt. Det er eit langsiktig arbeid som har blitt høgt prioritert. Oppfølgingspunkta frå 22. juli-kommisjonen er følgt opp.

Beredskapssenteret for bombegruppe, beredskapstropp, gisselforhandlarteneste og helikopterteneste er etablert på Taraldrud. Bemanninga i politiet er kraftig styrkt, og tre nye politihelikopter med langt større rekkjevidd og transportkapasitet enn forgjengarane er på plass. Nye redningshelikopter er under innfasing, og ein ny redningsbase i Tromsø er under etablering. Det er avgjort å etablere ein ny fagskule i Tjeldsund for brann- og redningspersonell.

Politiet har gode resultat for svartid på nødnummer 112. Resultata i 2020 er noko betre enn i 2019, på trass av ein auke i talet på førespurnader. Politiet innfridde òg dei nasjonale krava til responstid (tida det tek å komme til staden ved eit hasteoppdrag) for første gong sidan målingane starta i 2015.

Regjeringa har styrkt grunnberedskapen. Ei ny tryggleikslov med forskrifter tredde i kraft i 2019. Lova er grunnlaget for korleis vi skal verne nasjonale tryggleiksinteresser, og er tilpassa samfunnsutviklinga. Det er stilt tydelegare krav til samfunnsstryggleiksarbeidet til departementa og til det hovudansvarlege departementet si samordning innan nødvendige samfunnsfunksjonar. Regjeringa har etablert eit system der departementa er peika ut som hovudansvarlege for 14 kritiske samfunnsfunksjonar. Under behandlinga av covid-19-pandemien har dei 14 samfunnsfunksjonane vore viktige. Dei danna grunnlaget for å identifisere kva personellgrupper som kunne få ha barn i barnehage og på skule sjølv om desse var stengde, og dei har vore viktige i arbeidet med å fastsetje unntak frå innreiserestriksjonane for personell i nødvendige samfunnsfunksjonar.

Digital tryggleik er eit prioritert område. Justis- og beredskapsdepartementet har arbeidd kunnskapsbasert og strategisk med digital tryggleik dei siste åra for å forbetre arbeidet mot truslar, for å styrke medvitet både i offentleg og privat sektor og for å sikre offentlege institusjonar og sentrale funksjonar mot dataangrep. Regjeringa har etablert Nasjonalt cybertryggingssenter (NCSC) ved Nasjonalt tryggleiksorgan (NSM).

Regjeringa har forbetra tryggleiken rundt IKT-driftsanlegg og styrkt den nasjonale kontrollen med samfunnsviktig IKT-infrastruktur, bl.a. gjennom implementeringa av ei ny tryggleikslov. Lova stiller krav til at objekt og infrastruktur som er av avgjerande betydning for nasjonal tryggleik, skal klassifiserast og sikrast.

Regjeringa har satsa på oppgradering av IKT-systema i politiet. Løyvingar til dette gitt i 2016 og 2017, til IKT-modernisering og IKT-tryggleik, er vidareførte permanent. Sidan 2019 er det blitt

løyvd midlar til etablering og drift av eit respons-senter for digitale hendingar i justissektoren (JustisCERT).

Det er òg gitt løyving til å halde Nødnett trygt og robust.

Regjeringa har styrkt arbeidet med førebygging, klimatilpassing og beredskap mot naturfare. Noreg deltek i EU si ordning for sivil beredskap (UCPM/rescEU), som er det viktigaste europeiske samarbeidet innanfor samfunnstryggleik og beredskap. Samarbeidet dekkjer ei rekkje område, bl.a. førebygging, beredskap og handtering av skogbrann og flaum. Regjeringa fører vidare norsk deltaking i 2021–2027.

Regjeringa har styrkt nødkommunikasjonen og redningsberedskapen i nord gjennom etableringa av HF-dekning i dei nordlege havområda frå 2021.

Svalbard

Klimaendringar har ført til større fare for skred i Longyearbyen, og det er derfor sett i gang omfattande arbeid med skredsikringstiltak. Det er i perioden 2018–2021 gitt løyving til skredsikring av bustadfeltet Lia under Sukkertoppen i Longyearbyen. Arbeidet er venta ferdigstilt i 2022. 60 nye bustader bygde av Statsbygg (KMD) stod klare i Longyearbyen i 2019 for å erstatte bustader som var øydelagde eller flytta frå pga. snøskred eller snøskredfare.

I 2019 og 2020 vart det løyvd midlar over svalbardbudsjettet for å dekke halvparten av utgiftene til eit nytt reservekraftverk i Longyearbyen. Reservekraftverket stod ferdig ved årsskiftet 2020–2021. Etter nokre år med for lite reservekraft vil det nye reservekraftverket medverke til god reservekraftkapasitet i Longyearbyen.

Seglingssesongen til Sysselmeisteren sitt fartøy M/S «Polarsyssel» er frå 2020 utvida til å dekke heile året, noko som har styrkt Sysselmeisteren sin evne til å utøve mynde på øygruppa, og som har medverka til å styrke beredskapen.

Under virusutbrotet og dei følgjande smitteverntiltaka er det lagt til rette for at næringslivet i Longyearbyen har høve til å klare seg gjennom perioden med redusert økonomisk aktivitet.

1.4 Hovudsatsingar i 2022

Regjeringa sitt budsjettforslag for 2022 inneber å styrke fleire av hovudmåla for Justis- og beredskapssektoren. For meir effektiv kamp mot kriminalitet foreslår regjeringa nye tiltak mot barne-

ungdoms- og gjengkriminalitet, tiltak mot vald i nære relasjonar og mot overgrep mot barn, tiltak mot arbeidslivskriminalitet og ein generell auke i bemanninga i politiet. For auka rettstryggleik foreslår regjeringa tiltak for å styrke gjennomføringa av EØS-plikter i norsk rett, meir behovsprøvd fri rettshjelp til personar med låg inntekt og reduksjon av gebyr på fleire rettsområde under Justis- og beredskapsdepartementet. Forslag som legg til rette for auka tryggleik i samfunnet og internasjonalt engasjement er bl.a. auka samarbeid med EU for å styrke handteringa av den felles yttergrensa og tryggleiken på Schengen-området og auka løyving til EU si ordning for sivil beredskap. Det blir foreslått å auke løyvinga til NSM til digital tryggleik. Det blir foreslått ei løyving til skredsikring på Svalbard. På innvandringsfeltet blir det samla sett foreslått om lag ei uendra løyving som følge av at det framleis er få asyltilkomstar. Samstundes foreslår regjeringa å vidareføre 3 000 plassar til overføringsflyktingar eller ein annan type byrdedeling.

I 2020 nådde politiet ei nasjonal dekning på to polititenestepersonar per 1 000 innbyggjarar. Regjeringa vil i 2022 leggje til rette for at dette blir halde ved lag, og foreslår å auke løyvinga med 68,2 mill. kroner for å tilsetje 55 fleire polititenestepersonar som følge av forventta vekst i folketalet. Desse skal i hovudsak gå til å styrke dei geografiske einingane i politidistrikta. Regjeringa foreslår òg å auke løyvinga til politiet med 5 mill. kroner til politiet sin nettpatrulje og til digitalt politiarbeid. I tillegg blir 5 mill. kroner prioritert innanfor politiets gjeldande budsjetttrammer til formålet. I samband med forslag om auka innsats innan automatisk trafikkontroll, foreslår regjeringa å auke løyvinga til politiet med 12 mill. kroner til fleire stillingar ved politiet sitt senter for automatisk trafikkontroll, for å handtere auka kapasitet i fotoboksane. Regjeringa vil auke innsatsen mot arbeidslivskriminalitet og foreslår samla 42 mill. kroner i auka løyving til å opprette eit nytt A-krim-senter i Finnmark. 9,3 mill. kroner av dette er på budsjettet til politiet. Til å modernisere innkrevjing under Skatteetaten foreslår regjeringa 18,5 mill. kroner til politiet.

Det er utfordringar ved resultatane i straffesaksbehandlinga, bl.a. for vald- og seksuallovbrot. Det blir foreslått å auke løyvinga til påtalearbeidet i politiet med 10 mill. kroner for å heve kvaliteten og effektiviteten ved etterforskning og påtalearbeid hos politiet. I tillegg blir 10 mill. kroner prioritert innanfor politiets gjeldande budsjetttrammer til påtalearbeidet.

I budsjettet for 2022 foreslår regjeringa å styrke arbeidet mot vald i nære relasjonar og overgrep mot barn. Det blir foreslått 10 mill. kroner til å føre vidare løyvningsauken gitt i samband med revidert nasjonalbudsjett 2021 for auka bruk av omvend valdsalarm. Det blir vidare foreslått 2 mill. kroner til å opprette ein partnardrapskommisjon og 5 mill. kroner til barnehus i det samiske kjerneområdet.

Ei lita gruppe barn og unge gjer gjenteken og alvorleg kriminalitet, og det er ei negativ utvikling i enkelte ungdomsmiljø. Regjeringa forslår å styrke innsatsen mot barne-, ungdoms- og gjengkriminalitet gjennom å delvis vidareføre løyvingar gitt i samband med revidert nasjonalbudsjett 2021 til styrking av konfliktrådet, og til ungdomsteam i kriminalomsorga til å følgje opp unge innsette i aldersgruppa 18 til 24 år. Regjeringa foreslår òg å løyve 3 mill. kroner til eit pilotprosjekt for exitprogram for gjengkriminelle, gjennom omprioritering av tilskotsløyving innanfor gjeldande budsjett-rammer.

Som ein del av ei satsing mot barnefattigdom foreslår regjeringa å heve inntektsgrensene for fri rettshjelp i behovsprøvde saker med 10 pst. Forslaget inneber å auke løyvinga til fri rettshjelp med 23,5 mill. kroner. Tiltaket vil føre til at fleire låginntektsfamiliar vil få tilgang til fri rettshjelp. Regjeringa foreslår vidare å redusere fleire gebyr på rettsområdet som er prisa for høgt. For å fjerne at gebyra er prisa for høgt, foreslår regjeringa å sette disse gebyra til sjølkost, med unntak at gebyret for utlegg. Under Politidirektoratet gjeld det blant anna gebyr i samband med søknad om permanent opphald, gebyr ved tvangsførretningar og forliksrådsbehandling. Under domstolane gjeld det blant anna gebyret for konkurs og tvangsoppløysing.

Pga. lang saksbehandlingstid i kommisjonen for gjenopptaking av straffesaker foreslår regjeringa å auke løyvinga til kommisjonen med 1,4 mill. kroner.

NOU 2020: 9 *Blindsonen – Gransking av feilpraktiseringen av folketrygdlovens oppholds krav ved reiser i EØS-området* peika på at det ikkje har vore god nok gjennomføring av EØS-plikter i norsk rett. Regjeringa forslår å løyve 15 mill. kroner til ei felles satsing på budsjetta til Arbeids- og sosialdepartementet og Justis- og beredskapsdepartementet. 9,5 mill. kroner av dette er på Justis- og beredskapsdepartementet sine område. Satsinga vil gjere lovavdelinga i Justis- og beredskapsdepartementet betre i stand til å gi råd og rettleiing

om korrekt gjennomføring av EØS-rett. Forslaget omfattar òg auka løyving til Forskringsrådet til fagmiljø på EU-/EØS-rett og forholdet til norsk rett. Tiltaka skal gi lågare risiko for feiltolking av EØS-regelverk.

Eit sentralt tiltak i arbeidet mot terror og alvorleg kriminalitet er kontroll på kven som reiser inn til Noreg. Schengen-landa skal i dei kommande åra utvikle og ta i bruk nye IT-system for å styrke handteringa av den felles yttergrensa og tryggleiken på Schengen-området. Regjeringa foreslår å auke løyvingane til bl.a. politiet og UDI med 302,5 mill. kroner til formålet. Det blir òg foreslått å auke løyvinga til politiet med 247,5 mill. kroner for å bidra til å finansiere den nye grense- og visumordninga til EU. Ordninga er ein del av EU si migrasjons- og grenseforvaltning, og ho skal særleg støtte varetakinga av den felles yttergrensa og bidra til vidareutvikling av den felles visumpolitikken gjennom solidarisk omfordeling av ressursar.

For å styrke redningsberedskapen i Nord-Noreg skal det etablerast ein ny redningshelikopterbase i Tromsø og ein felles operasjon med Sisselmeisteren si helikopterteneste. Det blir teke sikte på at den nye redningshelikopterbasen blir sett i drift i løpet av 2022. Regjeringa foreslår å auke løyvinga med til saman 243,1 mill. kroner i 2022 til formålet.

Regjeringa foreslår å auke løyvinga til NSM med 6,2 mill. kroner i 2022 for å halde oppe den nasjonale evna til å verne høggradert informasjon. Tiltaket inneber bemanning av eit nasjonalt kompetansmiljø for anvend kryptologi og analyse og evaluering av kryptoalgoritmar.

Regjeringa vidarefører i 2022 gjennomføringa av fleire større investeringsprosjekt, bl.a. etableringa av ein ny fagskule for brann- og redningspersonell ved Noregs brannskule i Tjeldsund kommune, anskaffinga av nye redningshelikopter og sikringa mot snøskred frå Sukkertoppen ved Longyearbyen. Pga. auka kostnadsanslag for desse prosjekta samanlikna med det som ligg til grunn for tidlegare budsjettforslag, foreslår regjeringa auka løyving til prosjekta i 2022.

Regjeringa meiner at talet på overføringsflyktningar må sjåast i samanheng med talet på asylsøkarar og andre innvandrings- og integreringsutfordringar i Noreg. På grunn av det låge talet på asylsøkarar foreslår regjeringa å vidareføre ein kvote på 3 000 plassar i 2022. Plassane på kvoten kan nyttast til å ta imot overføringsflyktningar eller ein annan type byrdedeling.

Tabell 1.1 Oversikt over hovudprioriteringane til regjeringa på Justis- og beredskapsdepartementet sitt område samanlikna med saldert budsjett 2021

	Mill. kroner
Politiet	123,0
Halde ved lag to polititenestepersonar per 1 000 innbyggjarar	68,2
Auka kapasitet automatisk trafikkontroll (fotoboksar)	12,0
Nettpatrulering politiet ¹	5,0
A-krimssenter i Finnmark ²	9,3
Påtalemakta i politiet ³	10,0
Modernisering av innkrevjing ⁴	18,5
Vald og overgrep	17,0
Partnardskadekommissjon	2,0
Omvend valdsalarm – vidareføring av tiltak i samband med revidert nasjonalbudsjett ⁵	10,0
Tiltak mot vald og overgrep mot barn i samiske samfunn	5,0
Rettstryggleik	131,7
Reduksjon av overprisa gebyr ⁶	-98,7
Heve inntektsgrense for fri rettshjelp i behovsprøvde saker med 10 pst. ⁷	23,5
Kompetanse og kunnskapsbygging EØS-rett ⁸	9,5
Tiltak mot barne-, ungdoms- og gjengkriminalitet	8,0
Ungdomsteam i kriminalomsorga	5,0
Styrke konfliktrådet (Delvis vidareføring av tiltak i samband med revidert nasjonalbudsjett)	3,0
Samfunnstryggleik	783,5
Felles operert redningshelikopterbase Tromsø og Svalbard ⁹	238,2
Schengen IKT-forpliktingar ¹⁰	291,6
Nytt grense- og visumfond	247,5
NSM – Nasjonalt kompetansesenter for anvend kryptologi og analyse og evaluering av kryptoalgoritmar	6,2
Sum	1 063,2

¹ I tillegg er 5 mill. kroner øremerket til nettpatrulje på politiets budsjett (totalt 10 mill. kroner).

² I tillegg 28,2 mill. kroner under Arbeids- og sosialdepartementets og Finansdepartementets budsjett og 4,5 mill. kroner innenfor politiets budsjett (totalt 42 mill. kroner).

³ I tillegg er 10 mill. kroner øremerka til påtalemakta på politiets budsjett (totalt 20 mill. kroner).

⁴ I tillegg 339,3 mill. kroner over Finansdepartementets budsjett (totalt 357,7 mill. kroner).

⁵ I tillegg 25 mill. kroner til regjeringas øvrige satsing mot vald og overgrep over budsjettet til Barne- og familiedepartementet, Kulturdepartementet og Helse- og omsorgsdepartementet (totalt 37 mill. kroner).

⁶ I tillegg 3 mill. kroner reduksjon i inntekt over Finansdepartementets budsjett (totalt 101,7 mill. kroner)

⁷ I tillegg 147,5 mill. kroner til regjeringas øvrige satsing mot fattigdom over budsjettet til Kunnskapsdepartementet, Barne- og familiedepartementet, Kulturdepartementet og Kommunal- og moderniseringsdepartementet (totalt 171 mill. kroner)

⁸ I tillegg 5,5 mill. kroner auke over Arbeids- og sosialdepartementets budsjett (totalt 15 mill. kroner), og det foreslås å avsetje 20 mill. kroner innanfor eksisterande budsjetttramme for Kunnskapsdepartementet til EØS-relatert forskning.

⁹ I tillegg 4,9 mill. kroner over Helse og omsorgsdepartementets budsjett (totalt 243,1 mill. kroner).

¹⁰ I tillegg 10,9 mill. kroner over Kommunal- og moderniseringsdepartementets og Utenriksdepartementets budsjett (totalt 302,5 mill. kroner).

1.5 Effektiv kamp mot kriminalitet

Å kjempe effektivt mot kriminalitet skal bidra til eit samfunn med få kriminelle handlingar og få alvorlege brotsverk. Ein viktig føresetnad for låg kriminalitet er at lovbrøt ikkje blir gjentekne.

1.5.1 Innleiing

Verksemder som er viktige for kampen mot kriminalitet er politiet, domstolane, Den høgare påtalemakta, Spesialeininga for politisaker, kriminalomsorga og konfliktrådet.


Ein effektiv kamp mot kriminalitet krev samstundes innsats frå fleire aktørar i samfunnet. Det inneber verksemder som arbeider med eller har ansvar for tidleg førebygging av kriminalitet som

utdanningssektoren, barnevernet, helsesektoren, frivillige organisasjonar m.m.

1.5.2 Tilstandsvurdering

Omfang og trendar i kriminalitetsbiletet

Sidan midten av 1990-talet har det vore ein trend i Noreg og andre vestlege land i retning av mindre kriminalitet. Trenden gjeld både for opplevd og meldt kriminalitet. I Noreg har det vore ein tydeleg nedgang i delen av befolkninga som har opplevd å bli utsett for tjuveri og skadeverk, medan delen som har vore utsett for vald eller truslar om vald har vore stabil, jf. figuren under. Drapsraten har felle frå i underkant av 1,0 per 100 000 innbyggjarar i 1993 til rundt 0,5 i 2018, og han er blant dei aller lågaste i Europa.




Figur 1.2 Del av befolkninga som oppgir å ha vore utsett for vald, truslar om vald, tjuveri og skadeverk dei siste 12 md.

Kjelde: SSB tabell 04621

Det har òg vore ein kraftig nedgang i melde lovbrøt sidan starten av 2000-talet, jf. figuren under. Det er få haldepunkt for å kunne seie at den kraftige auken i talet på meldingar av seksuallovbrøt reflekterer ein auke i omfanget av utsette for seksuelle krenkingar i befolkninga. Det er sannsynleg at politiet avdekkjer fleire offer og saker ved hjelp av elektroniske spor, og at offer for seksuallovbrøt i større grad enn tidlegare melder ifrå til politiet. Ein del av auken i melde seksuallovbrøt er

knytt til fastsetjinga i straffelova om bilete og andre framstillingar av barn og ungdom under 18 år. Auken i melde lovbrøt om vald og mishandling kjem sannsynlegvis av auka straffeforfølgjing av denne typen lovbrøt. Tal på meldingar av narkotikalovbrøt har variert betydeleg over tid, mens omfanget av bruk av narkotika i befolkninga har vore stabilt over tid. Dette tyder på at variasjonen i meldingar truleg primært er eit uttrykk for variasjon i omfanget av kontrollverksemda frå politiet.



Figur 1.3 Melde lovbrøt etter lovbrøtstype, indeksverdi 100 = talet på melde lovbrøt i året 2003

Kjelde: SSB 2021, tabell 08484

Kriminalitet i det digitale rommet

Kriminalitetsbiletet er i endring, og ein større del av kriminaliteten går no for seg i det digitale rommet. Kriminalitet i det digitale rommet har auka i omfang og alvorsgrad sidan starten av 2000-talet. Noreg er eit av landa som ligg lengst framme i Europa når det gjeld å ta i bruk digitale teknologiar. Det er positivt, men det gjer oss òg sårbarare. I 2020 oppgav omtrent fire prosent av den norske befolkninga at dei har opplevd svindel og bedrageri på internett og éin prosent har opplevd identitetstjuveri. Begge delane har vore relativt stabile dei siste åra. Desse funna samsvarer i stor grad med omfangsundersøkingar i Danmark, Sverige, England og Wales.

Kriminalitet i det digitale rommet omfattar fleire typar lovbrøt og offer. Det kan vere både økonomisk kriminalitet retta mot verksemder, som løysepengavirus og hacking, og annan kriminalitet, som nettovergrep og identitetstjuveri. Kriminalitet i det digitale rommet rammar enkeltpersonar, bedrifter og offentlege institusjonar, og det er ein trussel mot tryggleiken til individet, samfunnet og nasjonen.

Det har vore ein auke i melde seksuallovbrøt mot barn dei siste ti åra, og mange av desse sakene er knytt til internettrelaterte overgrep. Bruk av teknologi og internettjenester har gjort det enklare å komme i kontakt med barn og å utveksle overgrepsmateriale. Sakene er ofte omfattande og komplekse og krev mykje ressursar og IKT-kompetanse. Ei sak kan omfatte fleire hundre barn og ha forgreiningar til ei rekkje land.

Omtrent 35 pst. av private og offentlege verksemder vart i 2019 utsette for ei eller fleire digitale tryggleikshendingar. Digitale angrep mot større bedrifter kan medføre store økonomiske utgifter. Angrepet i 2019 påførte Norsk Hydro eit økonomisk tap på 650 mill. kroner. Dataangrepa mot Stortinget og Østre Toten kommune syner at offentlege verksemder og samfunnsviktige funksjonar kan vere utsette for digitale angrep.

Det digitale rommet er eit område der profesjonelle kriminelle kan operere med stor rørsle- og handlefridom. Kriminalitet i det digitale rommet er vanskeleg å etterforske og straffefølgje, og det er manglar i politiets kompetanse og kapasitet til å avdekke og oppklare slik kriminalitet. Utviklinga skjer raskt, og styresmaktene heng for langt bak. Mykje kriminalitet i det digitale rommet blir ikkje meldt til politiet.

Regjeringa vil føre ein restriktiv, ansvarleg og rettssikker innvandringspolitikk innanfor rammene av internasjonale forpliktingar. Ei rettssikker behandling er avgjerande for å sørge for at dei som har krav på vern, faktisk får det, medan dei utan krav på vern eller opphald på anna grunnlag skal returnerast raskt. Regjeringa vil arbeide for å betre samarbeidet om retur med fleire land for å unngå at personar oppheld seg i Noreg utan lovleg opphald. Det blir lagt til rette for lovlege rørsler over landegrensene, medrekna ønskt arbeidsinnvandring. Noreg tek vare på rettstryggleiken til utlendingar og den enkelte sitt behov for vern, samstundes som tryggleiken i landet blir bevart.

1.8.1 Innleiing

Justis- og beredskapsdepartementet har det overordna ansvaret for å utforme og samordne innvandringspolitikken. Utlendingslova, den europeiske menneskerettskonvensjonen, flyktningskonvensjonen og ei rekkje internasjonale forpliktingar i samband med EØS/Schengen og FN er det sentrale juridiske rammeverket som regulerer innvandringa til Noreg.

Dei operative oppgåvene blir utførte i Utlendingsdirektoratet (UDI), Utlendingsnemnda (UNE), Utlendingsforvaltningas fageining for landinformasjon (Landinfo), Politidirektoratet (POD) og dei underliggjande einingane deira, og Politiets tryggingsteneste (PST).

Andre departement med særleg ansvar innan utlendingsforvaltninga er Arbeids- og sosialdepartementet (arbeidsinnvandring og all innvandring frå EØS-land), Barne- og familiedepartementet (omsorgssenter for einslege mindreårige asylsøkarar under 15 år), Kunnskapsdepartementet (busetjing, statsborgarskap og samordning av integreringspolitikken) og Utanriksdepartementet (samarbeid med opphavsland om migrasjon og retur, spesialutsendingar for utlendingsfeltet og utanriksstasjonar som førstelinje for søknader om visum og opphald).

1.8.2 Tilstandsvurdering


Innvandringa til Noreg

Tal frå SSB viser at om lag 24 400 personar innvandra til Noreg i 2020.⁵ Over halvparten av desse kom frå Europa⁶, litt under halvparten var arbeidsinnvandrarar, og ein tredjedel var familieinnvandrarar. Som det går fram av figuren under, har talet på innvandrarar dei siste åra gått ned, og særleg har talet på innvandrarar som kjem pga. flukt, blitt lågare dei seinare åra.

Virusutbrotet har hatt store konsekvensar for innvandringa til Noreg i 2020 og 2021. Dei mellomlange reglane om innreiserestriksjonar og grensekontroll på fleire grenser i Europa har gjort det vanskelegare for utlendingar å reise til Noreg desse åra.

⁵ Gjeld førstegongsinnvandringar blant personar med ikkje-nordisk statsborgarskap.

⁶ Eksklusive Tyrkia.



Figur 1.5 Innvandringar til Noreg etter innvandringsgrunn og år.

Kjelde: SSB

Regjeringa vil leggje til rette for ønskt arbeidsinnvandring. Sjå meir om arbeidsmarknadspolitikken til regjeringa i Prop. 1 S (2021–2022) frå Arbeids- og sosialdepartementet. Arbeidsinnvandrarar har dei siste åra utgjort over 40 pst. av det totale talet på innvandrarar til Noreg, sjølv om talet på arbeidsinnvandrarar vart redusert i 2020 og hittil i 2021.

Familieinnvandring har dei siste åra utgjort ein tredjedel av innvandringa til Noreg. Talet har


likevel gått ned dei siste åra. Dette heng i hovudsak saman med reduksjon i talet på asylsøkarar. Ved familieinnvandring til Noreg meiner regjeringa at innvandraren anten må kunne forsørge seg sjølv eller bli forsørgd av den personen vedkommande blir sameint med. Regjeringa vil kjempe mot fleirkoneri og gjentakande familieinnvandring og hindre at reglane om familieinnvandring blir undergravne gjennom misbruk.

Særskilt om saker om vern (asyl)

Alle som kjem til grensa til Noreg og viser til at dei er forfølgde etter flyktningkonvensjonen, eller som ikkje kan vende tilbake til heimlandet fordi dei der vil risikere dødsstraff, tortur eller umenneskeleg eller fornærande behandling eller straff, har rett til å få behandla søknaden om vern. Dei som fyller vilkåra for vern, har rett til opphald. Noreg tek òg imot overføringsflyktningar som har

fått utreda behov for vern av FN eller andre instansar som definert i utlendingsforskrifta. Noreg har dei siste åra hatt ein kvote på 3 000 plassar for uttak av overføringsflyktningar og annan type byrdedeling.

Figuren under viser utviklinga i talet på søknader om vern, innkomstar av overføringsflyktningar og mottak av relokaliserte asylsøkarar sidan 2014.



Figur 1.6 Tal asylsøkarar, innkomstar overføringsflyktningar og mottak av relokaliserte asylsøkarar 2014–juni 2021.

I 2018 fekk i tillegg 399 asylsøkarar som kom i åra før som einslege mindreårige, behandla søknaden sin på nytt etter utlendingsforskrifta § 8-8 a, dei såkalla oktoberbarna. Desse er ikkje tekne med i figuren for 2018.

Kjelde: UDI

Talet på asylsøkarar til Europa har totalt sett vore nokså stabilt sidan hausten 2016, men det var ein nedgang i 2020. Noreg sin del av asylsøkarane som kjem til Europa, har blitt gradvis redusert dei siste åra. Talet på personar som søker vern i Noreg, har dei siste åra vore lågt. I 2019 søkte 2 305 personar vern i Noreg, noko som var det lågaste talet sidan 1997. Talet på asylsøkarar i 2020 var 1 386, og det var særleg lågt pga. virusutbrotet.

Det lågare talet på asylsøkarar til Noreg dei siste åra, samanlikna med perioden fram til 2015, heng bl.a. saman med tiltak som er sette i verk på yttergrensa til EU og samarbeid mellom EU og tredjeland. Det er og grunn til å tru at signaleffektane av endringar i den norske innvandringspolitikken òg har medverka til færre asylsøkarar.

Regjeringa har som mål at Noreg skal ha få asylsøkarar utan behov for vern. Sidan 2018 har

over 70 pst. av søkarane årleg fått vern, og i 2020 fekk 76 pst. av asylsøkarane vern. Det tilsvarande talet for EU samla var i 2020 rundt 40 pst.

Pga. virusutbrotet har talet på asylsøkarar også vore lågt så langt i 2021. Det er forventa at talet vil auke når reiserestriksjonane globalt blir reduserte. Per utgangen av juni var det registrert 447 nye asylsøkarar i Noreg. Per juni 2021 er det forventa talet for året samla er 1 500. For 2022 blir det lagt til grunn ein prognose på 3 000 asylsøkarar. Det er alltid stor uvisse om talet på asylsøkarar. Migrasjonspresset mot Europa er vedvarande høgt, og situasjonen for Noreg kan endre seg raskt. Det er spesielt stor uvisse om korleis situasjonen i Afghanistan vil påverke asyltilstrøyminga til Noreg.

I 2020 kom det færre overføringsflyktningar til Noreg enn dei siste par åra sjølv om talet på kvoteplassar var det same. Virusutbrotet fekk store

konsekvensar for arbeidet med kvoten. Uttaks-kommisjonar måtte avlysast, og det vart vanskeleg for flyktningar å reise til Noreg i 2020. Ubrukte plassar i 2020 er overført til 2021. Regjeringa avgjorde i 2020 å hjelpe Hellas ved å relokalisere 50 asylsøkarar. Desse blir rekna med i den fastsette kvoten på 3 000 plassar i 2021. Totalt 51 relokaliserte asylsøkarar (medrekna eitt nyfødt barn) kom til Noreg det første halvåret i 2021.

Regjeringa meiner at talet på overføringsflyktningar må sjåast i samanheng med talet på asylsøkarar og andre innvandrings- og integreringsutfordringar i Noreg. Pga. det låge talet på asylsøkarar foreslår regjeringa å vidareføre ein kvote på 3 000 plassar i 2022. Plassane på kvoten kan nyttast til å ta imot overføringsflyktningar eller annan type byrdedeling. Regjeringa meiner at den årlege kvoten på 3 000 plassar må sjåast i samanheng over år. Det vil seie at ubrukte plassar blir overført frå eit år til det neste, og om det blir nytta fleire plasser skal kvoten for neste år bli redusert tilsvarende. For forslag til løyving for 2022 er det lagt til grunn ei overføring av plassar frå kvoten i 2021, på bakgrunn av at det var venta å bli vanskeleg å fylle kvoten i 2021 pga. virusutbrotet.

Situasjonen er no endra som følgje av hendin-gane i Afghanistan. Som følgje av NATO sitt vedtak om å avslutta Resolute Support Mission i Afghanistan 31. august 2021 tok Noreg imot Forsvaret sine lokalt tilsette, både tolkar og reinhaldarar, i juni 2021. Noreg har teke imot Forsvaret sine lokalt tilsette tolkar i Afghanistan sidan 2012 og har til saman teke imot om lag 360 lokalt tilsette tolkar og deira næraste familiemedlemmer med tilknytning til Forsvaret.

I samband med Taliban si maktovertaking i august, bidrog Noreg til evakuering av i overkant av 900 afghanske borgarar. Dette inkluderer om lag 70 lokalt tilsette på ambassaden med familie-medlemmer. Dei fleste som vart evakuert vil bli rekna på den fastsatte kvoten for overføringsflyktningar og anna byrdedeling i 2021, og bidreg til å redusere det forventta talet til overføring av ubrukte plassar.

Som følgje av situasjonen i Afghanistan legg regjeringa opp til å ta imot fleire menneskerettsforsvarar, journalistar og sivilsamfunnsaktørar frå Afghanistan. Det blir òg arbeidd med ei ordning for at tidlegare lokalt tilsette av norske styresmakter i Afghanistan kan bli overført til Noreg. Desse vil bli rekna på kvoten som overføringsflyktningar.

Både evakueringa og planlagte uttak av fleire personar frå Afghanistan kan medføre at det blir nytta fleire plassar på kvoten i 2021 enn lagt til

grunn for budsjettforslaget for 2022. Dette kan òg medføre at det blir fatta vedtak i fleire saker enn den fastsatte kvoten for 2021 og at det blir planlagt uttak av grupper som leggjer føringer for bruk av kvoteplasser i 2022. Regjeringa legg til grunn at ev. bruk av plassar utover den fastsatte kvoten for 2021 vil bli handtert med ein tilsvarende reduksjon i plassar for 2022.

Regjeringa støttar det pågåande arbeidet i EU med ei reform av ulike rettsakter som har som formål å førebygge ukontrollerte sekundærrørsler og sikre jamnare fordeling av asylsøkarar i Europa. EU-landa diskuterer endringar i både Dublin-samarbeidet og andre typar asylsamarbeid, basert på Europakommisjonen sitt forslag til ny pakt om migrasjon og asyl som vart lagt fram i september 2020. Regjeringa vurderer det slik at det i utgangspunktet er i norsk interesse at EU-landa blir samde om ein permanent og bindande fordelingsmekanisme.

Regjeringa vil vidare halde fram med å hjelpe europeiske land som er utsette for eit særleg migrasjonspress. Gjennom EØS-midlane har Noreg bidratt til å styrke asyl- og migrasjonsforvaltninga i land som Hellas, Romania og Bulgaria. Vi viser til omtalen av EØS-midlane i Prop. 1 S (2021–2022) for Utanriksdepartementet. I tillegg støttar Noreg europeiske land, bl.a. ved å sende ut ekspertar gjennom EUs organ for samarbeid på asylfeltet og EU sin grensevaktstyrke (Frontex).

Opphald på riktig grunnlag

Å kjenne identiteten til personar som oppheld seg i Noreg, er viktig for å gjere riktige vedtak i utlendingssaker. At utlendingsstyresmaktene i størst mogleg grad registrerer rett identitet på personar, gir større tryggleik òg for anna offentleg forvaltning, og det er ein føresetnad for å nå målet om kontrollert innvandring. Fastsetjing av korrekt identitet er saman med korrekt behandling av saker utan ugrunna opphald føresetnader for å vareta rettstryggleiken for dei som søker om vern og anna opphald i Noreg.

Bruk av falske dokument for å få opphald i Noreg er ikkje uvanleg. For mange søkarar er det vanskeleg å skaffe papir som i tilstrekkeleg grad kan dokumentere identitet og familierelasjon. Regjeringa ønskjer derfor å styrke arbeidet med identitetsavklaring. UDI har sidan 2003 lagra biometri (fingeravtrykk) frå asylsøkarar og brukt dette i søk mot relevante databaser, men frå april 2021 blir det teke foto og fingeravtrykk av alle som søker om opphald. Dei biometriske dataa blir lagra i utlendingsregisteret. Dette vil betre identi-

tetskontrollen og gjere det vanskelegare å ha fleire identitetar i Noreg. Dette er implementert som følgje av ei rekkje regelendringar knytte til opptak og lagring av biometri som regjeringa sette i kraft 16. april 2021.

Dei nye IT-systema i Schengen-samarbeidet vil gi sikrere behandling av søknader om vern og anna opphald, i tillegg til raskare avdekking av personar som opererer med fleire identitetar. Sjå nærmare omtale under sektormålet om tryggleik i samfunnet og programkategori 06.40 og 06.90.

Politiet og UDI har innført ny saksflyt for søknader om vern, og sidan hausten 2020 har dei vore samlokaliserte på Nasjonalt ankomstsenter i Råde i Viken. Den nye saksflyten inneber ein større innsats for å avklare identitet i ein tidleg fase i behandlinga av asylsaker. Dette gir eit betre grunnlag for å gjere korrekte vedtak, for å redusere saksbehandlingstida og for å samstundes gjere returarbeidet i avslagssaker enklare. Per utgangen av juni 2021 vart opp mot 50 pst. av nye asylsøkarar behandla innan 21 dagar, samanlikna med 27 pst. i heile 2020.

Sjølvsøkte om opphald i 2020, auka talet på ubehandla saker. Meirarbeid i UDI knytt til brukarrettelegging og tilpassing til stadige endringar i innreiserestriksjonane, og mellombels stengde publikumsmottak i politiet og ved utanriksstasjonane gjorde at etatane fekk behandla færre saker enn forventa. På same tid vart det meir enn ei dobling i søknader om statsborgarskap etter avviklinga av prinsippet om eitt statsborgarskap frå 1. januar 2020.

Dersom opphald er gitt pga. urette opplysningar (t.d. feil identitet eller nasjonalitet), eller når det ikkje lenger er behov for vern, opprettar UDI eller politiet ei tilbakekallsak og vurderer om opphaldsløyvet og ev. flyktningstatusen kan kallast tilbake. Regjeringa ventar at betre ID-arbeid vil bidra til færre saker om tilbakekall knytte til urette opplysningar.

Regjeringa vil vidareføre arbeidet med å kalle tilbake flyktningstatus og opphaldsløyve dersom opphaldet kan vere gitt på urett grunnlag, og når

det ikkje lenger er behov for vern, slik flyktningkonvensjonen og utlendingslova opnar for.

Regjeringa har sidan 2020 gitt auka løyvingar til å byggje ned restansar og for å styrke rettsvernet i saker om tilbakekall av statsborgarskap, noko som blir vidareført i 2022.


Ulovleg opphald

Personar som ikkje har løyve til å opphalde seg i Noreg eller som har fått endeleg avslag på ein søknad om opphald, oppheld seg i landet ulovleg. Desse har ei plikt til å forlate landet og får normalt ein frist på tre veker til dette. Dei kan anten organisere reisa sjølv eller søke om assistert retur med hjelp frå norske styresmakter. Dersom dei ikkje returnerar innan fristen, skal politiet transportere dei ut med tvang (tvangsretur).

Ifølgje tal frå Politiets utlendingseining var det i starten av juli 2021 registrert om lag 2 550 personar med ulovleg opphald i Noreg. Nesten 90 pst. av desse er personar som har fått avslag på søknad om vern der utreisefristen har gått ut. Nokre av desse bur i asylmottak, andre oppheld seg andre stader. Dette talet er ikkje uttømmende for kor mange personar som oppheld seg ulovleg i Noreg, og fleire av personane som er registrerte med ulovleg opphald, kan ha forlatt landet.

Talet på returar har blitt gradvis redusert dei siste åra. Returar til ei rekkje land vart mellombels stansa i 2020 og 2021 pga. virusutbrotet, og talet på returar i 2020 var samla 2 136. Av desse var 127 assisterte returar og 2 009 tvangsreturar. Av tvangsreturane var 112 i kategorien asyl og 150 i kategorien Dublin⁷ medan resten var i kategorien utviste. I tillegg bortviste politiet 6 845 personar bortvisninger knyttet til innreiserestriksjonane som følgje av virusutbrotet.

⁷ Dette gjeld personar som har søkt om vern i Noreg, men allereie har opphaldsløyve, har visum, har nære familiedlemmer, har søkt om vern eller har reist ulovleg inn i eit anna land som er med i Dublin-avtalen. Dublin-avtalen er eit samarbeid mellom EU-landa, Island, Sveits, Liechtenstein og Noreg.



Figur 1.7 Tal assisterte returar og tvangsreturar 2014–juni 2021. Tala inkluderer ikkje bortvisninger knyttet til innreiserestriksjonene som følgje av virusutbrotet.

Kjelde: PU og UDI

Færre returar dei siste åra heng saman med nedgangen i talet på asylsøkarar til Noreg etter 2015 og satsinga regjeringa har hatt på retur. Samla har målgruppa for retur blitt mindre, men òg meir utfordrande. Ein stor del av utreisepliktige har no opphalde seg i landet over lang tid, har familie med opphald i Noreg eller har særskilde behov som gjer returarbeidet vanskelegare. Fleire har òg uavklart identitet og statsborgarskap. Vidare er nokre land meir krevjande å returnere personar til enn andre.

For å sikre at utreiseplikta blir overhalden er det viktig med eit heilskapleg returarbeid mellom involverte instansar i forvaltninga, effektiv gjennomføring av retur og samarbeid med transitt- og opphavsland. Regjeringa arbeider med å betre samarbeidet om retur og migrasjon med sentrale transitt- og opphavsland, irekna formalisert samarbeid med enkelte land, bl.a. gjennom returavtalar.

Utviklinga i arbeidet med å fastsetje rett identitet og moglegheita som dei nye felleseuropeiske systema gir til auka kontroll med personar som reiser inn og ut av Noreg/Schengen-området, vil leggje til rette for raskare returar.

1.9 Godt forvalta polarområde

Med godt forvalta polarområde meiner ein at polarområda skal forvaltast slik at samordning og styring byggjer opp under dei overordna måla for

Svalbard og andre polare strøk. Desse omhandlar bl.a. å bevare ro og stabilitet, å bevare natur og å halde oppe eksisterande norske samfunn i desse områda.

1.9.1 Innleiing

Justis- og beredskapsdepartementet er overordna departementet for Sysselmeisteren på Svalbard. Sysselmeisteren på Svalbard er den øvste representanten for regjeringa på øygruppa og er både politimeister og statsforvaltar.

Longyearbyen lokalstyre får tildelt løyvingane sine over svalbardbudsjettet. Oppgåvene svarer på fleire felt til dei oppgåvene ein kommune har på fastlandet.

Statsbygg Svalbard har ansvaret for statlege bygg og utbyggingar på Svalbard. Statsbygg Svalbard har vidare ansvaret for forvaltninga av ein bustadpool i Longyearbyen, som leiger ut bustader til offentleg tilsette. Statsbygg er underlagt Kommunal- og moderniseringsdepartementet.

Helse Nord RHF og Universitetssjukehuset i Nord-Noreg HF har ansvar for helsetenestene og helseberedskapen på Svalbard. Universitetssjukehuset i Nord-Noreg avdeling Longyearbyen skal sørge for nødvendige helsetenester i Longyearbyen og Ny-Ålesund.

Ei rekke andre statlege aktørar er til stades på øygruppa og får løyving over svalbardbudsjettet.

Justis- og beredskapsdepartementet har i tillegg til Svalbard ansvaret for koordineringa av

norsk politikk for Jan Mayen og dei norske bilanda Dronning Maud Land, Bouvetøya og Peter I Øy.

Ansvaret for infrastruktur på Jan Mayen er lagt til Samfunnet Jan Mayen som får løyvinga si over budsjettet til Justis- og beredskapsdepartementet. Samfunnet Jan Mayen er ein del av Cyberforsvaret, som er ei avdeling i Forsvaret. I tillegg har fleire statlege verksemdar ansvar for eller verksemd på Jan Mayen

1.9.2 Tilstandsvurdering

Næringsliv, sysselsetjing og befolkning

Velfungerande næringsliv, sysselsetjing og busetjing er viktig for at ein skal kunne nå dei overordna måla for polarpolitikken omtala under programkategori 06.80. Eit av hovudmåla i svalbardpolitikken er å halde oppe norske samfunn på øygruppa. Målet har først og fremst vore oppfylt gjennom Longyearbyen.

Talet på registrerte busette i Longyearbyen og Ny-Ålesund auka med 31 personar i løpet av 2020. Per 1. januar 2021 var det 2 459 personar busette i Longyearbyen og Ny-Ålesund. Av desse var 35,4 pst. utanlandske statsborgarar. Tilsvarende tal for 2020 var 35,5 pst.

Tiltak for å førebyggje smitte av virus har ramma næringslivet i Longyearbyen. Normalt er det svært få arbeidslause på Svalbard. Det var t.d. registrert ni arbeidslause i januar 2020. I april 2020 var det registrert 350 arbeidslause. I mai 2021 var det om lag 100 arbeidslause. Tal frå Statistisk sentralbyrå syner at nedgangen i omsetnad og talet på årsverk på Svalbard har vore kraftig i 2020. Medan omsetnaden gjekk ned 20,3 pst., fall talet på årsverk med 9,7 pst. i 2020 samanlikna med 2019. Investeringane har samstundes vakse monnaleg, med ein auke på 50 pst. frå 2019 til 2020.⁸

Den viktigaste næringsvegen i privat sektor er turisme. Som følgje av reiserestriksjonar har besøk til Svalbard i 2020 og 2021 vore sterkt reduserte. Samstundes syner skatteinngangen at dei økonomiske konsekvensane av smitteverntiltaka har vore mindre enn ein kunne frykte. For å bygge opp under målet om å halde oppe norske samfunn er det avgjerande at næringsliv på Svalbard kan halde fram gjennom perioden med redusert aktivitet. Gjennom fleire proposisjonar i 2020 og 2021, som er vedtekne av Stortinget, er det gitt

auka løyving til eksisterande og nye tiltak på Svalbard for å leggje til rette for å halde oppe næringsliv, sysselsetjing og busetjing på Svalbard. For nærmare omtale av desse tiltaka viser ein til Prop. 1 S (2020–2021) *Svalbardbudsjettet* og Prop. 1 S (2021–2022) *Svalbardbudsjettet*.

Kolkraftverket i Longyearbyen skal bli fasa ut til fordel for eit nytt kraftvarmeverk med ei gradvis og forsvarleg innfasing av meir fornybar energi. NVE og Thema/Multiconsult har gjennomført nærmare utgreingar av ulike grunnlastløysingar. Regjeringa har slått fast at når kolkraftverket i Longyearbyen er teke ut av drift, skal òg verksemda i Gruve 7 ta slutt, med konsekvensar for sysselsetjinga. Situasjonen for næringslivet i Longyearbyen vil derfor blir følgd nøye. For nærmare omtale av energiforsyning i Longyearbyen viser ein til Prop. 1 S (2021–2022) *Svalbardbudsjettet*.

Tryggleik og miljø

Svalbard har vore sterkt prega av smitteverntiltaka som følgje av det globale virusutbrotet. Samstundes har smittesituasjonen på Svalbard vore under kontroll. Regjeringa har prioritert forsyning av tilstrekkeleg med vaksinedosar til å vaksinere fastbuande på Svalbard, då det vil vere vanskeleg å takle eit større smitteutbrot på Svalbard.

Longyearbyen er utsett for skred og vart ramma av store snøskred to vintrar på rad, i desember 2015 og i februar 2017. Vintrane 2019–2020 og 2020–2021 gjekk det ingen skred i område der det bur folk. Vinteren 2020–2021 var det tre evakueringar i området Nybyen med ferdsels- og opphaldsforbod. I februar 2020 omkom to personar i skredulukke i felt på Svalbard. Noregs vassdrags- og energidirektorat (NVE) vil i 2022 slutføre skredsikringstiltaka i bustadområdet Lia, og det foreslås å løyve 26,1 mill. kroner til skredsikringstiltak. Oppryddingsarbeidet etter avviklinga av gruveaktivitetane i Svea vil bli ferdigstilt i 2023. Som miljøvernstyresmakt har Sysselmeisteren hovudansvaret for oppfølging overfor Store Norske Spitsbergen Kulkonpani AS (SNSK) av oppryddingsarbeidet. Sjå elles Prop. 1 S (2021–2022) *Svalbardbudsjettet* for nærmare omtale av miljøforvaltninga på Svalbard og miljøtiltak i Svea og Lunckefjell.

Klimaendringane på Svalbard er merkbare, og det er mindre fjordis på vestsida av Spitsbergen. Sommaren 2020 gav ny varmere rekord for Longyearbyen, med 21,7 gradar 25. juli.

Verksemda på Jan Mayen gir viktige bidrag til norsk nordområdepolitikk på fleire område, bl.a.

⁸ Kraftig nedgang i omsetning og årsverk på Svalbard (ssb.no)

innan meteorologi- og kommunikasjonstenester. Delar av verksemda på Jan Mayen er direkte knytt til oppfølging av internasjonale forpliktingar, som drift av bakkestasjonar for satellittnavigasjonsprogramma til EU, Galileo og Egnos, i tillegg til ein seismisk målestasjon for overvaking av prøve-stansavtalen.

Bygningsmassen på Jan Mayen er utdatert og har behov for utskifting. Bygget vart sett opp i 1960, med ei levetid rekna til 10 år. Eit arbeid med å greie ut eit ev. nytt hovudbygg på Jan Mayen er i gang.

Antarktistraktaten tok til å gjelde i 1961 og set dei rettslege rammene for verksemd og miljøvern i Antarktis. Antarktistraktaten sørger for at heile traktatområdet sør for 60° S skal vere vigd fred og vitskap.

37 land har underteikna *Protokoll om miljøvern til Antarktistraktaten*. Protokollen stiller strenge miljøkrav til all menneskeleg aktivitet i traktatområdet. Noreg medverkar aktivt i arbeidet under miljøprotokollen. Fiskeriaktiviteten i Sørishavet er regulert gjennom *konvensjonen for bevaring av marine levende ressurser i Antarktis* (CCAMLR), som er underteikna av 36 land.

Norsk Polarinstittutt driv forskning i Antarktis. Instituttet har heilårsdrift på forskingsstasjonen Troll i Dronning Maud Land og driv tokt i Sørishavet. Sjå elles Prop. 1 S (2021–2022) for Klima- og miljødepartementet.

Bouvetøya og Peter I Øy er norske vulkanøyer. Bouvetøya ligg i Sørishavet. Peter I Øy ligg i Bellingshausenhavet vest for det antarktiske kontinentet. Sjå elles Meld. St. 32 (2014–2015) *Norske interesser og politikk i Antarktis* og Meld. St. 33 (2014–2015) *Norske interesser og politikk for Bouvetøya*.

1.10 Godt og moderne lovverk

Eit godt og moderne lovverk varetek viktige prinsipp i ein rettsstat – som rettstryggleik og respekt for grunnleggjande rettar – og bidrar til å fremme måla bak dei enkelte delane av lovverket. Lovverket er eit verkemiddel for å sikre eit stabilt og velfungerande samfunn, og det må halde høg kvalitet for å oppnå dette formålet.

1.10.1 Innleiing

Lovverket er eit viktig verkemiddel for å sikre eit stabilt og velfungerande samfunn. Gode og fornuf-tige lover og reglar påverkar åtferd og bidrar til å hindre og løse konflikhtar. Dei skal medverke til

vekst og verdiskaping for befolkninga og næringslivet og til at det offentlege kan utøve myndigheit og yte tenester på ein god og framtidretta måte og med effektiv ressursbruk.

Eit godt og moderne lovverk skal vere føreseieleg og gi uttrykk for rettar og plikter på ein klar måte. Rettsreglane skal vareta viktige prinsipp i ein rettsstat, som rettstryggleik og respekt for grunnleggjande rettar. Dette er spesielt viktig når det gjeld reglar som er inngripande overfor den enkelte, som straffelovgivinga, men slike grunnleggjande prinsipp må varetakast òg i andre regelverk.

Det er Stortinget som vedtek, endrar og opphevar lovene i Noreg. Regjeringa spelar likevel ei nøkkelrolle i lovprosessen. Det er som oftast regjeringa som fremmar lovforslag til Stortinget, og lovforslaga er då utarbeidde av det departementet som har ansvaret for det aktuelle området. Justis- og beredskapsdepartementet har som ei viktig oppgåve å medverke til god lovførebuing og god regelteknikk i departementa. Dette inneber bl.a. at lover og forskrifter skal vere bygde opp på ein logisk måte, vere godt tilpassa andre regelverk og ha eit enkelt og klart språk. Justis- og beredskapsdepartementet har elles ansvaret for sentrale delar av lovgivinga både innanfor den offentlege retten, som statsforfatningsretten, forvaltningsretten, strafferetten og prosessretten, og innanfor privatretten, som kontraktsretten og gjeldsforfølgingsretten.

1.10.2 Tilstandsvurdering

Eit klart og lett tilgjengeleg regelverk

Lovgivinga må vere av god kvalitet dersom ein skal oppnå dei formåla lovene er meint å vareta. Eit kjenneteikn på god lov-kvalitet er at meininga bak lovføresegnene kjem tydeleg fram, og at lovteksten er tilgjengeleg for flest mogleg. Dette oppnår ein typisk ved å byggje opp lovene og dei enkelte paragrafane på ein logisk og oversiktleg måte, tilpasse dei godt til andre regelverk og bruke eit tydeleg og forståeleg språk. Lovverket bør vere utforma teknologinøytralt der dette er mogleg og naturleg.

Reglar som legg plikter på næringslivet, t.d. av omsyn til kontroll og utøving av offentleg mynde, bør fremme effektivitet og ikkje vere meir inngripande enn nødvendig. Vedtekne lover bør endrast og gjerast enklare der utviklinga gir høve til å vareta dei aktuelle omsyna på ein mindre inngripande eller meir effektiv måte.

Ei god beredskapslovgiving er viktig. Behovet for gode og tydelege reglar gjer seg særleg gjeldande i krisetider. Det kan då hjelpe mykje på situasjonen å ha lover som er utforma slik at dei òg kan nyttast i unormale tider og for å kunne møte nye former for kriser. Beredskapslover bør oppstille nærmare kriterium for bruken av tiltak, t.d. når anna lovgiving kan setjast til side.

I krisesituasjonar og der ein elles får behov for beredskapslovgivinga, vil det òg vere sentralt å kunne gjennomføre eit godt regelverksarbeid, ofte på kort tid. Sjølv ei god beredskapslovgiving vil truleg aldri kunne ta høgde for alle situasjonar og behov som kan oppstå i kriser. Ein vil derfor ha behov for å kunne utarbeide nye lover og forskrifter og å tilpasse eksisterande regelverk til den aktuelle situasjonen. God regelverkskompetanse er då heilt sentralt. Utbrotet av koronaviruset i 2020 skapte t.d. behov for ei mellombels lovgiving på ei rekkje forskjellige område, sjå t.d. punkt 1.6 og punkt 1.7. Det var bl.a. behov for mellombelse reglar for å oppretthalde ei forsvarleg domstolsbehandling. Nokre av desse reglane har blitt gjort permanente, sjå nedanfor.

Alle lovforslag skal utformast i tråd med utgreiingsinstruksen og med utgangspunkt i rettleiaren Lovteknikk og lovførebuing frå Lovavdelinga. Dette er sentrale utgangspunkt for å sikre god kvalitet på lovene og for å sikre at relevante omsyn blir vurderte. Eit godt lovverk bør ikkje vere for omfattande, og det bør ikkje innehalde reglar som det ikkje lenger er behov for, eller for mange detaljreglar. Eit sentralt spørsmål er kva som skal regulerast i lov, og kva som bør følgje av forskrift. Tidlegare hadde mange lover vide og generelle forskriftsheimlar, og dette finn ein framleis i enkelte lover, men ei slik fullmaktslovgiving høyrer i mindre grad heime i eit godt og moderne lovverk i dag.

Det norske lovverket blir stadig meir omfattande. Dette skuldast i stor grad gjennomføring av EØS-regelverk, og det gjeld både formelle lover og forskrifter.

Lowverket i Noreg er langt meir tilgjengeleg og forståeleg enn i mange andre land, både når det gjeld språk og struktur. Lovtekstane er gjennomgåande relativt kortfatta, og detaljane finn ein i all hovudsak i forskriftene. Store delar av lovverket har i seinare tid blitt bytt ut med nye lover, og ein har dermed fått eit meir moderne og oppdatert lovspråk. Det vil likevel alltid vera høve til forbetringar òg for eit slikt gjennomgåande godt lovverk som det norske må seiast å vera.

God gjennomføring av internasjonale plikter

Ein viktig del av eit godt og moderne lovverk er at internasjonale plikter er gjennomførte på ein klar og lett tilgjengeleg måte. Gjennomføring kan innebere særlege utfordringar, bl.a. som følgje av ulike tradisjonar for utforming av lover. Ved gjennomføring av EØS-rettsakter kan t.d. omsynet til å utforme reglar på ein måte som er tilpassa norske forhold, og som harmonerer med norsk lovgiving elles, stå i motstrid med omsynet til nøyaktig og fullstendig gjennomføring og einsarta rettstilstand. Dersom vage eller fleirtydige reglar skal gjennomførast, må omsynet til korrekt gjennomføring òg vegast opp mot omsynet til klare reglar. Eit godt lovverk balanserar desse omsyna på ein god måte.

Saka om feilpraktiseringa av opphaldskravet i folketrygdlova i samband med ytingar frå folketrygda har vist kor viktig ei klar og lett tilgjengeleg gjennomføring av EØS-plikter er i norsk rett, og regjeringa har styrkt arbeidet med EØS-rett som ledd i oppfølginga av denne saka. Ei interdepartemental arbeidsgruppe vart sett ned av regjeringa i februar 2020 for å vurdere korleis departementa kan jobbe betre med EØS-saker. I rapporten sin, som vart lagd fram i juni 2021, kjem arbeidsgruppa med ei rekkje tilrådingar, bl.a. om korleis lovgiving som gjennomfører EØS-rett, kan gjerast lettare tilgjengeleg. Rapporten vil bli vurdert og behandla i tida framover. Som omtalt i punkt 1.6 foreslår regjeringa òg ei løyving til ei felles satsing på budsjetta til Arbeids- og sosialdepartementet og Justis- og beredskapsdepartementet, som bl.a. vil gjere lovavdelinga betre i stand til å gi råd og rettleiing om korrekt gjennomføring av EØS-rett. Justis- og beredskapsdepartementet arbeider generelt for å medverke til at internasjonale plikter blir gjennomførte på ein god måte, både på eigne ansvarsområde og gjennom hjelp til lovarbeid i andre departement. I tillegg er departementet med i internasjonale forum der sentralt regelverk blir utforma, og søker såleis å medverke til utforminga av internasjonalt regelverk.

Forholdet til Grunnlova og menneskerettane skal vurderast grundig som ledd i førebuinga av nye lover der det er relevant. Det same gjeld forholdet til EØS-retten. Det bør òg gjerast kontinuerlege vurderingar av eksisterande lovgiving for å sikre at ho framleis er i samsvar med menneskerettskonvensjonane og EØS, særleg i samband med at det kjem nye dommar frå Den europeiske menneskerettsdomstolen, EU-domstolen og EFTA-domstolen.

Eit framtidretta og moderne lovverk

Eit godt lovverk er framtidretta. Departementet vil medverke til at regelverket blir teknologinøytralt og legg til rette for digitalisering og bruk av kunstig intelligens på område der dette er aktuelt, samstundes som ein varetar personvern og andre grunnleggjande rettar. Det har vore gjennomført fleire lovarbeid for å tilpasse lovverket til ein ny digital kvardag.

Utbrotet av koronaviruset i 2020 skapte behov for å leggje til rette for ytterlegare digitalisering gjennom mellombels lovgiving, bl.a. i domstolane og innanfor samanslutningsretten, og det er ønskeleg å byggje på erfaringane frå dette i det vidare arbeidet med digitalisering. I Prop. 161 L (2020–2021) foreslår t.d. Justis- og beredskapsdepartementet permanente endringar som legg til rette for elektronisk forkynning og elektronisk signering av rettsavgjerder, rettsforlik og rettsbøker. Forslaga er utforma på grunnlag av erfaringar med den mellombelse prosesslovgivinga.

Eit moderne lovverk må vere i takt med utviklinga og nye behov, og det må ta høgde for bruk av moderne informasjonsteknologi i samfunnet. Justis- og beredskapsdepartementet har t.d. nyleg foreslått ei rekkje endringar som vil leggje til rette for aktiv dommarstyring og betre saksførebuing i straffesaksbehandlinga, sjå Prop. 146 L (2020–2021). Den gjeldande straffeprosesslova er i stor grad utforma med tanke på relativt enkle og oversiktlege saker, medan kriminalitetsbiletet er i endring og er kjenneteikna av meir profesjonalisering, organisering og internasjonalisering, i tillegg til auka bruk av avansert teknologi. Dette gir meir komplekse saker med omfattande bevisføring. I proposisjonen er det foreslått ei rekkje lovendringar som betre møter dagens utfordringar, dels ved at retten får eit sterkare faktisk grunnlag for saksstyring, og dels ved meir effektive styringsverktøy for retten. Ei aktiv og tydeleg leiing frå retten under saksførebuinga er særskild viktig i

store og kompliserte straffesaker, slik at hovudforhandlinga kan bli konsentrert om kjernen i sakene. Dei mindre og enkle straffesakene skal framleis kunne avviklast på ein rettsikker og effektiv måte. Det visast òg til omtale av ny straffeprosesslov under punkt 1.6.

1.11 Oppfølging av oppmodingsvedtak

Nedanfor gir departementet ei oversikt over oppfølging av oppmodingsvedtak under Justis- og beredskapsdepartementet. Oversikta inkluderer alle vedtak frå stortingssesjonen 2020–2021, og dei vedtaka frå tidlegare stortingssesjonar som kontroll- og konstitusjonskomiteen i Innst. 580 S (2020–2021) meinte ikkje var kvitterte ut. I enkelte tilfelle kan oppfølginga av vedtaka vere meir omfattande forklart under det aktuelle programområdet i proposisjonen. I desse tilfella vil det vere ein referanse til kvar denne teksten finst.

I kolonne fire i tabellen nedanfor går det fram om departementet planlegg at rapporteringa knytt til oppmodingsvedtaket no blir avslutta, eller om departementet vil rapportere konkret på vedtaket òg i budsjettproposisjonen til neste år.

Sjølv om det i tabellen blir opplyst om at rapporteringa blir avslutta, vil det i ein del tilfelle kunne vere slik at oppfølginga av alle sider av vedtaket ikkje er endeleg avslutta. Dette kan t.d. gjelde vedtak med oppmoding til regjeringa om å vareta særlege omsyn i politikktutforminga på eit område, der oppfølginga vil kunne gå over mange år. Stortinget vil i desse tilfella bli orientert om den vidare oppfølginga på ordinær måte, gjennom omtale av det relevante politikkområdet i budsjettproposisjonar og andre dokument.

I enkelte tilfelle er det nødvendig å fremme forslag om at oppmodingsvedtaket blir oppheva før rapporteringa kan avsluttast. Departementet har fremma eit slikt forslag. Det blir vist til forslagsdelen i denne proposisjonen.

Sesjon	Vedtak nr.	Stikkord	Rapporteringa blir avslutta (ja/nei)
2020–2021	43	Familiebesøk	Ja
2020–2021	47	Utviding av avverjingsplikta	Nei
2020–2021	50	Forelding av lovbrøt mot mindreårige	Nei
2020–2021	64	Tilgjengelege dopingopplysningar	Nei
2020–2021	65	Straff for den som tener pengar på idrettsprestasjonar som følgje av doping	Nei
2020–2021	111	Rettferdsvederlagsordninga til Stortinget	Ja
2020–2021	140	Eigendelar etter finansavtalelova	Nei
2020–2021	154	Kvoten for overføringsflyktingar – religiøse minoritetar	Ja
2020–2021	155	Underhaldskravet ved familieinnvandring	Ja
2020–2021	169	Felles politistasjon på Magnormoen	Ja
2020–2021	180	Overgrepssdomme i soningskøen	Ja
2020–2021	206	Klarare skilje mellom konvensjonsstatus (asyl) og subsidiært vern	Nei
2020–2021	207	Plan for effektiv motarbeiding av irregulær migrasjon	Nei
2020–2021	208	Klarlegging av identitet	Nei
2020–2021	209	Skjerpning av underhaldskravet	Nei
2020–2021	217	Rettsstader	Ja
2020–2021	236	Langsiktig plan for strukturelle endringar av politistasjonar i Oslo	Ja
2020–2021	237	Konsekvensanalyse av strukturelle endringar av politistasjonar i Oslo	Ja
2020–2021	443	Høgare straff for barn som gjer gjenteken kriminalitet	Nei
2020–2021	446	Tiltak for å auke talet på inndragingar	Nei
2020–2021	447	Besøks- og opphaldsforbod	Nei
2020–2021	448	Forbod mot deltaking i kriminelle gjengar	Ja
2020–2021	449	Exit-program for gjengkriminelle	Ja
2020–2021	450	Registrering av skade med kniv	Ja
2020–2021	451	Forbod mot deltaking i kriminelle gjengar	Ja
2020–2021	452	Straff for å la verdiane til gjengkriminelle stå i eige namn	Nei
2020–2021	532	Kontroll ved grenseovergangane	Ja
2020–2021	559	Karantenehotell	Ja
2020–2021	562	Covid-19-testing i kommunen	Ja

Sesjon	Vedtak nr.	Stikkord	Rapporteringa blir avslutta (ja/nei)
2020–2021	627	Fornyingsordning for barneomsorgsattest	Nei
2020–2021	628	Gjennomgang av barneomsorgsattestordninga	Nei
2020–2021	676	Ny politihøgskule	Nei
2020–2021	677	Bevare Utrykkingspolitiet	Ja
2020–2021	678	Fullstendig drapsstatistikk	Ja
2020–2021	679	Motarbeiding av gjengkriminalitet	Ja
2020–2021	680	Gjenopning av arrestar	Ja
2020–2021	681	Oppretting av eit nasjonalt våpenregister	Nei
2020–2021	682	Identitetsskjerming for polititilsette	Nei
2020–2021	712	Straff for å tvinge barn til utlandet	Nei
2020–2021	719	Arbeidsvilkåra til politiet overfor ungdomsmiljø og gjengkriminelle	Ja
2020–2021	722	Langsiktig plan for strukturelle endringar av politistasjonar i Oslo og fysisk nærverande politi	Ja
2020–2021	728	Handlingsplan mot vald og overgrep i heimen	Ja
2020–2021	729	Nasjonal langtidsplan for beredskap	Nei
2020–2021	730	Totalberedskapsutval	Nei
2020–2021	739	Nordisk samarbeid innan samfunnstryggleik	Nei
2020–2021	740	Sivilforsvaret	Nei
2020–2021	741	Frivillige organisasjonar	Nei
2020–2021	742	Brann til sjøs	Nei
2020–2021	743	Tilfluktsrom	Nei
2020–2021	745	Objektsikring	Nei
2020–2021	746	Kompetanseheving innanfor IKT-tryggleik	Nei
2020–2021	747	Eigen beredskapskampanje	Ja
2020–2021	748	Inkludering av frivillige organisasjonar i beredskapsplanar	Nei
2020–2021	776	Følgje opp EMD-dom om digitale beslag	Ja
2020–2021	778	Digitalisere søknad om våpenløyve og andre prosessar i våpenforvaltninga	Ja
2020–2021	799	ADR-kontroll	Nei
2020–2021	814	Nasjonalt eierskap og kontroll	Nei
2020–2021	848	Heilskapleg gjennomgang av verjemålsordninga	Nei
2020–2021	883	Økonomisk kompensasjonsordning for våpeneigarar	Nei
2020–2021	928	Lovendringar som følgje av ny sivilombodsløv	Nei

Sesjon	Vedtak nr.	Stikkord	Rapporteringa blir avslutta (ja/nei)
2020–2021	955	Tiltak for å kartlegge omfanget av pengestøtte frå utlandet til religiøse organisasjonar	Ja
2020–2021	983	Etablering av ny redningshelikopterbase i Tromsø og felles operasjon med helikoptertenesta til Syssemeisteren	Nei
2020–2021	1038	Kartlegging av tryggleikskompetanse, gjennomgang av bruken av tryggleikslova og evaluering av tryggleiksforståing	Nei
2020–2021	1040	Stortingsmelding om nasjonalt eigarskap og kontroll over strategisk viktige naturressursar, bedrifter, infrastrukturar og teknologiar	Nei
2020–2021	1041	Nytt Oslo fengsel	Nei
2020–2021	1115	Forfølging av narkotikalovbrot i nødssituasjonar	Nei
2020–2021	1116	Sperring av opplysningar i reaksjonsregisteret	Nei
2020–2021	1117	Gjennomgang av praksis for tilbakekall av førarrett	Nei
2020–2021	1159	Unntak frå forelding for seksuallovbrot mot barn	Nei
2020–2021	1161	Internasjonale kriminelle organisasjonar	Nei
2020–2021	1162	Tilgang på straffeprosessuelle tvangsmiddel	Nei
2020–2021	1343	Kompensasjonsordning for tapt arbeidsforteneste for frivillige i redningstenesta	Nei
2019–2020	124	Valdsoffererstatning	Ja
2019–2020	436	Elektroniske fraktbrev	Nei
2019–2020	515	Reklamasjonsfrist på bustader	Nei
2019–2020	669	Deling av registerinformasjon	Nei
2019–2020	789	Felles politistasjon på Magnormoen	Ja
2018–2019	98	Rettskjeldsordninga	Nei
2017–2018	532	Offentleggjing av krenkande bilete av andre	Ja
2017–2018	539	Alternativ til fengsling av barn	Nei
2017–2018	540	Einslege mindreårige asylsøkarar	Nei
2017–2018	541	Tvangsreturnering av barnefamiljar	Nei
2017–2018	542	Utvising og innreiseforbod – barn	Ja
2017–2018	589	Valdsoffererstatning	Ja
2017–2018	590	Valdsoffererstatning	Ja
2017–2018	788	Utanlandsopphald	Nei
2017–2018	795	Eige lovverk for Statens barnehus	Nei
2017–2018	798	Regelverk for teieplikt, opplysningsplikt og opplysningsrett – vald og overgrep	Nei
2017–2018	899	Menneskerettane til utviklingshemma – verjemål	Nei

Sesjon	Vedtak nr.	Stikkord	Rapporteringa blir avslutta (ja/nei)
2016–2017	523	Korrupsjonsføresegnene i straffelova	Nei
2016–2017	630	Omvend valdsalarm ved brot på besøksforbod	Nei
2016–2017	631	Besøksforbod	Nei
2016–2017	879	EOS-kontrollova	Ja
2016–2017	938	Lovfesting av ansvaret for einslege mindreårige asylsøkarar	Ja
2016–2017	944	Lagring av IP-data	Ja
2016–2017	1043	Omvend valdsalarm	Nei
2015–2016	921	Tilsyn med drift av asylmottak	Nei
2014–2015	645	Kompensasjonsordning for 110-sentralar	Ja
2012–2013	515	Sivilombodsmannen	Ja

1.11.1 Stortingssesjon 2020–2021

Familiebesøk

Vedtak nr. 43, 20. oktober 2020

«Stortinget ber regjeringen på egnet måte legge til rette for at besøksreiser til Norge til nær familie, partner eller kjæreste kan gjennomføres innenfor rammen av smittevernfarelege råd.»

Dokumenta som ligg til grunn for vedtaket, er Prop. 5 L (2020–2021) og Innst. 26 L (2020–2021) frå kommunal- og forvaltningskomiteen.

Vedtaket er følgt opp i Prop. 61 L (2020–2021). Regjeringa vurderer innreiserestriksjonane fortløpande, og alle restriksjonane på innreise grunna covid-19-pandemien vil bli fjerna i tråd med at smittesituasjonen tillet det.

Utviding av avverjingsplikta

Vedtak nr. 47, 3. november 2020

«Stortinget ber regjeringen utrede om avverjingsplikten i straffeloven § 196 bør utvides til også å omfatte flere straffbare handlinger, særleg straffeloven §§ 257, 260, 261, 272 b, 292, 293, 294, 300, 301, 302, 304 og 305.»

Dokumenta som ligg til grunn for vedtaket, er Prop. 66 L (2019–2020) og Innst. 41 L (2020–2021).

Vedtaket er under behandling.

Forelding av lovbrøt mot mindreårige

Vedtak nr. 50, 3. november 2020

«Stortinget ber regjeringen foreta en helhetlig gjennomgang av foreldelsesreglene for seksuallovbrudd og voldsforbrytelser mot mindreårige, og komme tilbake til Stortinget med forslag til lovendringer som hever det generelle nivået på foreldelsesfrister for denne typen lovbrudd.»

Dokumenta som ligg til grunn for vedtaket, er Prop. 66 L (2019–2020) og Innst. 41 L (2020–2021).

Vedtaket er under behandling. Sjå òg vedtak nr. 1159, 7. juni 2021.

Tilgjengelege dopingopplysningar

Vedtak nr. 64, 10. november 2020

«Stortinget ber regjeringen vurdere hvordan opplysninger om idrettsutøvere og støtteapparat som straffes for dopingkriminalitet, også kan gjeres tilgjengelig for antidopingorganisasjonene, herunder eventuelle behov for endring av lovgiving.»

Dokumenta som ligg til grunn for vedtaket, er Dokument 8:95 S (2018–2019) og Innst. 48 S (2020–2021) frå justiskomiteen.

Vedtaket er under behandling.

Straff for den som tener pengar på idrettsprestasjoner som følge av doping

Vedtak nr. 65, 10. november 2020

«Stortinget ber regjeringen vurdere muligheter for nye bestemmelser i straffeloven for å kunne straffe-følgje de som tjener pengar på idrettsprestasjoner som følge av doping, og mulighet for inndragning.»

Dokumenta som ligg til grunn for vedtaket, er Dokument 8:95 S (2018–2019) og Innst. 48 S (2020–2021) frå justiskomiteen.

Vedtaket er under behandling.

Stortingets rettferdsvederlagsordning

Vedtak nr. 111, 26. november 2020

«Stortinget ber regjeringen sørge for at Stortingets rettferdsvederlagsordning blir betre kjent, og bedre informert om, som erstatningsordning.»

Dokumenta som ligg til grunn for vedtaket er Dokument 8:70 S (2019–2020) og Innst. 76 S (2020–2021) frå justiskomiteen.

Vedtaket er følgt opp. Oppgåva vart gitt i tildelingsbrev for 2021 til Statens sivilrettsforvaltning (SRF). SRF har, i samarbeid med departementet, sett i verk tiltak som sikrar målretta informasjon overfor potensielle søkarar og søkargrupper, og som dessutan sikrar betre og breiare informasjon om ordninga for allmenta.

Eigendelar etter finansavtalelova

Vedtak nr. 140, 1. desember 2020

«Stortinget ber regjeringen vurdere om egenandelen i finansavtaleloven § 3-20 tredje ledd bør oppjusteres for å ta hensyn til prisstigningen de siste årene og for å sørge for at beløpet gir et godt nok initiativ til at rettighetshaverne bruker sin elektroniske signatur på en forsvarlig måte. Regjeringen bes også vurdere om beløpet bør knyttes til grunnbeløpet i folketrygden slik at det automatisk justeres for prisendringer. Disse vurderingene bør også gjøres for beløpet i § 4-30 tredje ledd.»

Dokumenta som ligg til grunn for vedtaket, er Prop. LS 92 (2019–2020) og Innst. 104 L (2019–2020) frå justiskomiteen.

Vedtaket er under behandling.

Kvoten på overføringsflyktninger

Vedtak nr. 154, 3. desember 2020

«Stortinget ber regjeringen sørge for at også forfulgte kristne, ahmadiyya og jesidiske flyktninger skal prioriteres som gruppe og individ ved uttak av overføringsflyktninger.»

Dokumentet som ligg til grunn for vedtaket, er Innst. 16 S (2020–2021). Vedtaket er følgt opp i brev om kvotesammensetning til Utlendingsdirektoratet og UNHCR frå 22. desember 2020.

Underholdskravet ved familieinnvandring

Vedtak nr. 155, 3. desember 2020

«Stortinget ber regjeringen endre underholdskravet (både kravet til fremtidig og tidligere inntekt) i sak om familieinnvandring slik at stønad etter introduksjonsloven ikke medregnes (fra 01.01.2021: stønad etter integreringsloven).»

Dokumentet som ligg til grunn for vedtaket er Innst. 5 S (2020–2021) frå finanskomiteen. Vedtaket er følgt opp gjennom forskriftsendring 28. juni 2021.

Felles politistasjon på Magnormoen

Vedtak nr. 169, 3. desember 2020

«Stortinget ber regjeringen ta initiativ overfor svenske myndigheter første halvår 2021 med sikte på å inngå avtale om felles norsk-svensk grensestasjon på Magnormoen med svenske myndigheter før revidert nasjonalbudsjett. Det henstilles til regjeringen å komme tilbake i revidert nasjonalbudsjett med en rapportering, slik at en realisering av politistasjon på grensen/Magnormoen kan gjennomføres når finansiering av hele prosjektet er avklart.»

Dokumentet som ligg til grunn for vedtaket, er Innst. 5 S (2020–2021) frå finanskomiteen.

Vedtaket er følgt opp. Det er etablert kontakt med svenske politimyndigheter om oppretting av felles grensestasjon på Magnormoen, jf. Prop. 195 S (2020–2021). Sjå også omtale under vedtak 789 (2019–2020).

Overgrepssdømde i soningskøen
Vedtak nr. 180, 3. desember 2020

«Stortinget ber regjeringen påse at kriminelle som er dømt for overgrep mot barn prioriteres i soningskøen, slik at de kan gå direkte fra dom til soning.»

Dokumentet som ligg til grunn for vedtaket er Innst. 2 S (2020–2021) frå finanskomiteen.

Vedtaket er følgt opp. Kriminalomsorgsdirektoratet prioriterer allereie denne gruppa ved innkalling til gjennomføring av straff. I tildelingsbrevet til Kriminalomsorgsdirektoratet for 2021 har Justis- og beredskapsdepartementet også understreka at domfelte som har begått alvorleg kriminalitet, irekna domfelde dømt for seksuallovbrot, skal ha høgste prioritet ved innkalling til soning.

Klarare skilje mellom konvensjonsstatus (asyl) og subsidiært vern

Vedtak nr. 206, 7. desember 2020

«Stortinget ber regjeringen komme tilbake med forslag til lovendringer som innenfor rammen av internasjonale forpliktelser gir et klarere skille mellom konvensjonstatus (asyl) og subsidiær beskyttelse, gjennom å begrense retten til familie-gjenforening samt utvide bruken av midlertidige tillatelser ved subsidiær beskyttelse.»

Dokumentet som ligg til grunn for vedtaket er Dokument 8:71 L (2020–2021).

Vedtaket er under behandling. Eit liknande forslag om ein beredskapsheimel i utlendingslova til bruk ved ei betydeleg auke i asylsøkartilstrøyminga var på høyring i 2020.

Plan for effektiv motarbeiding av irregulær migrasjon

Vedtak nr. 207, 7. desember 2020

«Stortinget ber regjeringen utarbeide en plan for hvordan Norge kan bidra til mer effektiv bekjempelse av irregulær migrasjon, herunder sørge for at dagens hjemmel for å henvise asylsøkere til trygge tredjeland utenfor EU brukes aktivt. Dette forutsetter samarbeidsavtaler med tredjeland som sikrer at asylsøkere behov for beskyttelse blir ivaretatt.»

Dokumenta som ligg til grunn for vedtaket, er Dokument 8:71 (2020–2021) og Lovvedtak 25 (2020–2021).

Vedtaket er under behandling.

Klarlegging av identitet

Vedtak nr. 208, 7. desember 2020

«Stortinget ber regjeringen stille de samme krav til klarlegging av identitet for permanent oppholdstillatelse og familieetablering som for statsborgerskap.»

Dokumentet som ligg til grunn for vedtaket er Dokument 8:71 L (2020–2021).

Vedtaket er under behandling.

Skjerping av underholdskravet

Vedtak nr. 209, 7. desember 2020

«Stortinget ber regjeringen legge frem forslag til endringer i forskrift som sikrer selvforsørgelse gjennom en skjerping av underholdskravet samt vurdere mulig skjerping av bestemmelsen om tilknytningskravet i familieetableringssaker.»

Dokumentet som ligg til grunn for vedtaket er Dokument 8:71 L (2020–2021).

Vedtaket er under behandling.

Rettsstader

Vedtak nr. 217, 10. desember 2020

«Stortinget ber regjeringen sikre at alle rettssteder skal bestå og være bemannet. Ved rettssteder som i dag har fire faste dommerårsverk eller mindre, skal nivået på dagens antall årsverk knyttet til kjernevirksomheten opprettholdes.»

Dokumenta som ligg til grunn for vedtaket, er Prop. 11 L (2020–2021) og Innst. 134 L (2020–2021).

Vedtaket er følgt opp. Ny forskrift om domsokn og lagdømme vart fastsett i statsråd 22. januar 2021. Forskrifta følgjer opp Stortinget si behandling av saka og gjelder frå 1. mai 2021. Alle tidlegare rettsstader blir haldne oppe med bemanning. Justis- og beredskapsdepartementet har orientert Domstoladministrasjonen om korleis departementet forstår vedtaket til Stortinget om minimumsbemanning, jf. Dokument 15:828 (2020–2021) og Dokument 15:830 (2020–2021).

Langsiktig plan for strukturelle endringar av politistasjonar i Oslo

Vedtak nr. 236, 11. desember 2020

«Stortinget ber regjeringen sikre at det i forbindelse med strukturelle endringer av politistasjoner i Oslo legges til grunn en helhetlig og langsiktig plan som innebærer kontinuerlig tilstedeværelse av politi med utgangspunkt i politistasjoner eller politiposter i de ytre bydeler i Oslo Sør og Oslo Øst.»

Dokumenta som ligg til grunn for vedtaket, er Dokument 8:128 S (2019–2020), jf. Innst. 139 S (2020–2021).

Vedtaket er følgt opp i Prop. 195 S (2020–2021). Politiet har ein plan for tilstadevering av politi og polititjenester i bydelane som nemnd i vedtaket.

Konsekvensanalyse av strukturelle endringar av politistasjonar i Oslo

Vedtak nr. 237, 11. desember 2020

«Stortinget ber regjeringen sikre at det i forbindelse med planarbeidet med strukturelle endringer av politistasjoner i Oslo utarbeides en uavhengig konsekvensanalyse av planene. Konsekvensanalysen må gjennomgå hvordan sammenslåingen vil påvirke tjenestetilbudet, endringer i politiets arbeidsform og metodikk, det kriminalitetsforebyggende arbeidet og endringer i responstid. Analysen må også vurdere hvordan endringene vil påvirke politiets samarbeid med kommunen, barnevern og skole, samt økonomiske konsekvenser.»

Dokumenta som ligg til grunn for vedtaket, er Meld. St. 5 (2020–2021), jf. Innst. 275 S (2020–2021).

Vedtaket er følgt opp i Prop. 195 S (2020–2021). Politiet har fått gjennomført ei uavhengig analyse som etterspurt.

Høgare straff for barn som gjer gjenteken kriminalitet

Vedtak nr. 443, 18. desember 2020

«Stortinget ber regjeringen utrede om man i særlige tilfeller kan åpne for forhøyet straff ved nytt lovbrudd av samme art også for kriminelle gjengangere under 18 år.»

Dokumenta som ligg til grunn for vedtaket, er Dokument 8:115 S (2019–2020) og Innst. 147 S (2020–2021) frå justiskomiteen.

Vedtaket er under behandling.

Tiltak for å auke talet på inndragingar

Vedtak nr. 446, 18. desember 2020

«Stortinget ber regjeringen i inneværende stortingsperiode legge fram tiltak og forslag til lovendringer for å øke omfanget av antallet inndragninger og gjøre det enklere for politiet å inn dra verdier som er tilegnet gjennom kriminelle handlinger, både gjennom sivilrettslig inndragning og i straffesaker.»

Dokumenta som ligg til grunn for vedtaket, er Dokument 8:115 S (2019–2020) og Innst. 147 S (2020–2021) frå justiskomiteen.

Vedtaket er under behandling. Regjeringa fremja 24. september 2021 ein rekke forslag til endringar som bidrar til eit meir effektivt og pedagogisk regelverk om inndragning, sjå Prop. 241 L (2020–2021). Forslaga følgjer opp delar av Straffelovrådets utgreiing NOU 2020: 10, men fleire av forslaga i utgreiinga har det ikkje vore mogleg å følgje opp no. Årsaka er at fleire av forslaga har nær samanheng med ein tilleggsutgreiing som Straffelovrådet leverte 25. mai 2021, med høyringsfrist 25. oktober 2021. Regjeringa må difor følgje opp desse forslaga i ein eigen lovproposisjon på eit seinare tidspunkt. Sjå Prop. 241 L (2020–2021) kapittel 2 og 3 for nærmare detaljar om det vidare arbeidet.

Besøks- og opphaldsforbod

Vedtak nr. 447, 18. desember 2020

«Stortinget ber regjeringen foreslå å endre straffeprosesslovens bestemmelser om besøks- og oppholdsforbud, slik at de som begår kriminalitet i bestemte områder, kan nektes å oppholde seg i en større omkrets og i et betydelig tidsrom, samt vurdere bruk av elektronisk kontroll for å håndheve dette.»

Dokumenta som ligg til grunn for vedtaket, er Dokument 8:115 S (2019–2020) og Innst. 147 S (2020–2021) frå justiskomiteen.

Vedtaket er under behandling. Departementet har vurdert behovet for lovendringar og sendt forslag på høyring 6. september 2021 om endringar i straffeprosesslova og straffelova. I høyringsnota-

tet er det foreslått at påtalemakta skal kunne pålegge elektronisk kontroll (såkalla omvend valdsalarm) ved brot på besøksforbod. Det er også vurdert visse andre justeringar i reglane for besøksforbod. Sjå òg omtale av vedtak nr. 630 og 631, 25. april 2017 i tillegg til vedtak nr. 1043, 20. juni 2017.

Forbod mot deltaking i kriminelle gjengar

Vedtak nr. 448, 18. desember 2020

«Stortinget ber regjeringen utarbeide forslag til lovhjemler som forbyr deltaking i kriminelle gjenger og rekruttering til disse.»

Dokumenta som ligg til grunn for vedtaket, er Dokument 8:115 S (2019–2020) og Innst. 147 S (2020–2021) frå justiskomiteen.

Vedtaket er følgt opp gjennom Prop. 190 L (2020–2021) om *endringar i straffeprosesslova og straffelova (kriminalisering av deltaking i kriminelle samanslutningar)*. I proposisjonen fremja regjeringa forslag om ein ny heimel i straffeprosesslova for at retten på nærare vilkår kan forby ei kriminell samanslutning. Det vart òg fremja forslag om ei ny føresegn i straffelova som gjer det straffbart å delta i, rekruttere medlemmar til eller på anna måte videreføre aktivitetane til ei samanslutning retten har forbydd.

Exit-program for gjengkriminelle

Vedtak nr. 449, 18. desember 2020

«Stortinget ber regjeringen sørge for at det etableres et eget exit-program for gjengkriminelle som gir dem bedre muligheter for å bryte permanent ut av det kriminelle miljøet.»

Dokumenta som ligg til grunn for vedtaket er Dokument 8:115 S (2019–2020) og Innst. 147 S (2020–2021) frå justiskomiteen.

Vedtaket er følgt opp gjennom forslag om øyremerking av midlar til å prøve ut eit pilotprosjekt for exit-program for gjengkriminelle. For rask effekt byggjer pilotprosjektet på miljø som har kompetanse og erfaring. Sjå nærmare omtale under programkategori 06.30.

Registrering av skade med kniv

Vedtak nr. 450, 18. desember 2020

«Stortinget ber regjeringen om at legemsbeskadeligelse med kniv igjen blir registrert i Strasak-rapporten.»

Dokumenta som ligg til grunn for vedtaket, er Dokument 8:115 S (2019–2020) og Innst. 147 S (2020–2021) frå justiskomiteen.

Vedtaket er følgt opp. I desember 2020 vart registrering av modus i enkelte valdsaker innført i politiets straffesaksregister. Politiet har såleis høve til å ta ut relevant statistikk om mellom anna bruk av kniv, jf. omtale i kap. 9.3.2 i Meld. St. 34 (2020–2021) *Sammen mot barne-, ungdoms- og gjengkriminalitet*.

Forbod mot deltaking i kriminelle gjengar

Vedtak nr. 451, 18. desember 2020

«Stortinget ber regjeringen utarbeide forslag til lovhjemler som forbyr deltaking i kriminelle gjenger og rekruttering til disse, og fremme dem for Stortinget så de kan behandles innen juni 2021.»

Dokumenta som ligg til grunn for vedtaket, er Dokument 8:115 S (2019–2020) og Innst. 147 S (2020–2021) frå justiskomiteen.

Vedtaket er følgt opp gjennom Prop. 190 L (2020–2021) om *endringar i straffeprosesslova og straffelova (kriminalisering av deltaking i kriminelle samanslutningar)*. Sjå omtale under vedtak 448 (2020–2021).

Straff for å la verdiane til gjengkriminelle stå i eige namn

Vedtak nr. 452, 18. desember 2020

«Stortinget ber regjeringen fremme forslag om tillegg til straffelovens bestemmelser om inndragning av økonomisk utbytte, slik at det innføres aktsomhetsplikt med straffansvar for dem som lar gjengkriminelles verdier, biler, leiligheter m.m. stå i sitt navn.»

Dokumenta som ligg til grunn for vedtaket, er Dokument 8:115 S (2019–2020) og Innst. 147 S (2020–2021) frå justiskomiteen.

Vedtaket er under behandling. Straffelovrådet har fått i oppdrag å undersøke behovet for ein slik

regel og å gi forslag til korleis han eventuelt kan bli utforma. Frist for oppdraget er 1. november 2021.

Kontroll ved grenseovergangane

Vedtak nr. 532, 19. januar 2021

*«Stortinget ber regjeringen styrke kontrollen ved grenseovergangane, herunder tilpassede løsnin-
ger ved mindre trafikkerte grenseoverganger.»*

Statsministaren gjorde greie for regjeringa si handtering av koronapandemien i Stortinget 19. januar 2021, og vedtaket kom i samband med dette.

Vedtaket er følgt opp. Regjeringa har gjennom Prop. 211 S (2020–2021) sytt for at politiet fekk midlar til å tilsetje 100 politiutdanna i 2021 for å styrke grensekontrollarbeidet. Politiet har også motteke omfattande hjelp frå Heimevernet og Tolletaten. Det blei også innført ein verneplan som tillèt lettare kontroll av reisande frå område med lågt smittenivå i periodar med kapasitetsutfordringar.

Karantenehotell

Vedtak nr. 559, 19. januar 2021

«Stortinget ber regjeringen sørge for obligatorisk karantenehotell betalt av arbeidsgivere for arbeidsinnvandrere hvor arbeidsgiver ikke kan stille med tilfredsstillende løsninger og sikre at det føres tilstrekkelig kontroll med disse.»

Dokumenta som ligg til grunn for vedtaket, er utgreiinga av statsministeren om handteringa av koronapandemien og voteringa til Stortinget over lause forslag til saka.

Vedtaket er følgt opp i Prop. 79 S (2020–2021). Det blei blant anna innført eit krav i covid-19-forskrifta § 5 første ledd om at personar i innreisekarantene skal opphalde seg på karantenehotell på første ankomststad i riket i karantenetida. Det har vore gjort unnatak for plikta til opphald på karantenehotell for personar som kjem til Noreg for å utføre arbeid eller oppdrag, og som ved innreisa kan legge fram stadfesting på at arbeids- eller oppdragsgivar sørger for ein eigna opphaldsstad der det er mogeleg å unngå nærkontakt med andre. Eigendelen for opphald på karantenehotell er 500 kroner per døgn. For personar som kjem til Noreg for å utføre arbeid eller oppdrag, er det

arbeids- eller oppdragsgivaren som skal betala eigendelen. Reglane om karantene og karantenehotell i covid-19-forskrifta har vore justert fortløpande gjennom året for å handtere endringar i pandemien og behov for tiltak.

Covid-19-testing i kommunen

Vedtak nr. 562, 19. januar 2021

«Stortinget ber regjeringen om å fjerne ordningen som åpner for å teste seg i kommunen 24 timer etter ankomst.»

Dokumenta som ligg til grunn for vedtaket, er utgreiinga av statsministeren om handteringa av koronapandemien og voteringa til Stortinget over lause forslag til saka.

Som det går fram av Prop. 79 S (2020–2021), er vedtaket følgt opp. Regjeringa innførte obligatorisk test frå 2. januar 2021. Reglane om krav til testing i covid-19-forskrifta har vore justert fortløpande gjennom året for å handtere endringar i pandemien og behov for tiltak.

Fornyingsordning for barneomsorgsattest

Vedtak nr. 627, 18. februar 2021

«Stortinget ber regjeringen komme tilbake til Stortinget med en sak om å gjeninnføre en fornyelsesordning for barneomsorgsattest.»

Dokumenta som ligg til grunn for vedtaket er Dokument 8:136 (2019–2020) og Innst. 210 S (2020–2021) frå justiskomiteen.

Vedtaket er under behandling.

Gjennomgang av barneomsorgsattestordninga

Vedtak nr. 628, 18. februar 2021

«Stortinget ber regjeringen foreta en gjennomgang av barneomsorgsattestordningen, som også innbefatter en utredning av digitale forenklingmuligheter, en vurdering av muligheten for informasjonsdeling av gjeldende lovbrudd i andre land og en vurdering av om straffeloven § 272 og § 273 skal være en del av politiattesten.»

Dokumenta som ligg til grunn for vedtaket er Dokument 8:136 (2019–2020) og Innst. 210 S (2020–2021) frå justiskomiteen.

Vedtaket er under behandling.

Ny politihøgskule

Vedtak nr. 676, 25. februar 2021

«Stortinget ber regjeringen igangsette planleggingen av ny politihøgskole og komme tilbake til Stortinget på en egnet måte.»

Dokumenter som ligg til grunn for vedtaket, er Meld. St. 29. (2019–2020) og Innst. 248 S (2020–2021) frå justiskomiteen.

Vedtaket er under behandling. Planlegginga av ny politihøgskule må sjåast i samanheng med andre planlagde og pågåande investeringsprosjekt i justissektoren. Ut frå tilstandsvurderingar av ulike justisbygg, er det ei nødvendig prioritering å få avklart og realisert løysingar for Oslo fengsel, politihuset i Oslo og Bergen tinghus. Regjeringa har difor ikkje tatt stilling til når planlegging av ny politihøgskule skal setjast i gang.

Bevare Utrykkingspolitiet

Vedtak nr. 677, 25. februar 2021

«Stortinget ber regjeringen bevare dagens organisering av Utrykningspolitiet.»

Dokumenter som ligg til grunn for vedtaket, er Meld. St. 29. (2019–2020) og Innst. 248 S (2020–2021) frå justiskomiteen.

Dette vedtaket inneber inga endring av organisatorisk eller anna art, og er såleis følgt opp.

Fullstendig drapsstatistikk

Vedtak nr. 678, 25. februar 2021

«Stortinget ber regjeringen sørge for at hovedstatistikken over drap begått i Norge inneholder en fullstendig oversikt.»

Dokumenter som ligg til grunn for vedtaket, er Meld. St. 29. (2019–2020) og Innst. 248 S (2020–2021) frå justiskomiteen.

Politidirektoratet har vidareformidla dette vedtaket til Kripas, som har oppdatert den offisielle drapsstatistikken. Vedtaket er såleis følgt opp.

Motarbeiding av gjengkriminalitet

Vedtak nr. 679, 25. februar 2021

«Stortinget ber regjeringen sørge for at alle landets politidistrikt setter i verk umiddelbare tiltak

for å avverge og bekjempe gjengkriminalitet, herunder sørger for at alle politidistrikt har tilstrekkelig operativt personell til å sikre høy tilstedeværelse i utsatte områder.»

Dokumenter som ligg til grunn for vedtaket, er Meld. St. 29. (2019–2020) og Innst. 248 S (2020–2021) frå justiskomiteen.

Vedtaket er følgt opp. Politiet har prioritert innsats mot gjengkriminalitet i budsjetta dei siste åra. Regjeringa har sikra at politi er til stade i utsette områder og intensivert innsatsen mot kriminelle gjengar, jf. Meld. St. 34 (2020–2021) *Sammen mot barne-, ungdoms og gjengkriminalitet.*

Gjenopning av arrestar

Vedtak nr. 680, 25. februar 2021

«Stortinget ber regjeringen gjenåpne de arrester der nedleggelse under politireformen har ført til at politiet i dag bruker uforholdsmessig mye tid på transport av fanger.»

Dokumenter som ligg til grunn for vedtaket, er Meld. St. 29. (2019–2020) og Innst. 248 S (2020–2021) frå justiskomiteen.

Vedtaket er følgt opp. Det er politimeistrane sitt ansvar å nytta ressursane på best mogleg måte. Bruken av ressursane skjer etter ei heilheitleg vurdering der mange omsyn og forhold vert omhandla. Å drifta ein politiarrest krev like stor bemanning som døgnkontinuerleg drift av éi heil politipatrulje. Når det er behov for det kan gamle, lokale arrestar opnast mellombels i inntil fire timar. Dette kan vera ei praktisk løysing i samband med større hendingar eller arrangement.

Nasjonalt våpenregister

Vedtak nr. 681, 25. februar 2021

«Stortinget ber regjeringen opprette et nasjonalt våpenregister som legges til Brønnøysundregistrene og til Nordland politidistrikt med forvaltning i Mosjøen.»

Dokumenter som ligg til grunn for vedtaket, er Meld. St. 29. (2019–2020) og Innst. 248 S (2020–2021) frå justiskomiteen. Vedtaket er under behandling. Politidirektoratet har fått i oppdrag å setja i gang eit prosjekt for ny digital våpenforvaltning der dette oppmodingsvedtaket vert teke omsyn til.

Jf. oppmodingsvedtak nr. 778, 23. mars 2021.

Identitetsskjerming for polititilsette

Vedtak nr. 682, 25. februar 2021

«Stortinget ber regjeringen i forbindelse med forslag til ny straffeprosesslov sikre full identitetsskjerming for politiansatte.»

Dokumenter som ligg til grunn for vedtaket, er Meld. St. 29. (2019–2020) og Innst. 248 S (2020–2021) frå justiskomiteen.

Vedtaket er under behandling.

Straff for å tvinge barn til utlandet

Vedtak nr. 712, 9. mars 2021

«Stortinget ber regjeringen utrede straffeforbudet mot frihetsberøvelse i situasjoner hvor barn vil bli, eller allerede er, sendt til utlandet mot sin vilje, og fremme forslag til lovendringer som sikrer at påtvungne utenlandsopphold kan straffes.»

Dokumenter som ligg til grunn for vedtaket, er Dokument 8:137 S (2019–2020) og Innst. 269 S (2020–2021) frå familie- og kulturkomiteen.

Vedtaket er under behandling. Sjå òg omtale under vedtak nr. 788, 29. mai 2018.

Arbeidsvilkåra til politiet overfor ungdomsmiljø og gjengkriminelle

Vedtak nr. 719, 9. mars 2021

«Stortinget ber regjeringen komme tilbake til Stortinget med en vurdering av utviklingen knyttet til politiets arbeidsbetingelser overfor ungdomsmiljø og gjengkriminelle. Regjeringen bes vurdere eventuelle straffeskjerpelser samt andre tiltak for stanse økningen av forulemping, hindring, trusler og vold mot politifolk.»

Dokumenter som ligg til grunn for vedtaket, er Dokument 8:1 L (2020–2021) og Innst. 268 L (2020–2021) frå justiskomiteen.

Vedtaket er følgt opp. Straffelova gjev eit sterkt vern for tilsette i politiet, og det strafferettslege vernet av offentleg tenesteperson vart nyleg styrka i samband med behandlinga av Prop. 66 L (2019–2020), jf. Innst. 328 L (2019–2020). Terskelen for kva handlingar som kan straffast er låg, og det blir allereie reagert strengt mot vald mot politiet. Ei ytterlegare heving av strafferammene vert såleis vurdert lite føremålstenleg. Politidirektoratet jobbar systematisk med å førebygge truslar og

vald mot polititilsette. Direktoratet har ikkje statistikk som syner at det har skjedd ei auke av valdelege handlingar retta mot politiet frå ungdoms- eller gjengkriminelle.

Langsiktig plan for strukturelle endringar av politistasjonar i Oslo og fysisk nærverande politi

Vedtak nr. 722, 11. mars 2021

«Stortinget ber regjeringen sørge for at vedtak 236 den 11. desember 2020 følges opp og kommer tilbake til Stortinget i forbindelse med RNB 2021 hvor planen for å sikre fysisk tilstedeværelse av politi, med utgangspunkt i politistasjoner eller politiposter, i de aktuelle bydelene redegjøres for i tråd med Stortingets vedtak av 11. desember 2020.»

Dokumenter som ligg til grunn for vedtaket, er Meld. St. 5 (2020–2021) og Innst. 275 S (2020–2021) frå justiskomiteen.

Vedtaket er følgt opp i Prop. 195 S (2020–2021). Sjå omtale under vedtak nr. 236, 11. desember 2020.

Handlingsplan mot vald og overgrep i heimen

Vedtak nr. 728, 11. mars 2021

«Stortinget ber regjeringen utarbeide en handlingsplan for beskyttelse mot vold og overgrep i hjemmene som følge av smitteverntiltak som nedstengte sosiale arenaer, skoler og barnehager.»

Dokumenter som ligg til grunn for vedtaket er Meld. St. 5 (2020–2021) og Innst. 275 S (2020–2021) frå justiskomiteen.

Vedtaket er følgt opp gjennom at regjeringa la fram ein handlingsplan mot vald i nære relasjonar (2021–2024) i august 2021.

Nasjonal langtidsplan for beredskap

Vedtak nr. 729, 11. mars 2021

«Stortinget ber regjeringen innføre en nasjonal langtidsplan for beredskap, som ser beredskapsressursene nasjonalt og regionalt i en sammenheng og legger grunnlaget for konkrete planer for utbedringer.»

Dokumenter som ligg til grunn for vedtaket, er Meld. St. 5 (2020–2021) og Innst. 275 S (2020–2021) frå justiskomiteen.

Vedtaket er under behandling.

Totalberedskapsutval

Vedtak nr. 730, 11. mars 2021

«Stortinget ber regjeringen etablere et fast totalberedskapsutvalg som rapporterer til regjeringen hvert år, slik at man sikrer koordinert ledelse overordnet og på tvers. Og helhetlige og koordinerte trusselvurderinger. Både beredskapsmyndigheter, samfunnets organisasjoner og næringsliv skal være representert i utvalget.»

Dokumenter som ligg til grunn for vedtaket, er Meld. St. 5 (2020–2021) og Innst. 275 S (2020–2021) frå justiskomiteen.

Vedtaket er under behandling.

Nordisk samarbeid innan samfunnstryggleik

Vedtak nr. 739, 11. mars 2021

«Stortinget ber regjeringen komme tilbake til Stortinget med en vurdering av muligheten for tettere samarbeid med nordiske naboland knyttet til samfunnssikkerhet og beredskap, herunder felles sikkerhetsklarering, planverk på tvers av landegrensene og øvelser på tvers av landegrensene.»

Dokumenter som ligg til grunn for vedtaket, er Meld. St. 5 (2020–2021) og Innst. 275 S (2020–2021) frå justiskomiteen.

Vedtaket er under behandling. Når det gjeld spørsmålet om tryggingsklarering, finnast det i dag tryggingsavtaler mellom Noreg og dei nordiske nabolanda som gjer det mulig å utveksle gradert informasjon mellom landa, herunder anerkjenne kvarandre sine tryggingsklareringer etter nærmare kriterium.

Sivilforsvaret

Vedtak nr. 740, 11. mars 2021

«Stortinget ber regjeringen ruste Sivilforsvaret for fremtidens samfunnsbehov gjennom å utrede utvidet grunnutdanning og sette av midler over statsbudsjettet til oppdatert utstyr og flere øvelser.»

Dokumenter som ligg til grunn for vedtaket, er Meld. St. 5 (2020–2021) og Innst. 275 S (2020–2021) frå justiskomiteen.

Vedtaket er under behandling.

Frivillige organisasjonar

Vedtak nr. 741, 11. mars 2021

«Stortinget ber regjeringen sikre at frivillige organisasjoner får dekket utgifter til abonnementskostnader for nødnetterminaler, og øke støtten til mer ressurser til utstyr og trening.»

Dokumenter som ligg til grunn for vedtaket, er Meld. St. 5 (2020–2021) og Innst. 275 S (2020–2021) frå justiskomiteen.

Vedtaket er under behandling.

Brann til sjøs

Vedtak nr. 742, 11. mars 2021

«Stortinget ber regjeringen styrke Redningsselskapet og gjennomgå hvordan de kan bistå brann- og redningsetaten ved brann til sjøs.»

Dokumenter som ligg til grunn for vedtaket, er Meld. St. 5 (2020–2021) og Innst. 275 S (2020–2021) frå justiskomiteen.

Vedtaket er under behandling.

Tilfluktsrom

Vedtak nr. 743, 11. mars 2021

«Stortinget ber regjeringen komme tilbake til Stortinget med en vurdering av hvordan eksisterende tilfluktsrom i større grad kan benyttes slik at de holdes i stand samt inngår som en del av den nasjonale beredskapen i forbindelse med for eksempel migrasjon, pandemi eller forsyningskrise.»

Dokumenter som ligg til grunn for vedtaket, er Meld. St. 5 (2020–2021) og Innst. 275 S (2020–2021) frå justiskomiteen.

Vedtaket er under behandling.

Objektsikring

Vedtak nr. 745, 11. mars 2021

«Stortinget ber regjeringen forsterke fysisk sikring av prioriterte objekter på grunnlag av trusselvurderinger og ROS-analyser.»

Dokumenter som ligg til grunn for vedtaket, er Meld. St. 5 (2020–2021) og Innst. 275 S (2020–2021) frå justiskomiteen.

Vedtaket er under behandling.

Kompetanseheving innanfor IKT-tryggleik

Vedtak nr. 746, 11. mars 2021

«Stortinget ber regjeringen sørge for økt kompetanseheving for ansatte i kommuner, stat og bedrifter innenfor IKT-sikkerhet.»

Dokumenta som ligg til grunn for vedtaket, er Meld. St. 5 (2020–2021) og Innst. 275 S (2020–2021) frå justiskomiteen.

Vedtaket er under behandling.

Eigenberedskapskampanje

Vedtak nr. 747, 11. mars 2021

«Stortinget ber regjeringen sørge for at det gjennomføres en årlig egenberedskapskampanje for å minne befolkningen om å sikre egne elementære behov dersom og når ulike kriser inntreffer.»

Dokumenta som ligg til grunn for vedtaket, er Meld. St. 5 (2020–2021) og Innst. 275 S (2020–2021) frå justiskomiteen.

Vedtaket er følgt opp. Hausten 2018 blei kampanjen *Du er en del av Norges beredskap* satt i verk av Direktoratet for samfunnstryggleik og beredskap (DSB). *Egenberedskapsuka* blei gjennomført for første gong i 2019, og DSB har invitert alle kommunar til å være med på Egenberedskapsuka 2021. Justis- og beredskapsdepartementet vil sørge for at DSB årlig bidreg til at det gjennomføres ein eigenberedskapskampanje og ta dette inn som eit oppdrag i DSBs hovudinstruks.

Inkludering av frivillige organisasjonar i beredskapsplanar

Vedtak nr. 748, 11. mars 2021

«Stortinget ber regjeringen sikre at politi, statsforvalter og kommuner inkluderer frivillige organisasjonar i beredskapsplanar, at disse deltar på felles øvelser, samt at politiet forpliktes til å koordinere og ivareta samvirket mellom de ulike aktørene mellom hendelsene.»

Dokumenta som ligg til grunn for vedtaket, er Meld. St. 5 (2020–2021) og Innst. 275 S (2020–2021) frå justiskomiteen.

Vedtaket er under behandling.

Følgje opp EMD-dom om digitale beslag

Vedtak nr. 776, 23. mars 2021

«Stortinget ber regjeringen i samarbeid med politiet og Riksadvokaten snarest mulig finne fram til en løsning hvor man unngår at politiets etterforskning stanser opp og erstatter det midlertidige direktivet etter EMD-dommen 17. desember 2020.»

Dokumenta som ligg til grunn for vedtaket, er Dokument 8:55 S (2020–2021) og Innst. 287 S (2020–2021) frå justiskomiteen.

Vedtaket er følgt opp ved at Riksadvokaten 17. juni 2021 offentliggjorde eit nytt direktiv om ransaking av digitale datamengder som inneheld opplysningar omfatta av beslagsforbod, som erstattar direktivet frå desember 2020. Direktivet innfører eit system for utsortering av beslagsfrie opplysningar ved ei teknisk eining i politiet som er organisatorisk åtskild frå etterforskningseininga. Ordninga skal hindre at tenestepersonane som etterforskar saka får innsyn i opplysningar som er beslagsfrie. Direktivet stiller òg krav til forsvarleg og sikker oppbevaring av materiale, og notoritet om avgjerder og behandling.

Digitalisere søknad om våpenløyve og andre prosessar i våpenforvaltninga

Vedtak nr. 778, 23. mars 2021

«Stortinget ber regjeringen legge frem forslag om digitalisering av søknad om tillatelse for samt lagerføring og innførsel av våpen, herunder en konkret fremdriftsplan for prosjektet, senest i revidert statsbudsjett for 2021.»

Dokumenta som ligg til grunn for vedtaket, er Dokument 8:67 S (2020–2021) og Innst. 286 S (2020–2021) frå justiskomiteen. Jf. Også vedtak 681.

Vedtaket er følgt opp i Prop. 195 S (2020–2021). Det er lagt opp til stegvis implementering med digital søknadsprosess og etter kvart automatisering av saksbehandling og nytt nasjonalt våpenregister.

ADR-kontroll

Vedtak nr. 799, 13. april 2021

«Stortinget ber regjeringen utrede muligheten for å overføre myndighet til å gjennomføre ADR-kontroll til godkjente tungbilverksteder.»

Dokumenter som ligg til grunn for vedtaket er Dokument 8:106 S (2020–2021) og Innst. 311 S (2020–2021) frå transport- og kommunikasjonskomiteen.

Vedtaket er under behandling.

Nasjonalt eierskap og kontroll

Vedtak nr. 814, 20. april 2021

«Stortinget ber regjeringa sikre norsk eigarskap av kritisk infrastruktur og eigedom samt nasjonal kontroll over naturressursar i nordområda.»

Dokumenter som ligg til grunn for vedtaket, er Meld. St. 9 (2020–2021) og Innst. 289 S (2020–2021) frå utenriks- og forsvarskomiteen.

Vedtaket er under behandling. Eit viktig tiltak er implementeringa av ny tryggleikslov. Lova introduserer bl.a. meldeplikt ved erverv av verksemd underlagt lova, jf. § 10-1. Uavhengig av dette kan styresmaktene til ein kvar tid stanse tryggleikstrugande verksemd med heimel i tryggleikslova § 2-5. Vidare set lova krav til at objekt og infrastruktur som er av avgjerande tyding for nasjonal tryggleik skal klassifiserast og sikrast, jf. tryggleikslova § 7.2.

Heilskapleg gjennomgang av verjemålsordninga

Vedtak nr. 848, 27. april 2021

«Stortinget ber regjeringen foreta en helhetlig gjennomgang av vergemålsordningen og legge frem forslag til lovendringer som styrker og forbedrer den.»

Dokumenter som ligg til grunn for vedtaket, er Dokument 8:77 (2020–2021) og Innst. 285 S (2020–2021) frå justiskomiteen. Sjå elles omtalen av oppmodingsvedtak nr. 899 (2017–2018) nedanfor.

Vedtaket er under behandling.

Økonomisk kompensasjonsordning for våpeneigarar

Vedtak 883, 6. mai 2021

«Stortinget ber regjeringa snarest utarbeide et forslag til ei økonomisk kompensasjonsordning for våpeneiere som blir ramma av et forbud med tilbakevirkende kraft mot enkelte våpentyper, og komme tilbake til Stortinget med dette.»

Dokumenter som ligg til grunn for vedtaket, er Dokument 8:103 S (2020–2021) og Innst. 346 S (2020–2021) frå justiskomiteen.

Vedtaket er under behandling.

Lovendringar som følgje av ny sivilombudslov

Vedtak nr. 928, 11. mai 2021

«Stortinget ber regjeringen fremme forslag om nødvendige endringer i annen lovgivning som følge av ny sivilombudslov.»

Dokumenter som ligg til grunn for vedtaket, er Dokument 21 (2020–2021), kap. 10 og Innst. 409 L (2020–2021).

Vedtaket er under behandling. Det har vorte gjort ei kartlegging av kva for lover som skal endrast, og utarbeidd eit førebels endringsforslag.

Tiltak for å kartlegge omfanget av pengestøtte frå utlandet til religiøse organisasjonar

Vedtak nr. 955, 20. mai 2021

«Stortinget ber regjeringen komme tilbake med forslag om tiltak for å kartlegge omfanget av pengestøtte fra utlandet til religiøse organisasjoner, uavhengig av om organisasjonen mottar statsstøtte.»

Dokumenter som ligg til grunn for vedtaket, er Dok. 8:135 S (2020–2021) og Innst. 406 S (2020–2021) frå kommunal- og forvaltningskomiteen.

Vedtaket er følgt opp. Justis- og beredskapsdepartementet vil opprette ei tverrdepartemental arbeidsgruppe som skal utgreie tiltak for å hindre verksemd som kan utgjere ein trussel mot demokrati og grunnleggjande menneskerettar. Utgreinga skal inkludere forslag til regulering av internasjonal finansiering av organisasjonar samt tiltak for å stanse slik verksemd uavhengig av korleis den er finansiert. Arbeidsgruppa vil sjå på moglege alternativ for å kartlegge omfanget av penge-

støtte frå utlandet til religiøse og andre organisasjonar.

Etablering av ny redningshelikopterbase i Tromsø og felles operasjon med helikoptertenesta til Sysselmeisteren

Vedtak nr. 983, 25. mai 2021

«Stortinget ber regjeringen starte nødvendige forberedelser som sikrer at Forsvaret overtar som operatør av redningshelikopterbasen i Tromsø når kontrakten med sivil operatør går ut.»

Dokumenta som ligg til grunn for vedtaket, er Prop. 85 S (2020–2021) og Innst. 393 S (2020–2021) frå justiskomiteen.

Vedtaket er under behandling.

Kartlegging av tryggleikskompetanse, gjennomgang av bruken av tryggleikslova og evaluering av tryggleiksforståing

Vedtak nr. 1038, 28. mai 2021

«Stortinget ber regjeringen gjennomføre og legge frem for Stortinget på egnet måte:

en kartlegging av sikkerhetskompentansen i alle departementar

en gjennomgang utført av et offentlig utnevnt ekspertutvalg av sikkerhetslovens anvendelse, herunder mulige sårbarheter, ansvarsfordeling, status for departementenes listeføring av virksomheter som helt eller delvis skal omfattes av sikkerhetsloven

en evaluering av hvordan sikkerhetsforståelse i departementene etableres og samarbeid mellom departementene blir sikret.»

Dokumenta som ligg til grunn for vedtaket, er behandlinga av innstilling frå utanriks- og forsvarskomiteen om *Redegjørelse av justis- og beredskapsministeren om planlagt salg av Bergen Engines AS*, jf. Innst. 503 S (2020–2021).

Vedtaket er under behandling.

Stortingsmelding om nasjonalt eigarskap og kontroll over strategisk viktige naturressursar, bedrifter, infrastrukturar og teknologiar

Vedtak nr. 1040, 28. mai 2021

«Stortinget ber regjeringen legge fram en stortingsmelding om hvordan Norge kan sikre nasjonalt eierskap og kontroll over strategisk viktige

bedrifter, naturressurser, infrastrukturar og teknologier.»

Dokumenta som ligg til grunn for vedtaket, er Dokument 8:153 S (2020–2021) og Innst. 504 S (2020–2021) frå utanriks- og forsvarskomiteen.

Vedtaket er under behandling.

Nytt Oslo fengsel

Vedtak nr. 1041, 28. mai 2021

«Stortinget ber regjeringen på egnet måte komme tilbake til Stortinget med forslag vedrørende nytt Oslo fengsel.»

Dokumenta som ligg til grunn for vedtaket er Dokument 8:142 S (2020–2021) og Innst. 470 S (2020–2021).

Vedtaket er under behandling. Arbeidet med eit nytt fengsel til erstatning for Oslo fengsel på Grønland følgjer no to spor. Det er sett i verk eit forprosjekt for å utvide Romerike fengsel, Ullersmo avdeling. Fordi det er vanskeleg å finne ei ny tomt i Oslo har Statsbygg òg fått i oppdrag å gjennomføre eit nytt tomtesøk i Oslo og omkringliggende kommunar.

Forfølging av narkotikalovbrot i nødssituasjonar

Vedtak nr. 1115, 3. juni 2021

«Stortinget ber regjeringen sørge for at politiet ikke straffefølger overtredelse av legemiddelloven § 24 første ledd, der overtreder yter assistanse eller tilkaller nødeteater i akutte nødssituasjoner, eller der en slik overtredelse avdekkes hos fornærmede ved anmeldelse av andre straffbare forhold.»

Dokumenta som ligg til grunn for vedtaket, er Prop. 92 L (2020–2021) og Innst. 612 L (2020–2021).

Vedtaket er under behandling. Departementet har vore i dialog med Riksadvokaten, som peikar på at dei resultatane Stortinget ønsker, langt på veg følgjer av eksisterande reglar, føringar og praksis. Sjå nærmare omtale under programkategori 06.40.

Sperring av opplysningar i reaksjonsregisteret

Vedtak nr. 1116, 3. juni 2021

«Stortinget ber regjeringen sørge for at opplysninger i reaksjonsregisteret om personer som er ilagt

strafferettslige reaksjoner for bruk og besittelse av narkotika til eget bruk, sperres etter tre år. Sperring forutsetter at det ikke er registrert flere straffbare forhold i den aktuelle perioden.»

Dokumenta som ligg til grunn for vedtaket, er Prop. 92 L (2020–2021), Innst. 612 L (2020–2021) og Lovvedtak 148 (2020–2021).

Vedtaket er under behandling.

Gjennomgang av praksis for tilbakekall av førerrett
Vedtak nr. 1117, 3. juni 2021

«Stortinget ber regjeringen sørge for at samfunnets reaksjoner i forbindelse med problematisk bruk av rusmidler er forholdsmessige, og kan knyttes til rusbruken. Stortinget ber regjeringen særlig gjennomgå praksis med tap av førerrett i tilfeller der man ikke ser noen sammenheng mellom personens bruk av rusmidler og føring av motorvogn.»

Dokumenta som ligg til grunn for vedtaket er Prop. 92 L (2020–2021), Innst. 612 L (2020–2021) og Lovvedtak 148 (2020–2021).

Vedtaket er under behandling.

Unntak frå forelding for seksuallovbrot mot barn
Vedtak nr. 1159, 7. juni 2021

«Stortinget ber regjeringen legge frem forslag til lovendringer som fjerner foreldelsesfristen for alle typer seksualforbrytelser mot barn.»

Dokumenta som ligg til grunn for vedtaket, er Dokument 8:273 S (2020–2021) og Innst. 634 S (2020–2021).

Vedtaket er under behandling. Sjå òg vedtak nr. 50, 3. november 2020.

Internasjonale kriminelle organisasjonar
Vedtak nr. 1161, 11. juni 2021

«Stortinget ber regjeringen komme tilbake til Stortinget med strengere regler dersom det nye regelverket ikke i tilstrekkelig grad hindrer etableringer av internasjonale kriminelle gjenger og mafiaorganisasjoner.»

Dokumenta som ligg til grunn for vedtaket, er Prop. 190 L (2020–2021) og Innst. 629 L (2020–2021).

Vedtaket er under behandling.

Tilgang på straffeprosessuelle tvangsmiddel
Vedtak nr. 1162, 11. juni 2021

«Stortinget ber regjeringen utrede særskilt om politiet bør gis tilgang på straffeprosessuelle tvangsmidler ut over det den foreslåtte straffesammenheng på tre års fengsel for deltagelse, rekruttering eller videreføring av en kriminell sammenslutning, tilsier.»

Dokumenta som ligg til grunn for vedtaket, er Prop. 190 L (2020–2021) og Innst. 629 L (2020–2021).

Vedtaket er under behandling.

Kompensasjonsordning for tapt arbeidsforteneste for frivillige i redningstenesta
Vedtak nr. 1343, 18. juni 2021

«Stortinget ber regjeringen i forbindelse med statsbudsjettet for 2022 legge frem en vurdering av om det bør innføres en kompensasjonsordning for tapt arbeidsfortjeneste for frivillige som blir anmodet av nødetatene om å bistå i redningsoppdrag.»

Dokumenta som ligg til grunn for vedtaket, er Prop. 195 S (2020–2021) og Innst. 600 S (2020–2021).

Vedtaket er under behandling. Det vil krevje ei utgreiing før ein får oversikt og kunnskap om kva eit slikt tiltak vil bety for redningstenesta, og kva utgiftene vil være for staten. Departementet har førebels ikkje tatt stilling til om ei slik utgreiing skal setjast i verk. Det er både fordelar og ulemper med å innføre ei kompensasjonsordning for tapt arbeidsforteneste for frivillige. Regjeringa ønskjer å leggje til rette for at dei frivillige organisasjonane held oppe og styrker sin posisjon innanfor norsk redningsberedskap (sjå også Meld. St. 10 (2016–2017)). Samtidig bør det være eit tydeleg skilje mellom offentlege og frivillige ressursar.

1.11.2 Stortingssesjon 2019–2020

Valdsoffererstatning

Vedtak nr. 124, 5. desember 2019

«Stortinget ber regjeringen fremme forslag til ny lov om valdsoffererstatning og legge denne frem for Stortinget i løpet av 2020.»

Dokumenter som ligg til grunn for vedtaket, er Dokument 8:5 (2019–2020) og Innst. 66 S (2019–2020) frå justiskomiteen.

Vedtaket er følgt opp. Regjeringa fremma 17. september 2021 Prop. 238 L (2020–2021) *Lov om erstatning fra staten til voldsutsatte* (valds- og seksuallovbrot, om dei ønskjer det, få utbetalt erstatning frå staten tilnærma automatisk og direkte, utan eigen søknad. Valdsutsatte i saker som ikkje har blitt behandla av domstolane, skal kunne fremme søknad om erstatning for Kontoret for valdsoffererstatning.

Sjå omtale under programkategori 06.70.

Elektroniske fraktbrev

Vedtak nr. 436, 31. mars 2020

«Stortinget ber regjeringen sikre at nye elektroniske fraktbrev som er planlagt i CRM-direktivet, gjøres obligatoriske.»

Dokumenter som ligg til grunn for vedtaket, er Prop. 11 LS (2019–2020) og Innst. 214 S (2019–2020).

Vedtaket er under behandling.

Reklamasjonsfrist bustader

Vedtak nr. 515, 21. april 2020

«Stortinget ber regjeringen utrede om reklamasjonsfristen på nyoppførte boliger skal økes fra fem til ti år, samt konsekvensene av en eventuell utvidelse.»

Dokumenter som ligg til grunn for vedtaket, er Meld. St. 25 (2018–2019), Innst. 171 S (2019–2020).

Vedtaket er under behandling.

Lovforslag for å sikre deling av registerinformasjon

Vedtak nr. 669, 10. juni 2020

«Stortinget ber regjeringen fremme nødvendige lovforslag for å sikre at relevant registerinformasjon deles mellom offentlige forvaltningsorganer for å avdekke og forhindre kriminalitet.»

Dokumenter som ligg til grunn for vedtaket, er Dokument 8:88 S (2019–2020) og Innst. 342 S (2019–2020).

Vedtaket er under behandling. Eit høyringsforslag frå september 2020 om endringar i forvaltningslova m.m., som gjekk ut på å innføre nye og større grunnlag for deling mellom forvaltningsorganer av opplysningar som er omfatta av teieplikt, vart følgt opp i Prop. 166 L (2020–2021) om endringar i forvaltningslova m.m. og endringslov 18 juni 2021 nr. 127. Førebygging og avdekking av kriminalitet var sentrale omsyn som låg til grunn for forslaget. Ny § 13 g i forvaltningslova gjev heimel til å gje forskrift om at teieplikt etter forvaltningslova § 13 ikkje skal vere til hinder for at bestemte organer kan dele opplysningar for å utføre oppgåver som er lagde til avgjevar- eller mottakarorganet, og opnar dermed for å gje forskrifter om dei emna som er nemnde i vedtaket.

Oppretting av felles politistasjon med svensk politi på Magnormoen

Vedtak nr. 789, 19. juni 2020

«Stortinget ber regjeringen komme tilbake på egnet måte med en plan, herunder økonomiske og administrative konsekvenser, for å opprette en felles politistasjon med svensk politi på Magnormoen. Utgifter for både svensk og norsk politi må fremkomme. Stortinget ber regjeringen samarbeide med svenske myndigheter om planen for bygget, innretning på politisamarbeidet og fordeling av kostnader.»

Dokumenter som ligg til grunn for vedtaket, er Prop. 127 S (2019–2020) og Innst. 360 S (2019–2020).

Vedtaket er følgt opp. Regjeringa tilrår at ein felles norsk-svensk grensestasjon blir realisert med eit nybygg på grenselinja mellom Noreg og Sverige. Ein overordna plan for etablering av nybygg er utarbeidd. Det vert lagt til grunn at Noreg betaler for norske areal, og Sverige betaler for svenske areal. I det vidare arbeidet vil departementet følgje opp moment rundt innretninga på

politisamarbeidet, fordeling av kostnader og andre juridiske og praktiske problemstillinger med involverte aktører og styresmakter, medrekna også svenske styresmakter.

Sjå omtale under programkategori 06.40.

1.11.3 Stortingssesjon 2018–2019

Rettshjelpsordninga

Vedtak nr. 98, 4. desember 2018

«Stortinget ber regjeringen i forbindelse med den pågående utredningen av rettshjelpsordningen komme tilbake til Stortinget med tiltak i oppfølgingen av denne for å gjøre ordningen betre, mer effektiv og treffsikker.»

Dokumenta som ligg til grunn for vedtaket, er Dokument 8:152 S (2017–2018) og Innst. 71 S (2018–2019).

Vedtaket er under behandling. Regjeringa sette i oktober 2018 ned eit offentleg utval som skulle gjennomgå rettshjelpsordninga. Utvalet leverte ei utgreiing 30. april 2020. Utvalet foreslår ei ny lov om støtte til rettshjelp i staden for dagens ordning med fri rettshjelp. Dette inneber at fleire personar vil bli omfatta av ordninga, men med betydeleg bruk av eigendelar tilpassa betalings-evna til mottakaren. Utgreiinga har vore på høyring, og er no til oppfølging i departementet.

Sjå omtale under programkategori 06.70. For 2022 foreslår regjeringa å heve inntektsgrensene for fri rettshjelp med 10 pst.

1.11.4 Stortingssesjon 2017–2018

Offentleggjing av krenkande bilete av andre

Vedtak nr. 532, 8. mars 2018

«Stortinget ber regjeringen utarbeide et lovfor-slag som tydeliggjør at det er ulovlig uten sam-tykke å dele eller på annen måte offentliggjøre bilder av andre som har avslørende, nedverdi-gende eller krenkende karakter, og som eksplisitt forbyr hevnporno, samt vurdere behovet for end-ring i strafferammen for denne typen lovbrudd.»

Dokumenta som ligg til grunn for vedtaket, er Dokument 8:79 S (2017–2018) om ny straffeføre-segn som tydeleggjer at det er ulovleg å dele eller offentliggjere bilete som er avslørande, nedverdi-gande eller krenkende for den eller dei som blir framstilte, og som aukar strafferamma for å spreie

denne typen bilete utan samtykke, og Innst. 139 S (2017–2018).

Vedtaket er følgt opp gjennom Prop. 159 L (2020–2021) om *endringar i straffelova m.m. (deling av krenkande bilete m.m.)*. I proposisjonen fremja regjeringa forslag om ei ny straffeføresegn retta mot deling av bilete, film eller lydopptak av krenkande eller openberre privat karakter. Det vart òg fremja forslag om å heve straffenivået for grove tilfelle av ulovlig billedeling.

Alternativ til fengsling av barn

Vedtak nr. 539, 15. mars 2018

«Stortinget ber regjeringen utrede og legge fram forslag til flere alternativer til å fengsle barn i forbindelse med uttransportering etter utlendingslo-ven.»

Grunnlaget for vedtaket går fram av Prop. 126 L (2016–2017) og Innst. 181 L (2017–2018).

Vedtaket er under behandling. Departementet sende ei utgreiing og forslag til endringar i utlen-dingslova på høyring i desember 2019 med frist 3. april 2020. Her vart det bl.a. foreslått endra reglar knytte til meldeplikt og internering av barn. Departementet tek sikte på å fremme ein lovpro-posisjon i andre halvår 2021.

Einslege mindreårige asylsøkarar

Vedtak nr. 540, 15. mars 2018

«Stortinget ber regjeringen sørge for at det sna-rest etableres reelle alternativer til frihetsberø-velse av enslige mindreårige asylsøkere, som iva-retar hensynet til barnets beste.»

Grunnlaget for vedtaket går fram av Prop. 126 L (2016–2017) og Innst. 181 L (2017–2018).

Vedtaket er under behandling. Departementet sende eit forslag på høyring i desember 2019 med frist 3. april 2020. Her vart det bl.a. foreslått endra reglar knytte til meldeplikt og internering av barn. Departementet tek sikte på å fremme ein lovpro-posisjon i andre halvår 2021.

Tvangsreturnering av barnefamilialar

Vedtak nr. 541, 15. mars 2018

«Stortinget ber regjeringen utrede bruk av elek-tronisk kontroll (elektronisk fotlenke) som et alternativ til frihetsberøvelse som internering av

barnefamilier som skal tvangsreturneres, slik at frihetsberøvelse av barnefamilier bare benyttes som en siste utvei når andre alternativer er utprøvd eller vurdert. Der myndighetene kommer til at frihetsberøvelse er nødvendig, etter å ha prøvd eller vurdert andre alternativer, skal frihetsberøvelsen skje på et eget barne- og familieinternat som er familie- og barnevennlig, og som ivaretar barnets behov. Det fremmes en sak for Stortinget snarest mulig.»

Grunnlaget for vedtaket går fram av Prop. 126 L (2016–2017) og Innst. 181 L (2017–2018).

Vedtaket er under behandling. Politidirektoratet gjennomførte i 2018 ei utgreiing for departementet. Departementet sende eit forslag på høyring i desember 2019 med frist 3. april 2020. Her vart det bl.a. foreslått endra reglar knytte til meldeplikt og internering av barn. Det vart òg gjort greie for bruk av elektronisk kontroll (elektronisk fotlenke) utan at det vart foreslått gjennomført. Departementet tek sikte på å fremme ein lovproposisjon i andre halvår 2021.

Utvising og innreiseforbod – barn

Vedtak nr. 542, 15. mars 2018

«Stortinget ber regjeringen utrede og fremme eventuelle forslag om endring av utlendingsloven som gjør det mulig for utlendingsforvaltningen å supplere bruk av utvisning og innreiseforbud med et bredere sett av reaksjonsformer når særlige forhold tilsier det, som hensynet til barns beste.»

Grunnlaget for vedtaket går fram av Dokument 8:42 S (2017–2018), om andre reaksjonsformer enn utvising og innreiseforbod ved brot på utlendingslova og Innst. 140 S (2017–2018).

Vedtaket er følgt opp gjennom forslag i Prop. 83 L (2020–2021). Lovforslaget om bl.a. tilleggstid for permanent opphaldsløyve som eit nytt tiltak knytt til utvising etter brot på utlendingslova, vart vedteke 27. april 2021.

Valdsoffererstatning

Vedtak nr. 589, 10. april 2018

«Stortinget ber regjeringen i forbindelse med oppfølgingen av NOU 2016: 9 komme tilbake til Stortinget med en vurdering av behovet for å endre regelverket slik at voldsoffererstatningsordningen omfatter voldsofre fra eldre saker.»

Dokumenta som ligg til grunn for vedtaket, er Dokument 8:88 S (2017–2018), og Innst. 160 S (2017–2018) frå justiskomiteen.

Vedtaket er følgt opp. Sjå samla svar under vedtak nr. 590, 10. april 2018.

Valdsoffererstatning

Vedtak nr. 590, 10. april 2018

«Stortinget ber regjeringen i forbindelse med oppfølgingen av NOU 2016: 9 sikre at voldsoffererstatningsordningen omfatter voldsofre fra eldre saker og gjenopptakelsessaker.»

Dokumenta som ligg til grunn for vedtaket, er Dokument 8:88 S (2017–2018), og Innst. 160 S (2017–2018) frå justiskomiteen.

Vedtaket er følgt opp. Regjeringa fremma i 26. mars 2021 Prop. 113 L (2020–2021) *Endringer i voldsoffererstatningsloven (den øvre grensen)*. I proposisjonen blir det foreslått at den øvre grensa for valdsoffererstatning skal gjelde per person i staden for per sak for alle førstegongssøknader som blir fremma etter at endringa tek til å gjelde. Vidare skal lova få verknad for allereie avgjorde saker der søkarane ved dom er tilkjende høgare erstatning frå skadevaldaren, men erstatninga har blitt avkorta som følgje av den øvre grensa.

Sjå nærmare omtale under programkategori 06.70.

Utanlandsopphald

Vedtak nr. 788, 29. mai 2018

«Stortinget ber regjeringen foreslå tydeliggjøring av hjemler i straffeloven som holder foreldre ansvarlige dersom barn sendes på utenlandsopphold mot sin vilje.»

Dokumenta som ligg til grunn for vedtaket, er Dokument 8:118 S (2017–2018) og Innst. 260 S (2017–2018) frå justiskomiteen om tiltak mot sosial kontroll og æresvald.

Vedtaket er under behandling. I juni 2021 la regjeringa fram handlingsplanen *Frihet fra negativ sosial kontroll og æresrelatert vold (2021–2024)*. Eit av tiltaka i handlingsplanen er å setje ned eit eksternt juridisk utval som skal drøfte dei samla juridiske problemstillingane i saker om negativ sosial kontroll, æresrelatert vald, tvangsekteskap, kjønnslemlesting og psykisk vald, og vurdere om lovgjevinga er god nok. Eit av spørsmåla utvalet skal sjå nærare på, er korleis ein kan klargjera

grensene for straffansvaret i tilfelle der foreldre sender barn på utanlandsopphald mot si vilje.

Eige lovverk for Statens barnehus

Vedtak nr. 795, 29. mai 2018

«Stortinget ber regjeringen fremme forslag om et eget lovverk for Statens barnehus som sikrer ivaretagelse av hele mandatet til Statens barnehus.»

Dokumenta som ligg til grunn for vedtaket er Dokument 8:140 S (2017–2018) og Innst. 316 S (2017–2018).

Vedtaket er under behandling. Arbeidet med å gjere Statens barnehus så godt som mogleg følger opptrappingsplanen mot vald og overgrep mot barn og dei tiltaka som er knytte til denne. Dette gjeld både arbeidet med å vurdere behovet for eit eige lovverk for å vareta mandatet, og det gjeld anna regelverksarbeid. Politidirektoratet har engasjert NOVA/OsloMet til å gjere ei evaluering av ordninga med barnehusa. Evalueringa vart sett i gang hausten 2019, og vil vere klar i løpet av hausten 2021. Når denne evalueringa er ferdig vil departementet sette i gang med å vurdere eit eige lovverk knytt til barnehusa.

Regelverk for teieplikt, opplysningsplikt og opplysningsrett – vald og overgrep

Vedtak nr. 798, 29. mai 2018

«Stortinget ber regjeringen utrede, for så å fremme et lovforslag, for å revidere og samordne regelverket knyttet til taushetsplikt, opplysningsplikt og opplysningsrett, herunder reglene om samarbeid mellom ulike tjenester og etater, samt reglene om samtykke, slik at flere saker som gjelder vold og overgrep, vil kunne avdekkes og følges opp på en god måte.»

Dokumenta som ligg til grunn for vedtaket, er Dokument 8:140 S (2017–2018) og Innst. 316 S (2017–2018).

Vedtaket er under behandling. Eit høyringsforslag frå september 2020 om endringar i forvaltningslova m.m., som gjekk ut på å innføre nye og større grunnlag for deling mellom forvaltningsorgan av opplysningar som er omfatta av teieplikt, vart følgd opp i Prop. 166 L (2020–2021) om endringar i forvaltningslova m.m. og endringslov 18 juni 2021 nr. 127. Ny § 13 g i forvaltningslova gjev heimel til å gje forskrift om at teieplikt etter forvaltningslova § 13 ikkje skal vere til hinder for

at bestemte organ kan dele opplysningar for å utføre oppgåver som er lagde til avgjevar- eller mottakarorganet, og opnar dermed for å gje forskrifter om emna som er nemnde i vedtaket.

Vidare har ei utgreiing som i eit heilskapleg perspektiv tek for seg emna teieplikt, opplysningsplikt og opplysningsrett innanfor det offentlege, og som utgjer eit utkast til ein praktisk oppbygd og autoritativ rettleiar til bruk på tvers av ulike sektorar, vore på høyring. Høyringa blir følgd opp, og den endelege rettleiaren skal ligge føre hausten 2021. Det skal her slåast tydeleg fast korleis regelverket om teieplikt, opplysningsplikt og opplysningsrett skal forståast og praktiserast, og ein heilt sentral faktor som låg til grunn for dette arbeidet, var arbeidet mot vald og andre overgrep som rammar barn og unge.

Menneskerettane til utviklingshemma – verjemål

Vedtak nr. 899, 12. juni 2018

«Stortinget ber regjeringen legge frem en Stortingsmelding om sikring av utviklingshemmedes menneskerettigheter der erfaringene med verjemålsloven gjennomgås og foreslår nødvendige lovendringer som sikrer den enkelte vergetrengendes medbestemmelse og rettsikkerhet.»

Dokumentet som ligg til grunn for vedtaket, er Innst. 377 S (2017–2018).

Vedtaket er under behandling. Arbeidet med meldinga pågår, sjå omtalen av oppmodingsvedtak nr. 894 i Prop. 1 S (2021–2022) for Kulturdepartementet. Verjemål blir behandla i meldinga i samsvar med ordlyden i oppmodingsvedtaket.

Arbeidet med lovendringar er i gang. Stortinget har i tillegg bede om at regjeringa skal gjere ein heilskapleg gjennomgang av verjemålsordninga og fremje forslag til lovendringar som styrkar og forbetrar den, jf. vedtak nr. 848, 27. april 2021.

1.11.5 Stortingssesjon 2016–2017

Korrupsjonsføresegnene i straffelova

Vedtak nr. 523, 23. mars 2017

«Stortinget ber regjeringen fremme forslag om endring av straffeloven som innebærer at for overtredelser av straffelovens korrupsjonsbestemmelser kan foretaket også straffes når handlingen er utført av noen som gjennom sine forbindelser med selskapet må assosieres med det. Det må

vurderes straffefrihet for selskap som har gjort det de kan for å forebygge korrupsjon.»

Dokumentet som ligg til grunn for vedtaket, er Innst. 191 L (2016–2017) frå justiskomiteen om utvida ansvar selskap har for korrupsjonshandlingar.

Vedtaket er under behandling. Justis- og beredskapsdepartementet har gitt ein fagperson i oppdrag å drøfte dei aktuelle spørsmåla og å komme med forslag til lovendringar. Rapporten vart overlevert i mai 2021, og den vil truleg bli send på høyring i løpet av 2021.

Omvend valdsalarm ved brot på besøksforbod

Vedtak nr. 630, 25. april 2017

«Stortinget ber regjeringen komme tilbake til Stortinget med et forslag om å utvide muligheten til å ilegge omvendt valdsalarm til blant annet til tilfeller ved brudd på besøksforbud.»

Dokumentet som ligg til grunn for vedtaket, er Innst. 247 S (2016–2017) frå justiskomiteen om opptrappingsplanen mot vald og overgrep (2017–2021).

Vedtaket er under behandling. Departementet har vurdert behovet for lovendringar og sendt forslag på høyring 6. september 2021 om endringar i straffeprosesslova og straffelova. I høyringsnotatet er det foreslått at påtalemakta skal kunne pålegge elektronisk kontroll (såkalla omvend valdsalarm) ved brot på besøksforbod. Det er også vurdert visse andre justeringar i reglane for både besøksforbod og kontaktforbod etter straffelova. Sjå òg omtale under vedtak nr. 631, 25. april 2017, vedtak nr. 1043, 20. juni 2017 og vedtak nr. 447, 18. desember 2020.

Besøksforbod

Vedtak nr. 631, 25. april 2017

«Stortinget ber regjeringen komme tilbake med forslag om å utvide muligheten til å ilegge besøksforbud utover ett år, og utrede muligheten for å ilegge besøksforbud med begrensninger til å bevege seg i et større geografisk område.»

Dokumentet som ligg til grunn for vedtaket, er Innst. 247 S (2016–2017) frå justiskomiteen om opptrappingsplanen mot vald og overgrep (2017–2021).

Vedtaket er under behandling. Departementet har vurdert behovet for lovendringar og sendt forslag på høyring 6. september 2021 om endringar i straffeprosesslova og straffelova. I høyringsnotatet er det foreslått at påtalemakta skal kunne pålegge elektronisk kontroll (såkalla omvend valdsalarm) ved brot på besøksforbod. Det er også vurdert visse andre justeringar i reglane for besøksforbod. Sjå òg omtale under vedtak nr. 630, 25. april 2017, vedtak nr. 1043, 20. juni 2017 og vedtak nr. 447, 18. desember 2020.

EOS-kontrolllova

Vedtak nr. 879, 13. juni 2017

«Stortinget ber regjeringen så snart som mulig komme med forslag til en endring i offentleglova § 5 tilsvarende § 16 fjerde ledd i forslag til EOS-kontrollloven.»

Dokumentet som ligg til grunn for vedtaket, er Innst. 431 L (2016–2017) frå kontroll- og konstitusjonskomiteen om endringar i EOS-kontrolllova.

Vedtaket er følgt opp i Prop. 158 L (2020–2021), der det mellom anna vart føreslege eit nytt tredje ledd i offentleglova § 5, utforma i samsvar med vedtaket. Proposisjonsforslaget vart vedteke som lov 18. juni 2021 nr. 124, og den delen av endringslova som gjeld dette vedtaket, tok til å gjelde straks. Offentleglova er såleis endra i tråd med vedtaket, slik at for saksdokument som er utarbeidde av eller til EOS-utvalet i saker som utvalet vurderer å leggje fram for Stortinget som ledd i den konstitusjonelle kontrollen, gjeld innsynsretten først når saka er motteken i Stortinget, eller når utvalet har varsla organet om at saka er ferdigbehandla.

Lovfesting av ansvaret for einslege, mindreårige asylsøkarar

Vedtak nr. 938, 14. juni 2017

«Stortinget ber regjeringen fremme forslag om lovfesting av ansvaret for enslige mindreårige asylsøkere, hvilken omsorg disse barna har krav på og hvilke krav som stilles til mottak med enslige mindreårige asylsøkere.»

Dokumenta som ligg til grunn for vedtaket, er Dokument 8:100 S (2016–2017), om styrkt innsats mot at barn blir utnytta i menneskehandel, og Innst. 397 S (2016–2017).

Vedtaket er fulgt opp i Prop. 82 L (2020–2021). Lov- og forskriftsendringer om omsorgen for einslege mindreårige som bur i asylmottak, som følger opp vedtaket, trådte i kraft 1. juli 2021. Endringane lov- og forskriftsfestar ansvaret for einslege mindreårige som bur i asylmottak, krav til omsorgen og krav til asylmottak med einslege mindreårige.

Lagring av IP-data

Vedtak nr. 944, 15. juni 2017

«Stortinget ber regjeringen utrede om det rettslige handlingsrommet for generell lagring av IP-adresser og relevant trafikkdata bør utvides, som et nødvendig virkemiddel i kampen mot kriminalitet, herunder overgrep mot barn. Utredningen må inkludere hvordan hensynet til personvern og internasjonale forpliktelser kan ivaretas.»

Grunnlaget for vedtaket går fram av Dokument 8:126 S (2016–2017), om utvida lagringsplikt av IP-adresser for å verne barn mot overgrep og Innst. 407 S (2016–2017).

Vedtaket er fulgt opp gjennom Prop. 167 L (2020–2021) om *endringar i ekomlova (lagring av IP-adresser m.m.)*. I proposisjonen fremja regjeringa forslag om å påleggje ekomtilbydarer å lagre IP-adresser i tolv månadar, slik at politiet kan få tilgang til opplysningane ved etterforskning av kriminalitet som har strafferamme på fengsel i tre år eller meir, eller som blir ramma av bestemte straffebod.

Omvend valdsalarm

Vedtak nr. 1043, 20. juni 2017

«Stortinget ber regjeringen utrede om omvendt valdsalarm bør kunne benyttes som et straffeprosessuelt virkemiddel, og rammene for slik bruk og komme tilbake til Stortinget på egnet måte med eventuelle forslag om dette.»

Dokumenta som ligg til grunn for vedtaket, er Dokument 8:108 S (2016–2017), å styrke oppfølginga i reetableringsfasen for personar som er utsette for vald i nære relasjonar, og Innst. 475 S (2016–2017).

Vedtaket er under behandling. Departementet har vurdert behovet for lovendringar og sendt forslag på høyring 6. september 2021 om endringar i straffeprosesslova og straffelova. I høyringsnota-

tet er det foreslått at påtalemakta skal kunne pålegge elektronisk kontroll (såkalla omvend valdsalarm) ved brot på besøksforbod. Det er også vurdert visse justeringar i reglane for elektronisk kontroll knytta til kontaktforbod etter straffelova. Sjå òg omtale av vedtak nr. 630 og 631, 25. april 2017 og dessutan vedtak nr. 447, 18. desember 2020.

1.11.6 Stortingssesjon 2015–2016

Tilsyn med drift av asylmottak

Vedtak nr. 921, 16. juni 2016

«Stortinget ber regjeringen etablere en uavhengig tilsynsordning for asylmottaksdrift.»

Dokumenta som ligg til grunn for vedtaket, er Meld. St. 30 (2015–2016) og Innst. 399 S (2015–2016).

Vedtaket er under behandling. Justis- og beredskapsdepartementet sitt syn er at einslege mindreårige som bur i asylmottak er ein særskild sårbar gruppe, og at ressursinnsatsen til ein statlig tilsynsordning med asylmottaksdrift bør rettast inn mot oppfølginga av denne gruppa. Departementet foreslår derfor ei tilsynsordning med omsorgen for einslege mindreårige som bur i asylmottak, mens oppfølginga av andre delar av asylmottaksdrifta er varetatt gjennom eksisterande tilsynsordningar med asylmottaksdriften og Utlendingsdirektoratets kontraktsoppfølging.

Justis- og beredskapsdepartementet har hatt på høyring eit forslag til endringar i utlendingslova og ei ny forskrift om etablering av eit statleg tilsyn med omsorgen for einslege mindreårige som bur i asylmottak. Forslaget inneber ei lovfesting av at statsforvaltaren skal være tilsynsmyndigheit og føre tilsyn med omsorgen for einslege mindreårige som bur i asylmottak, og at Statens helsetilsyn skal ha det overordna ansvaret for tilsynet. Departementet tek sikte på at ordninga skal etablerast 1. juli 2022.

1.11.7 Stortingssesjon 2014–2015

Kompensasjonsordning for 110-sentralar

Vedtak nr. 645, 10. juni 2015

«Stortinget ber regjeringen utforme en kompensasjonsordning for 110-sentraler som blir nedlagt med ny struktur, og komme tilbake til Stortinget med forslag til en slik ordning på egnet måte.»

Dokumenta som ligg til grunn for vedtaket, er Prop. 61 LS (2014–2015) og Innst. 306 S (2014–2015).

Vedtaket er følgt opp. Regjeringa har besluttet å gi kompensasjon til kommunar kor 110-sentralen blir avvikla som følge av samlokalisering med politiets operasjonssentralar.

Kommunal- og moderniseringsdepartementet har i samarbeid med Justis- og beredskapsdepartementet og Direktoratet for sikkerhet og beredskap (DSB) lagt til grunn at fem kommunar kvalifiserer for å motta kompensasjon gjennom Kommunal- og moderniseringsdepartementets skjønnsmidler. Dette er kommunar som har etablert nye bygg etter 2009, som de har flyttet frå, eller planlegger å flytte frå som en del av samlokaliseringa med politiet. Skien kommune og Bodø kommune har gjennomført samlokalisering, og vil få utbetalt skjønnsmidler i 2021. For Arendal, Tromsø og Trondheim tas det, med forbehold om budsjettmessig dekning, sikte på å utbetale kompensasjonen når samlokaliseringa er gjennomført.

1.11.8 Stortingssesjon 2012–2013

Sivilombodet

Vedtak nr. 515, 6. juni 2013

«Stortinget ber regjeringa fremme nødvendige lovforslag for å styrke Sivilombudsmannens rolle

overfor forvaltningen ved å tillate at Sivilombudsmannen opptreer som hjelpeintervenient ved søksmål.»

Dokumenta som ligg til grunn for vedtaket, er Dokument 8:122 S (2012–2013) og Innst. 379 S (2012–2013).

Justis- og beredskapsdepartementet sende 7. oktober 2020 på høyring eit forslag om å opne for at Sivilombodsmannen (no Sivilombodet) kan opptre som partshjelpar etter tvistelova § 15-7 første ledd. I høyringa var det om lag like mange høyringsinstansar som høvesvis støtta og gjekk imot forslaget. Regjeringa foreslår at vedtaket blir oppheva, jf. forslag til vedtak.

Sivilombodet skal vere eit nøytralt og uavhengig kontrollorgan, og er «Stortinget sin tillitsmann». Sjølv om det kan vere praktisk for ein part og det kan bidra til god opplysing av saka at Sivilombodet trer inn som partshjelpar når saka skal behandlast for domstolane, er det tungtvegande prinsipielle motførestillingar mot at ein skal søke å styrke Sivilombodet si stilling ved å gi ombodet ei partsliknande rolle i tvistar som er tekne til behandling i domstolane. Det vil vere ei spenning mellom rolla som partshjelpar for domstolane på den eine sida og utgangspunktet om at ombodet ikkje behandlar avgjerder som står for domstolane på den andre sida.

Sjå nærmare omtale under programkategori 06.10.

Utgifter fordelt på kapittel

(i 1 000 kr)					
Kap.	Betegnelse	Regnskap 2020	Saldert budsjett 2021	Forslag 2022	Pst. endr. 21/22
Administrasjon					
400	Justis- og beredskapsdepartementet	593 347	602 561	628 505	4,3
	<i>Sum kategori 06.10</i>	<i>593 347</i>	<i>602 561</i>	<i>628 505</i>	<i>4,3</i>
Rettsvesen					
61	Høyesterett	112 887	121 095	125 360	3,5
410	Domstolene	2 815 986	2 892 287	2 952 060	2,1
414	Forliksråd og andre domsutgifter	282 989	286 756	308 319	7,5
	<i>Sum kategori 06.20</i>	<i>3 211 862</i>	<i>3 300 138</i>	<i>3 385 739</i>	<i>2,6</i>
Straffegjennomføring og konfliktråd					
430	Kriminalomsorgen	5 169 422	5 164 812	5 274 145	2,1
432	Kriminalomsorgens høyskole og utdanningssenter	198 897	179 781	202 638	12,7
433	Konfliktråd		174 687	177 247	1,5
	<i>Sum kategori 06.30</i>	<i>5 368 319</i>	<i>5 519 280</i>	<i>5 654 030</i>	<i>2,4</i>
Politi og påtalemyndighet					
440	Politiet	20 053 897	20 619 907	21 639 613	4,9
442	Politi høyskolen	613 285	633 144	633 998	0,1
444	Politiets sikkerhetstjeneste (PST)	1 045 144	1 022 405	1 308 594	28,0
445	Den høyere påtalemyndighet	288 151	301 892	313 104	3,7
446	Den militære påtalemyndighet	8 854	9 099	9 169	0,8
448	Grensekommisæreren	5 907	5 775	5 987	3,7
	<i>Sum kategori 06.40</i>	<i>22 015 238</i>	<i>22 592 222</i>	<i>23 910 465</i>	<i>5,8</i>
Redningstjenesten, samfunnssikkerhet og beredskap					
451	Direktoratet for samfunnssikkerhet og beredskap	1 665 384	1 716 376	1 637 946	-4,6
452	Sentral krisehåndtering	25 661	26 982	27 578	2,2
453	Sivil klareringsmyndighet	41 189	47 212	47 330	0,2
454	Redningshelikopter tjenesten	2 460 091	2 659 692	3 335 315	25,4
455	Redningstjenesten	452 982	456 923	471 453	3,2
457	Nasjonalt sikkerhetsmyndighet	367 660	364 590	382 125	4,8
	<i>Sum kategori 06.50</i>	<i>5 012 967</i>	<i>5 271 775</i>	<i>5 901 747</i>	<i>11,9</i>

(i 1 000 kr)					
Kap.	Betegnelse	Regnskap 2020	Saldert budsjett 2021	Forslag 2022	Pst. endr. 21/22
Andre virksomheter					
460	Spesialenheten for politisaker	54 895	54 454	55 882	2,6
466	Særskilte straffesaksutgifter m.m.	1 186 324	1 223 786	1 221 593	-0,2
467	Norsk Lovtidend	6 479	4 488	9 264	106,4
468	Kommisjonen for gjenopptakelse av straffesaker	22 289	17 540	19 487	11,1
469	Vergemålsordningen	351 169	375 522	381 324	1,5
	<i>Sum kategori 06.60</i>	<i>1 621 156</i>	<i>1 675 790</i>	<i>1 687 550</i>	<i>0,7</i>
Statens sivilrettsforvaltning, retts- hjelp, erstatningsordninger m.m.					
470	Fri rettshjelp	616 648	667 752	644 420	-3,5
471	Statens erstatningsansvar og Stortingets rettfærdsvederlagsordning	194 233	205 894	216 172	5,0
473	Statens sivilrettsforvaltning	435 046	403 720	480 857	19,1
474	Konfliktråd	179 106			
475	Bobehandling	143 915	157 945	168 105	6,4
	<i>Sum kategori 06.70</i>	<i>1 568 948</i>	<i>1 435 311</i>	<i>1 509 554</i>	<i>5,2</i>
Svalbardbudsjettet m.m.					
480	Svalbardbudsjettet	406 119	377 978	409 456	8,3
481	Samfunnet Jan Mayen		56 052	57 103	1,9
	<i>Sum kategori 06.80</i>	<i>406 119</i>	<i>434 030</i>	<i>466 559</i>	<i>7,5</i>
Beskyttelse og innvandring					
490	Utlendingsdirektoratet	2 112 781	2 081 928	2 162 593	3,9
491	Utlendingsnemnda	255 058	294 156	282 891	-3,8
	<i>Sum kategori 06.90</i>	<i>2 367 839</i>	<i>2 376 084</i>	<i>2 445 484</i>	<i>2,9</i>
<i>Sum utgifter</i>		<i>42 165 795</i>	<i>43 207 191</i>	<i>45 589 633</i>	<i>5,5</i>

Inntekter fordelt på kapittel

(i 1 000 kr)

Kap./ post	Betegnelse	Regnskap 2020	Saldert budsjett 2021	Forslag 2022	Pst. endr. 21/22
Administrasjon					
3400	Justis- og beredskapsdepartementet	8 242	6 802	6 944	2,1
	<i>Sum kategori 06.10</i>	<i>8 242</i>	<i>6 802</i>	<i>6 944</i>	<i>2,1</i>
Rettsvesen					
3061	Høyesterett	72			
3410	Domstolene	326 144	359 408	289 464	-19,5
	<i>Sum kategori 06.20</i>	<i>326 216</i>	<i>359 408</i>	<i>289 464</i>	<i>-19,5</i>
Straffegjennomføring og konfliktråd					
3430	Kriminalomsorgen	131 761	120 380	128 474	6,7
3432	Kriminalomsorgens høgskole og utdanningscenter	427	1 116	1 139	2,1
3433	Konfliktråd		746	6	-99,2
	<i>Sum kategori 06.30</i>	<i>132 188</i>	<i>122 242</i>	<i>129 619</i>	<i>6,0</i>
Politi og påtalemyndighet					
3440	Politiet	2 021 914	2 417 449	2 243 224	-7,2
3442	Politihøgskolen	28 715	37 026	27 549	-25,6
3444	Politiets sikkerhetstjeneste (PST)	13 300	18 204	18 677	2,6
3445	Den høyere påtalemyndighet	3 151	2 142		-100,0
	<i>Sum kategori 06.40</i>	<i>2 067 080</i>	<i>2 474 821</i>	<i>2 289 450</i>	<i>-7,5</i>
Redningstjenesten, samfunnssikkerhet og beredskap					
3451	Direktoratet for samfunnssikkerhet og beredskap	803 400	741 350	759 257	2,4
3453	Sivil klareringsmyndighet			1 750	
3454	Redningshelikoptertjenesten	27 479	28 358	29 095	2,6
3455	Redningstjenesten	3 961			
3457	Nasjonal sikkerhetsmyndighet	38 105	29 689	34 309	15,6
	<i>Sum kategori 06.50</i>	<i>872 945</i>	<i>799 397</i>	<i>824 411</i>	<i>3,1</i>
Andre virksomheter					
3469	Vergemålsordningen	4 295	4 407	4 499	2,1
	<i>Sum kategori 06.60</i>	<i>4 295</i>	<i>4 407</i>	<i>4 499</i>	<i>2,1</i>

(i 1 000 kr)					
Kap./ post	Betegnelse	Regnskap 2020	Saldert budsjett 2021	Forslag 2022	Pst. endr. 21/22
	Statens sivilrettsforvaltning, retts- hjelp, erstatningsordninger m.m.				
3470	Fri rettshjelp	7 291	9 717	9 941	2,3
3473	Statens sivilrettsforvaltning	14	5	5	0,0
3474	Konfliktråd	2 170			
	<i>Sum kategori 06.70</i>	<i>9 475</i>	<i>9 722</i>	<i>9 946</i>	<i>2,3</i>
	Svalbardbudsjettet m.m.				
3481	Samfunnet Jan Mayen		6 502	6 637	2,1
	<i>Sum kategori 06.80</i>		<i>6 502</i>	<i>6 637</i>	<i>2,1</i>
	Beskyttelse og innvandring				
3490	Utlendingsdirektoratet	355 627	382 964	398 526	4,1
	<i>Sum kategori 06.90</i>	<i>355 627</i>	<i>382 964</i>	<i>398 526</i>	<i>4,1</i>
	<i>Sum programområde 06</i>	<i>3 776 068</i>	<i>4 166 265</i>	<i>3 959 496</i>	<i>-5,0</i>
	<i>Sum inntekter</i>	<i>3 776 068</i>	<i>4 166 265</i>	<i>3 959 496</i>	<i>-5,0</i>

Del II
Nærmere om budsjettforslaget

2 Nærmare om budsjettforslaget

Programkategori 06.10 Administrasjon

Utgifter under programkategori 06.10 fordelte på postgrupper

		(i 1 000 kr)			
Post-gr.	Betegnelse	Regnskap 2020	Saldert budsjett 2021	Forslag 2022	Pst. endr. 21/22
01-25	Driftsutgifter	508 915	519 132	543 946	4,8
50-59	Overføringer til andre statsregnska- per	56 193	55 413	48 732	-12,1
70-89	Overføringer til private	28 239	28 016	35 827	27,9
	Sum kategori 06.10	593 347	602 561	628 505	4,3

Utgifter under programkategori 06.10 fordelte på kapittel

		(i 1 000 kr)			
Kap.	Betegnelse	Regnskap 2020	Saldert budsjett 2021	Forslag 2022	Pst. endr. 21/22
400	Justis- og beredskapsdepartementet	593 347	602 561	628 505	4,3
	Sum kategori 06.10	593 347	602 561	628 505	4,3

Innleiing

Justis- og beredskapsdepartementet har ansvar for rettsvesenet, kriminalomsorga, politi- og påtalemakta, redningstenesta, samfunnstryggleik og beredskap, utlendingsforvaltninga m.m. Justis- og beredskapsdepartementet er samordningsdepartement for norsk politikk i polarområda og for svalbardbudsjettet. Justis- og beredskapsdepartementet har eit særleg ansvar for å medverke til eit oversiktleg lovverk med samanheng og god lovstruktur. Alle lovforslaga utanom dei som gjeld skattelover, skal leggjast fram for Justis- og beredskapsdepartementet for lovteknisk gjennomgang. Justis- og beredskapsdepartementet gir òg råd til andre departement om lovarbeid.

Prioriteringar i budsjettet

Regjeringa foreslår samla 15 mill. kroner i auka løyving til ei felles satsing i Arbeids- og sosialdepartementet og Justis- og beredskapsdepartementet på kunnskap og kompetanse om EØS-rett og andre rettsområde som er ein del av EU-retten eller som byggjer på denne. Dette vil gi betre rettstrygging for befolkninga. Satsinga inneber bl.a. ei styrking av Lovavdelinga i Justis- og beredskapsdepartementet med fire årsverk, som vil gjere departementet betre i stand til å gi råd og rettleiing om korrekt gjennomføring av EØS-rett. Vidare blir det foreslått at Forskningsrådet blir tildelt til saman 11 mill. kroner likt fordelt på Arbeids- og sosialdepartementet og Justis- og beredskapsdepartementet sine budsjettkapittel til ei langsiktig oppbygging av kapasitet og solide

fagmiljø på EU-/EØS-rett og forholdet til norsk rett. Satsinga skal sjåast i samanheng med Forskingsrådet si evaluering av rettsvitskapen i Noreg (JUREVAL 19) og dei råda departementa og dei juridiske fakulteta får i rapporten som kjem hausten 2021. Regjeringa foreslår òg å omprioritere 20 mill. kroner frå avsetjingane i Noregs forskingsråd til EØS-rettsvitenskapeleg forskning, delt mellom Arbeids- og sosialdepartementet og Justis- og beredskapsdepartementet. Sjå ytterligere omtale under kap. 285 i Kunnskapsdepartement sin Prop. 1 S (2021–2022).

Regjeringa foreslår å løyve 2 mill. kroner til etablering av ein partnardrapskommisjon. Kommisjonen skal gå gjennom partnardrapssaker for å betre og vidareutvikle arbeidet med å førebyggje partnarvald og partnardrap. Forsking syner at desse drapa sjeldan kjem utan varsel. I sju av ti partnardrap var det registrert partnarvald før drapet. Det vil seie at det er eit stort potensial for førebygging i desse sakene.

Sivilombodet

Vedtak nr. 515, 6. juni 2013

Stortinget ber regjeringa fremme nødvendige lovforslag for å styrke Sivilombudsmannens rolle overfor forvaltningen ved å tillate at Sivilombudsmannen opptreer som hjelpeintervenient ved søksmål.

Justis- og beredskapsdepartementet sende 7. oktober 2020 på høyring eit forslag om å opne for at Sivilombudsmannen (no Sivilombodet) kan opptre som partshjelpar etter tvistelova § 15-7 første ledd. I høyringsnotatet framheva departementet at Sivilombodet skal vere ein nøytral og uavhengig kontrollinstans, og at ei partsliknande rolle i ein etterfølgjande domstolsprosess kan vere vanskeleg å foreine med rolla som uavhengig kontrollinstans.

Av høyringsintsansane som hadde merknader til forslaget, var det om lag like mange som høvesvis støtta og gjekk imot forslaget.

Sjølv om det kan vere praktisk for ein part og det kan bidra til god opplysning av saka at Sivilom-

bodet trer inn som partshjelpar når saka skal behandlast for domstolane, er det tungtvegande prinsipielle motførestillingar mot at ein skal søke å styrke Sivilombodet si stilling ved å gi ombodet ei partsliknande stilling i tvistar som er tekne til behandling i domstolane.

I høyringa vart det trekt fram fleire prinsipielle motførestillingar mot forslaget. Det vart bl.a. peika på spenninga mellom rolla som partshjelpar for domstolane på den eine sida og utgangspunktet om at ombodet ikkje skal kontrollere saker som er til behandling i domstolane eller som er avgjorde av domstolane på den andre sida. Det vart peika på at Sivilombodet si uavhengige rolle som klage- og kontrollorgan for forvaltninga utpeika av Stortinget tilseier at ombodet ikkje i ettertid òg skal opptre som partshjelp for domstolane i ein tvist mellom ein klagar og eit forvaltningsorgan. Vidare vart det peika på konstitusjonelle motførestillingar mot at Sivilombodet skal ha ei rolle i rettssaker mot staten. Ombodet er ikkje ein ordinær interesseorganisasjon og kan ikkje seiast å vere eit organ som har i oppgåve å fremme særskilde interesser, men opptreer som kontrollorgan og «Stortinget sin tillitsmann». Der- som denne funksjonen og delar av denne kontrollen skal utøvast i domstolane, vil det kunne bryte med den grunnleggjande oppgåvefordelinga mellom statsmaktene.

Autoriteten til Sivilombodet må for ein stor del kunne seiast å liggje i at ombodet kjem med sjølvstendige fråsegner og ikkje er ein del av korkje den føregåande forvaltningsprosessen eller ein etterfølgjande tvist eller domstolsprosess.

Regjeringa viser til at ombodet kan tilrå ein privat part å saksøke staten, og at parten då har krav på fri sakførsel utan behovsprøving. Dette er eit effektivt verkemiddel for å få retta opp den uretten som Sivilombodet har peika på, og ombodet sitt standpunkt og grunngiving vil her vere ein del av saka. Det er òg slik at tvistelova opnar for at eit offentleg organ innanfor ansvarsområdet sitt kan gi skriftlege innlegg for å klargjere allmenne interesser i saker for domstolane.

Regjeringa foreslår at vedtaket blir oppheva, jf. forslag til vedtak.

Kap. 400 Justis- og beredskapsdepartementet

(i 1 000 kr)

Post	Betegnelse	Regnskap 2020	Saldert budsjett 2021	Forslag 2022
01	Driftsutgifter	477 247	480 646	495 364
23	Spesielle driftsutgifter, forskning, evaluering og kunnskapsinnhenting, <i>kan overføres</i>	31 668	38 486	48 582
50	Norges forskningsråd	56 193	55 413	48 732
70	Overføringer til private	12 300	12 651	18 463
71	Tilskudd til internasjonale organisasjoner	15 939	15 365	17 364
	Sum kap. 0400	593 347	602 561	628 505

Post 01 Driftsutgifter

Løyvinga dekker lønn og godtgjersle til tilsette i departementet og lønns- og driftsutgifter til råd og utval. Løyvinga skal òg dekke driftsutgifter i tillegg til investeringar og utviklingstiltak. Unntaksvis kan løyvinga på posten brukast til enkelte driftsutgifter i domstolane og ytre etatar.

Talet på årsverk som er lønte på kap. 400, post 01, per 31. desember 2020, var 313 (eksklusiv tilsette i permisjon utan lønn).

I tillegg til årsverka som er lønte på kap. 400, er om lag 31,4 årsverk i departementet lønte på andre budsjettkapittel under Justis- og beredskapsdepartementet i 2021. I 2020 er seks personar beordra til arbeid i departementet, eller dei hospiterer i departementet.

Det blir foreslått å auke løyvinga med 700 000 kroner som følgje av at forventta pensjonspremie til Statens pensjonskasse, inklusive arbeidsgjevaravgift av dette, tilsvarende blir auka. Jf. nærmare omtale under Del III, punkt 8.

Det blir foreslått å redusere løyvinga med 1 mill. kroner pga. reduserte reiseutgifter som følgje av pandemien, jf. nærmare omtale i Del III, punkt 8.

Det blir foreslått å redusere løyvinga med 2 mill. kroner mot ein auke på 1 mill. kroner på hhv. kap. 900, post 01 og kap. 1300, post 01 som følgje av finansiering av offentlig utval som skal vurdere utfordringar knyta til beredskap med cruiseferd.

Det blir foreslått å auke løyvinga med 1,5 mill. kroner mot ein tilsvarende reduksjon på kap. 457, post 01, som følgje av at eitt årsverk er ført over frå NSM til Justis- og beredskapsdepartementet, jf. omtale under kap. 457, post 01.

Det blir foreslått å redusere løyvinga med 1,1 mill. kroner som følgje av at eitt årsverk er ført over til Barne- og familiedirektoratet (Bufdir) i samband med at Justis- og beredskapsdepartementet har delegert oppgåva som sentralmakt etter Haag-konvensjonen 1980 og Europarådkonvensjonen 1980 til Bufdir.

Det blir foreslått å auke løyvinga med 4 mill. kroner til fire årsverk innan råd og rettleiing om korrekt gjennomføring av EØS-rett.

Regjeringa foreslår at Justis- og beredskapsdepartementet får fullmakt til å overskride løyvinga på kap. 400, post 01, mot meirinntekter på kap. 3400, post 01, jf. forslag til vedtak.

Regjeringa foreslår ei løyving på posten på 495,4 mill. kroner.

Post 23 Spesielle driftsutgifter, forskning, evaluering og kunnskapsinnhenting, kan overføres

Sektorprinsippet i norsk forskingspolitikk inneber at departementet har eit overordna ansvar for forskning i sektoren sin og på ansvarsområda sine. Departementet har både eit ansvar for langsiktig forskning for sektoren – det breie sektoransvaret – og eit ansvar for forskning som skal dekke behovet departementet sjølv har for kunnskap som kan danne grunnlag for politikktutvikling og forvaltning.

Løyvinga på post 23 skal bli brukt til forskning, til oppfølging av stortingsmeldingar eller offentlege utgreiingar og til evalueringar og anna innhenting av kunnskap på justis-, innvandrings- og beredskapsfeltet. Justis- og beredskapsdepartementet prioriterer forskning som styrker arbeidet

med å nå langsiktige og overordna mål for sektoren.

Ei stor del av løyvinga i 2020 gjekk til tiltak innan digital tryggleik, inkludert ei årleg tildeling til Center for Cyber and Information Security ved NTNU og ei årleg tildeling til Simula@UiB. I tillegg vart det bl.a. gitt tildelingar til prosjekt innan tiltak mot hatkriminalitet, vald i nære relasjonar, brannforskning, områdegjennomgang av styring av politi- og lensmannsetaten, i tillegg til utgreiing av ny straffeprosesslov.

I samband med at Noreg skal delta i EU-programmet Horisont Europa, blir det foreslått å redusere løyvinga med 1,8 mill. kroner mot ei tilsvarende auke på Kunnskapsdepartementet sitt budsjett, kap. 288, post 73.

Det blir foreslått å flytte 12,9 mill. kroner frå kap. 440, post 70 til kap. 400, post 23. Midlane er mellom anna knytt til drift og forskning hos Nasjonalt kunnskapssenter om vald og traumatisk stress (NKVTS).

Det blir foreslått å redusere løyvinga med 1,7 mill. kroner mot tilsvarende auke av løyvinga på kap. 490, post 23. Dette gjeld utgifter til arbeid i UDI med å utvikle kunnskap i samarbeid med European Migration Network (EMN) og bistand i form av opplæring av migrasjonsstyresmakter i aktuelle samarbeidsland.

Regjeringa foreslår ei løyving på posten på 48,6 mill. kroner.

Post 50 Norges forskningsråd

Noregs forskingsråd (Forskingsrådet) er ein sentral aktør i det norske forskings- og innovasjons-

systemet og eit viktig verkemiddel for å nå dei forskingspolitiske måla til regjeringa. Regjeringa har fastsett fem mål for Noregs forskingsråd. Desse er

- auka vitskapeleg kvalitet
- auka verdiskaping i næringslivet
- møte store samfunnsutfordringar
- eit velfungerande forskingssystem
- god rådgiving

Måla er felles for alle departementa. Kunnskapsdepartementet har i samarbeid med departementa og Forskingsrådet utarbeidd eit styringssystem for departementa si styring av Forskingsrådet. Justis- og beredskapsdepartementet styrer midlane til Forskingsrådet i tråd med dette. Det samla resultatet av verksemda til Forskingsrådet i 2020 er omtalt i budsjettproposisjonen til Kunnskapsdepartementet for 2022.

Løyvingane frå Justis- og beredskapsdepartementet til Forskingsrådet skal i hovudsak syte for det breie sektoransvaret for forskning og bidra til langsiktig kompetanse- og kunnskapsoppbygging innanfor sektorområda til Justis- og beredskapsdepartementet.

Regjeringa foreslår å omprioritere 20 mill. kroner frå avsetjingane i Noregs forskingsråd til EØS-rettsvitenskapeleg forskning, delt mellom Arbeids- og sosialdepartementet og Justis- og beredskapsdepartementet. Sjå ytterligere omtale under kap. 285 i Kunnskapsdepartement sin Prop. 1 S (2021–2022).

Tabell 2.1 Tildelingar til Noregs forskingsråd i 2020 over post 50

Prosjekt	Beløp (mill. kroner) 2020-tal
SAMRISK II	27,250
IKTPLUSS	19,943
VAM	3,000
UTENRIKS	3,500
Norglobal 2	2,500
Sum	56,193

I 2020 vart det og tildelt 2,3 mill. kroner til Forskingsrådet over kap. 400 post 23 til branntryggleik, slik at total tildeling til Forskingsrådet

var 58,5 mill. kroner. Forskinga i programma som er nemnde i tabellen over, har gitt ny og viktig kunnskap om spørsmål knytt til digital tryggleik,

samfunnstryggleik og beredskap, migrasjon og europarett. Innanfor området samfunnstryggleik er det no blitt bygd større kapasitet og samanheng i forskinga ved at større og langsiktige forskingsprosjekt har fått finansiering. I 2020 vart områda samfunnstryggleik og IKT styrkt betydeleg, noko som bl.a. har bidratt til å byggje auka kapasitet innan digital tryggleik. Porteføljane i Forskingsrådet bidrar til god arbeidsdeling mellom nasjonale, nordiske og europeiske konkurransearenaer gjennom at innsatsområde og utlysingar blir koordinerte. Dette gir gode samspels-effektar og bidrar til at norske miljø innanfor sektorområda til Justis- og beredskapsdepartementet hevdar seg godt i konkurransen om internasjonale forskingsmidlar.

I 2021 vart det gitt ei samla tildeling på 55,4 mill. kroner til prosjekta som er oppførte i tabellen over.

Regjeringa foreslår å auke løyvinga med 5,5 mill. kroner til oppbygging av kapasitet og fagmiljø på EU-/EØS-rett og forholdet til norsk rett.

Som ein del av det samla budsjettoplegget, foreslår Regjeringa å redusere løyvinga på post 50 med 13 mill. kroner. Reduksjonen vil innebere redusert tildeling frå og med 2022 til ein eller fleire av porteføljane lista opp i tabellen over, bl.a. samfunnstryggleik og digital tryggleik.

Regjeringa foreslår ei løyving på posten på 48,7 mill. kroner.

Post 70 Overføringer til private

Løyvinga skal dekke tilskot til Norsk senter for informasjonstryggleik (NorSiS), som del av arbeidet som departementet gjer for å førebu IKT-trygging i sivil sektor. Vidare dekkjer løyvinga tilskot til Human Rights Service (HRS). Tilskotet skal medverke til å gi betre kunnskap om innvandring og integrering i befolkninga, inkludert kunnskap om moglegheiter og utfordringar i denne samanhengen.

Som ein del av det samla budsjettoplegget foreslår Regjeringa å avvikle tilskotet til Human Rights Service (HRS), og at løyvinga på posten dermed blir redusert med 1,8 mill. kroner.

Det blir foreslått å redusere løyvinga til NorSis med 1,6 mill. kroner mot ein tilsvarande auke av løyvinga på kap. 400, post 71, for å dekke auka kontingent til The European Network and Information Security Agent (ENISA).

Det blir òg foreslått å flytte 8,9 mill. kroner frå kap. 440, post 01 til kap. 400, post 70 til

- 4,6 mill. kroner til Nettportal om vald i nære relasjonar og valdtekt (dinutvei.no)
- 3,9 mill. kroner til tiltak for å førebygge vald i nære relasjonar
- 0,5 mill. kroner til nasjonal konferanse om samarbeid og samordning i arbeidet mot vald i nære relasjonar

Regjeringa foreslår ei samla løyving på posten på 18,5 mill. kroner.

Post 71 Tilskudd til internasjonale organisasjoner

Løyvinga skal dekke Noregs tilskot/kontingentar til internasjonale organisasjonar og samarbeid på saksområda til Justis- og beredskapsdepartementet, i hovudsak desse:

- Den internasjonale domstolen i Haag
- Haagkonferansen for internasjonal privatrett
- World Intellectual Property Organization (WIPO)
- Det internasjonale instituttet i Roma for einsarta privatrett (UNIDROIT)
- The Group of States Against Corruption (GRECO)
- tilskot til Rådssekretariatet og Fellesorganet i samband med Schengen-samarbeidet
- Interoperability Solutions for European Public Administration (ISA)
- Austersjøområdet
- Sikrere internett pluss
- Nordisk samarbeidsråd for kriminologi
- finansielt bidrag til kommisjonen for deltaking i Schengen-komiteane
- The European Network and Information Security Agent (ENISA)

Kontingenten til The European Network and Information Security Agent (ENISA) aukar i 2022. Som følge av dette blir det foreslått å auke løyvinga på kap. 400, post 71 med 1,6 mill. kroner mot ein tilsvarande reduksjon av løyvinga til Norsk senter for informasjonssikring (NorSis) på kap. 400, post 70.

Regjeringa foreslår ei løyving på posten på 17,4 mill. kroner.

Kap. 3400 Justis- og beredskapsdepartementet

(i 1 000 kr)

Post	Betegnelse	Regnskap 2020	Saldert budsjett 2021	Forslag 2022
01	Diverse inntekter	7 242	5 776	5 896
02	Refusjon av ODA-godkjente utgifter	1 000	1 026	1 048
	Sum kap. 3400	8 242	6 802	6 944

Post 01 Diverse inntekter

Post 01 blir brukt til å føre inntekter frå kantina som departementet driv i Nydalen, refusjonar knytte til rolla departementet har som program-partnar i EØS-midlane, og ymse inntekter. Desse inntektene varierer årleg. Refusjonar frå Utanriksdepartementet for den ODA-godkjende delen på tre prosent av bidraget til World Intellectual Property utgjør om lag 100 000 kroner av inntektene.

Regjeringa foreslår at meirinntektene på kap. 3400, post 01, kan brukast til å overskride løyvinga på kap. 400, post 01, tilsvarande, jf. forslag til vedtak.

Regjeringa foreslår ei løyving på posten på 5,9 mill. kroner.

Post 02 Refusjon av ODA-godkjente utgifter

Visse utgifter knytte til reintegrering av personar som blir returnerte til opphavslandet eller til tredjeland, og tiltak som bidrar til samarbeid om retur, returavtalar, oppbygging av migrasjonsforvaltninga i sentrale opphavs- og transittland og velordna migrasjon, kan godkjennast som offisiell internasjonal bistand ifølgje statistikkdirektiva til OECD/DAC.

Regjeringa foreslår ei løyving på posten på 1 mill. kroner, jf. omtalen under kap. 400, post 23.

Programkategori 06.20 Rettsvesen

Utgifter under programkategori 06.20 fordelte på postgrupper

		(i 1 000 kr)			
Post-gr.	Betegnelse	Regnskap 2020	Saldert budsjett 2021	Forslag 2022	Pst. endr. 21/22
01-25	Driftsutgifter	3 211 862	3 300 138	3 385 739	2,6
	Sum kategori 06.20	3 211 862	3 300 138	3 385 739	2,6

Utgifter under programkategori 06.20 fordelte på kapittel

		(i 1 000 kr)			
Kap.	Betegnelse	Regnskap 2020	Saldert budsjett 2021	Forslag 2022	Pst. endr. 21/22
61	Høyesterett	112 887	121 095	125 360	3,5
410	Domstolene	2 815 986	2 892 287	2 952 060	2,1
414	Forliksråd og andre domsutgifter	282 989	286 756	308 319	7,5
	Sum kategori 06.20	3 211 862	3 300 138	3 385 739	2,6

1 Innleiing

Programkategori 06.20 omfattar Høgsterett, lagmannsrettane, tingrettane, jordskifterettane, forliksråda, Finnmarkskommisjonen, Utmarksdomstolen for Finnmark og Domstoladministrasjonen.

Målet for programkategori 06.20 Rettsvesen er rettstryggleik.

Domstolane er den tredje statsmakta. Rettsstaten føreset domstoltilgang til uavhengige og upartiske domstolar for tvisteløysing og straffesaksbehandling, og stiller òg krav om at rettargangen skal vere rettvis. Openheit og integritet er grunnleggjande for arbeidet.

Dei alminnelege domstolane består av Høgsterett, lagmannsrettane og tingrettane. Avgjerder som blir tekne i tingretten, kan ankast til lagmannsretten. Høgsterett tek stilling til anka i avgjerder frå lagmannsretten. Jordskifterettane er særdomstolar og blir kjenneteikna ved at saksfeltet er avgrensa. Jordskifteretten er første instans, og lagmannsretten er ankeinstans.

Forliksråda er det lågaste leddet i rettsystemet for sivile saker.

1.1 Straffesaksområdet

Domstolane får tilsendt saker frå påtalemakta og er det andre leddet i straffesakskjeda. I straffesaker avgjer dei alminnelege domstolane om det er grunnlag for skuldninga til påtalemakta om brot på straffelovgivinga. Domstolane tek dermed stilling til om det skal dømmast straff. Avgjerder av høg kvalitet skal takast innan rimeleg tid. Domstolane har ei sentral rolle for å få til ei meir effektiv straffesakskjede. Det er òg viktig for rettstryggleiken til den enkelte.

1.2 Sivile saker

Tingrettane behandlar sivile saker som bl.a. tvistesaker, gjeldsordningssaker, konkurssaker og skiftesaker.

Jordskifterettane er særdomstolar som behandlar spørsmål knytte til fast eigedom.

Sakene gjeld krav om fastsetjing av og endring i eigedomsforhold og rettar knytte til fast eigedom, fastsetjing av grenser og halding av skjønn.

Finnmarkskommisjonen skal greie ut bruks- og eigarrettar til den grunnen som Finnmarksei-egdommen overtok då finnmarkslova tok til å gjelde 1. juli 2006. Utmarksdomstolen for Finnmark er ein særdomstol som behandlar tvistar som kan oppstå etter at Finnmarkskommisjonen har greidd ut rettsforholda i eit område.

Forlikråda er eit rimeleg og effektivt tvisteløysingsorgan som meklar mellom partar i sivile saker og kan avseie dom i enkelte saker. Ein stor del av sakene blir endeleg avgjorde i forlikrådet. Avgjerder frå forlikråda kan leggjast fram for tingretten.

2 Prioriteringar i budsjettet

I 2021 blei det løyva midlar til nye dommarstillingar, som ei permanent styrking av domstolane. Dette vil bidra til å byggje ned restansar og korte ned saksbehandlingstida i domstolane. Løyvinga på 86 mill. kroner blir ført vidare i 2022. Regjeringa vil òg vidareføre satsinga på digitalisering av domstolane med totalt 60,3 mill. kroner til prosjekta *Digitale domstolar I* og *Digitale domstolar II* i 2022.

Regjeringa har fremma forslag om å endra gjeldande straffeprosesslov. Lovendringane legg til rette for aktiv saksstyring i straffesaker. Dette vil bidra til at straffesaksbehandlinga i større grad konsentrerer seg om dei sentrale tvistepunkta i saka. Tiltaket vil særleg bidra til å effektivisera behandlinga av dei større straffesakene. Dei 5 pst. mest omfattande straffesakene står for nærare 50 pst. av dei årlege straffesaksutgiftene i domstolane. Endringane i straffeprosesslova inneber òg at framstillingsfristen for varetektsfengslingar blir korta ned til 48 timer. Den nye framstillingsfristen er i tråd med dei menneskerettslege forpliktingane til Noreg. Det foreslått å løyve 2 mill. kroner til eingongsinvesteringar i IKT-løysingar som tek høgde for endringane i straffeprosesslova. Vidare blir det foreslått å løyve 2,8 mill. kroner til utgifter som vil samle seg opp som følgje av kortare framstillingsfrist for varetektsfengslingar. Tiltaket krev auka løyving til domstolane fordi enkelte fengslingar vil skje i helger og på heilagdagar. Endringane i straffeprosesslova er tenkt innførte frå medio 2022, og løyvingsauken ved kortare framstillingsfrist er ein halvårseffekt. Lovendringane vil effektivisera behandlinga av straffesaker og bidra til å redusere dei samla utgiftene til domstolane.

Regjeringa ønsker å betre valdsoffererstatningsordninga. Ny valdsoffererstatningslov legg opp til at det i hovudsak er domstolane som skal behandle krav om valdsoffererstatning i straffesaker. Dette vil gi raskare utbetaling av erstatning til valdsoffer, men vil gi noko meirarbeid for domstolane. Det blir derfor foreslått å auke løyvinga til domstolane med 1,6 mill. kroner. Endringane i lova er tenkt innførte frå medio 2022. Løyvingsauken til domstolane er ein halvårseffekt.

3 Ein heilskapleg satsing på domstolane

Regjeringa har over tid arbeidd for å styrke rettstrygginga og leggje til rette for eit likare domstolstilbod i heile landet. Borgarane skal ha tillit til domstolane, og dei skal ha tilgang til gode og effektive domstolar, uavhengig av bustad. Regjeringa si heilskaplege satsing på domstolane inkluderer ny domstolstruktur, digitale domstolstenester, eit moderne prosessregelverk og investeringar i rettslokale og bygg.

Ny domstolstruktur

I oktober 2020 fremma regjeringa forslag til ny domstolstruktur, sjå Prop. 11 L (2020–2021). Den nye strukturen vart behandla av Stortinget i desember 2020, sjå Innst. 134 L (2020–2021). For tingrettane vart reforma sett i verk i april 2021. Endringane for jordskifterettane tredde i kraft i juni same år. Alle rettsstadene, lokala der rettsforhandlinga finn stad, vart vidareførte. Sakene blir som hovudregel handterte på same stad som før strukturendringa fann stad. For tingrettane vart talet på rettskrinsar redusert frå 59 til 23, medan talet på rettskrinsar for jordskifterettane vart redusert frå 34 til 19.

Færre og større rettskrinsar gjer at dei faglege miljøa i domstolane blir større med høve for systematisk kompetanseutvikling. Det legg til rette for meir fleksibel sakshandtering og betre ressursutnytting i domstolane. Strukturendringane gir auka rettstrygging og sørger for eit betre og likare tenestetilbod i domstolane. Større rettskrinsar gir bl.a. auka høve for rettsmekling, som er ein raskare, meir effektiv og billigare måte å løyse konfliktpå.

Reforma følgjer opp særdomstolsutvalet si tilråding om å samle barnesakene i eit utval tingrettar av ein viss storleik. Under den nye strukturen har alle tingrettane eit tilstrekkeleg stort fagleg miljø til å kunne gjennomføre moderat spesialisering. Barne- og familiesaker kan behandlast ved alle dagens rettsstader.

Prop. 11 L (2020–2021) med endring av domstolstrukturen følger opp Riksrevisjonen sin kritikk i Dokument 3:3 (2020–2021). Både Riksrevisjonen og domstolkommisjonen peika på at domstolane hadde potensial for å effektivisere. Riksrevisjonen konkluderte med at om lag ein tredjedel av tingrettane hadde eit effektiviseringspotensial på 20 pst. eller meir, og meinte det var kritikkverdige at effektiviseringspotensialet ikkje var utnytta betre. Domstolkommisjonen viste til at det var betydeleg variasjon i arbeidsmengd per tilsett mellom dei enkelte tingrettane, og at domstolane kunne bli vesentleg meir effektive dersom rettskrinsane vart utvida.

Under den gamle strukturen hadde nokre domstolar mange saker og lange saksbehandlingstider, medan andre domstolar hadde få saker og korte saksbehandlingstider. Større rettskrinsar legg til rette for meir fleksibel og effektiv bruk av dommarressursane. Regelverkendringane opnar òg for at partane sjølv kan velje kvar saka skal behandlast. Sjølv om hovudregelen er at saka skal behandlast der ho lokalt høyrer heime, kan ein sak flyttast til ein annan rettsstad i rettskrinsen der dei tilsette har ledig kapasitet. Dette kan berre gjerast dersom partane i saka er samde om det. Auka fleksibilitet i sakshandteringa vil bidra til betre ressursutnytting og kortare saksbehandlingstider i domstolane.

Sakene som kjem til domstolane blir stadig meir tidkrevjande og komplekse. Dette inneber at det blir stilt nye krav og forventningar til dei faglege kvalifikasjonane til dommarane og evna til effektiv prosessleing. Den nye strukturen legg til rette for at alle domstolane kan gjennomføre moderat dommarspesialisering. Dette kan bidra til å styrke rettstrygginga og tilliten til domstolane og bidra til at domstolane blir ein meir attraktiv og brukarorientert konfliktløysar i samfunnet.

Eitt mål med den nye strukturen var òg å styrke den samiske befolkninga sin tilgang på tvisteløysing av høg kvalitet. Departementet har hatt innleiande konsultasjonar med Sametinget om ytterlegare tiltak for å styrke den samiske dimensjonen i domstolane, medrekna endringar i verneingsreglane og reglane om tilkalling av dommarar.

Rettsmekling bidrar til raskare, billigare og meir skånsam tvisteløysing. Partane får sjølv ansvar for å løyse konflikten gjennom mekling og forlik. Regjeringa har sendt ut eit høyringsnotat som bl.a. omhandlar endringar i reglane om rettsmekling for å bidra til at fleire nyttar seg av slik mekling, sjå punkt 5.2.

I 2019 starta Domstoladministrasjonen arbeidet med å samle lønns- og rekneskapsfunksjonane til domstolane i ei felles eining i Trondheim. I løpet av 2021 vil alle dei alminnelege lønns- og rekneskapsfunksjonane til domstolane og jordskifterettane vere overført til eininga.

Digitalisering av domstolane

Domstolane tek del i det digitale skiftet. Moderniseringa skjer gjennom utvikling av nye arbeidsmåtar i domstolane og digital kommunikasjon med publikum og andre brukarar av domstolane. Den overordna ambisjonen er å realisere ein heildigital og saumlaus rettsprosess. Sentrale satsingar er prosjekta Digitale domstolar, Digitale domstolar II, utprøvingssprosjektet Opptak i retten (lyd- og bilettopptak i retten) og Elektronisk samhandling mellom aktørane i straffesaksjeda (ESAS).

Brukarane forventar at domstolane nyttiggjer seg av digitale verktøy, at dei samhandlar og kommuniserer digitalt, og at dei tilbyr brukarvennlege digitale tenester på lik linje med andre offentlege verksemder. Digitalisering kan bidra til meir effektiv saksavvikling, kortare saksbehandlingstider, auka transparens og meir tilgjengelege domstolar. Digitale løysingar stiller òg nye krav til kompetanse hos brukarar og tilsette og krav til personvern og informasjonstryggleik. I digitaliseringa av domstolane må det takast særleg omsyn til grunnleggjande verdiar som rettstrygging og sjølvstende.

Sentrale område i digitaliseringa av domstolane har til no vore å sikre at domstolane er formålstenleg innretta med teknisk utstyr og å utvikle digitale verktøy for saksbehandling og kommunikasjon med aktørane. Dei to siste åra er arbeidet med å utvikle nye digitale arbeidsformer som støttar ein heildigital rettsprosess intensivert.

Pga. virusutbrotet er det arbeid særleg med regelverk, løysingar, rutinar og rettleiarar som støttar ei digital arbeidsform. Løysingar som til vanleg ville ha kravd lang tid til planlegging, utvikling og innføring, vart utvikla og sette i verk på kort tid. Bl.a. forkynner og gjennomfører domstolane no rettsmøte ved bruk av fjernmøteteknologi, og dei har òg teke i bruk løysingar for elektronisk signatur. Hausten 2020 vart det gjennomført 400–600 virtuelle rettsmøte dagleg. Nokre av løysingane som vart tekne i bruk under virusutbrotet, må bli vidareutvikla for å vere eigna som varige løysingar.

Digitale domstolar vart sette i gong i 2017. Ein sentral del av prosjektet var å leggja til rette for papirlause rettsmøte og digital samhandling mel-

lom domstolane og advokatar. Domstolane og advokatar kan no utveksla dokument og saksinformasjon digitalt gjennom Aktørportalen. Salærbehandling for både tviste- og straffesaker blir òg gjort i portalen. Digitale domstolar II er ei utviding av det opphavlege prosjektet som omfattar alle domstolar og rettsstader, inklusiv jordskifterettane. Prosjektet strekkjer seg over fire år (2021–2024). I denne perioden vil domstolane bli vesentleg meir digitalt modne. Det skal investerast i meir teknisk utstyr og produktutvikling. Ei sentral del av satsinga er å betre den digitale grunnsikringa i samhøve med den nasjonale strategien for digital tryggleik. I 2020 vart det gjennomført ein heilskapleg risikoanalyse knytt til informasjonstryggleik og personvern i domstolane. Eit prioritert område for Domstoladministrasjonen er å betre informasjonstryggleiken og personvern.

Domstoladministrasjonen har sidan 2016 hatt eit prøveprosjekt med lyd- og biletopptak. I samband med at Stortinget vedtok budsjettet for 2021, vart det løyvd 25 mill. kroner til lyd og bilete, jf. Innst. 6 S (2019–2020). Opptak under hovudforhandlinga vil styrke høvet til å etterprøve rettsforhandlingane, og det vil dermed styrke rettstryggleiken. Prøveprosjektet omfatta opphavleg Nord-Troms tingrett og Hålogaland lagmannsrett. I 2019 vart prosjektet utvida til å omfatte Gulating lagmannsrett og Jæren tingrett. Utvidinga vil sikre betre erfaringsgrunnlag når det gjeld gjenbruk av forklaringar, ved at opptak av forklaringar som vart gitt under hovudforhandlinga, kan bli spelte av, i staden for direkte forklaringar i ankeforhandlinga. Virusutbrotet har forseinka utprøvinga. Særleg gjeld dette gjenbruk av opptak i behandlinga i lagmannsretten.

I 2020 etablerte Domstoladministrasjonen ei arbeidsgruppe som skulle kartleggje kva for tekniske og regulatoriske justeringar, og kva økonomiske rammer, som er nødvendige for å gjere rettsavgjerder meir tilgjengelege, jf. Innst. 6 S (2019–2020). Omsynet til personvern og løysingar for aidentifisering er i denne samanhengen av særleg betydning. Arbeidsgruppa har levert rapporten sin og tilrår at det blir utvikla ei løysing som kan publisere rundt 35 000 rettsavgjerder ope på nett kvart år. Det er foreslått å vidareføre 1,5 mill. kroner i statsbudsjettet for 2022 for setje i gang eit regelverksarbeid knytt til offentleggjering av rettsavgjerder og utreie dei økonomiske og administrative konsekvensane.

Domstollokale

Domstoladministrasjonen forvaltar litt meir enn 100 leigeobjekt med om lag 450 rettssalar. Fleire domstolar har lokale som ikkje er formålstenlege. Dette påverkar både brukarar og tilsette og med det saksavviklinga i domstolane. Det er behov for større eller mindre oppgraderingar ved det eksisterande leigeforholdet ved om lag 40 domstollokale.

Rehabilitering av Bergen tinghus

Etter konseptvalutgreiing og ekstern kvalitetssikring (KS1) konkluderte regjeringa i juni 2017 at rehabilitering av Bergen tinghus skal bli lagd til grunn som konseptval for det vidare arbeidet med framtidig tinghus i Bergen. Regjeringa har vurdert at dagens bygg er eit viktig signalbygg som framleis burde vere ein domstolsbygning. Rehabiliteringa vil gjere tinghuset betre, både for dei tilsette og for dei besøkande, slik at tinghuset kan fungere som rettslokale for ein moderne tingrett også i framtida. Prosjektet inneber òg at det blir etablert tilleggslokale (arbeidsplassar) utanfor tinghuset.

I statsbudsjettet for 2021 vart det løyvd 11 mill. kroner til forprosjektering for rehabilitering av Bergen tinghus. Forprosjektet starta i 2021. Det blir foreslått å løyve 40 mill. kroner til å vidareføre forprosjektet i 2022. Sjå omtale i Prop. 1 S (2021–2022) til Kommunal- og moderniseringsdepartementet.

Andre byggjeprojekt

Sidan 2019 har det gått for seg eit arbeid med forprosjekt for nytt tinghus i Drammen. Forprosjektet vart ferdigstilt primo 2021. Regjeringa vil gjennomføre prosjektet som eit brukarfinansiert statleg byggjeprojekt. Arbeidet er sett i gang, og innflytting er planlagt til hausten 2023.

Tryggingstiltak i domstolane

Grunnsikring i domstolane har dei siste åra vore eit prioritert område. Grunnsikring omfattar bl.a. å etablere ei indre sone der berre dommarar og andre tilsette i domstolen kan ferdast fritt, overfallsalarmlar og innsyn i rettssalar. Dette vil møte nokre av utfordringane i samband med at det blir fleire rettssaker med alvorlege brotsverk og høgt konfliktnivå. Overfallsalarm og innsyn i rettssalane er langt på veg etablert i alle domstolane, men soneskilje manglar enno i nokre få lokale.

Domstoladministrasjonen følger opp arbeidet med å etablere grunnsikring i domstolane.

I dag er det permanent tryggleiks- og tilgangskontroll i Høgsterett og i Oslo tinghus, og besøkannde blir skanna via ein elektronisk bøyel. I Trondheim tinghus, Bergen tinghus, Stavanger tinghus og i Gulating lagmannsrett er det eige tryggleikspersonell. Tryggleiks- og tilgangskontroll vil sikre tilsette og brukarar mot at gjenstandar som kan skade andre, t.d. våpen eller eksplosiv, blir førte inn i rettslokala. Spørsmål knytte til tryggingstiltak i tinghusa i Bergen og Drammen blir vurderte gjennom utgreiingane som er omtalte ovanfor.

4 Utvalsarbeid

Utleverings- og arrestordreutvalet

Utleverings- og arrestordreutvalet vart peika ut av regjeringa i november 2020. Utvalet skal foreslå eit nytt regelverk for utlevering og arrestordre. Regelverket er viktig for å hindre at personar som har gjort alvorleg kriminalitet i utlandet slepp unna straffeforfølgning eller soning av dom ved å opphalde seg i Noreg. Det skal òg sikre at personar som har gjort alvorleg kriminalitet i Noreg, og som oppheld seg i eit anna land, kan tilbakeførast hit og haldast strafferettsleg ansvarlege.

Lovgivinga utgjer sentrale delar av det internasjonale strafferettslege samarbeidet. Det er derfor viktig at lovene som regulerer områda, er oppdaterte. Arrestordrelova gir reglar for overlevering til dei nordiske landa og til medlemslanda i EU, medan utleveringslova gir reglar for utlevering til alle andre land. Utvalet skal vurdere om dei to lovene bør samlast i éi felles lov. Utvalet skal òg sjå på korleis omsynet til rask og effektiv saksbehandling og omsyna til rettstryggleik og menneskerettar kan varetakast. Utgreiinga skal ferdigstillast innan juli 2022.

Domstolkommisjonen

Regjeringa sette i 2017 ned eit utval (domstolkommisjonen) for å greie ut korleis domstolane bør organiserast for å vere best mogleg rusta til å vareta forventningar om effektivitet og kvalitet saman med sjølvstende gjennom endra samfunnsforhold. Kommisjonen leverte den første delutgreiinga si i 2019, sjå NOU 2019: 17 *Domstolstruktur*. Utgreiinga er følgd opp, sjå Prop. 11 L (2020–2021) og Innst. 134 L (2020–2021), og ny domstolstruktur har komme i stand. Den andre og siste delutgreiinga til kommisjonen vart overlevert til Justis- og beredskapsdepartementet hausten

2020, sjå NOU 2020: 11 *Den tredje statsmakt – Domstolene i endring*. Ho omhandlar funksjonen og rolla til domstolane, forvaltning av uavhengige domstolar og forbetra arbeidsprosessar i domstolane. Utgreiinga har vore på høyring i seks månader og er til oppfølging i departementet.

5 Regelutvikling

Regjeringa ønskjer gode reglar som bidrar til at saker blir avvikla effektivt og med høg kvalitet. Departementet har arbeidd med endringar i dei to sentrale prosessregelverka tvistelova og straffeprosesslova for bl.a. i større grad å leggje til rette for meir effektiv domstolsbehandling.

5.1 Endringar i straffeprosesslova

Ein god straffeprosess skal bidra til kvalitet, effektivitet og rettstryggleik i rettsstellet, og skal opne for rasjonell bruk av moderne informasjonsteknologi. Prosessordninga må vere tilpassa mangfaldet av saker som den teknologiske utviklinga, den sosiale mobiliteten og samfunnsutviklinga elles gir opphav til.

I april 2021 fremma Justis- og beredskapsdepartementet forslag til endringar i reglane for behandlinga av straffesaker i den gjeldande straffeprosesslova, jf. Prop. 146 L (2020–2021). Forslaga departementet fremma, skal effektivisere behandlinga av dei meir omfattande sakene. Det blir òg foreslått at fristen i lova for å framstille pågripne personar for varetektsfengsling blir stramma inn, og det blir foreslått enkelte endringar som gjeld bistandsadvokatordninga. Den nye framstillingsfristen for varetektsfengslingar er i tråd med dei menneskerettslege forpliktingane Noreg har.

Fem prosent av straffesakene står for omtrent halvparten av dei årlege straffesaksutgiftene i domstolane. Ei aktiv og tydeleg leiing frå retten si side under saksførebuinga er særleg viktig i store og kompliserte straffesaker, slik at hovudforhandlinga blir konsentrert om dei sentrale tvistepunkta i saka. Forslaget om tilsvar frå forsvarar er viktig for at dommaren skal ha eit tilstrekkeleg faktisk grunnlag for å driva aktiv saksstyring. For saker som blir kompenserte etter stykkprisforskrifta, vil departementet fremme forslag om at forsvararar skal få eit tillegg for meirarbeidet knytt til å utarbeide tilsvar. For dei resterande sakene gjeld prinsippet om kompensasjon etter medgått tid.

Forslag om endringar i domstollova vart fremma av Justis- og beredskapsdepartementet i april 2021, jf. Prop. 161 L (2020–2021). Departe-

mentet ønskjer å leggje til rette for betre ressursutnytting ved å opne for elektronisk signering av avgjerder, rettsforlik, rettsbøker og elektronisk forkynning. Det blir òg foreslått ei endring i tvangsfullføringslova som opnar for elektronisk signering av namsbøker. Forslaga er utforma på bakgrunn av erfaringane med dei mellombelse endringane i prosessregelverket som vart gjorde i samband med virusutbrotet.

5.2 Endringar i tvistelova

Regjeringa sende i 2018 på høyring forslag til endringar i tvistelova. Bakgrunnen for forslaga var å fremme formålet med tvistelova: forsvarleg og effektiv saksbehandling. Dette inneber òg betre proporsjonalitet ved at saksbehandlinga og sakskostnadene skal stå i eit rimeleg forhold til kor viktig saka er, og til verdien av tvistegjenstanden.

Lov om endringar i tvistelova (verdigransene) tredde i kraft 1. juli 2020. Med dette vart verdi-

grensa i tvistelova for behandling etter småkravprosess og etter ankeretten i saker med formuesverdiar heva frå 125 000 kroner til 250 000 kroner, medan verdigransa for obligatorisk forliksrådsbehandling vart heva frå 125 000 til 200 000 kroner. Lovendringa bidrar til meir effektiv saksavvikling og legg til rette for at sakskostnadene er rimelege i forhold til storleiken på saka. Heving av ankesummen bidrar til at ankebehandlinga ikkje endar med sakskostnader som overstig verdien av sjølve tvisten.

Regjeringa sendte i oktober 2020 ut eit nytt høyringsnotat som bl.a. omhandlar lovforslag om at lagmannsrettane skal få noko større rett til å nekte ankar fremma i sivile saker, og omhandlar forslag til endringar i reglane om rettsmekling for å bidra til at fleire nyttar seg av slik mekling. Saka har vore på høyring og er no til oppfølging i departementet. Arbeidet har blitt noko forseinka som følge av virusutbrotet.

Kap. 61 Høyesterett

(i 1 000 kr)

Post	Betegnelse	Regnskap 2020	Saldert budsjett 2021	Forslag 2022
01	Driftsutgifter, <i>kan nyttas under kap. 410, post 01</i>	112 887	121 095	125 360
	Sum kap. 0061	112 887	121 095	125 360

Hovudoppgåva til Høgsterett er å arbeide for rettsavklaring og rettsutvikling. Høgsterett behandlar ankar over avgjerder som er tekne av lågare domstolar, både i sivile saker og i straffesaker, men tek ikkje stilling til skuldspørsmålet i straffesaker. I 2020 kom det inn 394 sivile ankar over dom og 347 straffeankar til Høgsterett. Høgsterett skal som hovudregel berre gi samtykke til ankebehandling når anken gjeld spørsmål som er viktige utanfor den saka som ligg føre. I 2020 vart i overkant av 13 pst. av ankane over dom fremma til behandling i Høgsterett.

Post 01 Driftsutgifter, kan nyttas under kap. 410, post 01

Løyvinga dekkjer faste og variable lønnskostnader og andre driftsutgifter som følgjer av verksemda til Høgsterett. Høgsterett hadde 20 dommarar, ein direktør og underdirektør, ein utgreiareining

beståande av 27 personar, og 23 administrative tilsette per 31. desember 2020.

Det blir foreslått å auke løyvinga med 600 000 kroner mot ein tilsvarende reduksjon på kap. 410, post 01. Omdisponeringa skal styrke det juridiske støtteapparatet i Høgsterett, særleg knytta til EØS-rettslege spørsmål. Det blir foreslått å auke løyvinga med 700 000 kroner til lønnsauke for dommarar i Høgsterett med verknad frå 1. oktober 2020, jf. omtalen i Innst. 208 S (2020–2021).

Det blir foreslått å auke løyvinga med 1,7 mill. kroner som følgjer av at forventa pensjonspremie til Statens pensjonskasse, inklusive arbeidsgjevaravgift av dette, tilsvarende blir auka. Jf. nærare omtale under Del III, punkt 8.

Det blir foreslått ei løyving på 125,4 mill. kroner på posten.

Det blir foreslått at Justis- og beredskapsdepartementet i 2022 får fullmakt til å overskride løyvinga på kap. 61, post 01, mot tilsvarende meirinntekter på kap. 3061, post 03, jf. forslag til vedtak.

Kap. 410 Domstolene

(i 1 000 kr)

Post	Betegnelse	Regnskap 2020	Saldert budsjett 2021	Forslag 2022
01	Driftsutgifter, <i>kan nyttes under Kap. 61, post 01</i>	2 730 548	2 803 257	2 861 173
21	Spesielle driftsutgifter	82 630	86 309	88 110
22	Vernesaker/sideutgifter, jordskiftedomstoler, <i>kan overføres</i>	2 808	2 721	2 777
	Sum kap. 0410	2 815 986	2 892 287	2 952 060

Domstolane er uavhengige. Verken Stortinget, regjeringa eller andre styresmakter kan instruere eller påverke domstolane i den dømmende verksemda. Kompetansen til domstolane omfattar bl.a. å utøve kontroll med den lovgivande og den utøvande makta. Domstolane skal sikre individrettane deira etter Grunnlova, lover og internasjonale konvensjonar som staten er bunden av. Domstolane skal avgjere dei sakene dei får til behandling, forsvarleg og til rett tid.

Domstoladministrasjonen er den sentrale administrasjonen av domstolane og utfører ei rekke felles administrative oppgåver for dei alminnelege domstolane, jordskifterettane, Finnmarks-kommisjonen og Utmarksdomstolen for Finnmark. Domstoladministrasjonen er ansvarleg for tildelinga av budsjettet til domstolane (med unntak av Høgsterett), utvikling og drift av felles saksbehandlingssystem og andre IT-funksjonar. Domstoladministrasjonen har ansvar for utvikling av system for analyse og vurdering av måloppnåing. Den overordna arbeidsgivarfunksjonen ligg òg hos Domstoladministrasjonen.

Retningslinjer for Domstoladministrasjonen

Stortinget fastset rammer og mål for budsjett og lover for verksemda i domstolane. Nedanfor følgjer Justis- og beredskapsdepartementet sine forslag til generelle retningslinjer for verksemda til Domstoladministrasjonen for 2022.

Domstoladministrasjonen skal

- leggje til rette for brukarorientering og utvikling i domstolane som gir reell tilgang til domstolane og riktige avgjerder til rett tid

- sørge for effektiv ressursutnytting gjennom felles praksis og større satsing på aktiv saksstyring og utnytte moglegheitene til effektiv saksavvikling som allereie ligg i lovverket
- leggje til rette for systematisk kvalitetsutvikling
- leggje til rette for at domstolane kan oppfylle måla til Stortinget for gjennomsnittleg saksbehandlingstid
- sørge for sikre og stabile IKT-løysingar i ein digital rettsprosess, der personopplysningar og annan informasjon blir behandla på ein trygg måte
- sikre systematisk og målretta rekruttering og kompetanseutvikling for leiarar og medarbeidarar i domstolane og Domstoladministrasjonen
- sikre at oppgåveløysinga i domstolane skjer i forsvarleg trygge rammer
- sikre eit godt avgjerdsgrunnlag for regjeringa og Stortinget

Mål for saksbehandlingstid

Måla for gjennomsnittleg saksbehandlingstid i dei alminnelege domstolane, dvs. i tingrettane og lagmannsrettane, gjeld både for straffesaker og sivile saker (tvistesaker) og blir vedtekne årleg gjennom Stortinget si behandling av Prop. 1 S. Måla gjeld samla for domstolane og for kvar enkelt domstol. Domstolane må dessutan oppfylle enkelte lovbestemte fristar.

Boks 2.1 viser kva sakstypar Stortinget har sett mål for saksbehandlingstid.

Boks 2.1 Stortinget har sett mål for domstolane i desse sakstypene

Tingrettane

Sivile saker:

- Tvistesaker: rettsleg (sivil) tvist som normalt blir behandla etter reglane i tvistelova.

Straffesaker:

- Meddomsrettssaker: ordinære straffesaker der både skuld og straff skal avgjerast. Retten blir sett med éin fagdommar og to meddommarar.
- Einedommarsaker: avgjerder i straffesaker (inkludert avgjerder som er tekne under etterforskinga) som blir avgjorde av éin dommar.

Lagmannsrettane

Sivile saker:

- Anke over dom i tvistesak: ein sivil dom som blir anka.

Straffesaker:

- Meddomsrettsaker – bevisanke¹: straffesaker ved anke over skuldspørsmålet. Retten

blir sett med to fagdommarar og fem meddommarar.

- Meddomsrettssaker – avgrensa anke: straffesaker ved anke over straffutmålinga i saker med strafferamme på over seks år. Retten blir sett med to fagdommarar og fem meddommarar.
- Fagdommarsaker: straffesaker ved anke over straffutmålinga i saker med strafferamme på inntil seks år pluss straffesaker ved anke over lovbruk eller saksbehandling (uansett strafferamme). Retten blir sett med tre fagdommarar.

¹ Tidlegare vart desse sakene med strafferamme på over seks år avgjorde av ein jury (lagrettsaker med tre fagdommarar og ti lagrettsmedlemmer), og sakene med strafferamme på inntil seks år vart avgjorde med ein meddomsrett med tre fagdommarar og fire meddommarar. Juryordninga vart avvikla 1. januar 2018. Med lovendringa blir alle straffesaker i lagmannsretten, med unntak av fagdommarsakene, avgjorde av ein meddomsrett med to fagdommarar og fem meddommarar.


Tabell 2.2 Mål for gjennomsnittleg saksbehandlingstid

Sakstype	Mål i månader	
	Tingrettane	Lagmannsrettane
sivile saker (tvistesaker)	6	6
straffesaker (meddomsrettssaker)	3	3
straffesaker (einedommarsaker)	1	–

Saksavvikling i tingrettane og lagmannsrettane

I 2020 og 2021 var saksavviklinga i domstolane prega av smittervernstiltaka som vart sette i verk i samband med virusutbrotet. Verksemda til domstolane er normalt prega av fysisk oppmøte for alle aktørar. Mellombelse tilpassingar i prosessre-

gelverket og ein eigen smittevernrettleiar har vore viktig for å halde oppe forsvarleg og rettstrygg verksemd i domstolane. Figuren nedanfor viser saksavviklinga i 2020 i forhold til 2019 på månadsbasis. Positive verdiar betyr at tingrettane behandla fleire saker i 2020 enn i same månad året før.



Figur 2.1 Behandla saker i tingrettane per månad, 2020 i forhold til 2019.

Saksavviklinga i tingrettane var på eit særleg lågt nivå frå mars til og med april 2020. Regjeringa sette i verk ei rekkje tiltak for å avhjelpe konsekvensane av virusutbrotet. Lovendringar som bl.a. utvida tilgangen til å bruke fjernmøteløysingar tredde i kraft i slutten av mars. Domstolane fekk òg auka løyving til teknisk utstyr for å kunne gjennomføre digitale rettsmøte, og dei fekk auka løyving til fleire dommarstillingar. Tiltaka har vore heilt nødvendige for å halde oppe normal saksavvikling i domstolane.


Straffesaker i tingrettane og lagmannsrettane

Tingrettane behandlar i overkant av 50 000 einedommarsaker kvart år. Dei fleste sakene er avgjerder som er tekne under etterforskinga, medan ein mindre del er varetektsfengslingar, førarkortbeslag og tilståingssaker. Alle tingrettane, så nær som éin, nådde måla til Stortinget for gjen-

nomsnittleg saksbehandlingstid i 2020. Den gjennomsnittlege saksbehandlingstida i 2020 var 0,4 md.

I 2020 kom det inn nærmare 14 400 meddommarsaker til tingrettane, og tingrettane behandla om lag 14 000 saker. Ved utgangen av 2020 var det registrert om lag 3 500 restansar. Den gjennomsnittlege saksbehandlingstida på nasjonalt nivå var 3,2 md., litt over Stortingets mål for saksbehandlingstid. 26 av 59 tingrettar hadde ein gjennomsnittleg saksbehandlingstid på meir enn 3 md. i 2020.

Figuren nedanfor viser korleis saksbehandlingstida i meddommarsaker fordeler seg mellom ulike fasar i behandlinga. Saksbehandlingstida er oppgitt i talet på dagar. Tida det tek frå saka kjem til domstolane til første dag med hovudforhandling, utgjer ein særleg stor del av saksbehandlingstida.




Figur 2.2 Saksbehandlingstid i meddommarsaker, tal på dagar.

Domstoladministrasjonen har starta undersøkingar som skal sjå på årsaker til kvifor saker blir fastsette relativt langt fram i tid. Hausten 2020 vart det gjennomført eit arbeid for å få innsikt i kva for behov det er for endringar i prosessar, og for å etablere nye digitale løysingar for å kunne effektivisere og forbera tidfestingsprosessen. Målet er å ha ei betre løysing på plass i løpet av 2021.

Straffesaker som kjem til lagmannsrettane blir først vurderte i ankeutvala. Kvar lagmannsrett har eit eige ankeutval. Viss lagdommarane i utvalet meiner at heile eller delar av saka bør behandlast på nytt, blir saka vist til realitetsbehandling. Viss utvalet forkastar anken, vil tingrettsavgjerda vere den endelege avgjerda i saka. Frå og med 2020 vart tilgangen til å forkasta ankar utvida til også å omfatte bevisankar over 6 år. Det er berre ankar som ikkje vil føre fram, som blir nekta ny behandling av ankeutvala. Tidlegare vart bevisankar over 6 år alltid realitetsbehandla.

Det kom samla sett inn færre straffeankar til ankeutvala i 2020 enn det som har vore vanleg dei seinare åra. Delen av saker som vart sende vidare til realitetsbehandling, var òg lågare enn i det førre året. I 2020 realitetsbehandla lagmannsrettane fleire saker enn talet på nye saker som ankeutvala viste til behandling. Restansane av saker til realitetsbehandling vart følgeleg reduserte for alle straffesakstypene i løpet av året.

Den gjennomsnittlege saksbehandlingstida for straffesaker som vart realitetsbehandla i 2020, auka for alle straffesakstypene i 2020. Ingen av lagmannsrettane nådde måla til Stortinget for gjennomsnittleg saksbehandlingstid. Dette gjeld for alle straffesakstypene. Auken i saksbehandlingstida må sjåast i samanheng med at lagmannsrettane behandla ein særlig stor del restansesaker frå tidlegare år.



Figur 2.3 Gjennomsnittleg saksbehandlingstid i straffesaker, meddomsrett.

I tillegg til at Stortinget har fastsett mål for gjennomsnittleg saksbehandlingstid, har straffeprosesslova § 275 fristar for saksbehandlinga i straffesaker. I saker der den sikta var under 18 år på handlingstidspunktet, eller er varetektsfengsla når saka blir fastsett i tid og stad, gjeld særskild frist for når hovudforhandlinga skal starte opp. Det må bemerke at fristane ikkje er absolutte. I mange tilfeller kan det være relevante årsaker til overskridelse av fristane. I 2020 sette tingrettane i gang hovudforhandlinga etter fristen i 53 pst. av sakene der den sikta var i varetekt. I saker der den sikta var under 18 år, vart hovudforhandlinga sett i gang etter fristen i 58 pst. av sakene. I lagmannsrettane vart tidspunktet for hovudforhandlinga fastsett etter fristen i 51 pst. av straffeankane. I saker der den sikta sit i varetekt, vart ankeforhandlinga sett i gang etter fristen i 77 pst. av sakene i 2020, mot 76 pst. av sakene i 2019.


Tvistesaker i tingrettane og lagmannsrettane

I 2020 kom det inn rundt 13 000 tvistesaker til tingrettane. Talet på slutta saker var noko lågare enn talet på saker som kom inn. Ved utgangen av 2020 var om lag 6 700 tvistesaker i restanse i ting-

rettane. Den gjennomsnittlege saksbehandlingstida for tvistesaker var samla sett på 5,6 md., men 24 av 59 tingrettar nådde ikkje Stortingets mål om ei gjennomsnittleg saksbehandlingstid på under 6 md. Det kom inn om lag 1 750 sivile ankar over dom til lagmannsrettane i 2020. Lagmannsrettane behandla tilnærma like mange saker i løpet av året, og talet på restansar er omtrent uendra frå 2019. Ved utgangen av 2020 var det omtrent 1 000 restansar. Samla for alle lagmannsrettane var den gjennomsnittlege saksbehandlingstida i 2020 lengre enn målet på seks månader. Tre av dei seks lagmannsrettane nådde Stortinget sine mål for saksbehandlingstid.

Både talet på rettsmeklingsmøte og talet på saker som er forlikte som resultat av rettsmekling, har auka noko dei siste fem åra. I tingrettane vart det halde rettsmeklingsmøte i 26 pst. (1 983 saker) av tvistesakene i 2020. Om lag 69 pst. av sakene enda med forlik. I lagmannsrettane vart 10 pst. (182) av sakene rettsmekla. Det vart inngått rettsforlik i 71 pst. av sakene.

Som figuren nedanfor viser, er det relativt store og vedvarande skilnader i gjennomsnittleg saksbehandlingstid mellom ulike typar tvistesaker.



Figur 2.4 Gjennomsnittleg saksbehandlingstid i tvistesaker.

Saksbehandlingstida i tingrettane for barnelovsaker er særleg lang. Dette er fordi partane kan inngå ein mellombels avtale om samvær med barnet eller barna. Viss det blir inngått ein slik mellombels avtale, blir saka stilt til side. Saksbehandlingstida i barnelovsaker tek ikkje omsyn til dette og gir slikt sett eit unyansert bilete av kor lang tid domstolen bruker på å behandle desse sakene.

Fordelinga mellom dei ulike tvistesakstypene har endra seg over tid. Det generelle biletet er at dei tyngre sakstypene utgjer ein stadig større del av tvistesakene som kjem til domstolane. Den gjennomsnittlege saksbehandlingstida for alle tvistesakene kan gå opp over tid som følgje av dette. Måla til Stortinget for saksbehandlingstid har ikkje vore endra sidan 1990. Departementet vurderer derfor å fremme forslag om nye eller fleire mål for gjennomsnittleg saksbehandlingstid i tvistesaker i framtida.

Saksavvikling og saksbehandlingstid i jordskifterettane

I 2020 fekk jordskifterettane inn nærmare 1 400 saker. Talet på nye saker auka med ti prosent samanlikna med 2019. Det kom inn fleire rettsfastsetjande og færre rettsendrande saker. For skjønn og saker om gjenopning er det berre mindre endringar i 2020 samanlikna med året før. Jordskifterettane avslutta litt meir enn 1 250 saker i 2020. Det er ein reduksjon på fem prosent samanlikna med året før. Etter fleire år med reduksjon av restansar, auka talet på føreliggjande saker litt i 2020.

Saksbehandlingstida i jordskifterettane er lang. Dette gjer jordskifterettane mindre relevante og attraktive som problemløysarar. Gjennomsnittleg saksbehandlingstid for avslutta saker var noe over 16 md. i 2020. For dei største sakstypene, rettsfastsetjande og rettsendrande saker, er det berre mindre skilnader. Det er likevel store skilnader i gjennomsnittleg saksbehandlingstid mellom dei enkelte jordskifterettane.

I løpet av 2019 og 2020 har alle jordskifterettane gjennomført tiltak for å heve kompetansen innanfor rettsmekling. Målet er at ein større del av sakene skal kunne gå til rettsmekling. Satsinga på rettsmekling held fram i 2022.

Post 01 Driftsutgifter, kan nyttes under Kap. 61, post 01

Løyvinga dekker alle ordinære driftsutgifter i Domstoladministrasjonen, medrekna faste og variable lønnsutgifter og lønnsutgifter til tilkalla og ekstraordinære dommarar i tingrettane, jordskifterettane og lagmannsrettane. Løyvinga dekker vidare alle ordinære driftsutgifter og investeringar knytte til dei enkelte domstolane, utgifter til Finnmarkskommisjonen, Utmarksdomstolen for Finnmark, Tilsynsutvalet for dommarar og Innstillingsrådet for dommarar.

Per 31. desember 2020 ugjorde bemanninga i Domstoladministrasjonen 123,6 årsverk. Bemanninga ved tingrettane utgjorde 578 dømmande årsverk og 673 andre årsverk. Bemanninga ved lagmannsrettane utgjorde 190 dommarårsverk og 120 andre årsverk. Bemanninga ved jordskifterett-

ane utgjorde 93 dommarårsverk og 130 andre årsverk per 31. desember 2020.

Som følgje av endringane i straffeprosesslova som trer i kraft medio 2022, blir det foreslått å auke løyvinga med 4,8 mill. kroner. Løyvingsauken vil dekke eingongsinvesteringar i IKT-tilpassingar (2 mill. kroner) og utgifter som kjem som følgje av kortare framstillingsfrist for varetektsfengslingar (2,8 mill. kroner). Auken for kortare framstillingsfrist er ein halvårseffekt.

Det blir foreslått å auke løyvinga med 1,6 mill. kroner som følgje av ny valdsoffererstatningslov.

Det blir òg foreslått å auke løyvinga med 700 000 kroner som følgje av at Domstoladministrasjonen tek over oppgåver frå Brønnøysundregisteret.

Det blir vidare foreslått å redusere løyvinga med 4 mill. kroner som følgje av færre saker om tilbakekall av statsborgarskap.

Det blir òg foreslått å redusere løyvinga med 600 000 kroner for å styrke det juridiske støtteapparatet i Høgsterett, sjå omtale under kap 61, post 01.

I samband med Stortinget sin behandling av Prop. 1 S (2020–2021) vart domstolanes budsjett i 2021 auka med 40 mill. kroner, hvorav 15 mill. kroner vart satt av til bemanning og 25 mill. kroner til å investere i digitale løysingar for lyd- og bileteopptak av rettssaker, jf. Innst. 6 S (2020–2021). Det blir foreslått å ikkje vidareføre løyvinga til å investere i digitale løysingar for lyd- og bileteopptak av rettssaker, og det blir derfor foreslått å redusere løyvinga med 25 mill. kroner.

Løyvinga frå 2021 på 86 mill. kroner til dommarstillingar er ført vidare som ei permanent styrking av domstolane. Satsingane på digitaliseringsprosjekta Digitale domstolar I og Digitale domstolar II blir òg ført vidare i 2022 med 60,3 mill. kroner.

Det foreslås å redusere løyvinga med 3,2 mill. kroner pga. reduserte reiseutgifter som følgje av pandemien, jf. nærmare omtale i del III, punkt 8.

Det blir foreslått å auke løyvinga med 38,9 mill. kroner som følgje av at forventna pensjonspremie til Statens pensjonskasse, inklusive

arbeidsgjevaravgift av dette, tilsvarande blir auka. Jf. nærmare omtale under Del III, punkt 8.

Det blir foreslått å auke løyvinga med 14,9 mill. kroner som følgje av lønnsauken for dommarar i tingrettane og lagmannsrettane med verknad frå 1. oktober 2020.

Det blir foreslått at Justis- og beredskapsdepartementet i 2022 får fullmakt til å overskride løyvinga over kap. 410, post 01, mot tilsvarande meirinntekter over kap. 3410, post 02 og 03, jf. forslag til vedtak.

Det blir foreslått ei løyving på posten på 2 861,2 mill. kroner.

Post 21 Spesielle driftsutgifter

Løyvinga på posten dekker utgifter som etter rettsgebyrlova er inkluderte i rettsgebyret, jf. Kap. 3410, t.d. kunngjeringsutgifter, nødvendige utgifter ved tvangsforretningar, registrering m.m. under offentleg bubehandling og forkynning som er nødvendig etter lova. I enkelte saker blir utgifter til meddommarar, vitne og rettsvitne m.m. dekte. Løyvinga dekker òg arbeidsgivaravgift av godtgjersle til meddommarar og tolkar i sivile saker der partane sjølv dekker godtgjersla.

Det blir foreslått ei løyving på posten på 88,1 mill. kroner.

Post 22 Vernesaker/sideutgifter, jordskiftedomstoler, kan overføres

Jordskiftedomstolane har heimel til å krevje inn sideutgifter i visse saker. Sideutgiftene skal dekke det tekniske arbeidet i desse sakene. Utgiftene skal først i eigne saksrekneskapar.

Det blir foreslått at Justis- og beredskapsdepartementet i 2022 får fullmakt til å overskride løyvinga over kap. 410, post 22, mot tilsvarande meirinntekter over kap. 3410, post 04, jf. forslag til vedtak.

Det blir foreslått fullmakt til postering mot mellomverande med statskassa, jf. forslag til vedtak.

Det blir foreslått ei løyving på posten på 2,8 mill. kroner.

Kap. 3410 Domstolene

(i 1 000 kr)

Post	Betegnelse	Regnskap 2020	Saldert budsjett 2021	Forslag 2022
01	Rettsgebyr	292 518	329 990	259 495
02	Saks- og gebyrinntekter jordskiftedomstolene	23 670	25 021	25 543
03	Diverse refusjoner	7 010	1 959	2 000
04	Vernesaker jordskiftedomstolene	2 946	2 438	2 426
	Sum kap. 3410	326 144	359 408	289 464

Post 01 Rettsgebyr

Rettsgebyr (R) er eit grunngebyr som dannar utgangspunkt for utrekning av betaling for tenester i offentlig verksemd. Gebyret som blir betalt, er sett saman av grunngebyret R og ein multiplikator.

Det blir foreslått å auke rettsgebyret frå 1 199 kroner til 1 223 kroner med verknad frå 1. januar 2022. Dette er i tråd med berekna prisvekst for 2022.

På rettsområdet er ein del av gebyra prisa for høgt. Under domstolane er blant anna gebyret for konkurs og tvangsoppløysing prisa for høgt. Gebyret skal dekke kostnader til oppgåver i samband med tvistesaker, skjønn, skifte konkurs, tvangsforretningar m.m. For å fjerne at store deler av gebyra på rettsområdet er prisa for høgt, blir det foreslått å setje ned alle gebyra utanom utleggsgebyret til sjølvkost. Som følgje av dette blir det foreslått å redusere løyvinga på posten med 39 mill. kroner. Sjå òg omtale i del I og under programkategori 06.40.

Løyvinga på posten dekker inntekter frå gebyrpliktige oppgåver i domstolane i samband med tvistesaker, skjønn, skifte, konkurs, tvangsforretningar m.m.

Det blir foreslått ei løyving på posten på 259,5 mill. kroner.

Post 02 Saks- og gebyrinntekter jordskiftedomstolene

Løyvinga på posten omfattar inntekter ved at partane i saka betaler gebyr.

Det blir foreslått at Justis- og beredskapsdepartementet i 2022 får fullmakt til å overskride løyvinga over kap. 410, post 01, mot tilsvarende meirinntekter over kap. 3410, post 02, jf. forslag til vedtak.

Det blir foreslått ei løyving på posten på 25,5 mill. kroner.

Post 03 Diverse refusjoner

Posten dekker refusjonar som blir brutto inntektsførte ved domstolane i første instans og lagmannsrettane, bl.a. refusjonar etter avrekning av energitgifter m.m.

Det blir foreslått at Justis- og beredskapsdepartementet i 2022 får fullmakt til å overskride løyvinga over kap. 410, post 01, tilsvarende meirinntekter over kap. 3410, post 03, jf. forslag til vedtak.

Det blir foreslått ei løyving på posten på 2 mill. kroner.

Post 04 Vernesaker jordskiftedomstolene

Løyvinga på posten samsvarer med tilsvarende utgifter over kap. 410, post 22.

Det blir foreslått at Justis- og beredskapsdepartementet i 2022 får fullmakt til å overskride løyvinga over kap. 410, post 22, mot tilsvarende meirinntekter over kap. 3410, post 04, jf. forslag til vedtak.

Det blir foreslått fullmakt til postering mot mellomverande med statskassa, jf. forslag til vedtak.

Det blir foreslått ei løyving på posten på 2,4 mill. kroner.

Kap. 414 Forlikråd og andre domsutgifter

(i 1 000 kr)


Post	Betegnelse	Regnskap 2020	Saldert budsjett 2021	Forslag 2022
01	Driftsutgifter	248 797	248 202	269 931
21	Spesielle driftsutgifter	34 192	38 554	38 388
	Sum kap. 0414	282 989	286 756	308 319

Forlikråda er det lågaste leddet i rettssystemet for sivile saker og er ein meklingsinstitusjon med avgrensa myndigheit til å fastsetje dom. Hovudoppgåva til forlikrådet er å leggje til rette for at partane ved mekling eller dom får løyst saka enkelt, hurtig og rimeleg. Alle kommunar har forlikråd. Forlikrådet består av tre lekfolk og like mange varamedlemmer, som blir valde blant innbyggjarane til kommunane for fire år om gangen.

Stortinget har vedteke Prop. 133 L (2018–2019), der verdigrensa for obligatorisk forlikrådsbehandling er endra frå 125 000 kroner til 200 000 kroner med verknad frå 1. juli 2020, jf. punkt. 5.2 om endringar i tvistelova.

I 2020 vart saksbehandlinga i forlikråda meir digital. Det er no mogleg for publikum å fremme forliksklage og generelle førespurnader digitalt.

Forlikråda tok imot 72 988 saker i 2020 og behandla 74 985 saker. Tal mottekne saker var 14 pst. lågare enn i 2019, medan talet på behandla saker gjekk ned med 12 pst. Gjennomsnittleg saksbehandlingstid for behandlinga av forliksklagar var 97 dagar i 2020. Til samanlikning var saksbehandlingstida 79 dagar i 2019. Saksbehandlingstida har auka ettersom forlikråda har hatt redusert møteverksemd pga. virusutbrotet.



Figur 2.5 Saksavvikling i forlikråda 2016–2020

I samband med revidert nasjonalbudsjett 2021 vart det løyvd midlar til å opprette ei mellombels femte avdeling ved Oslo forlikråd, ut noverande periode (2021–2024). Løyvinga er vidareført i 2022 med heilårsverknad. Sjå òg omtale om sivil rettspleie på grunnplanet under programkategori 06.40.

Post 01 Driftsutgifter

Løyvinga på posten dekker godtgjersle og tapt arbeidsforteneste til meddommarar, enkelte sakkunnige, vitne, rettsvitne m.m. og reiseutgiftene deira. Vidare dekker løyvinga utgifter til tolkar i sivile saker der partane har krav på tolk. Løyvinga på posten dekker òg utgifter til vitne som møter

hos eller på annan måte gir forklaring til kommisjonen for gjenopptaking av straffesaker, og utgifter til nødvendige blodprøver og DNA-testar i arbeidet til kommisjonen.

Det blir foreslått å auke løyvinga med 19,6 mill. kroner med utgangspunkt i rekneskapstal og forventa utvikling i sivile saker.

Det blir foreslått ei løyving på posten på 269,9 mill. kroner.

Post 21 Spesielle driftsutgifter

Posten dekker utgifter til godtgjersle og køyre-godtgjersle til medlemmer av forliksråda og utgifter til nødvendige kompetansehevande tiltak. Det blir foreslått å redusere løyvinga med 1 mill. kroner mot ein tilsvarande auke av løyvinga på kap. 440, post 01, for å dekke heilårsverknad av den mellombelse femte avdelinga ved Oslo forliksråd.

Det blir foreslått ei løyving på posten på 38,4 mill. kroner.

Programkategori 06.30 Straffegjennomføring og konfliktråd

Utgifter under programkategori 06.30 fordelte på postgrupper

(i 1 000 kr)

Post-gr.	Betegnelse	Regnskap 2020	Saldert budsjett 2021	Forslag 2022	Pst. endr. 21/22
01-25	Driftsutgifter	5 119 855	5 321 805	5 442 487	2,3
30-49	Nybygg, anlegg m.v.	139 184	37 808	38 715	2,4
60-69	Overføringer til kommuner	81 049	99 811	110 972	11,2
70-89	Overføringer til private	28 231	59 856	61 856	3,3
	Sum kategori 06.30	5 368 319	5 519 280	5 654 030	2,4

Utgifter under programkategori 06.30 fordelte på kapittel

(i 1 000 kr)

Kap.	Betegnelse	Regnskap 2020	Saldert budsjett 2021	Forslag 2022	Pst. endr. 21/22
430	Kriminalomsorgen	5 169 422	5 164 812	5 274 145	2,1
432	Kriminalomsorgens høyskole og utdanningssenter	198 897	179 781	202 638	12,7
433	Konfliktråd		174 687	177 247	1,5
	Sum kategori 06.30	5 368 319	5 519 280	5 654 030	2,4

1 Innleiing

Programkategorien omfattar løyvinga til kriminalomsorga, Høgskulen og utdanningssenteret for kriminalomsorga KRUS og konfliktrådet. Hovudtyngda av midlane under programkategorien blir løyvde under kap. 430 *Kriminalomsorgen*.

Kriminalomsorga skal sjå til at dei som domstolane dømmer til straff, gjennomfører straffa, og dei skal stille varetekts plassar til disposisjon for politiet. God straffegjennomføring krev både rett samansett kapasitet og eit godt og rehabiliterande innhaldsarbeid. Mengda med oppgåver som kjem til kriminalomsorga er avhengig av aktivitetane og prioriteringane til politiet, påtalemakta og domstolane. Fleire oppklarte saker hos politiet og raskare

behandling hos påtalemakta og domstolane vil gi større behov for kapasitet hos kriminalomsorga. Godt rehabiliterings- og tilbakeføringsarbeid, effektiv førebyggjande innsats og meir bruk av administrative sanksjonar vil derimot bidra til å redusere behovet for kapasitet i kriminalomsorga.

Konfliktråda bidrar til å førebyggje kriminalitet gjennom mekling og bruk av gjenopprettande prosessar, både i sivile saker og i straffesaker. Gjennom dialog kjem partane fram til løysingar som kan bidra til at dei kjem seg vidare i livet. Konfliktråda er ansvarlege for gjennomføringa av straffereaksjonane ungdomsstraff og ungdomsoppfølging, som rettar seg mot ungdom mellom 15 og 18 år som har eit oppfølgingsbehov.

2 Hovudprioriteringar for 2022

Dei fleste barn og unge i Noreg bryt ikkje lova, men ei lita gruppe gjer gjenteken og alvorleg kriminalitet. Det er ei negativ utvikling i enkelte ungdomsmiljø, der det dannar seg meir lause gruppe- ringar som bryt lova i fellesskap. Sjølv om miljøa er små kan dei skape utryggleik og utfordringar i lokalmiljø. Omfanget av etablerte kriminelle gjengar i Noreg er ikkje stort, men dei har eit stort skadepotensial. Regjeringa vil derfor prioritere innsats mot barne-, ungdoms- og gjengkriminalitet i 2022, som ei oppfølging av stortingsmeldinga om same tema. Det blir derfor foreslått å auke løyvinga med 8 mill. kroner til ungdomsteam i kriminalomsorga og styrking av konfliktrådet. Sjå nærmare omtale under kap. 430 og 433.

Det kan vere vanskeleg å bryte ut av kriminelle gjengmiljø. For å bryte ut av slike miljø er det viktig at gjengmedlemmene opplever at dei

har moglegheiter til å etablere eit nytt liv utan kriminalitet. Regjeringa foreslår derfor å løyve 3 mill. kroner til eit pilotprosjekt for exit-program for gjengkriminelle, gjennom omprioritering av tilskotsløyving innanfor gjeldande budsjetttrammer. Sjå nærmare omtale under kap. 433.

Regjeringa vil også i 2022 prioritere å redusere bruken av isolasjon og utestenging i fengsla. Det blir derfor foreslått å auke løyvinga i 2022 med 6,8 mill. kroner til heilårsdrift av nasjonalt ressurs- team for kvinner ved Bredtveit fengsel og forvaringsanstalt. Midlane inkluderer løyve under Helse- og omsorgsdepartementet sitt budsjett. Sjå nærmare omtale under kap. 430.

Ei anna viktig prioritering er å vidareføre arbeidet med å vedlikehalde bygg i kriminalomsorga og halde oppe viktig kapasitet på høgt tryggingnivå, bl.a. gjennom rehabilitering av Ila fengsel og forvaringsanstalt og arbeid med nytt Oslo fengsel.

Kap. 430 Kriminalomsorgen

(i 1 000 kr)

Post	Betegnelse	Regnskap 2020	Saldert budsjett 2021	Forslag 2022
01	Driftsutgifter	4 830 651	4 907 278	4 994 871
21	Spesielle driftsutgifter, <i>kan overføres, kan nyttes under kap. 430, post 01</i>	90 307	96 292	103 884
45	Større utstyrsanskaffelser og vedlikehold, <i>kan overføres</i>	139 184	37 808	38 715
60	Refusjoner til kommunene, forvaringsdømte mv., <i>kan overføres</i>	81 049	86 200	100 441
70	Tilskudd	28 231	37 234	36 234
	Sum kap. 0430	5 169 422	5 164 812	5 274 145

3 Innleiing

Kriminalomsorga gjennomfører straff både i fengsel og i samfunnet. Straffegjennomføring i Noreg skal skje på ein måte som er tryggjande for samfunnet. Det er eit mål at gjennomføringa skal motverke nye straffbare handlingar.

Kriminalomsorga er organisert med eit sentralt direktorat, Kriminalomsorgsdirektoratet (KDI), som står for den faglege og administrative leiinga av kriminalomsorga. Sjå omtale av Høgskulen og utdanningscenteret for kriminalomsorga KRUS under kap. 432.

Det er færre innsette i fengsla i dag enn i starten av regjeringsperioden. Samstundes blir det gjennomført lengre straffer og domsinnsette sit lenger i fengsel enn tidlegare.

Bruken av elektronisk kontroll har auka. Ordninga gjer det mogleg for domfelte å behalde bustad og arbeid under straffegjennomføringa, og ho er òg eit viktig verkemiddel i tilbakeføringa av domfelte til samfunnet.

Straffereaksjonane samfunnsstraff, bøtete- neste, vilkårsbunden dom med narkotikaprogram med domstolskontroll (ND) og vilkårsbunden dom med program mot ruspåverka køyring blir gjennomførte av friomsorgskontora. Talet på sam-

funnsstraffer som er sette i verk har gått ned i regjeringsperioden, mens talet på oppdrag med narkotikaprogram med domstolskontroll har auka. Talet på oppdrag med bøteteneste som er sette i verk har òg auka.

Straffegjennomføring i institusjon (straffegjennomføringslova § 12) frigjer bruk av kapasitet i fengsla. Dei siste åra har det vore ein nedgang i bruken av straffegjennomføring i institusjon. Viktige årsaker er reduksjonen i talet på mottekne dommar og ein auke i talet på vilkårsbundne dommar med narkotikaprogram med domstolskontroll. Eit anna forhold som har hatt innverknad på resultatet er den dreinga som har gått for seg i rusbehandlinga, frå døgnbehandling til meir bruk av poliklinisk behandling.

Domfelte har lik rett på offentlege tenester som andre. Det gjeld både dei som er innsette i fengsel og dei som gjennomfører straff i samfunnet. Ei god og rehabiliterande straffegjennomføring krev derfor eit tett forvaltningssamarbeid mellom kriminalomsorga og velferdstenestane. Det er dei ordinære velferdstenestane som helse, utdanning, bibliotek og arbeidsretta og sosiale tenester som skal yte offentlege tenester, medan kriminalomsorga skal leggje til rette for samarbeidet.

4 Ei god og effektiv kriminalomsorg

Justis- og beredskapsdepartementet har i 2021 lagt fram ei stortingsmelding om kriminalomsorga, Meld. St. 39 (2020–2021) *Kriminalomsorgsmeldinga – fremtidens kriminalomsorg og straffegjennomføring*. Meldinga beskriv bl.a. dei sentrale utviklingstrekkene dei siste åra, peikar på utfordringar og foreslår tiltak for å forbetre straffegjennomføringa framover.

Tiltaka går bl.a. ut på å forbetre kunnskapsgrunnlaget for å sikre ei god styring og utvikling av kriminalomsorga. Vidare signaliserer meldinga ei ny tenking om å vareta offera for kriminalitet, anten det gjeld fornærma eller etterlatne. Vurderinga til regjeringa er at samfunnet må vareta offera for kriminalitet betre enn i dag, og staten må leggje større vekt på omsynet til offera i straffegjennomføringa.


Prinsippet om forvaltningssamarbeid mellom kriminalomsorga og velferdstenestene bør etter regjeringa si vurdering ligge fast. Det er likevel behov for å vidareutvikle samarbeidet og å gjere ansvaret til dei ulike partane tydeleg. Samarbeidet mellom helsetenestene og kriminalomsorga spelar ei særskild rolle i forvaltningssamarbeidet etter som omfanget av psykiske lidningar og rusproblem er betydeleg blant domfelte og innsette. Vidare er behovet for å vidareutvikle kompetansen til dei tilsette i kriminalomsorga vektlagt, ikkje minst for å møte endringar i kriminalitetsbiletet og ei meir krevjande gruppe innsette enn tidlegare.

4.1. Kapasitet i kriminalomsorga

Ein rett samansett kapasitet og ei god utnytting av kapasiteten sikrar ei effektiv kriminalomsorg. Det er eit mål at domfelte startar straffegjennomføringa så raskt som mogleg etter domsavgjerdninga, at sikta som er varetektsfengsla blir overførte frå politiarrest til fengsel innan fastsett frist og at soningskøen er på eit stabilt lågt nivå.

Som ein konsekvens av virusutbrotet sette kriminalomsorga i mars 2020 i verk tiltak for smittevern. For å redusere smittefaren i fengsla og for å motverke smittespreiinga til innsette og tilsette vart bl.a. talet på innsette redusert, og det vart sikra at ingen måtte dele rom. Tiltaka som vart sette i verk førte til at det kom lite smitte inn i norske fengsel. Samstundes førte tiltaka til at kapasitetsutnyttinga gjekk ned og soningskøen auka raskt. Virusutbrotet var framleis ei stor utfordring det første halvåret i 2021 med smittetilfelle blant innsette og tilsette. Kriminalomsorga måtte derfor halde fram med omfattande smitteverntiltak.

Definisjonen av soningskø tek utgangspunkt i at alle typar straffereaksjonar skal starte innan 60 dagar etter at kriminalomsorga har teke imot den rettskraftige dommen. Domfelte som har gjort alvorleg kriminalitet, irekna domfelte dømde for seksuallovbrot, skal ha den høgaste prioriteten ved innkalling til gjennomføring av straff. Medio september 2021 var soningskøen på i overkant av 800 dommar, jf. figuren under.



Figur 2.6 Utvikling i soningskøen for vilkårslaus dommar, 2013–2021

Det vart i 2020 og 2021 løyvd totalt 46,3 mill. kroner til smitteverntiltak i kriminalomsorga. Løyvinga gjekk bl.a. til innkjøp av smittevernutstyr, ekstra reinhald, IKT-utstyr/nettbrett, velferdstiltak og digitale og tekniske løysningar i fengsla og ved friomsorgskontora for å redusere smittespreiing.

Den generelle gjenopninga av samfunnet i lag med målretta innsats frå kriminalomsorga har ført til ei normalisering av straffegjennomføringa og ein nedgang i soningskøen. Kriminalomsorga forventar ein vidare nedgang i soningskøen i tida framover.

Kapasiteten i kriminalomsorga må tilpassast endringar i kriminalitetsbiletet, jf. omtalen under

Del I. Kriminalomsorga tilrår ei kapasitetsutnytting på 90 pst., bl.a. av omsyn til at ein skal kunne stille varetoksplassar til disposisjon for politiet når det trengst. Kapasitetsutnyttinga i fengsla var høg i perioden 2013–2016. Dette var nødvendig for å redusere den dåverande soningskøen.

Kapasitetsutnyttinga i fengsla gjekk, samanlikna med 2019, ned som ei følgje av smitteverntiltaka og for å ha nok plassar til beredskap ved utbrot av smitte. Frå den andre halvdelan av 2021 har fengsla vore drifta meir som normalt og kapasitetsutnyttinga har igjen auka.

Tabell 2.3 Kapasitetsutnytting i fengsel, 2013–2021¹

	2013	2014	2015	2016	2017	2018	2019	2020	2021
Kapasitetsutnytting i fengsel (totalt)	97	98	96	95	92	88	89	85	87
Høgt tryggningsnivå	97	99	98	96	92	89	88	87	88
Lågare tryggningsnivå	95	96	95	94	90	86	91	80	87

¹ Tala for 2018–2019 (oppført i prosent) omfattar dubleringskapasitet. Tala for 2021 gjeld per 16. september.

Regjeringa arbeider for å sikre trygge og likeverdige forhold for kvinner som gjennomfører straff, og kriminalomsorga har som mål at kvinner ikkje skal sone saman med menn. Kriminalomsorga har to fengsel som berre har plassar for kvinnelege innsette, og eigne, separate kvinneavdelingar ved ytterlegare tre fengsel. I tillegg gjennomfører kvinner straff ved eigne avdelingar i andre fengsel

i Noreg. I 2020 vart ei avdeling ved Bergen fengsel gjort om til ei avdeling med lågare tryggningsnivå for kvinner. I 2020 utgjorde kvinnelege innsette om lag seks prosent av alle innsette. I juni 2021 var om lag to prosent av dei som venta på å gjennomføre straff i fengsel kvinner.

Regjeringa arbeider for at barn ikkje skal sitje i fengsel saman med vaksne. Kriminalomsorga har

derfor to landsdekkende ungdomseiningar med til saman åtte plassar for innsette mellom 15 og 18 år som har gjort seg skuldige i alvorleg kriminalitet. I seinare tid har det vore ein auke i talet på innsette under 18 år, og det har tidvis vore fleire mindreårige innsette enn det er plass til i ungdomseiningane. Midlane som sikrar eit tilrettelagt opplegg for innsette under 18 år i ordinære fengsel ved Indre Østfold fengsel, Eidsberg avdeling, vidareførast. I dei periodane det ikkje er mindreårige innsette i Eidsberg avdeling blir det same tilbodet gitt til sårbare unge vaksne i alderen 18–24 år.

Ein relativ stor del av dei innsette i norske fengsel er utanlandske statsborgarar. Gjennomsnittet i Europa for 2019 var 23 pst. av alle innsette, medan i Noreg hadde 31 pst. av dei innsette utanlandsk statsborgarskap. Berre 10 personar vart overførte til heimlandet i 2020 for å gjennomføre straff. Dette er ein nedgang frå tidlegare år. Det er i hovudsak virusutbrotet og karantenerelgar som har ført til at politiet har nedprioritert transportar i desse sakene. Samstundes har det dei siste åra komme inn færre saker. Dommane som vart overførte i 2020 hadde eit omfang som svarer til drift av om lag åtte fengselsplassar med fullt belegg i eitt år. Regjeringa arbeider med avtalar med fleire land. Regjeringa meiner det på sikt bør vere eit mål å knyte seg til EU si rammeavgjerd om soningsoverføring for å gjere arbeidet med soningsoverføringar endå meir effektivt, og for å minske behovet for bilaterale avtalar på dette feltet.

4.1.1 Vidare utvikling av kapasitet

I 2020 opna nye Agder fengsel, Mandal avdeling og Froland avdeling. Fengselet har høvesvis 100 og 200 plassar med høgt tryggningsnivå. Det nye fengselet er bygd med nye digitale løysingar. Tryggleiksskannarar og tilrettelegging for innføring av eit pust- og rørslesystem vil gi ein meir effektiv kontroll av innsette og besøkande. Dei innsette har no fått tilgang på digitale tenester som dei, i motsetnad til resten av befolkninga, ikkje har hatt tilgang på tidlegare.

Fleire fengsel treng vedlikehald. Statsbygg forvaltar dei fleste fengselsbygga og har ansvaret for vedlikehaldet. Løyvinga til vedlikehald og bygging av nye fengsel skjer over budsjettet til Kommunal- og moderniseringsdepartementet. Sjå programkategori 13.30, kap. 2445 *Statsbygg*, i Prop. 1 S (2021–

2022) for Kommunal- og moderniseringsdepartementet. I perioden 2013–2020 vart fengsla haldne ved like for totalt om lag 1,63 mrd. kroner.

I 2020 løyvde Stortinget midlar til å byrje arbeidet med å rehabilitere Ila fengsel og forvaringsanstalt. Arbeidet held fram i 2022, og er venta ferdigstilt i løpet av 2023.

Stortinget har i 2020 og 2021 løyvd midlar til planlegging og forprosjektering av nytt Oslo fengsel. Det har vist seg vanskeleg å finne ei eigna tomt i Oslo. Vidare arbeid følgjer no to spor. For å sikre snarleg erstatningskapasitet har Statsbygg fått i oppdrag å forprosjektere med sikte på å utvide Romerike fengsel, Ullersmo avdeling, med 76 plassar. I tillegg har Statsbygg fått i oppdrag å gjennomføre eit nytt tomtesøk i Oslo og i dei nærmaste kommunane, med kapasitet for drift av 200–300 fengselsplassar. Statsbygg vil sende over anbefalinga si til departementet i løpet av 2021. Regjeringa foreslår å løyve 30 mill. kroner til vidare prosjektering av nytt Oslo fengsel i 2022, sjå omtale i Prop. 1 S (2021–2022) til Kommunal- og moderniseringsdepartementet.

4.2 Innhaldsarbeid i kriminalomsorga

Det er eit overordna mål for kriminalomsorga å redusere tilbakefall til ny kriminalitet og å få fleire domfelte i utdanning og arbeid etter at dei har gjennomført straffa si. Regjeringa vil arbeide for ei meir rehabiliterande straffegjennomføring med større vekt på innhaldet i straffegjennomføringa.

Kriminalomsorga skal leggje til rette for aktivitetar tilpassa behova til dei innsette, bl.a. for å unngå isolasjon og uheldige verknader av isolasjon. Det er utdanningsstyremaktene som har ansvaret for å gi utdanning og opplæring til alle innsette som har rett til det. Innsette har rett til nødvendige og gratis helsetenester i kommunen der fengselet ligg. Ansvaret for dette ligg hos helsestyremaktene.

Samla har det vore ein stabil del av dei innsette som er aktiviserte gjennom arbeid, skule, programverksemd og fritidsaktivitetar, jf. tabellen under. Som ein konsekvens av smitteverntiltaka i fengsla gjekk denne delen ned i 2020. Bl.a. vart alle gruppeaktivitetar innstilte. Tenester frå andre aktørar, t.d. undervisning, vart òg stansa i ein periode. Aktiviteten har gått opp igjen hausten 2021 etter at tiltaka mot smittevern vart letta. Kriminalomsorga forventar at aktiviteten vil gå ytterlegare opp igjen i tida framover.

Tabell 2.4 Del av fengselsdøgn med aktivitet, 2013–2021¹

	2013	2014	2015	2016	2017	2018	2019	2020	2021
Fengselsdøgn med aktivitet	77	78	80	80	81	82	82	77	77

¹ Talet for 2021 gjeld det første halvåret. Tala er oppførte i prosent.

4.2.1 Isolasjon

I dei seinare åra har det vore endringar i gruppa av innsette i norske fengsel. Fleire innsette har samansette utfordringar og treng psykiatrisk hjelp. I 2019 la Sivilombodet (tidlegare Sivilombodsmannen) fram ei særskild melding til Stortinget om isolasjon i norske fengsel.

Kriminalomsorga arbeider kontinuerleg med å redusere førekomsten av isolasjon i fengsel. Det er bl.a. sett i verk tiltak for å auke kompetansen om korleis skadeverknader av isolasjon kan hindrast, og det er sett krav om planar som skal sikre at ingen innsette er heilt isolerte.

Virusutbrotet har hatt konsekvensar for arbeidet mot isolasjon i fengsla. Tilbodet om aktivitetar måtte reduserast, nokre innsette har gjennomført karantene og i periodar har det vore nødvendig å nekte besøk til dei innsette. Stortinget løyvde i samband med revidert nasjonalbudsjett 2020 midlar til innkjøp av nettbrett, som eit tiltak for å leggje til rette for at dei innsette kan ha kontakt med familie m.m. gjennom videosamtalar. Det er letta på restriksjonane ut frå endringar i smittebiletet, og kriminalomsorga arbeider for å redusere isolasjon blant dei innsette.

I 2020 og 2021 vart det løyvd midlar til å motverke isolasjon i fengsel. Kriminalomsorga vart i 2021 mellombels styrkt med midlar til aktivisering og isolasjonsførebyggjande tiltak for å motverke dei negative konsekvensane av virusutbrotet. Midlane har gått til å etablere aktiviseringsteam ved utvalde fengsel i kriminalomsorga, i tillegg til eit ressursteam for kvinner.

Justis- og beredskapsdepartementet går gjennom lovverket om utestenging frå fellesskapet og bruk av tvangsmiddel i kriminalomsorga. Regjeringa vil komme tilbake til Stortinget med forslag om lovendringar som kan bidra til å redusere bruken av isolasjon.

Utfordringane med isolasjon gjeld fengsel med høgt tryggningsnivå. Fleire av fengsla er gamle og manglar areal for aktivitet og fellesskap mellom innsette. Regjeringa held fram med å prioritere å byggje ut og vedlikehalde kapasiteten i kriminalomsorga. Ny kapasitet med meir moderne fengselsbygg vil gi fleire innsette tilbod om fellesskap.

4.2.2 Psykisk sjuke og rusproblem blant innsette

Regjeringa vil styrke behandlingstilbodet innanfor psykisk helsevern i kriminalomsorga og redusere bruken av isolasjon og utestenging i fengsla. I 2020 vart ei eiga nasjonal fellesskapsavdeling for mannlige innsette med alvorlege psykiske lidingar etablert. Avdelinga skal bidra til å førebyggje og hindre langvarig isolasjon. I 2021 vart det løyvd midlar til etablering av eit nasjonalt ressursteam for kvinner ved Bredtveit fengsel og forvaringsanstalt. Det er foreslått å styrke løyvinga i 2022 for å sikre heilårsdrift av teamet.

Helseregionane fekk i 2021 i oppgåve å etablere områdefunksjonar for spesialisthelsetenesta innanfor psykisk helsevern og tverrfagleg spesialisert rusbehandling for innsette. Funksjonen sikrar faste stadlege tenester i alle fengsel. Sjå kap. 732 i Prop. 1 S (2020–2021) for Helse- og omsorgsdepartementet.

Mange innsette har òg eit rusproblem, og behovet for tilbod om avrusing ved innsetjing i fengsel er stort. Regjeringa sette derfor i gang eit pilotprosjekt med ei avrusingseining ved Bjørgvin fengsel i 2019 for å prøve ut ein ny modell for avrusing der innsette gjennomfører avrusing med bistand frå helsepersonell inne i fengselet. Målet er å få til ei forsvarleg avrusing og stabilisering før den innsette kan flyttast over i ei ordinær avdeling.

4.2.3 Unge innsette

Det sit om lag 390 unge mellom 18 og 24 år i norske fengsel i dag. Domfelte over 18 år blir etter dagens regelverk definert som vaksne, og dei skal som hovudregel sone i ordinære fengsel. Det er ein sårbar overgang når barn i fengsel fyller 18 år og skal bli overført frå ungdomseining til ordinært fengsel. Dei unge går frå tett oppfølging i ungdomseiningane til ei meir avgrensa oppfølging i ordinære fengsel. Kriminalomsorga har erfart at unge vaksne har større behov for individuell tilrettelegging enn dei eldre innsette. Talet på tilbakefall for unge lauslatne er vesentleg høgare enn for andre straffedømte. Eit av funna i den særskilde meldinga til Sivilombodet (tidlegare Sivilombodsmannen) frå 2019 var at denne gruppa innsette

ofte sjølvisolerer seg. Samstundes er unge særleg sårbare for å utvikle skadar frå isolasjon. I samband med revidert nasjonalbudsjett 2021 vart det løyvd midlar til å etablere ungdomsteam i kriminalomsorga som skal følgje opp unge innsette i aldersgruppa 18 til 24 år. Som ein del av innsatsen mot barne-, ungdoms- og gjengkriminalitet foreslår regjeringa å vidareføre desse midlane.

4.2.4 Velferdsobligasjonar

Arbeids- og velferdsdirektoratet og Kriminalomsorgsdirektoratet har på oppdrag frå Arbeids- og sosialdepartementet og Justis- og beredskapsdepartementet sett i gang eit pilotprosjekt med velferdsobligasjonar, ein modell for utvikling og finansiering av nye tiltak for å førebyggje tilbakefall til kriminalitet. Velferdsobligasjonar er resultatbaserte avtalar mellom fleire partar, som oftast offentlege styresmakter, investorar/stiftingar og private eller ideelle tenesteleverandørar, og har som formål å løyse sosiale problem på ein ny måte. Oxford Research er gitt i oppdrag å evaluere pilotprosjektet.

Direktorata har sidan arbeidet starta i 2018 hatt dialog med ei rekke tenesteleverandørar, investorar og kommunar. Fleire kommunar fekk invitasjon til å delta i pilotprosjektet. Kommunesamanslåing, kommuneval i 2019 og koronapandemien har påverka framdrifta i prosjektet. Fire kommunar i Vestfold og Telemark har etablert eit interkommunalt samarbeid om pilotprosjektet. Kommunane har våren 2021 inngått kontrakt med tenesteleverandøren Back in the Ring. Det er planlagt rask oppstart av tilbodet til lauslatne, og arbeidet med å rekruttere deltakarar er i gang. Sjå òg Prop. 1 S (2021–2022) for Arbeids- og sosialdepartementet.

Sjå òg omtale under forslag til romartalsvedtak.

5 Tryggleik i kriminalomsorga

Kriminalomsorga skal sikre ei gjennomføring av straff som varetek tryggleiken for både innsette og tilsette. Det er eit mål for kriminalomsorga å hindre at innsette radikaliserer andre innsette. Eit forsvarleg tryggningsnivå bidrar til å hindre at fangar rømmer frå fengsel, og at innsette kan planleggje ny kriminalitet medan dei gjennomfører

straff. Det blir stilt strenge krav til kommunikasjonskontroll, besøkskontroll og vurdering av kven som kan sone saman.

Frå 2019 har fleire fengsel med høgt tryggningsnivå fått på plass gjennomlysningsmaskiner. Nokre har òg blitt kjøpte inn i 2021. I den same perioden fekk fleire av dei sikraste fengsla i landet tryggleiksskannarar til undersøking av personar. Desse maskinene styrker åtgangskontrollen og reduserer risikoen for at det blir smugla bl.a. rusmiddel, kommunikasjonsutstyr og farlege gjenstandar inn i fengsel. Skannarane i fengsla vil òg bidra til å redusere talet på kroppsvisitasjonar.

Kriminalomsorga har ei viktig oppgåve i å sjå til at fengsla ikkje blir ein arena for radikalisering og rekruttering og har eit tett samarbeid med PST. I 2020 var det totalt 24 personar som vart identifiserte til å vere i målgruppa for arbeidet mot radikalisering og valdeleg ekstremisme. Fleire av dei aktuelle domfelte er under oppfølging av mentorordninga til kriminalomsorga.

I 2021 sette kriminalomsorga i gang eit pilotprosjekt for livssynsmedarbeidarar i kriminalomsorga i samarbeid med Barne- og familiedepartementet. Prosjektet skal etablere eit team av representantar for trus- og livssynssamfunn som saman kan møte trus- og livssynsbehova til dei innsette. Eit av måla til prosjektet er å skape større tillit mellom trusretningar og å vere ei motvekt mot ideologisk eller religiøs ekstremisme.

Kriminalomsorga prioriterer høgt å styrke førebygginga av vald og truslar mot tilsette og mellom innsette. I 2019 auka talet på registrerte hendingar med vald eller truslar mot tilsette og mellom innsette etter at det hadde vore ein nedgang i åra før. Auken kan knytast til ei utvikling med fleire utagerande og psykisk sjuke innsette. Ein annan faktor som har bidratt til eit tøffare miljø i fengsla er at innsettepopulasjonen over tid har endra seg. Det er i dag fleire innsette enn tidlegare som er sikta eller domfelte for alvorleg kriminalitet som t.d. vald. Domfelte som har gjort seg skuldige i mindre alvorleg kriminalitet gjennomfører stadig oftare straffa si med elektronisk kontroll. Erfaring viser at utviklinga av talet på hendingar med vald eller truslar over tid har følgd utviklinga i talet på innsette. Det har vore ein negativ trend frå 2018, med en auke i talet på hendingar per 100 innsette. I 2020 har talet på registrerte hendingar gått noko ned.

Tabell 2.5 Talet på registrerte situasjonar med vald eller truslar mot tilsette og mellom innsette, 2014–2020

	2014	2015	2016	2017	2018	2019	2020
Situasjonar med vald eller truslar mot tilsette	508	801	1 366	1 306	953	1 014	797
Situasjonar med vald eller truslar mellom innsette	386	298	418	376	292	477	289

Post 01 Driftsutgifter

Løyvinga skal dekke ordinære driftsutgifter (lønn, varer og tenester) i kriminalomsorga. Bemanninga i kriminalomsorga per 1. mars 2021 utgjorde 4 625 fast tilsette årsverk. Posten dekker vidare utgifter til maskiner og utstyr, kontorutgifter, personalavhengige utgifter, husleige, programverksemd, aktiviseringstiltak og godtgjersler og kothald for dei innsette.

Det blir foreslått å auke løyvinga med

- 5 mill. kroner til ungdomsteam i kriminalomsorga
- 5 mill. kroner til heilårseffekt av nasjonalt ressursteam for kvinner ved Bredtveit fengsel og forvaringsanstalt
- 4 mill. kroner frå Helse- og omsorgsdepartementet sitt budsjett (kap. 734, post 21) i tilknytning til at BASIS-prosjektet går over i ordinær drift
- 3,7 mill. kroner for tilbakeføring av mellombels innsparing som følgje av endra tidspunkt for opptak til KRUS
- 10,5 mill. kroner som følgje av at forventna pensjonspremie til Statens pensjonskasse, inklusive arbeidsgivaravgift av dette, tilsvarande blir auka, jf. nærmare omtale under del III, punkt 8

Det blir foreslått å redusere løyvinga med

- 44 mill. kroner i tilknytning til at husleige ved nye Agder fengsel vil vere lågare enn tidlegare berekna
- 7 mill. kroner i tilknytning til aktivisering og isolasjonsførebyggjande tiltak for sårbare innsette, mellombelse tiltak i 2021
- 5 mill. kroner i tilknytning til arbeid med prosjektering av nytt Oslo fengsel
- 2,5 mill. kroner pga. reduserte reiseutgifter som følgje av pandemien, jf. nærmare omtale under del III, punkt 8

Det blir foreslått at Justis- og beredskapsdepartementet i 2022 får fullmakt til å overskride løyvinga på kap. 430, post 01, mot tilsvarande meirinntekter under kap. 3430, post 03 og 04, jf. forslag til vedtak.

Det blir foreslått ei løyving på posten på 4 994,9 mill. kroner.

Post 21 Spesielle driftsutgifter, kan overføres, kan nyttes under kap. 430, post 01

Posten omfattar utgifter knytte til arbeidsdrifta, av dei utgifter til materialar, rutinemessig utskifting av mindre maskiner og utstyr, kurs for tilsette som rettar seg spesifikt mot hjelpemiddel som blir brukte i arbeidsdrifta, og vedlikehald og drift av maskinparken. I posten inngår òg arbeidspengar til dei innsette.

Det blir foreslått at Justis- og beredskapsdepartementet i 2022 får fullmakt til å overskride løyvinga på kap. 430, post 21, mot tilsvarande meirinntekter under kap. 3430, post 02, jf. forslag til vedtak.

Det blir foreslått ei løyving på posten på 103,9 mill. kroner.

Post 45 Større utstyrsanskaffelser og vedlikehold, kan overføres

Løyvinga på posten omfattar større utstyrskjøp og vedlikehald. Posten omfattar òg midlar til IKT-løysingar, maskiner og teknisk utstyr til arbeidsdrifta, anna utstyr til fengsla og innkjøp av køyretøy.

Det blir foreslått at Justis- og beredskapsdepartementet i 2022 kan pådra staten forpliktingar utover budsjettåret for å skaffe seg brukerutstyr til rehabiliteringsprosjektet ved Ila fengsel og forvaringsanstalt. Samla forpliktingar og utbetalingar kan ikkje overskride kostnadsramma for brukerutstyr på 41,9 mill. kroner, jf. forslag til vedtak.

Det blir foreslått ei løyving på posten på 38,7 mill. kroner.

Post 60 Refusjoner til kommunene, forvaringsdømte mv., kan overføres

Løyvinga på posten dekker refusjonar til kommunale omsorgstiltak for prøvelauslating frå forvaring og varetektssurrogat. Ved prøvelauslating av forvaringsdømde kan retten setje vilkår om at den domfelte oppheld seg i institusjon eller kommunal bustad lenger enn eittårsfristen i straffelova. I samband med etableringa av refusjonsordninga var det eit mål at dei forvaringsdømde som har spesielle behov, og etter særlege grunnar, skal kunne få

opphald i institusjon eller i omsorgsbustad ved prøvelauslating. Det er eit vilkår for slik frigiving at institusjonen eller kommunen har samtykt i opphaldet, og at tiltaka er statleg finansierte.

I 2020 vart det utbetalt refusjon etter ordninga på 81 mill. kroner. Avgjerder om prøvelauslating frå forvaring med vilkår om at den domfelte oppheld seg i institusjon eller kommunal buening utover eittårsfristen ligg til domstolane. Det er vanskeleg å føreseie utviklinga i samansetninga av saker som følgje av avgjerdene til domstolane. Det gjer løyvingsbehovet på posten usikkert.

Det blir foreslått ei løyving på posten på 100,4 mill. kroner.

Post 70 Tilskudd

Post 70 er ei tilskotsordning for frivillig verksemd under verkeområda til kriminalomsorga, dvs. domfelte under straffegjennomføring. Posten dekker tilskot til frivillige organisasjonar som får hovuddelen av aktivitetane sine finansierte med andre kjelder. Det er ein føresetnad at verksemda til mottakaren støttar opp om dei generelle måla til kriminalomsorga, og då med særleg vekt på at dei domfelte skal førast tilbake til samfunnet etter at dei har gjennomført straffa si.

I 2020 vart det fordelt om lag 28,2 mill. kroner til 28 tiltak. Av beløpet vart 26,1 mill. kroner øyremerkte, jf. Innst. 6 S (2019–2020). Dei resterande midlane vart fordelte av Kriminalomsorgsdirektoratet (KDI) etter søknad frå organisasjonane. Ei oversikt over fordelinga av midlane er lagd ut på regjeringen.no.

Det blir foreslått å flytte 1 mill. kroner frå kap. 430, post 70 til kap. 433, post 70 i tilknytning til etablering av eit pilotprosjekt for exit-program for gjengkriminelle.

For 2022 foreslår regjeringa å øyremerke 3,3 mill. kroner til Frelsesarmeen si rusomsorg «Mellom oss» (1 mill. kroner) og Sammen for livet AS (2,3 mill. kroner), i tråd med budsjettforliket i 2021. Resten av posten blir fordelt av Kriminalomsorgsdirektoratet etter søknad frå organisasjonar. Det blir føreset at midlane blir fordelte ut frå tydelege kriterium, medrekna at dei legg vekt på omsynet til kontinuitet for organisasjonane over tid.

Det blir foreslått at Justis- og beredskapsdepartementet i 2022 kan gi tilsegn som pådrar staten forpliktingar utover budsjettåret for å gjennomføre forsøk med velferdsobligasjonar innan ein samla ramme på inntil 10 mill. kroner inkludert tidlegare gitte tilsegn, jf. forslag til vedtak.

Det blir foreslått ei løyving på posten på 36,2 mill. kroner.

Kap. 3430 Kriminalomsorgen

(i 1 000 kr)

Post	Betegnelse	Regnskap 2020	Saldert budsjett 2021	Forslag 2022
02	Arbeidsdriftens inntekter	92 137	96 175	103 764
03	Andre inntekter	24 417	21 687	22 140
04	Tilskudd	15 207	2 518	2 570
	Sum kap. 3430	131 761	120 380	128 474

Post 02 Arbeidsdriftens inntekter

Posten omfattar inntekter frå sal av produksjonen frå arbeidsdrifta, i tillegg til inntekter frå drifts- og vedlikehaldsoppgåver som blir utførte på bestilling frå Statsbygg.

Det blir foreslått at Justis- og beredskapsdepartementet i 2022 får fullmakt til å overskride løyvinga under kap. 430, post 21, mot tilsvarende meirinntekter under kap. 3430, post 02, jf. forslag til vedtak.

Det blir foreslått ei løyving på posten på 103,8 mill. kroner.

Post 03 Andre inntekter

Posten omfattar bl.a. leigeinntekter for teneste- og leigebustader, refundert kost og husleige, klientavhengige driftstilskot til overgangsbustadene og tilskot frå andre offentlege verksemder til gjennomføring av prosjekt.

Det blir foreslått at Justis- og beredskapsdepartementet i 2022 får fullmakt til å overskride løy-

vinga under kap. 430, post 01, mot tilsvarende meirinntekter under kap. 3430, post 03, jf. forslag til vedtak.

Det blir foreslått ei løyving på posten på 22,1 mill. kroner.

Post 04 Tilskudd

Posten omfattar tilskot til deltaking i internasjonalt fengselsamarbeid under EØS-finansieringsmekanismene. Posten omfattar òg inntekter frå

prosjekt der kriminalomsorga får tilskot til å gjennomføre prosjekt i samarbeid med internasjonale organisasjonar eller andre land.

Det blir foreslått at Justis- og beredskapsdepartementet i 2022 får fullmakt til å overskride løyvinga under kap. 430, post 01, mot tilsvarende meirinntekter under kap. 3430, post 04, jf. forslag til vedtak.

Det blir foreslått ei løyving på posten på 2,6 mill. kroner.

Kap. 432 Kriminalomsorgens høgskole og utdanningscenter

(i 1 000 kr)

Post	Betegnelse	Regnskap 2020	Saldert budsjett 2021	Forslag 2022
01	Driftsutgifter	198 897	179 781	202 638
	Sum kap. 0432	198 897	179 781	202 638

Å ha fengselsbetjentar med høg og riktig kompetanse er ein føresetnad for god kvalitet i straffegjennomføringa.

I 2020 byrja 180 aspirantar utdanninga ved Høgskulen og utdanningscenteret for kriminalomsorga KRUS. Departementet føreset at KRUS ved

kvart opptak tek opp fleire aspirantar enn det målet for ferdigeksaminerte aspirantar krev. Bakgrunnen for dette er at det som regel sluttar nokre studentar undervegs i utdanningsløpet. Tabellen under viser talet på uteksaminerte fengselsbetjentar i perioden 2013–2020.

Tabell 2.6 Talet på uteksaminerte fengselsbetjentar, 2013–2020

År	2013	2014	2015	2016	2017	2018	2019	2020
Uteksaminerte fengselsbetjentar	146	164	167	169	168	162	260	144

Endringar i behovet for fengselsplassar gir endringar i behovet for etatsutdanna fengselsbetjentar. For å betre søkargrunnlaget til utdanninga, og for at opptaket ved KRUS skal følgje opptaket ved andre høgskular, skal klasseopptaket framover i hovudsak skje i august. Prosessen med å endre det årlege klasseopptaket frå januar til august starta i 2020 og vil gå for seg over to år.

Post 01 Driftsutgifter

Posten omfattar lønns- og personalutgifter til tilsette og aspirantar ved KRUS, drift- og leigeutgifter til lokale, reiser (medrekna kursdeltakarar og aspirantar), fagmateriell, inventar og utstyr, lisensar, uniformseffektar m.m. Bemanninga ved KRUS var 57 fast tilsette årsverk per 1. mars 2021. Posten omfattar òg løyving til forskning og utvik-

ling, etter- og vidareutdanning, verksbetjentutdanning og støtrefunksjonar.

- Det blir foreslått å auke løyvinga med
- 17,6 mill. kroner til tilbakeføring av mellombels innsparing som følgje av endra tidspunkt for opptak til KRUS
 - 400 000 kroner som følgje av at forventna pensjonspremie til Statens pensjonskasse, inklusive arbeidsgivaravgift av dette, tilsvarende blir auka, jf. nærmare omtale under del III, punkt 8

Det blir foreslått å redusere løyvinga med 300 000 kroner pga. reduserte reiseutgifter som følgje av pandemien, jf. nærmare omtale i del III, punkt 8.

Det blir foreslått at Justis- og beredskapsdepartementet i 2022 får fullmakt til å overskride løyvinga på kap. 432, post 01, mot tilsvarende meir-

rinntekter under kap. 3432, post 03, jf. forslag til vedtak.

Det blir foreslått ei løyving på posten på 202,6 mill. kroner.

Kap. 3432 Kriminalomsorgens høgskole og utdanningscenter

(i 1 000 kr)

Post	Betegnelse	Regnskap		Forslag
		2020	Saldert budsjett 2021	2022
03	Andre inntekter	427	1 116	1 139
	Sum kap. 3432	427	1 116	1 139

Post 03 Andre inntekter

Posten omfattar bl.a. inntekter frå eigendelen som aspirantane betaler for skulebøker.

Det blir foreslått at Justis- og beredskapsdepartementet i 2022 får fullmakt til å overskride løy-

vinga på kap. 432, post 01, mot tilsvarende meirinntekter under kap. 3432, post 03, jf. forslag til vedtak.

Det blir foreslått ei løyving på posten på 1,1 mill. kroner.

Kap. 433 Konfliktråd

(i 1 000 kr)

Post	Betegnelse	Regnskap		Forslag
		2020	Saldert budsjett 2021	2022
01	Driftsutgifter		138 454	141 094
60	Tilskudd til kommuner, <i>kan overføres</i>		13 611	10 531
70	Tilskudd		22 622	25 622
	Sum kap. 0433		174 687	177 247

6 Innleiing


Sekretariatet for konfliktråda (Sfk) står for den faglege og administrative leiinga av konfliktråda. Konfliktråda meklar mellom partar i ein konflikt som følgje av ei straffbar handling eller mellom partar i sivile konflikter. Konfliktråda har ansvar for straffereaksjonane ungdomsstraff, ungdomsoppfølging og oppfølging i konfliktråd, og dei har eit spesielt ansvar for unge i konflikt med lova. Konfliktrådet skal vidare bidra til å formidle og byggje kunnskap om førebygging av kriminalitet.

Konfliktråda tek i bruk gjenopprettande prosessar som inneber at partane i fellesskap bestemmer korleis verknadene skal handterast. Konfliktråda tek vare på fornærma, pårørande og gjerningspersonar gjennom tilrettelagde møte.

Saksbehandlinga i konfliktråda er ein arbeidsintensiv prosess som blir utført lokalt i form av manuelle prosessar og registreringar. Det er sett i verk eit digitaliseringsprosjekt i konfliktrådet for at ein i framtida skal kunne løyse utfordringane, nå brukarane på ein betre måte og utvikle organisasjonen og tenestene. Prosjektet vil bli fullført i 2021. Saksbehandlinga og samhandlinga internt og med samarbeidspartnarar vil bli digitalisert, og dette vil gjere konfliktråda betre rusta til å møte fleire og meir komplekse saker.

7 Meir alvorlege saker

Konfliktråda tok imot 6 190 saker i 2020. Dette er ein nedgang på seks prosent frå 2019.



Figur 2.7 Talet på saker til konfliktråda 2014–2020

Av sakene til konfliktråda i 2020 var 1 939 straffesaker og 2 079 sivile saker. I tillegg fekk konfliktråda 1 622 bortlagde straffesaker, 62 saker med ungdomsstraff, 451 saker med ungdomsoppfølging og 37 saker med oppfølging i konfliktråd. Det er særleg talet på straffesaker til konfliktråda som har bidratt til at det totale talet på saker til konfliktråda har gått ned dei siste åra. Årsaka til nedgangen er samansett, noko som blir behandla nærmare i Meld. St. 39 (2020–2021) *Kriminalomsorgsmeldingen – fremtidens kriminalomsorg og straffegjennomføring*. Utviklinga blir bl.a. påverka av endringar i kriminalitetsbiletet, og av kompetansen og kapasiteten hos politiet til å overføre saker. Også koronapandemien kan ha påverka talet, og saksutviklinga føreset praksis og prioriteringar hos politiet og påtalemakta.

Konfliktråda har sidan reaksjonane ungdomsstraff og ungdomsoppfølging vart sette i verk i 2014 kvart år teke imot fleire saker. Det er forventna at veksten i talet på saker vil flate ut. I 2020 har talet på saker gått ned med sju prosent (40 saker). Delen ungdom som fullfører straffereaksjonane har auka frå 56 pst. i 2015 til 78 pst. i 2020. Konfliktråda tek jamt over imot eit lågt tal på saker til oppfølging i konfliktråd.

Det er store variasjonar i kor mange saker som blir viste til dei ulike konfliktråda. Kunnskapen om tenestene som konfliktråda tilbyr er varierende blant samarbeidspartnarane til konfliktråda. Samstundes er sakene som kjem til konfliktråda stadig meir alvorlege og arbeidskrevjande. Ein aukande del av sakene gjeld vald og integritetskrenkande kriminalitet.

Gjenopprettande prosessar er ei hovudprioritering for konfliktråda. Det har vore jobba målretta med å vidareutvikle og forbetre kvaliteten i dei gjenopprettande prosessane mellom gjerningspersonen og dei fornærma, då særskilt retta mot dei som har vore utsette for alvorlege lovbrøt og vald.

8 Vidareutvikling av konfliktråda

Ved innføringa av ungdomsstraff og ungdomsoppfølging tok Justis- og beredskapsdepartementet initiativ til ei følgjeevaluering. Nordlandsforskning har gjennomført ei slik evaluering. Evalueringa viser at mange unge får hjelp til eit liv utan kriminalitet, men at straffereaksjonane òg har eit forbettringspotensial. Justis- og beredskapsdepartementet har derfor hatt forslag til endringar i konfliktrådslova, straffelova, straffeprosesslova m.m. på høyring. Målet med forslaga er å innføre effektive verkemiddel for å førebygge ny kriminalitet, for å redusere tida mellom lovbrøt og reaksjon, for å vareta ungdommen sin rettstryggleik og rett til medverknad og dessutan for å sikre god rehabilitering av den enkelte. Det er òg eit mål å leggje til rette for at ein betre skal kunne vareta fornærma i saker der lovbrøtaren gjennomfører ungdomsstraff eller ungdomsoppfølging. Departementet arbeider vidare med forslaga og tek sikte på å leggje fram forslag til lovendringar i løpet av 2022.

Tida konfliktråda bruker frå dei tek imot ei sak til straffereaksjonane startar har hatt ei positiv utvikling dei siste fem åra. I 2018 gjekk det 66 dagar (median) frå konfliktråda fekk ei sak til

straffegjennomføringa starta. I 2020 hadde saksbehandlingstida gått ned til 54 dagar.

Ei god straffegjennomføring krev eit godt tverrfagleg samarbeid og tilgang på kommunale og statlege tiltak. Då tiltaka mot koronaviruset vart sette i verk vart det meir krevjande å gi ungdommane tilstrekkeleg hjelp. Dette førte òg til at det vart restansar i saker med ungdomsstraff og ungdomsoppfølging i konfliktråda. For å redusere dei uheldige konsekvensane av at tenestetilbodet til ungdommane vart sterkt redusert, og for å styrke kapasiteten til konfliktråda, vart løyvinga mellombels styrkt i 2020.

I forbindelse med revidert nasjonalbudsjett 2021 vart det løyvd midlar til konfliktråda for å auke kapasiteten blant konfliktråda sine ungdoms-koordinatorar og for å styrke arbeidet med gjenopprettande prosessar i saker med ungdomsoppfølging og ungdomsstraff. Dette bidrog til at konfliktråda kunne halde ved lag akseptabel kvalitet på gjennomføringa av saker med ungdomsoppfølging og ungdomsstraff. Styrkinga har òg bidratt til betre kunnskapsgrunnlag for vidare arbeid med gjenopprettande prosess i desse sakene og meir effektiv saksbehandling.

Regjeringa foreslår, som ein del av innsatsen mot barne-, ungdoms- og gjengkriminalitet, å løyve midlar for å sikre konfliktrådet sin kapasitet til å koordinere ungdomsreaksjonane ungdomsstraff og ungdomsoppfølging.

9 Pilotprosjekt for exit-program for gjengkriminelle

Å bryte ut av tette og lukka miljø kan vere vanskeleg. I kriminelle gjengar oppstår tilhøyrsløse og ein felles gruppeidentitet. Gjengane tilbyr ofte økonomisk tryggleik og stabilitet. For å bryte ut av eit slikt miljø er det avgjerande at den aktuelle gjengmedlemmen opplever at det finst moglegheiter for å starte eit nytt liv.

Regjeringa ønskjer å etablere eit pilotprosjekt for exit-program for gjengkriminelle for å sikre at dei som ønskjer eit liv utan kriminalitet får hjelp til det. Eit vellukka exit-program kan òg bidra til å hindre rekruttering til kriminelle gjengar. Regjeringa ønskjer å bygge på den erfaringa og kompetansen som allereie finst. Derfor foreslår regjeringa å øymerke midlar til Oslo kommune sitt EX/IN-prosjekt og til Forandningshuset i regi av KFUK-KFUM. EX/IN-prosjektet starta i 2020 eit avhopparprogram som eit samarbeid mellom bydel Søndre Nordstrand i Oslo, SaLTø, kriminalomsorga og Raudekrossen. Målgruppa er medlemmer i kriminelle gjengar mellom 18 og 25 år

som gjennomfører straff i fengsel. Det blir arbeidd med å gjere programmet byomfattande. Forandningshuset arbeider med å etablere eit nasjonalt avhopparprogram for gjengkriminelle etter modell frå Sverige, som har vist seg å vere vellykka.

Post 01 Driftsutgifter

Løyvinga skal gå til drift av 12 konfliktråd fordelte på 22 kontor og til drift av Sekretariatet for konfliktråda (Sfk). Samla utgjorde bemanninga i konfliktråda 138 årsverk per 31. desember 2020.

Det blir foreslått å auke løyvinga med 3 mill. kroner til å styrke konfliktrådet sin kapasitet til å koordinere straffereaksjonane ungdomsstraff og ungdomsoppfølging.

- Det blir foreslått å redusere løyvinga med
- 2,6 mill. kroner som følgje av at forventna pensjonspremie til Statens pensjonskasse, inklusive arbeidsgivaravgift av dette, tilsvarende blir redusert, jf. nærmare omtale under del III, punkt 8
 - 500 000 kroner pga. reduserte reiseutgifter som følgje av pandemien, jf. nærmare omtale under del III, punkt 8

Det blir foreslått at Justis- og beredskapsdepartementet i 2022 får fullmakt til å overskride løyvinga på kap. 433, post 01, mot tilsvarende meirinntekter på kap. 3433, post 02, jf. forslag til vedtak.

Det blir foreslått ei løyving på posten på 141,1 mill. kroner.

Post 60 Tilskudd til kommuner, kan overføres

Løyvinga skal gå til tilskotsordninga for førebygging av radikaliserings og valdeleg ekstremisme, som Sfk forvaltar. Hovedmålet for tilskotsordninga er å stimulere til kompetanseheving lokalt og utvikling av gode tiltak for å førebyggje og handsame utfordringar knytta til radikaliserings og valdeleg ekstremisme. I 2020 vart det fordelt om lag 13,2 mill. kroner til totalt 42 kommunale prosjektar.

Det blir foreslått å auke løyvinga med 900 000 kroner mot ein tilsvarende reduksjon under Helse- og omsorgsdepartementet sitt budsjett (kap. 765, post 75), i tilknytning til toårig etablering av tverrfagleg ressurs- og rettleiingsfunksjon for fagfeltet radikaliserings hos dei regionale ressurscentera om vald, traumatisk stress og sjølvmoordsførebygging (RVTS).

Det blir foreslått å redusere løyvinga med 4 mill. kroner mot ein tilsvarende auke av løyvinga under Helse- og omsorgsdepartementet sitt budsjett (kap. 765, post 75), i tilknytning til vidareutvikling av den tverrfaglege ressurs- og rettleiingsfunksjonen hos RVTS. Det blir vist til omtale i Prop. 1 S (2021–2022) til Helse- og omsorgsdepartementet.

Det blir foreslått ei løyving på 10,5 mill. kroner.

Post 70 Tilskudd

Løyvinga skal gå til tilskot til arbeid mot vald i nære relasjonar og til tilskotsordninga for kriminalitetsførebyggjande tiltak, som Sfk forvaltar.

Det blir foreslått å auke løyvinga med 3 mill. kroner til etablering av eit pilotprosjekt for exitprogram for gjengkriminelle, mot ein tilsvarende samla reduksjon av løyvingane under kap. 440, post 70 og kap. 430, post 70. Det blir foreslått å øyremerke midlane til Oslo kommune sitt EX/IN-

prosjekt (1 mill. kroner) og Forandringshuset i regi av KFUK-KFUM (2 mill. kroner).

Resten av posten blir fordelt av Sfk etter søknad frå organisasjonar.

Tilskotsordninga for kriminalitetsførebyggjande tiltak skal bidra til å førebyggje kriminalitet, særleg blant barn og unge. I 2020 vart det fordelt om lag 7,4 mill. kroner til 40 ulike tiltak. Det blir foreslått ei løyving på 7,6 mill. kroner til tilskotsordninga for kriminalitetsførebyggjande tiltak i 2022.

Tilskotsordninga til å førebyggje og kjempe mot vald i nære relasjonar skal bidra til å motverke at barn og vaksne blir utsette for eller utøver vald i nære relasjonar. Organisasjonar som driv frivillig verksemd og krisesentre i kommunal regi kan få tilskot. I 2020 vart det fordelt om lag 14,5 mill. kroner til 51 ulike tiltak. Det blir foreslått ei løyving på 15 mill. kroner til tilskot for arbeid mot vald i nære relasjonar i 2022.

Det blir foreslått ei løyving på 25,6 mill. kroner.

Kap. 3433 Konfliktråd

(i 1 000 kr)

Post	Betegnelse	Regnskap		Forslag
		2020	Saldert budsjett 2021	2022
02	Refusjoner		746	6
	Sum kap. 3433		746	6

Post 02 Refusjoner

Inntektene på posten er refusjonar som skal dekke utgiftene konfliktråda har i samband med kurs og konferansar.

Det blir foreslått at Justis- og beredskapsdepartementet i 2022 får fullmakt til å overskride løy-

vinga på kap. 433, post 01, mot tilsvarende meirinntekter på kap. 3433, post 02, jf. forslag til vedtak.

Det blir foreslått ei løyving på posten på 6 000 kroner.

Programkategori 06.40 Politi og påtale

Utgifter under programkategori 06.40 fordelte på postgrupper

		(i 1 000 kr)			
Post-gr.	Betegnelse	Regnskap 2020	Saldert budsjett 2021	Forslag 2022	Pst. endr. 21/22
01-25	Driftsutgifter	20 565 252	21 929 679	23 023 063	5,0
30-49	Nybygg, anlegg m.v.	1 156 326	273 443	239 251	-12,5
70-89	Overføringer til private	293 660	389 100	648 151	66,6
Sum kategori 06.40		22 015 238	22 592 222	23 910 465	5,8

Utgifter under programkategori 06.40 fordelte på kapittel

		(i 1 000 kr)			
Kap.	Betegnelse	Regnskap 2020	Saldert budsjett 2021	Forslag 2022	Pst. endr. 21/22
440	Politiet	20 053 897	20 619 907	21 639 613	4,9
442	Politihøgskolen	613 285	633 144	633 998	0,1
444	Politiets sikkerhetstjeneste (PST)	1 045 144	1 022 405	1 308 594	28,0
445	Den høyere påtalemyndighet	288 151	301 892	313 104	3,7
446	Den militære påtalemyndighet	8 854	9 099	9 169	0,8
448	Grensekommissæren	5 907	5 775	5 987	3,7
Sum kategori 06.40		22 015 238	22 592 222	23 910 465	5,8

Innleiing

Programkategori 06.40 omfattar løyvinga til politiet, Politiets tryggingsteneste (PST), Politihøgskolen, Den høgare påtalemakta, Den militære påtalemakta og Grensekommissæren. Den største delen av programkategorien blir løyvd under kap. 440 Politiet.

Innanfor justissektoren er det særleg måla om effektiv kamp mot kriminalitet, rettstryggleik og tryggleik i samfunnet som er sentrale for verksemdene i programkategorien. Politiet har òg oppgåver knytte til målet om kontrollert og berekraftig innvandring. Verksemdene i programkategorien er ansvarlege for grunnleggjande funksjonar i

samfunnet. Befolkninga skal kunne ha høg tillit til at desse oppgåvene blir tekne hand om på ein god måte. Oppgaveløysinga skjer i eit samvirke med andre statlege og private aktørar, kommunale etatar og det sivile samfunnet, og med internasjonale samarbeidsstyresmakter.

Hovudprioriteringar for 2022

Bruk av IKT i kriminalitet er ei av de største utfordringane for politiet, PST og påtalemakta framover, og påverkar på tvers av verksemdsområder. Det har i fleire år vore ei utvikling der kriminaliteten gradvis flyttar seg frå det fysiske til det digitale rommet. Det blir stadig færre innbrot og bankran,

dei kriminelle har funne andre og meir lønnsame metodar. Den teknologiske utviklinga har mogleggjort ein auke i kriminalitet som finn stad i det digitale rommet og på tvers av landegrensene. Avansert teknologi blir spreidd og teken i bruk for kriminelle føremål av både statlege og ikkje-statlege aktørar.

Kriminalitetsutviklinga er eit uttrykk for ei allmenn utvikling i samfunnet. Så vel barn som vaksne lev viktige delar av livet på nettet. Det er ikkje nok å kunne gå trygt på gata, ein må òg føle seg trygg i det digitale rommet. Kriminalitet i det digitale rommet kan ramme kven som helst, kvar som helst. Handlingar som nettsvindel, virusangrep, trakassering og spreieing av private bilete er krenkande og skadelege. I tillegg har nesten all kriminalitet etter kvart eit digitalt avtrykk.

For å førebyggje og motarbeide kriminalitet må politiet kjenne den digitale verda og vere tilgjengelege der, på same måte som i den fysiske verda. Undersøkingar syner at svindel eller bedrageri på internett og identitetstjuveri er dei kriminelle hendingane som innbyggjarane er mest bekymra for å bli ramma av. Mange digitale brottsverk blir ikkje melde til politiet.

Private og offentlege verksemder er òg utsette for kriminalitet i det digitale rommet. Svindel, skadevare og løysepengavirus fører med seg betydelege tap for næringslivet og samfunnet som heilskap. Politiet er ikkje alltid dei første som blir kontakta når verksemder blir ramma av slik kriminalitet.

Digitale angrep mot offentlege institusjonar svekker den nasjonale tryggleiken vår, og påverknadsaksjonar frå vondsinna aktørar utfordrar demokratiske prosessar. Skiljet mellom samfunnstryggleik og nasjonal tryggleik blir mindre tydeleg, ikkje minst fordi mange sentrale funksjonar i samfunnet, som medium, bankar, matforsyning m.m., er privat eigde. Ofte kan ein heller ikkje vite om det er statlege eller private aktørar som står bak dei kriminelle handlingane, eller kva motivet deira er.

Innsatsen mot kriminalitet i det digitale rommet må prioriterast høgare. Utfordringane blir omtalte i Meld. St. 29 (2019–2020) *Politimeldingen – et politi for fremtiden*. Politiet må endre seg for å møte denne utviklinga, bl.a. ved å vidareutvikle arbeidsmetodar og verktøy, utvikle sterke fagmiljø, rekruttere personar med spesialistkompetanse innan IKT og samarbeide med internasjonale fagmiljø. Regjeringa foreslår å styrke politiet sine nettpatruljar og digitalt politiarbeid med 10 mill. kroner. Av dette blir 5 mill. kroner priori-

terte innanfor gjeldande budsjetttrammer til politiet.

Samstundes bidrar IKT òg til auka tryggleik. Noreg og dei andre Schengen-landa betrar for tida IKT-systema sine. Tiltaka gir betre tryggleik i Europa gjennom styrkt grensekontroll, migrasjonskontroll og politisamarbeid. Noreg vil bli betre rusta til å førebyggje, avverje og motarbeide grensekryssande kriminalitet, ulovleg migrasjon og terrorisme. Regjeringa foreslår òg å bidra til den nye grense- og visumordninga til EU (BMVD), som særleg skal støtte varetakinga av den felles yttergrensa.

I juli 2021 la regjeringa fram ein ny nasjonal kontraterrorstrategi. Den nye strategien peikar ut retninga for det samla arbeidet med å førebyggje og motverke terror dei neste åra, og han inneheld bl.a. fleire sentrale tiltak for politiet og PST.

Regjeringa foreslår å løyve 68,2 mill. kroner til 55 nye politistillingar. Desse skal i hovudsak gå til å styrke dei geografiske einingane i politidistrikta. Stillingane vil bidra til at målet om to polititeneestepersonar per tusen innbyggjarar, som vart nådd i 2020, blir oppretthaldt. Løyvingane som politiet har fått for å handtere vakthaldet på grensa under covid-19-pandemien, vil òg bli frigjort til ordinært politiarbeid etter kvart som pandemien ebbar ut.

I tråd med handlingsplanen mot vald i nære relasjonar, som vart lagd fram i august 2021, foreslår regjeringa å auke løyvinga med 10 mill. kroner til omvend valdsalarm og med 5 mill. kroner til barnehus i det samiske kjerneområdet. Justis- og beredskapsdepartementet har leidd arbeidet med den tverrdepartementale strategien mot internettrelaterte overgrep mot barn som vart lansert i august 2021. Strategien skal bidra til meir samordning og kunnskapsbasert utvikling av tiltak.

Den jamne styrkinga til regjeringa av straffesaksfeltet i politiet og innføringa av etterforskingssløftet har gitt resultat. Det er framleis utfordringar i straffesaksområdet, med lang saksbehandlingstid, for mange saker som blir lagde bort og fallande oppklaringsprosent på fleire saksområde. Derfor foreslår regjeringa å auke løyvinga til påtalejuristar i politiet med 20 mill. kroner, kor av 10 mill. kroner blir prioriterte innanfor dei gjeldande budsjetttrammer til politiet. Forslaget vil betre kvaliteten og kapasiteten til etterforskning og påtale i politiet.

Regjeringa foreslår å redusere gebyr under Politidirektoratet som er prisa for høgt. Det gjeld blant anna gebyr i samband med søknad om permanent opphald, gebyr for tvangsforretningar og forliksrådsbehandling.

Kap. 440 Politiet

(i 1 000 kr)

Post	Betegnelse	Regnskap 2020	Saldert budsjett 2021	Forslag 2022
01	Driftsutgifter	18 432 193	19 784 313	20 670 067
21	Spesielle driftsutgifter	95 895		
22	Søk etter antatt omkomne, <i>kan overføres</i>	8 835	9 680	9 882
23	Sideutgifter i forbindelse med sivile gjøremål	35 411	33 212	33 905
25	Variable utgifter ved ankomst, mottak og retur i politiets utlendingsforvaltning	31 577	130 159	132 357
45	Større utstyrskaffelser og vedlikehold, <i>kan overføres</i>	1 140 081	224 549	134 251
48	Tildeling fra EUs grense- og visumfinansieringsordninger, <i>kan overføres</i>	16 245	48 894	11 000
70	Tilskudd	65 357	66 156	50 956
71	Tilskudd Norsk rettsmuseum	6 197	7 215	7 403
73	Internasjonale forpliktelser, mv., <i>kan overføres</i>	222 106	315 729	589 792
	Sum kap. 0440	20 053 897	20 619 907	21 639 613

Omtale av verksemda

Politiet skal gjennom førebyggjande, handhevande og hjelpande verksemd vere eit ledd i den samla innsatsen i samfunnet for å fremme og sikre tryggleiken, rettstryggleiken og den alminnelege velferda elles for borgarane, jf. politilova § 1.

Politidirektoratet leier politiet, og har ansvaret for fagleg leiing, styring, oppfølging og utvikling i heile etaten, med dei avgrensingane som følgjer av at Riksadvokaten har det faglege overordna ansvaret for all straffesaksbehandling, sjå nærare omtale under kap. 445 Den høyerer påtalemyndighet.

Direktoratet har til saman 21 underliggjande einingar:

- tolv politidistrikt
- fem særorgan med nasjonale oppgåver (Kripos, Økokrim, Politiets utlendingseining, Utrykkingspolitiet og Politihøgskolen).
- fire andre underliggjande einingar (Politiets fellestenester, Politiets IKT-tenester, Nasjonalt ID-senter og Grensekommisariatet)

Sjå omtale av Politihøgskolen under kap. 442.

Sjå omtale av Politiets tryggingsteneste under kap. 444.

31. mars 2021 var den totale bemanninga i politiet om lag 17 700 årsverk. Av desse var rundt 14 300 i politidistrikta, resten arbeidde i særorgana og andre underliggjande einingar. Frå desember 2013 til mars 2021 har politiet fått rundt 3 400 fleire årsverk, og om lag 2 400 av desse er politiårsverk. 81 pst. av auken i politiårsverk har komme i politidistrikta, noko som svarer til 1 890 årsverk. Det inneber at det har vore ein auke på 24 pst. i politiårsverk i distrikta i denne perioden.

Eit politi for framtida

Politiet skal førebyggje og handtere kriminalitet, tryggje befolkninga i naturkatastrofar og bidra til å handtere ulukker og pandemiar. Folk skal ha høge forventningar og høg tillit til politiet, og dei skal kjenne seg trygge. DFØ si evaluering av politireforma i 2020 syner at politiet er blitt betre på dei mest alvorlege sakene. Politiet har fått sterkare fagmiljø og auka fagkompetanse, og innbyggjarane får betre tenester ved alvorlege hendingar, anten det gjeld kriminalitet eller naturhendingar m.m. Sjølv om det er variasjon mellom stadstypar og grupper i befolkninga, viser den årlege innbyggjarundersøkinga til politiet for 2020 at 94 pst. av befolkninga føler seg trygge, og at 82 pst. av befolkninga har tillit til politiet. Skal politiet ha til-

lit også i framtida, må politiet utvikle seg i takt med utviklinga i kriminaliteten og i samfunnet. Regjeringa ønskjer at endringa skjer gjennom kontinuerleg utvikling i staden for gjennom nye, store reformer.

Riksrevisjonen har i Dokument 3:5 (2020–2021) peika på at evna politiet har til å avdekke og oppklare kriminalitet i det digitale rom, har klare svakheiter. Den samla evna politiet har til å handtere slik kriminalitet, må prioriterast høgare. Det er nødvendig å arbeide langs fleire spor, og politiet må prioritere ressursar og utvikling av kompetanse for å møte utviklinga. Politiet treng supplementande kompetanse, verktøy og metodar for å førebyggje, avdekke, handtere, etterforske og straffefølgje kriminalitet i det digitale rommet. Utvikling av støttesystem og anskaffing av infrastruktur og teknologi for innsatsen er viktig. Saker har ofte forgreiningar til utlandet, der det norske politiet ikkje har myndigheit. Derfor er internasjonalt samarbeid viktig for Noreg. Samstundes er slik kriminalitet stadsuavhengig og rammar òg lokalt. Derfor må både politidistrikta og ulike særorgan og spesialeiningar ha nødvendig digital kompetanse og utstyr for å møte utfordringane på området.

Førebygging er hovudstrategien til politiet for all oppgåveløysing. Førebygging er viktig på det digitale området, som på andre kriminalitetsområde. Politiet samarbeider med offentlege og private aktørar, bl.a. om trygg bruk av teknologi i befolkninga. Politiet må vere til stades på nettet for å førebyggje kriminalitet gjennom å vere synlege, ha dialog og gi råd.

Dreinga mot kriminalitet i det digitale rom gjer ikkje behovet for fysisk nærvær i lokalsamfunnet overflødig. Å vere synleg og å ha kunnskap om lokale forhold er viktig for å førebyggje og motarbeide kriminalitet og for tryggleiksfølelsen til folk. Politimeistrane i dei enkelte distrikta må vurdere korleis ressursar og andre verkemiddel skal nyttast for å løyse kjerneoppgåvene til politiet i dei enkelte distrikta, i dialog med dei enkelte kommunane. Det er oppretta politikontaktar og politiråd for å styrke det kriminalitetsførebyggjande samarbeidet mellom lokalt politi og den enkelte kommune og bidra til auka kontakt med ulike grupper i befolkninga.

Politiet si oppgåveløysing skjer i eit samvirke med andre statlege og private aktørar, med kommunale etatar og med det sivile samfunnet og gjennom internasjonalt samarbeid, der dei ulike aktørane har utfyllande kompetanse, ressursar og verkemiddel. Gjennom samarbeid får ein fordelt ansvar og oppgåver, slik at politiet og dei andre

aktørane kan bruke ressursane sine der dei har størst effekt. I innsatsen mot kriminalitet i det digitale rommet er det behov for at ulike verksemdar er merksame på si eiga rolle og sitt eige ansvar, slik at politiet skal kunne vareta dei lovpålagde oppgåvene sine og rettstryggleiken i det digitale rommet. Samhandling og samvirke med andre er òg sentralt for politiet si rolle i krisehandtering, redningsarbeid og etterforskning av naturhendingar. Auken i ekstremvær, flom, skred og skogbrann utfordrar beredskapen til politiet.

Ein viktig del av det førebyggjande arbeidet til politiet er effektiv straffesaksbehandling og høg oppklaringsprosent. Regjeringa si jamne styrking av straffesaksfeltet i politiet og innføringa av etterforskløftet har gitt resultat. Bl.a. er talet på påtalejuristar auka med 30 pst. sidan 2013, og det er ei positiv utvikling på saksbehandlingstid for fleire prioriterte sakstypar. Det er framleis utfordringar på straffesaksområdet, med lang saksbehandlingstid, for mange saker som blir lagde bort og fallande oppklaringsprosent. Dette må bl.a. sjåast i samanheng med auken i talet på kompliserte saker med internett som arena for kriminaliteten.

Sjølv om regjeringa har styrkt både frie og bundne midlar på politiet sine budsjett over fleire år, er ein aukande del av ressursane til politiet bundne opp. Dei viktigaste kostnadsdrivarane er to polititenestepersonar per tusen innbyggjarar, frysinga av talet på tenestestader og aukande utgifter til eigedom. Veksten i offentlege budsjett er forventa å flate ut i åra framover, og reforma for avbyråkratisering og effektivisering held fram. Derfor må politiet i stor grad finansiere utviklinga gjennom å auke handlingsrommet innanfor dei tilgjengelege budsjetttrammene. Departementet arbeider for å gi politiet dei nødvendige føresetnadene for å kunne effektivisere verksemda og møte desse forventningane. Departementet arbeider òg for å styre meir overordna og prioritert og for å gi politiet handlingsrom, slik at dei kan bruke ressursane best mogleg og på dei høgast prioriterte oppgåvene.

Befolkninga kommuniserer i aukande grad digitalt, og dei forventar at offentlege etatar legg til rette for digital kommunikasjon. Utviklinga har skote fart under virusutbrotet. Digitalisering i politiet vil kunne frigjere midlar, bidra til betre og meir effektivt politiarbeid og gi betre tenester for befolkninga. Politiet heng etter i digitaliseringa, men dei har gjort endringar i organiseringa og styringa av IKT-porteføljen for å betre framdrifta og kostnadsbruken. Politiet samarbeider med Skatteetaten om utvikling og betring av systema for innkrevjing. Næringsliv og privatpersonar vil

få redusert ressursbruk, auka kvalitet og meir brukartilpassa løysingar, og offentlege tenester vil henge betre saman. Sjå meir informasjon i Prop. 1 S (2021–2022) for Finansdepartementet.

Erfaringslæring frå Spesialeininga for politisker er viktig for politiet. Ei erfaring frå Spesialeininga er at fleire saker kunne vore unngått dersom leiarar på ulike nivå i politiet eller påtalemakta hadde teke tak i forhold som det vart snakka om på eit tidlegare tidspunkt. Sjå òg omtale under programkategori 06.60.

Trygge innbyggjarar i eit trygt samfunn

Ei av dei viktigaste oppgåvene til politiet er at samfunnet og innbyggjarane er trygge. Saman med andre aktørar skal politiet førebyggje kriminalitet og ulukker og agere raskt, kompetent og samordna når slike hendingar og naturhendingar likevel skjer. I innbyggjarundersøkinga til politiet for 2020 oppgir 94 pst. av befolkninga i Noreg at dei føler seg trygge der dei bur og ferdast. Dette er det same som i 2019. Undersøkinga syner ein auke i tilliten til politiet med ein framgang på tre prosentpoeng frå 79 pst. i 2019 til 82 pst. i 2020.

Politiet har gode resultat når det gjeld svartid på nødnummeret 112. Resultata i 2020 er dessutan noko betre enn i 2019, trass i ein auke i talet på førespurnader. Politiet innfridde òg dei nasjonale krava til responstid (tida det tek å komme til staden ved eit hasteoppdrag) for første gong sidan målingane starta i 2015. Det er noko variasjon mellom politidistrikta, noko som blir følgt opp av Politidirektoratet. Regjeringa held oppe krava til responstid, differensiert etter befolkningsstettleik.

I november 2020 opna Politiets nasjonale beredskapssenter. Dette inneber eit stort løft for den nasjonale beredskapen ved at dei nasjonale beredskapsressursane er samla på ein stad med gode fasilitetar for øving og samordning. Samlokalisering av beredskapsressursane vil styrke evna politiet har til å handtere ekstraordinære hendingar og kriser. Dei nasjonale beredskapsressursane vil gjennomføre trening på beredskapssenteret og bruke senteret som ein samla base. Dette vil gi auka tilgjengelegheit, god beredskap og betre responstid. Det er òg sett av midlar til at mannskap frå politidistrikta kan trene saman med dei nasjonale ressursane, slik at heile landet skal dra nytte av senteret.

Beredskapsressursane til politiet skal vidareutviklast og tilpassast utviklinga i terrortrusselen. Dette er ein viktig del av arbeidet regjeringa gjer med å førebyggje og kjempe mot terrorisme. Regjeringa la sommaren 2021 fram ein ny, tverr-

sektoriell nasjonal kontraterrorstrategi. Dei aller fleste av tilrådingane i evalueringsrapporten etter angrepet i Bærum i 2019 er følgde opp i POD, Oslo politidistrikt og PST.

Både terrortrusselen og trusselen frå frammande statar vil kunne påverke den nasjonale tryggleiken i tida som kjem. Dei tryggingspolitiske omgivnadene blir meir uføreseielege og komplekse. Den tryggingspolitiske utviklinga er òg påverka av samfunns- og teknologiutviklinga. Den aukande digitaliseringa i samfunnet gir statlege og ikkje-statlege trusselaktørar nye verktøy og arenaer til å forfølgje dei strategiske interessene sine. Dei mest utfordrande utviklingstrekkja gjeld etterretningstenester i andre land som viser at dei har evna og viljen til å bruke ulike verkemiddel mot andre statar for å fremme sine egne interesser. Det er grunn til å vente ein betydeleg auke i digitale truslar og digital sårbarheit.

Riksrevisjonen har hatt merknader til IKT-tryggleiken i politiet og til sikringa av politiet sine egne skjermingsverdige objekt. Politiet har komme langt med å sikre akseptabel sårbarheit og risiko i IKT-tryggleiken, men vil òg måtte arbeide vidare med dette framover. Dei skjermingsverdige objekta er etter politiet si vurdering no sikra i tråd med regelverket, men det går framleis for seg eit arbeid med sikring av annan viktig infrastruktur, irekna operasjonssentralar.

Frå november 2020 til juni 2021 var innsatspersonellet i politiet mellombels væpna. Væpninga skjedde på bakgrunn av PST si vurdering om at terrortrusselen frå ekstreme islamistar var skjerp. Væpninga skulle setje politiet på staden i stand til å kunne gå raskare til aksjon ved eit ev. terrorangrep for å avverje, avgrense skadeomfang eller stanse eit pågåande angrep. Politipersonell på Oslo lufthamn Gardermoen har vore fast væpna sidan 20. september 2018, og frå 12. juni 2020 har politipersonell på Bergen lufthamn Flesland òg vore væpna.

Elektrosjokkvåpen er eit godt eigna alternativ til skytevåpen i situasjonar der ein gjerningsperson er væpna med ein skarp gjenstand og utgjer ein trussel mot ein tredjeperson, mot seg sjølv eller mot politiet. Sidan 2019 har det vore prøvd ut elektrosjokkvåpen i fire politidistrikt; Oslo, avgrensa til beredskapstroppen, Øst, Sør-Øst og Troms. Utprøvinga er evaluert av Umeå Universitet. Regjeringa har avgjort å innføre elektrosjokkvåpen i den daglige tenesta i politiet frå 1. januar 2022.

Kriminalitet i grenseområda er ei utfordring. Regjeringa vil derfor etablere ein felles politistasjon med Sverige på grensa ved Magnormoen i

Innlandet politidistrikt, jf. omtale om oppmødningsvedtak for vedtak 789 (2019–2020) og vedtak 169 (2020–2021). Politistasjonen er planlagt oppført som eit statleg bygg, realisert som eit brukarfinansiert prosjekt med Statsbygg som byggherre. Dei endelege økonomiske og administrative konsekvensane av politistasjonen vil bli avklarte i samanheng med prosjekteringa av bygget, men er førebels vurdert til 57 mill. kroner (P50, inkl. mva.). Det er førebels vurdert at driftsutgiftene til politistasjonen vil vere tilsvarende for norsk og svensk politi.

Norsk politi og kriminalomsorg har i over 30 år delteke i operasjonar og oppdrag internasjonalt for å bidra til auka tryggleik ute, som òg gir auka tryggleik heime. Bidraga blir finansierte over Utanriksdepartementet sitt budsjett, men politibidraga blir følgde opp fagleg av både Justis- og beredskapsdepartementet og av Politidirektoratet. Per august 2021 bidrar Noreg med personell i Sudan, Sør-Sudan, Mali og Colombia.

Effektiv behandling av straffesaker

Dei allmenne måla for behandling av straffesaker er høg kvalitet, høg oppklaringsprosent, kort behandlingstid og adekvat reaksjon. Målretta innsats på etterforskingfeltet og innføring av elektronisk samhandling mellom aktørane i straffesakskjeda (ESAS) gir betre kvalitet og høgare effektivitet i behandlinga av straffesaker. Høgare måloppnåing i politidistrikta føreset at leiarar i politidistrikta kontinuerleg følgjer opp straffesaksbehandlinga. I tråd med Riksadvokaten sitt nye fagleingsrundskriv skal det vere dialog med statsadvokatembeta og Politidirektoratet når prioriteringar og mål for straffesaksbehandlinga i politiet blir fastsette.

Ansvar for resultat, oppfølging av desse og iverksetjing av tiltak ligg hos politimeisteren. Statsadvokatane kan likevel ut frå kompetansen,


oversikta og erfaringa si gi vesentlege bidrag til ev. årsaksanalysar og kva tiltak som bør setjast i verk.

Løyvinga til påtalemakta i politiet vart styrkt i 2020 og 2021, og politiet har redusert restansane knytte til straffesaksbehandlinga. Det har òg vore stor merksemd på å redusere restansane knytte til iretteføring i domstolane, og det var ei positiv utvikling på dette området hausten 2020. Likevel er det utfordringar knytte til resultat, òg på nokre av dei høgast prioriterte områda. Bl.a. er oppklaringsprosenten for vald- og seksuallovbrot framleis for låg, og han har hatt ei negativ utvikling. Behandlingstida er òg for lang, sjølv om ho har blitt betre.

Forbetringsarbeidet på straffesaksområdet skal halde fram. Påtalejuristane er vesentlege i dette arbeidet. I Prop. 146 L (2020–2021) *Endringer til straffeprosessloven mv.* blir påtalemakta si rolle som etterforskingseiar og statsadvokatane si fagleiing overfor politidistrikta (tilsyn og rettleiing) formalisert. Det blir foreslått å auke løyvinga med 20 mill. kroner til påtalejuristar i politiet for å betre kvaliteten og kapasiteten til etterforskning og påtale i politiet, kor av 10 mill. kroner blir prioriterte innanfor dei gjeldande budsjetttrammer til politiet.

Ikkje påtaleavgjorde saker

Påtalejuristane har viktige funksjonar i straffesaksarbeidet. Dei har ansvar for å leie etterforskinga, treffe påtalevedtak og aktorere saker for retten. I NOU 2017: 5 *En påtalemyndighet for fremtiden – Påtaleanalysen* er det foreslått ei meir systematisk kompetansebygging for påtalejuristane som eit av fire særskilt viktige tiltak. Politihøgskolen har hatt eit forslag til ein ny, obligatorisk grunnutdanningsmodell for nyttilsette påtalejuristar i politiet på høyring.



Figur 2.8 Ikkje påtaleavgjorte saker

Kjelde: Politidirektoratet

Under virusutbrotet har smitteverntiltak ført til at mange politijuristar har arbeidd frå heimekontor. Dette hadde ikkje vore mogleg utan ei betydeleg utviding av løysinga med digital signatur i straffesaker. I heile sektoren blir det no utvikla løysingar for å støtte oppunder ein meir effektiv og sikker arbeidsprosess frå eit lovbrøt blir meldt til politiet, i samband med etterforskinga, gjennom behandlinga i domstolane og fram til straffa skal sonast.

Virusutbrotet

Pandemien har påverka både kriminalitetsbiletet og politiet. I over eit år har kvardagen vore prega av ein omfattande innsats for å forhindre farleg smitte i tillegg til andre samfunnsmessige og personlege konsekvensar av pandemien. Politiet har ei sentral rolle i arbeidet med å møte desse utfordringane. Vakthaldet på grensa har i enkelte politidistrikt krevd ressurser i eit omfang som har påverka politiets kapasitet til å ta hand om andre oppgåver. Under pandemien har politiet hatt særleg merksemd mot handtering av saker som gjeld vald i nære relasjonar og overgrep mot barn. Politidistrikta har, trass kontinuerlege og omfattande smitteverntiltak, klart å skjerme personell, vere tilgjengelege og halde oppe innsatsen sin på dette området.

I samband med tiltak mot virusutbrotet har politiet sidan mars 2020 gjennomført ein mellombels personkontroll på den indre Schengen-grensa, med bistand frå Heimevernet. Dei har

bl.a. handheva heimlar gitt i covid-19-forskrifta, medrekna bortvising, og gitt informasjon om smitteverntiltak. Verknadene av pandemien vil vere merkbare i fleire år framover.

Sjå omtale av virusutbrotet i del I.

Riksadvokaten har utarbeidd nasjonale retningslinjer for strafferettsleg handtering av brot på smittevernlova. Politiet skal behandle slike lovbrøt med det alvorret og den prioriteten situasjonen krev. Dei følgjer òg opp og førebyggjer potensielt misbruk av dei ulike statlege støtteordningane under virusutbrotet.

Politiet pålegg ingen karantene, men dei følgjer opp brot på karanteneplikta. Dei kontrollerer heller ikkje at folk held fysisk avstand. Politiet legg vekt på førebygging og har fleire heimlar i bl.a. politilova til å oppretthalde ro og orden. Politiet nyttar desse heimlane når dei bl.a. løyser opp i festar nattetid med mange folk tett samla.

Forvaltningsoppgåver og sivil rettspleie

Forvaltningsoppgåvene til politiet skal sikre innbyggjarane effektive tenester med god kvalitet. Forvaltningsoppgåvene bidrar òg til å førebyggje kriminalitet og uønskte hendingar. Førebygging gjennom forvaltning gjer at politiet kan hindre at løyve blir gitt, og at dei kan kalle tilbake løyve frå personar som ikkje lenger fyller vilkåra for å ha slike løyve (våpen, førarkort, vaktverksemd, pass, brukthandel osv.). Førebygging gjennom forvaltning handlar om å bruke informasjon politiet alle-

reie har, i samhandling med andre fagområde i politiet.

I 2019 og 2020 har det vore ei negativ utvikling i tida namsmannen bruker på saksbehandlinga for utlegg og gjeldsordning. I samband med revidert nasjonalbudsjett 2020 vart det løyvd midlar til mellombelse stillingar hos namsmannen for å ta unna restansar. Tiltaket har hatt effekt, og talet på utlegg i restanse er kraftig redusert som følgje av dei mellombelse stillingane. Det har vore ein tendens til auka saksbehandlingstid i gjeldsordningsaker, noko som går utover rettstryggleiken for dei involverte som ofte er i ein vanskeleg livssituasjon. Digitale løysingar for oppgåveløysinga til namsmannen vart innførte i 2020 for å effektivisere arbeidet og gi betre tilgjengelegheit for innbyggjarane.

På rettsområdet er fleire gebyr prisa for høgt. Det gjeld gebyr under Politidirektoratet og gebyr under domstolane. Under Politidirektoratet er gebyr for søknad om permanent opphald og gebyr ved tvangsforretningar og forliksrådsbehandling prisa for høgt. For å fjerne at store deler av gebyr på rettsområdet er prisa for høgt, blir det foreslått å setje disse gebyra utanom utleggsgebyret til sjølvkost. Gebyra som blir sette til sjølvkost, vil bidra til å redusere at gebyra under Justis- og beredskapsdepartementet er prisa for høgt med 76,7 mill. kroner.

Gebyret for utlegg er i dag på 1,25 R¹ (1528 kroner i 2022). Regjeringa foreslår å redusere gebyret for utlegg til 1,21 rettsgebyr, tilsvarende 1 479 kroner. Dette vil gi eit samla provenytap på om lag 22 mill. kroner påløpt og bokført under Justis- og beredskapsdepartementet, og 3 mill. kroner bokført og påløpt under Skatteetaten. Samla foreslår regjeringa å redusere at gebyra på rettsområdet er prisa for høgt med 101,7 mill. kroner i 2022. Det inneber at kun utleggsgebyret fortsatt vil vere prisa for høgt etter desse endringane. Forslaget til regjeringa vil gi eit samla provenytap på om lag 98,7 mill. kroner påløpt og bokført under Justis- og beredskapsdepartementet, og 3 mill. kroner bokført og påløpt under Skatteetaten.

Sjå òg omtale av saken i Prop. 1 S (2021–2022) for Finansdepartementet.

Nye pass og nasjonale ID-kort for norske borgarar vart innførte hausten 2020. Det er gjort vesentlege betringar, bl.a. med bruk av biometri og etablering av eit ekspertmiljø på aniktssamanlikning for å sikre «ein person – ein identitet». Dette vil bidra til å førebygge kriminalitet, særleg

ID-tjuveri, og betre tryggleiken i samfunnet. Dei fleste manglane som Riksrevisjonen har peika på i dette området, er handterte når nye pass og nasjonale ID-kort er lanserte. Politiet samarbeider med skatteetaten om å betre kvaliteten på opplysningane i Folkeregisteret. Politiet har etablert mobile einingar for pass og ID-kort, for å betre tilgangen i område med lang reiseveg.

Justis- og beredskapsdepartementet har gitt Politidirektoratet i oppdrag å etablere ei betre og meir effektiv digital våpenforvaltning i samarbeid med Brønnøysundregistra. Digital innsending av søknad for jaktvåpen vart tilgjengeleg for innbyggjarane frå 2. september 2021.

Ny våpenlov med forskrift trer i kraft frå 1. juni i år. Det nye regelverket vidarefører i stor grad den gjeldande retten. Det er innført eit forbod mot halvautomatiske rifler med størst skadepotensial, med unntaksreglar på strenge vilkår for enkelte grupper. For personar som hadde slike våpen då lova tredde i kraft, er det gitt ein overgangsregel på tre år. Med dette er lovarbeidet som følgjer opp Gjerv-kommisjonen sitt forslag avslutta.

Politiet har òg forvaltningsoppgåver knytte til utlendingssaker. Søknader om asyl, opphald og statsborgarskap blir leverte til førstelinja i politiet. Sjølv om færre søkte om opphald i 2020, auka talet på ubehandla saker i politiet pga. mellombels stengde publikumsmottak i politiet i samband med virusutbrotet og pga. auken i søknader om statsborgarskap, sjå omtale under del 1 og programkategori 06.90. I tillegg har politiet ansvar for uttransportering av personar utan lovleg opphald. Returar til ei rekkje land vart mellombels stansa i 2020 og 2021 pga. virusutbrotet. Politiet transporterte ut 2 009 personar i 2020, i tillegg til dei som vart bortviste grunna innreiserestriksjonar i samband med virusutbrotet.

Gjennom prioritert saksgang for utlendingar som er ein fare for grunnleggjande nasjonale interesser, samarbeider politiet med PST og utlendingsstyresmaktene om rask saksbehandling og uttransport i slike saker. Dette har betydning for tryggleiken til Noreg og bidrar til å motarbeide kriminalitet.

Grensekontroll

God grense- og territorialkontroll vil bidra til at dei som kjem til og oppheld seg i landet, har avklart identitet og rett til å opphalde seg her. Noreg innførte hausten 2015 mellombels grensekontroll på delar av den indre Schengen-grensa. I samband med tiltak mot spreiding av koronaviruset er denne kontrollen utvida og styrkt.

¹ R betyr rettsgebyr.

Schengen-landa skal dei kommande åra utvikle og ta i bruk nye IT-system og arbeidsmetodar for å styrke behandlinga av den felles yttergrensa og tryggleiken på Schengen-området. Systema er kompliserte, og utviklinga er krevjande. Innføring av systema krev til dels store endringar i arbeidsprosessar, opplæring og utøving av grense- og territorialkontrollen. Samstundes vil tiltaka styrke førebygging, avverjing og kampen mot grensekryssande kriminalitet, ulovleg migrasjon og terrorisme. Ansvar for at systema blir utvikla og tekne i bruk, ligg i justissektoren, men gjennomføringa har påverknad òg på andre sektorar. Justis- og beredskapsdepartementet har derfor styrkt samhandlinga mellom dei relevante aktørane i og utanfor justissektoren.

Post 01 Driftsutgifter

Posten dekker alle ordinære driftsutgifter i Politidirektoratet, politidistrikta, dei lokale einingane til Politiets tryggingsteneste (PST) i politidistrikta og politiet sine særorgan, med unntak av Politihøgskolen, jf. Kap. 442, og PST, jf. Kap. 444. Element som lønn til tilsette, våpen, køyretøy, verneutstyr, uniformer, IKT m.m. er driftsrelaterte innsatsfaktorar som er budsjetterte under posten. Justis- og beredskapsdepartementet held tilbake ein mindre del av løyvinga sentralt.

Det blir foreslått ei løyving på posten på 20,7 mrd. kroner.

Til grunn for auken ligg bl.a. 68,2 mill. kroner som i hovudsak skal gå til å styrke dei geografiske einingane i politidistrikta med fleire politistillingar. Det bidrar til å oppretthalde to tenestepersonar per 1 000 innbyggjarar i 2022. Det er òg foreslått å auke løyvinga til påtalemakta i politiet med 20 mill. kroner og løyvinga til politiet sine nettpatruljar og digitalt politiarbeid med 10 mill. kroner, kor av halvparten av auken til tiltaka blir prioriterte innanfor gjeldande budsjetterrammer. Det blir foreslått auka satsing på vald i nære relasjonar på 15 mill. kroner (10 mill. kroner til omvend valdsalarm og 5 mill. kroner til barnehus i det samiske kjerneområdet). Det blir foreslått løyvd 970 000 kroner til ei mellombels femte avdeling ved Oslo forlikråd og 9,3 mill. kroner til nytt Akrimssenter i Alta.

Til gjennomføring av modernisering av innkrevjing under skatteetaten blir det foreslått 18,5 mill. kroner til politiet. Regjeringa foreslår å samle dei to livvakttenestene i politiet og PST og foreslår derfor å redusere løyvinga med

126,3 mill. kroner mot tilsvarende auke på kap. 444 post 01.

For å auke kapasiteten til å handtere fleire statsborgarskapssaker blir det foreslått å auke løyvinga med 9,8 mill. kroner. Auken blir foreslått rammeoverført frå Kunnskapsdepartementet sitt budsjett kap. 291, post 01.

Det blir foreslått å auke løyvinga med 331 mill. kroner som følgje av at forventna pensjonspremie i Statens pensjonskasse, inklusive arbeidsgivaravgift av dette, tilsvarende blir auka, jf. nærmare omtale under del III, punkt 8.

Det foreslås å redusere løyvinga med 13,1 mill. kroner pga. reduserte reiseutgifter som følgje av pandemien, jf. nærmare omtale i del III, punkt 8. Det foreslås òg å ta ut 54 mill. kroner i gevinstar av politireforma i 2022.

Justis- og beredskapsdepartementet viser til omtale i Prop. 195 S (2020–2021) om regjeringa sitt arbeid med å innfri Stortinget sitt ønske om å synleggjere løyvingane til delar av straffesaksjeda til politiet som omhandlar påtalejuristane, jf. Innst. 6 S (2020–2021). Politidirektoratet anslår ein ressursbruk for påtalejuristane på om lag 1,25 mrd. kroner i 2022. Anslaga er hefta med uvisse.

Det er òg endringar som følgje av tidlegare budsjettvedtak og tekniske endringar på posten som ikkje blir omtalte nærmare.

Samla blir det foreslått ei løyving på 20 670,1 mill. kroner i 2022.

Regjeringa foreslår at Justis- og beredskapsdepartementet får ei bestillingsfullmakt under kap. 440, post 01, på 150 mill. kroner i 2022, jf. forslag til vedtak. Det blir foreslått ei nettobudsjetteringsfullmakt under posten, jf. forslag til vedtak.

Regjeringa foreslår at Justis- og beredskapsdepartementet får fullmakt til å overskride løyvinga under kap. 440, post 01, mot tilsvarende meirinntekter under kap. 3440, postane 02, 03 og 04, jf. forslag til vedtak.

Post 22 Søk etter antatt omkomne, kan overføres

Løyvinga på posten skal dekke utgifter til søk etter personar ein reknar med er omkomne på havet, i innsjøar, i vassdrag og på landområde. Posten dekker òg nokre personellutgifter og ev. utgifter til å betre søkemetodane.

Det blir foreslått ei løyving på posten på 9,9 mill. kroner.

Post 23 Sideutgifter i forbindelse med sivile gjøremål

Løyvinga på posten skal dekke sideutgifter i samband med sivile gjøremål. Dette gjeld i hovudsak sideutgifter i samband med tvangsforretningar og utgifter i samband med gjeldsordningssaker.

Det blir foreslått ei løyving på posten på 33,9 mill. kroner.

Post 25 Variable utgifter ved ankomst, mottak og retur i politiets utlendingsforvaltning

På posten fører ein dei variable utgiftene til retur av personar med avslag på søknad om asyl, bort- og utviste personar, og personar som skal forlate Noreg i tråd med Dublin-regelverket. Dette regelverket slår fast kva land som har ansvaret for å behandle søknad om asyl. Når andre land har ansvaret for å behandle søknad frå person som er i Noreg, kan personen returnerast til dette landet. Slike returar er underlagde særskilde fristar. Om fristane ikkje blir etterlevde, må saka takast til behandling i Noreg.

Det blir foreslått ei løyving på posten på 132,4 mill. kroner.

Post 45 Større utstyrsanskaffelser og vedlikehold, kan overføres

Posten omfattar utgifter til større utstyrsanskaffingar og vedlikehald.

Fleire prosjekt går over i ei driftsfase, slik at løyvinga på posten blir foreslått redusert. Samstundes blir det foreslått å auke løyvinga for Noreg sine Schengen-IKT-forpliktingar. Tiltaka vil leggje til rette for auka informasjonstilgang til og frå utlandet, og Noreg vil bli betre rusta til å førebyggje, avverje og motarbeide grensekryssande kriminalitet, ulovleg migrasjon og terrorisme. Gjennom deltaking i Schengen-samarbeidet har

Noreg forplikta seg til europeisk samarbeid om utvikling og bruk av felles IKT-infrastruktur og deling av informasjon. Regjeringa foreslår derfor å løyve 291,6 mill. kroner til å implementere og oppdatere systema i politiet og UDI.

Det blir foreslått ei kostnadsramme for Schengen-IKT-prosjektet SIS recast i politiet på 450,0 mill. kroner, jf. forslag til vedtak. Det blir foreslått ei løyving på posten på 134,3 mill. kroner.

Post 48 Tildeling fra EUs grense- og visumfinansieringsordninger, kan overføres

Noreg tek del i EU si grense- og visumordning under det indre tryggleiksfondet (ISF) som eit Schengen-tilknytt land. På bakgrunn av dette tek Noreg imot støtte frå EU for å gjennomføre prosjekt innanfor grense- og visumsamarbeidet som er retta mot måla til ordninga. Dei årlege tildelingane frå EU baserer seg på dokumentert forbruk frå støttemottakarar. Midlane blir derfor forskoterte over statsbudsjettet. Dei samla refusjonane under kap. 3440, post 08, skal om lag svare til dei samla tildelingane over heile fondsperioden.

Det er forventa at 2022 er det siste året Noreg får midlar frå ISF-fondet. Frå og med 2023 er det venta at overføringar frå ISF-fondet vil bli erstatta av overføringar frå EU si nye grense- og visumfinansieringsordning (BMVI).

Det blir foreslått ei løyving på posten på 11,0 mill. kroner.

Post 70 Tilskudd

Posten inneheld ulike tilskot innanfor tiltak som kan hjelpe menneske ut av prostitusjon, tiltak for å støtte offer for menneskehandel, medrekna hjelpetiltaket ROSA for utgifter til koordinering av butilbod og drift av ein hjelpetelefon, og dessutan tryggingstiltak ved trus- og livssynssamfunn og midlar til øyremerkte tilskot.

Tabell 2.7 Tilskot som blir lyste ut

(Beløp i 1 000 kroner)	
Tilskot	Forslag 2022
Tiltak for å hjelpe menneske ut av prostitusjon og for å støtte offer for menneskehandel, medrekna ROSA for koordinering av butilbod og drift av hjelpetelefonen	41 356
Tryggingstiltak ved trus- og livssynssamfunn	5 000
Sum	46 356

Tiltak for å hjelpe menneske ut av prostitusjon og for å støtte offer for menneskehandel

Formålet med tilskotsordninga er å hjelpe menneske ut av prostitusjon og å støtte offer som er utsette for menneskehandel. Om lag 43 mill. kroner er tildelte i 2021, og om lag 41 mill. kroner vil bli lyst ut i 2022.

Tryggingstiltak ved trus- og livssynssamfunn

Formålet med tilskotsordninga er å støtte tryggingstiltak ved trus- og livssynssamfunn. Om lag 5 mill. kroner er lyste ut og tildelte i 2021, og vil også bli lyst ut i 2022. Politidirektoratet forvaltar ordninga.

Tabell 2.8 Øyremerkte tilskot til særskild mottakar

Tilskot	(Beløp i 1 000 kroner) Forslag 2022
Politidirektoratet (Norges Politiidrettsforbund, Norsk Politihistorisk selskap, Politiets pensjonistforbund og Norsk Politihundelag)	4 600
Sum	4 600

For å bl.a. sikre meir korrekt postbruk blir det foreslått å flytte

- 4,5 mill. kroner til kap. 400, post 23 til internettrelaterte overgrep mot barn
- 3,4 mill. kroner til kap. 400, post 23 til drift av Nasjonalt kunnskapssenter om vald og traumatisk stress (NKVTS)
- 5 mill. kroner til kap. 400, post 23 til forskning av NKVTS
- 300 000 kroner til kap. 440, post 01 til årleg konferanse mellom barnevernsvakter og politi
- 2 mill. kroner til kap. 433, post 70 i tilknytning til etablering av eit pilotprosjekt for exit-program for gjengkriminelle

Det blir foreslått ei løyving på posten på 51 mill. kroner.

Post 71 Tilskudd Norsk rettsmuseum

Løyvinga på posten dekker driftstilskot til Justismuseet – nasjonalt museum for politi, rettsvesen og kriminalomsorg. Justismuseet er ei stifting som er lokalisert i Trondheim.

Det blir foreslått ei løyving på 7,4 mill. kroner.

Post 73 Internasjonale forpliktelser, mv., kan overføres

Løyvinga under posten dekker utgifter knytte til internasjonale forpliktingar, medrekna bl.a. utbetalingar til EU si grense- og visumordning, til Det europeiske byrået for operativ forvaltning av store IT-system på området for fridom, tryggleik og rettferd (eu-LISA) og til Det europeiske grense- og kystvaktbyrået (Frontex). Noreg er gjennom Schengen-medlemskapet vårt forplikta til å vere med på å finansiere aktivitet i dei relevante EU-byråa og til å vere med på innbetalingar til EU si grense- og visumordning.

Det blir bl.a. foreslått å auke løyvinga med 247,5 mill. kroner til innbetaling til EU si nye grense- og visumordning (BMVI). Ordninga er ein del av EU si migrasjons- og grenseforvaltning, og ho skal særleg støtte varetakinga av den felles yttergrensa og bidra til vidareutvikling av den felles visumpolitikken gjennom solidarisk omfordeling av ressursar.

Det blir foreslått ei løyving på posten på 589,8 mill. kroner.

Kap. 3440 Politiet

(i 1 000 kr)

Post	Betegnelse	Regnskap 2020	Saldert budsjett 2021	Forslag 2022
01	Gebyr – pass og våpen	193 510	630 499	817 352
02	Refusjoner mv.	216 102	278 210	235 443
03	Salgsinntekter	130 996	79 223	60 561
04	Gebyr – vaktelskap og etterkontroll av deaktiverte skytevåpen	1 376	4 350	4 828
06	Gebyr – utlendingssaker	319 157	284 882	285 457
07	Gebyr – sivile gjøremål	1 141 978	1 075 285	774 583
08	Refusjoner fra EUs grense- og visumfinansieringsordninger	18 795	65 000	65 000
	Sum kap. 3440	2 021 914	2 417 449	2 243 224

Kapittelet består i hovudsak av inntekter frå gebyr for tvangssaker, forliksrådssaker, passutføring og våpenløyve.

Post 01 Gebyr – pass og våpen

Løyvinga på posten dekker inntekter frå behandlingssaker for pass og våpenløyve.

Det blir foreslått å auke løyvinga med 186,9 mill. kroner i samband med auka forventa etterspurnad etter pass og nasjonale ID-kort og med auka forventa saksmengd i våpenforvaltninga i politiet.

Det blir foreslått ei løyving på posten på 817,4 mill. kroner.

Post 02 Refusjoner mv.

Politi- og lensmannsetaten får refundert utgifter for politioppdrag som er utførte for organisasjonar, lag, entreprenørar og offentlege etatar i samsvare med særskild heimel. Omfanget av slike oppdrag varierer frå år til år, og inntektsestimater er derfor svært usikkert. Utgifter politiet har for deltakinga si i internasjonale operasjonar blir løyvde på Utanriksdepartementet sitt budsjettkapittel 151 *Fred, sikkerhet og globalt samarbeid*, og politiet får refundert desse utgiftene frå Utanriksdepartementet.

Regjeringa foreslår at Justis- og beredskapsdepartementet får fullmakt til å overskride løyvinga under kap. 440, post 01, mot tilsvarande meirinntekter under kap. 440, post 01, mot tilsvarande meirinntekter

under kap. 3440, post 02, jf. forslag til vedtak.

Det blir foreslått ei løyving på posten på 235,4 mill. kroner.

Post 03 Salgsinntekter

Inntekter frå innbyte og sal av utskifta køyretøy m.m. blir rekneskapsførte på posten. I tillegg blir inntekter frå sal av spesialutstyr til politidistrikta, kriminalomsorga, tolletaten m.m. førte på posten.

Regjeringa foreslår at Justis- og beredskapsdepartementet får fullmakt til å overskride løyvinga under kap. 440, post 01, mot tilsvarande meirinntekter under kap. 3440, post 03, jf. forslag til vedtak.

Det blir foreslått ei løyving på posten på 60,6 mill. kroner.

Post 04 Gebyr – vaktelskap og etterkontroll av deaktiverte skytevåpen

Løyvinga på posten omfattar eingongsgebyr til å dekke utgifter ved behandling av søknader og gebyr ved feilalarmer der politi- og lensmannsetaten rykker ut og etterkontroll av deaktiverte skytevåpen.

Regjeringa foreslår at Justis- og beredskapsdepartementet får fullmakt til å overskride løyvinga under kap. 440, post 01, mot tilsvarande meirinntekter under kap. 3440, post 04, jf. forslag til vedtak.

Det blir foreslått ei løyving på posten på 4,8 mill. kroner.

Post 06 Gebyr – utlendingssaker

Løyvinga på posten dekker gebyr i samband med søknad om opphald på anna grunnlag enn vern, statsborgarskap, visum, reisebevis og utlendingspass. Løyvingsforslaget tek utgangspunkt i talet på utlendingssaker til politiet.

Det blir foreslått å redusere løyvinga med 15,8 mill. kroner samanlikna med saldert budsjett 2021. Bakgrunnen er at det er venta færre søknader innan visse sakstypar i 2022.

Ein gjennomgang av kostnadene til behandling av søknader viser at gebyra for enkelte sakstypar er lågare enn dei faktiske kostnadene, medan dei forventa kostnadene til permanent opphaldsløyve er venta å bli lågare enn tidlegare år. På denne bakgrunnen legg regjeringa opp til endringar i gebyrsatsar frå 1. januar 2022. Sjå nærmare omtale under kap. 490. På bakgrunn av endringar i gebyrsatsene blir det foreslått å auke løyvinga på posten med 20,3 mill. kroner.

Det blir foreslått ei løyving på posten på 285,5 mill. kroner.

Post 07 Gebyr – sivile gjøremål

Løyvinga på posten skal dekke gebyrinntekter i samband med den sivile rettspleia på grunnplanet,

dvs. gebyr for tvangsforretningar og forliksrådsbehandling. Som følge av avviking av mellombelse stillingar hos namsmannen for å handtere større saksinnangang i utleggsforretningar, og som følge av reduserte inntekter frå rettsgebyr pga. reduksjon i forventa mengd saker, blir det foreslått å redusere løyvinga med 198,1 mill. kroner.

Det blir vidare foreslått å redusere løyvinga med 59,2 mill. kroner som følge av lågere forventa gebyrinntekter ved tvangssaker og forliksrådsbehandling pga. endringar i anslag for utleggs- og forlikssaker.

Regjeringa foreslår å redusere fleire av gebyra som er prisa for høgt. Det blir derfor foreslått å redusere løyvinga på posten med 55,5 mill. kroner.

Det blir foreslått ei løyving på posten på 774,6 mill. kroner.

Post 08 Refusjoner fra EUs grense- og visumfinansieringsordninger

Posten dekker refusjonar frå EU si grense- og visumordning. Refusjonsutbetalingane vil variere frå år til år og baserer seg på dokumentert forbruk frå støttemottakarar. Midlane blir derfor forskoterte over statsbudsjettet, jf. omtalen under kap. 440, post 48.

Det blir foreslått ei løyving på posten på 65,0 mill. kroner.

Kap. 442 Politihøgskolen

(i 1 000 kr)

Post	Betegnelse	Regnskap 2020	Saldert budsjett 2021	Forslag 2022
01	Driftsutgifter	613 285	633 144	633 998
	Sum kap. 0442	613 285	633 144	633 998

Omtale av verksemda

Politihøgskolen er den sentrale utdanningsinstitusjonen for politiet i Noreg og har som hovudoppgåve å drive utdanning, forskning og formidling. Skulen skal vere ein profesjonsretta utdanningsinstitusjon som held eit høgt nivå, og som utviklar og formidlar dei kunnskapane, ferdigheitene og haldningane som politiet må ha for å bidra til å sikre tryggleik, lovlydnad og orden.

Bemanninga per 30. april 2021 utgjorde 367,7 årsverk.

Post 01 Driftsutgifter

Løyvinga på posten dekker lønnsutgifter og andre driftsutgifter ved Politihøgskolen.

Det blir foreslått å redusere løyvinga som følge av heilårsverknaden av at opptaket til bachelorprogrammet ved Politihøgskolen vart redusert i 2018 og 2020. Vidare blir det foreslått å redusere løyvinga fordi den kommersielle drifta ved Justis-sektorens kurs- og øvingssenter (JKØ) blir avvikla, og dessutan fordi personell ved Politihøg-

skolen og JKØ blir overført til Politiets fellestener.

Det blir foreslått å auke løyvinga med 12,4 mill. kroner som følgje av forventa pensjonspremie i Statens pensjonskasse, inklusive arbeidsgivaravgift av dette, tilsvarende blir auka, jf. nærmare omtale i del III pkt 8.

Det foreslås å redusere løyvinga med 1 mill. kroner pga. reduserte reiseutgifter som følgje av pandemien, jf. nærmare omtale i del III, punkt 8.

Regjeringa foreslår at Justis- og beredskapsdepartementet får fullmakt til å overskride løyvinga under kap. 442, post 01, mot tilsvarende meirinntekter under kap. 3442, postane 02 og 03, jf. forslag til vedtak.

Det blir foreslått ei løyving på posten på 634 mill. kroner.

Kap. 3442 Politihøgskolen

(i 1 000 kr)

Post	Betegnelse	Regnskap 2020	Saldert budsjett 2021	Forslag 2022
02	Diverse inntekter	21 527	17 532	16 648
03	Inntekter fra Justissektorens kurs- og øvingssenter	7 188	19 494	10 901
	Sum kap. 3442	28 715	37 026	27 549

Post 02 Diverse inntekter

Inntektene til Politihøgskolen kjem frå kursverksemd, utleige, kantinesal og boksal, i tillegg til moglege inntekter frå oppdragsverksemd. Det blir foreslått å redusere løyvinga som følgje av at inntekter frå kantinedrift fell bort i samband med at den kommersielle drifta ved Justissektorens kurs- og øvingssenter blir avvikla, sjå omtale under kap. 442.

Regjeringa foreslår at Justis- og beredskapsdepartementet får fullmakt til å overskride løyvinga under kap. 442, post 01, mot tilsvarende meirinntekter under kap. 3442, post 02, jf. forslag til vedtak.

Det blir foreslått ei løyving på posten på 16,6 mill. kroner.

Post 03 Inntekter fra Justissektorens kurs- og øvingssenter

Inntekter frå drifta av Justissektorens kurs- og øvingssenter i Stavern blir førte på posten. Det blir foreslått å redusere løyvinga som følgje av at den kommersielle drifta ved Justissektorens kurs- og øvingssenter blir avvikla, sjå omtale under kap. 442.

Regjeringa foreslår at Justis- og beredskapsdepartementet får fullmakt til å overskride løyvinga under kap. 442, post 01, mot tilsvarende meirinntekter under kap. 3442, post 03, jf. forslag til vedtak.

Det blir foreslått ei løyving på posten på 10,9 mill. kroner.

Kap. 444 Politiets sikkerhetstjeneste (PST)

(i 1 000 kr)

Post	Betegnelse	Regnskap 2020	Saldert budsjett 2021	Forslag 2022
01	Driftsutgifter	1 045 144	1 022 405	1 214 594
45	Større utstyrsanskaffelser og vedlikehold, <i>kan overføres</i>			94 000
	Sum kap. 0444	1 045 144	1 022 405	1 308 594

Omtale av verksemda

Det primære ansvaret til Politiets tryggingsteneste (PST) er å førebyggje, avdekke, etterforske, føre for retten og handtere dei mest alvorlege truslane mot tryggleiken i riket og mot grunnleggjande nasjonale interesser. PST er både ei etterretningsteneste, ei tryggingsteneste og ei polititeneste.

Det er òg ei sentral oppgåve for PST å utarbeide analysar og trusselvurderingar til stønad for avgjerdene til styresmakter og andre aktørar. I tillegg har PST ei viktig rolle som rådgivar. PST samarbeider i stor grad både nasjonalt og internasjonalt under gjennomføringa av samfunnsoppdraget.

Sjefen for PST leier den sentrale eininga (DSE) lokalisert i Oslo, og har dessutan det faglege ansvaret for dei lokale PST einingane i politidistrikta utanfor Oslo. Bemanninga per 31. mars 2021 utgjorde 611 årsverk.

Arbeidsformer og regelverk

For å møte trusselen frå framande etterretningstenester og terrorisme er det behov for tett samarbeid med ei rekkje aktørar i og utanfor Noreg. Samarbeidet mellom politi-, etterretnings- og tryggingstenestene styrker evna til å møte utfordringane. Samarbeid knytta til cyberdomenet blir bl.a. gjennomført i Felles cyberkoordineringssenter (FCKS), der PST inngår saman med Etterretningstenesta, Nasjonalt tryggingorgan og Kripos. For å styrke samarbeidet mellom PST og Etterretningstenesta, medrekna oppfølging av den nye lova om Etterretningstenesta, er Felles etterretnings- og kontraterrorsenter (FEKTS) no etablert. Senteret er ei vidareføring og utviding av det gode samarbeidet mellom desse tenestene i det tidlegare Felles kontraterrorsenter (FKTS). FEKTS vil bidra til ei meir heilskapleg tilnærming til truslane i dag og i framtida, bl.a. ved å koordinere saker knytta til bl.a. terror, kontraetterretning, masseødeleggingsvåpen og andre prioriterte saker.

Mykje av trusselaktiviteten i dag skjer i det digitale rommet, bl.a. radikaliserings- og ekstremisme, terrorplanlegging og ulovleg etterretning. For å møte trusselaktørane som opererer i og gjennom det digitale rommet, er det behov for relevante verkøy og kompetanse og eit nødvendig heimelsgrunnlag, samstundes som tenestene varetar ei god regulering av personopplysningar. Med tanke på utviklinga i trusselbiletet, og sett opp mot den raske utviklinga innafor teknologi, er

det å sikre eit regelverk som støttar opp under oppgåveløysinga samstundes som det varetek rettstryggleik og personvernomsyn, eit kontinuerleg arbeid som regjeringa vil følgje opp. Justis- og beredskapsdepartementet har hatt på høyring eit forslag til endringar i straffelova, straffeprosesslova og politilova som kriminaliserer samarbeid med framand etterretningsteneste om å utøve påverknadsverksemd.

Stortingets kontrollutval for etterretnings-, overvåkings- og tryggingstenestene (EOS-utvalet) kontrollerer oppgåveløysinga til PST. Regjeringa viser til kor viktig kontrollen til utvalet er for at tenesta skal ha legitimitet, og prioriterer oppfølginga av utvalet sine funn og påpeikingar.

Ulovleg etterretningsverksemd

Statar viser evne og vilje til å oppnå strategiske mål på eit vis som i aukande grad utfordrar nasjonal tryggleik. Framande statar bruker ein kombinasjon av ulike verkemiddel, sivile og militære, opne og fordekte, i det fysiske så vel som i det digitale rommet. Dette gjer trusselbiletet meir utfordrande og samansett. Døme på verkemiddel som er særleg krevjande å oppdage og førebyggje, er økonomiske verkemiddel, i form av oppkjøp og investeringar, og påverknadsaktivitet, særleg når han tek form av falske nyheiter og desinformasjon. Under covid-19-pandemien har denne forma for verkemiddelbruk i aukande grad blitt brukt mot fleire europeiske land, medrekna Noreg. Samansett verkemiddelbruk utfordrar òg evna styresmaktene har til å fange opp trusselaktørar, til å følgje truslane over tid og til å vurdere det samla trusselbiletet frå framande statar mot norske interesser. Det er viktig at dei nasjonale tryggingssstyresmaktene har tilstrekkeleg heimelsgrunnlag, kompetanse og ressursar til å avdekke, motverke og handtere den breie verkemiddelbruken som framande statar rettar mot Noreg.

Terror og annan politisk motivert vald

Samfunnsoppdraget til PST omfattar terrorangrep og truslar knytte til radikaliserings- og valdeleg ekstremisme. PST vurderer det no som mogleg at både ekstreme islamistar og høgreekstremistar vil forsøke å gjennomføre terrorhandlingar i Noreg. Ein kan aldri garantere at terrorangrep ikkje vil hende. Vi må derfor kontinuerleg arbeide med førebygging og med tryggingstiltak hos utsette aktørar.

For å bidra til å auke kunnskapen om truslar og moglege tiltak for å møte dei hos dei trusselutsette, vil det òg framover vere sentralt for PST, i samarbeid med politiet, å bidra til formidling av trusselvurderingar og kunnskap. Kunnskap om trusselaktørar og metodane deira er sentralt for at dei ulike utsette aktørane sjølv skal kunne identifisere truslar og setje i verk førebyggjande tiltak. Det er utfordrande å nå ut til alle som treng det, med god nok informasjon, men PST har vidareutvikla og målretta informasjonsarbeidet sitt dei seinare åra, ikkje minst etter terrorangrepet mot ein moske i Bærum i august 2019.

Truslar mot styresmaktspersonar

PST bidrar til tryggleik for styresmaktspersonar, bl.a. med livvakttenesta for sentrale styresmaktspersonar, utarbeiding av trusselvurderingar, rådgiving og førebyggjande tiltak.

Norske styresmaktspersonar blir i aukande grad utsette for hatefulle, sjikanerande og truande handlingar, ikkje minst i det digitale rommet. Det er ei svært sentral oppgåve for PST å sikre at dei som tek på seg slike sentrale tillitsverv i politikken ikkje blir utsette for sjikane eller valdelege angrep på seg sjølv eller på familien sin, og at dei blir sett betre i stand til å sikre seg sjølv mot hatefulle og sjikanerande handlingar. Dette er ein viktig del av PST sitt samfunnsoppdrag med å sikre demokratiet. Livvakttenestene blir samla i PST 1. januar 2022, når den kongelige politieskorte blir overført frå Oslo politidistrikt. Samlinga vil venteleg gi gevinstar i form av betre evne til å verne styresmaktspersonar.

Eksportkontroll og arbeidet mot ulovleg spreiding av masseødeleggingsvåpen

Det er ei viktig oppgåve for PST å drive rådgiving, førebyggjande tiltak og etterforsking av saker med brot på reglane for eksportkontroll med forsvarsmateriell og fleirbruksvarer, og å hindre ulovleg spreiding av masseødeleggingsvåpen (MØV). Dette arbeidet går bl.a. for seg i samarbeid med Utanriksdepartementet, Tolletaten og Etterretningstenesta.

Etterretningsverksemd retta mot forskings- og utdanningsektoren eller aktørar innanfor teknologitug næring, er særleg urovekkande. Statar som driv etterrettingsoperasjonar mot norsk forskning og utvikling, har dei seinare åra vist evne og vilje til å bruke både militærmakt og masseødeleggingsvåpen mot andre statar og innbyggjarane deira. Nokre statar som i dag har eller blir mis-

tenkt for å ha MØV-program, har òg nære bindingar til ulike terrororganisasjonar som slik kan få tilgang til kunnskap, teknologi og utstyr som ein treng for å utvikle slike program.

Arbeidet med å førebyggje og motverke truslar knytte til ulovleg eksport av forsvarsmateriell og fleirbruksvarer og ulovleg spreiding av masseødeleggingsvåpen blir stadig meir komplekst, og det må bl.a. sjåast i samanheng med ulovleg etterretning frå framande statar. Derfor blir samarbeidet mellom dei norske aktørane med ansvar innfor feltet no styrkt. Styrkinga har òg samanheng med oppfølginga av funn og tilrådingar i Riksrevisjonen si undersøking av arbeidet til styresmaktene med eksportkontroll av strategiske varer i Dokument 3:4 (2020–2021), og læringspunkta etter «Bergen Engines»-saka våren 2021.

Formidling

For at dei enkelte etatane og verksemdene skal kunne ta kunnskapsbaserte avgjerder for å sikre verdiane og interessene sine, må informasjon og medvit om truslar og sårbarheiter nå alle dei relevante målgruppene. Den offentlege debatten om forsvars- og tryggingsspørsmål føreset òg at kunnskapen blir formidla så ope som mogleg. Justis- og beredskapsdepartementet prioriterer derfor i samarbeid med Forsvarsdepartementet å vidareutvikle formidlinga av trussel- og risikovurderingane frå etterretnings-, overvaking- og tryggingstenestene.

Post 01 Driftsutgifter

Løyvinga på posten dekker driftsutgifter for den sentrale eininga (DSE) i PST i tillegg til enkelte utgifter knytte til drift av dei lokale PST-einingane i politidistrikta.

Det blir foreslått å auke løyvinga med 126,3 mill. kroner som følgje av forslag om å overføre livvakttenesta frå politiet. Sjå òg kap. 440 post 01.

Det blir foreslått å auke løyvinga med 26,1 mill. kroner som følgje av at forventade pensjonspremie i Statens pensjonskasse, inklusive arbeidsgivaravgift av dette, tilsvarande blir auka, jf. nærmare omtale under del III, punkt 8.

Det foreslås å redusere løyvinga med 1 mill. kroner pga. reduserte reiseutgifter som følgje av pandemien, jf. nærmare omtale i Del III, punkt 8.

Det er òg endringar som følgje av tidlegare budsjettvedtak og tekniske endringar på posten som ikkje blir omtalte nærmare.

Regjeringa foreslår at Justis- og beredskapsdepartementet får fullmakt til å overskride løyvinga under kap. 444, post 01, mot tilsvarende meirinntekter under kap. 3444, post 02, jf. forslag til vedtak.

Det blir foreslått ei løyving på posten på 1 214,6 mill. kroner.

Post 45 Større utstyrsanskaffelser og vedlikehold, kan overføres (NY)

Posten omfattar utgifter til større utstyrsanskaffingar og vedlikehald i PST. Det blir foreslått ei løyving på posten på 94 mill. kroner.

Kap. 3444 Politiets sikkerhetstjeneste (PST)

(i 1 000 kr)

Post	Betegnelse	Regnskap 2020	Saldert budsjett 2021	Forslag 2022
02	Refusjoner	13 300	18 204	18 677
	Sum kap. 3444	13 300	18 204	18 677

Post 02 Refusjoner

På posten blir det rekneskapsført inntekter som PST får refundert for enkeltoppdrag og særskild bistand til Utanriksdepartementet.

Regjeringa foreslår at Justis- og beredskapsdepartementet får fullmakt til å overskride løyvinga

under kap. 444, post 01, mot tilsvarende meirinntekter under kap. 3444, post 02, jf. forslag til vedtak.

Det blir foreslått ei løyving på posten på 18,7 mill. kroner.

Kap. 445 Den høyere påtalemyndighet

(i 1 000 kr)

Post	Betegnelse	Regnskap 2020	Saldert budsjett 2021	Forslag 2022
01	Driftsutgifter	288 151	301 892	313 104
	Sum kap. 0445	288 151	301 892	313 104

Omtale av verksemda

Riksadvokaten leier Den høgare påtalemakta både fagleg og administrativt og har den overordna faglege leiinga av heile straffesaksbehandlinga i sin eigen etat og i politiet.

Den høgare påtalemakta er ei fellesnemning for dei ti regionale statsadvokatembeta i Noreg, Det nasjonale statsadvokatembetet, Økokrim og Riksadvokatembetet. Økokrim er både eit statsadvokatembete og ei sentral politieining. Riksadvokaten har det faglege ansvaret for behandlinga av straffesaker ved Økokrim. Politidirektoratet har det overordna ansvaret for anna verksemd ved Økokrim og for administrative saker. Statsadvokatembeta i regionane har den overordna faglege leiinga av straffesaksbehandlinga i politidistrikta i sine regionar. Det nasjonale statsadvokatembetet

har påtaleansvaret på statsadvokatnivå for saker som Kripos tek sjølv, og har òg den overordna faglege leiinga av straffesaksbehandlinga ved Kripos.

Det nasjonale statsadvokatembetet har òg påtaleansvaret på statsadvokatnivå for straffesaksbehandlinga ved Politiets tryggingsteneste.

Bemanninga per 31. mars 2021 utgjorde 173,8 årsverk.

Fagleiing

Den høgare påtalemakta har eit særleg ansvar for å stille krav til og sørge for at kvaliteten på straffesaksbehandlinga held eit høgt nivå. Den høgare påtalemakta har dei siste åra fått auka løyvingar slik at dei gjennom styrkt fagleg styring av påtalemakta i politiet medverkar til auka kvalitet og effektivitet i straffesaksbehandlinga til politiet.

Dette arbeidet er vesentleg for å få til høgare måloppnåing i politidistrikta.

Betydinga av fagleiinga er poengtert i Prop. 146 L (2020–2021) *Endringer til straffeprosessloven mv.*, som i ein ny regel i straffeprosesslova formaliserer fagleiinga til statsadvokatane i form av tilsyn og rettleiing til politidistrikta.

Riksadvokaten har i eit nytt fagleiingsrundskriv framheva at fagleiing, saman med straffesaksbehandling, utgjer statsadvokatane sine kjerneoppgåver, og at dei to felte i utgangspunktet skal prioriterast like høgt.

Fagleiinga er blitt meir profesjonalisert, utføringa er blitt likare på tvers av statsadvokatembeta og kvaliteten på arbeidet er heva slik at politidistrikta får bistand til å oppnå auka måloppnåing i straffesaksarbeidet. Hos Riksadvokaten er det oppretta ein ny avdeling for fagleiing som skal prioritere dette området særskilt. Arbeidet med å utvikle ei aktiv fagleiing skal vidareførast i 2022.

Avgrensing av etterforsknings- og påtaleplikta i enkelte saker

Departementet har sendt på høyring forslag til endringar i straffeprosesslova og straffelova. Bakgrunnen for forslaga er eit brev frå riksadvokaten med innspel til enkelte lovendringar for å presisere grensene i etterforsknings- og påtaleplikta i omfattande straffesaker. Vidare gjerast framlegg om eit mogleg nytt straffebod om serieovergrep. Hovudformålet med endringane er å leggje til rette for ein formålstenleg bruk av ressursane til politiet og påtalemakta.

Den høgare påtalemakta sitt arbeid med Nav-sakene

Nav-sakene har kravd ulike former for oppfølging frå Den høgare påtalemakta i 2020. I lys av konklusjonane frå granskingsutvalet er det konkludert med at det er nødvendig å auke medvitet og kompetansen om EØS-rettslege problemstillingar som kan oppstå ved strafforfølgging. Det har òg vore behov for å avklare kva rettslege utgangspunkt som skal leggjast til grunn i gjenopningsprosessen. Det blir no arbeidd vidare med sakene etter avklaringar i EFTA-domstolen si rådgivande fråsegn 5. mai og Høgsterett sin dom i storkammer 2. juli 2021.

Forfølging av narkotikalovbrot i nødssituasjonar

Som eit ledd i oppfølginga av oppmodningsvedtak nr. 1115 (2020–2021), jf. omtale, fekk Riksadvokata

ten i oppdrag å gje ei kortfatta framstilling av reglar som er relevante for strafforfølgginga av legemiddeloven § 24 første ledd, jf. § 31 anna ledd, og av kva føringar som gjeld ved handsaminga av reglane. Riksadvokaten vert også oppmoda til å vurdere om desse reglane og føringane vil gje resultat i samsvar med intensjonen med vedtaket.

I brev 15. september 2021 peikar Riksadvokaten på at utgangspunktet er at straffbare handlingar som vert avdekt, skal forfølgjast, men at det gjeld viktige unntak frå etterforsknings- og påtaleplikta, som såleis er relativ. Sjølv om det ikkje er eigne reglar for denne konkrete sakstypen, er konklusjonen at dei resultat Stortinget ønsker, langt på veg følgjer av eksisterande reglar, føringar og praksis. Frå brevet:

«Stortingets anmodningsvedtak viser til situasjoner som det typisk kan være aktuelt å henlegge under henvisning til at allmenne hensyn ikke tilsier påtale. Fra påtalepraksis kan nevnes et eksempel som var fremme i rikspresen i 2018. I den saken hadde politiet utferdiget bøteforelegg i sak mot en ung kvinne for bruk av hasj, etter at narkotikabruken var blitt oppdaget ved gjennomgang av hennes mobiltelefon som fornærmet i en voldtektssak. Førstestatsadvokaten i (daværende) Vestfold og Telemark statsadvokatembeter trakk tilbake forelegget og beordret saken henlagt med henvisning til straffeprosessloven § 62 a annet ledd. Statsadvokatens endelige påtalevedtak – som fullt ut harmonerer med riksadvokatens lovforståelse – vedlegges til orientering.

De resultater Stortinget formentlig ønsker, vil etter riksadvokatens vurdering allerede langt på vei følge av eksisterende regler, føringar og praksis. Det ses i betydelig utstrekning bort fra forhold politiet kommer over under etterforskingen av svært alvorlige lovbrudd, herunder drap og voldtekt, uavhengig av om noen privatperson har inngitt anmeldelse. Gjeldende føringar har imidlertid naturleg nok avveiningskarakter, og det er ikke gitt faste regler om nærmere avgrensede typesituasjoner. Det henger sammen med at etterforsknings- og påtaleplikten må avgrensas i en lang rekke ulikeartede situasjoner, der det gjør seg gjeldende en rekke kryssende hensyn, og det er selvsagt ikke bare narkotikalovbrudd det etter omstendighetene kan være aktuelt å la være å forfølge.

Av generelle retningslinjer av betydning for påtalemyndighetens skjønnsutøvelse kan nev-

nes riksadvokatens rundskriv nr. 3/1999 punkt III og rundskriv nr. 3/2018 punkt 4.1.1 med videre henvisninger. Se ellers arbeidsgruppe-rapporten inntatt i riksadvokaten skriftserie nr. 1/2018 (RA-2018-1-S), Effektivisering av domstolsbehandlingen av større straffesaker – Første delrapport fra arbeidsgruppe nedsatt av riksadvokaten, punkt 3 og 4.

Riksadvokaten har ingen umiddelbart forestående planer om å gi detaljerte retningslinjer om påtaleskjønnet knyttet til slike typetilfeller som Stortingets anmodningsvedtak gjelder. Det kan imidlertid være aktuelt å gi ytterligere føringer i tilknytning til at straffeprosessloven § 62 ble endret, og gitt et noe videre anvendelsesområde, ved lov 18. juni 2021 nr.122. Som kjent gjennomfører for tiden landets statsadvokater på oppdrag fra riksadvokaten en undersøkelse av tvangsmiddelbruk i mindre narkotikasaker. Avhengig av hvilke funn som blir gjort, kan det i forlengelsen av dette arbeidet bli aktu-

elt å gi ulike direktiver herfra om behandlingen av narkotikasaker.»

Post 01 Driftsutgifter

Løyvinga på posten dekker i hovudsak driftsutgifter for Den høgare påtalemakta. Det blir foreslått å auke løyvinga med 2,2 mill. kroner til arbeidet med Nav-sakene.

Det blir foreslått å auke løyvinga med 8,8 mill. kroner som følgje av at forventa pensjonspremie i Statens pensjonskasse, inklusive arbeidsgjevaravgift av dette, tilsvarande blir auka, jf. nærmare omtale under del III, punkt 8.

Det foreslås å redusere løyvinga med 400 000 kroner pga. reduserte reiseutgifter som følgje av pandemien, jf. nærmare omtale i del III, punkt 8.

Det blir foreslått ei løyving på posten på 313,1 mill. kroner.

Kap. 3445 Den høyere påtalemyndighet

(i 1 000 kr)

Post	Betegnelse	Regnskap 2020	Saldert budsjett 2021	Forslag 2022
02	Refusjoner	3 151	2 142	
	Sum kap. 3445	3 151	2 142	

Post 02 Refusjoner

Løyvinga på posten dekker refusjonar frå den tidlegare utleigaren i samband med flytting til nye

lokale. Den høgare påtalemakta får ingen refusjonar i 2022.

Kap. 446 Den militære påtalemyndighet

(i 1 000 kr)

Post	Betegnelse	Regnskap 2020	Saldert budsjett 2021	Forslag 2022
01	Driftsutgifter	8 854	9 099	9 169
	Sum kap. 0446	8 854	9 099	9 169

Omtale av verksemda

Generaladvokaten leier den militære påtalemakta og er overordna krigsadvokatane. Generaladvokaten er underlagd Riksadvokaten i påtalemessige spørsmål, men er administrativt underlagd Justis- og beredskapsdepartementet. Generaladvokaten

og krigsadvokatane høyrer til påtalemakta, og har ansvar for militære straffesaker. Dei har i tillegg som oppgåve å støtte militære sjefar i kontrollen deira med disiplinærutøvinga ved lovlegheitskontroll av alle refsingar og ved å uttale seg i ei rekkje disiplinærsaker før refs blir gitt, og dessutan å uttale seg i alle klagesaker. I tillegg til dei løpande

oppgåvene har generaladvokaten ansvaret for å førebu verksemda til den militære påtalemakta i krigstid. Embetet har og oppgåver av folkerettsleg art innanfor fagområde sitt.

Bemanninga per 31. mars 2021 utgjorde 7,2 årsverk.

Post 01 Driftsutgifter

Løyvinga på posten dekker alle driftsutgiftene for generaladvokatembetet, under dette krigsadvokatane for Sør- og Nord-Noreg.

Det foreslås å redusere løyvinga med 100 000 kroner som følgje av at forventta pensjonspremie i Statens pensjonskasse, inklusive arbeidsgjevaravgift av dette, tilsvarende blir redusert, jf. nærmare omtale under del III, punkt 8. Det blir foreslått ei løyving på posten på 9,2 mill. kroner.

Kap. 448 Grensekommissæren

(i 1 000 kr)

Post	Betegnelse	Regnskap 2020	Saldert budsjett 2021	Forslag 2022
01	Driftsutgifter	5 907	5 775	5 987
	Sum kap. 0448	5 907	5 775	5 987

Post 01 Driftsutgifter

Bemanninga ved Grensekommissariatet per 30. april 2021 utgjorde seks årsverk. Løyvinga på posten dekker utgifter til lønn og andre driftsutgifter. Posten skal dessutan dekke utgifter til grensemerking mellom Noreg og Russland og utgifter i samband med møte med finske og russiske grensestyresmakter.

Det foreslås å auke løyvinga med 100 000 kroner som følgje av at forventta pensjonspremie i Statens pensjonskasse, inklusive arbeidsgjevaravgift av dette, tilsvarende blir auka, jf. nærmare omtale under del III, punkt 8. Det blir foreslått ei løyving på posten på 6,0 mill. kroner.

Programkategori 06.50 Redningstenesta, samfunnstryggleik og beredskap

Utgifter under programkategori 06.50 fordelte på postgrupper

(i 1 000 kr)

Post-gr.	Betegnelse	Regnskap 2020	Saldert budsjett 2021	Forslag 2022	Pst. endr. 21/22
01-25	Driftsutgifter	2 698 185	2 719 346	2 872 504	5,6
30-49	Nybygg, anlegg m.v.	2 014 399	2 118 266	2 708 964	27,9
60-69	Overføringer til kommuner		120 000		-100,0
70-89	Overføringer til private	300 383	314 163	320 279	1,9
	Sum kategori 06.50	5 012 967	5 271 775	5 901 747	11,9

Utgifter under programkategori 06.50 fordelte på kapittel

(i 1 000 kr)

Kap.	Betegnelse	Regnskap 2020	Saldert budsjett 2021	Forslag 2022	Pst. endr. 21/22
451	Direktoratet for samfunnssikkerhet og beredskap	1 665 384	1 716 376	1 637 946	-4,6
452	Sentral krisehåndtering	25 661	26 982	27 578	2,2
453	Sivil klareringsmyndighet	41 189	47 212	47 330	0,2
454	Redningshelikoptertjenesten	2 460 091	2 659 692	3 335 315	25,4
455	Redningstjenesten	452 982	456 923	471 453	3,2
457	Nasjonal sikkerhetsmyndighet	367 660	364 590	382 125	4,8
	Sum kategori 06.50	5 012 967	5 271 775	5 901 747	11,9

1 Innleiing

Programkategori 06.50 *Redningstenesta, samfunnstryggleik og beredskap* omfattar Direktoratet for samfunnstryggleik og beredskap (DSB), Sivil klareringsmyndighet (SKM), Nasjonalt tryggingorgan (NSM), redningshelikoptertenesta, redningstenesta og sentral krisehåndtering.

Verksemdene i programkategori 06.50 er sentrale i arbeidet med stats- og samfunnstryggleik. Verksemdene skal saman med departementet hjelpe til med å sikre tryggleiken til innbyggja-

rane ved at samfunnet best mogleg blir i stand til å førebyggje, motverke og unngå uønskte hendingar. Politiet og Politiets tryggingsteneste (PST) hjelper med trusselforståing, kapasitet og kompetanse for å redusere sårbarheit i samfunnet, jf. òg omtalen under programkategori 06.40.

2 Hovudprioriteringar for 2022

Noreg står overfor eit komplekst trussel- og risikobilete. Endringar i det tryggleikspolitiske bilete, endringar i klima, globalisering, urbanise-

ring og den teknologiske utviklinga bidrar til dette. Arbeidet med nasjonal tryggleik inneber blant anna å førebygge, avdekke, etterforske og ev. føre for retten og handtere dei mest alvorlege truslane mot tryggleiken i riket og mot grunnleggjande nasjonale interesser. For det andre er målet å styrke motstandskrafta og uthaldet i nasjonen og å redusere sårbarheit. Dette gjeld truslar frå både statlege og ikkje-statlege aktørar, både i det fysiske og i det digitale rommet. Regjeringa foreslår å auke løyvinga til NSM for å halda oppe den nasjonale evna til å verna høggradert informasjon og etablere eit nasjonalt kompetansemiljø for anvendt kryptologi.

Arbeidet med dei grunnleggjande nasjonale funksjonane er ein kontinuerleg prosess.

Regjeringa vil halde fram med å vidareutvikle totalforsvaret gjennom bl.a. auka involvering av det lokale og det regionale leddet og gjennom ei styrking av det privat-offentlege samarbeidet.

Arbeidet med å styrke robustheita i dei kritiske samfunnsfunksjonane må òg sjåast i samanheng med totalforsvarsarbeidet.

Noreg gjennomfører invitasjonsøvinga *Cold Response 2022* i tida mars–april. Øvinga vil kreve stor involvering frå sivil sektor i form av generell støtte og handtering av hendingar. Det blir òg vist til omtalen av øvinga i Forsvarsdepartementet sin fagproposisjon.

Anskaffinga av 16 nye SAR Queen redningshelikopter til erstatning for Sea King og midlar til drift og vedlikehald av dagens redningshelikopter held fram. Dei første SAR Queen helikoptera vart sette i drift 1. september 2020. Dei resterande helikoptera skal setjast i drift i 2022 og 2023. For å forbetre redningsberedskapen i Nord-Noreg skal det etablerast ein ny redningshelikopterbase i Tromsø og ein felles operasjon med Sysselmeisteren si helikoptertjeneste. Det blir teke sikte på at den nye redningshelikopterbasen blir sett i drift i løpet av 2022.

Regjeringa la i 2020 fram ei ny samfunnsstryggleiksmelding, Meld. St. 5 (2020–2021) – *Samfunnssikkerhet i en usikker verden*, jf. Innst. 275 S (2020–2021). Arbeidet med samfunnsstryggleik i 2022 skal bidra til å følgje opp meldinga. I tillegg gir handteringa av koronapandemien ei rekke lærings- og oppfølgingspunktar som verksemdene i justissektoren vil følgje opp.

Regjeringa sette ned ein uavhengig kommisjon for å få ein grundig og heilskapleg gjennomgang og evaluering av styresmaktene si handtering av virusutbrotet. Koronakommisjonen kartla alle dei relevante sidene ved handteringa. Kommisjonen leverte rapporten sin, NOU 2021: 6 *Myn-*

dighetenes håndtering av koronapandemien, 14. april 2021, og rapporten har vore på høyring. Då kommisjonen avslutta arbeidet sitt, var det ein kraftig auke i smitten i Noreg. Dette illustrerte eit av hovudbodskapa til kommisjonen: Pandemien var ikkje over, og det var for tidleg til å trekkje endelege konklusjonar. Regjeringa har derfor bede kommisjonen halde fram arbeidet sitt, slik at vi får ein grundig og heilskapleg gjennomgang av læringspunkt frå styresmaktene si handtering av den delen av pandemien som vi framleis står midt oppe i.

Regjeringa vil forbetre brannutdanninga og har sett i gang å etablere ein ny fagskule for brann- og redningspersonell ved Noregs brannskule i Tjeldsund kommune.

Telenor har starta arbeid med å avvikle av eige koparnett. Det har innverknad på Nødnett, då Nødnett i stor grad bruker koparkabel frå Telenor for å sende talesignal mellom basestasjonane. For å halde tenestene ved lag må Nødnett gå over på ny teknologi (IP-teknologi). Omlegginga inneber at komponentar i Nødnett må endrast eller skiftast ut. Det er eit omfattande arbeid som fører med seg større kostnader. DSB samarbeider med Telenor og andre leverandørar for å finne ein best mogleg løysing på omlegginga.

3 Tverrsektorielt arbeid innafor nasjonal tryggleik og samfunnsstryggleiksområdet

3.1 Samanhengen mellom nasjonal tryggleik og samfunnsstryggleik

Regjeringa har det øvste ansvaret for å vareta samfunnsstryggleik, statstryggleik og nasjonal tryggleik.

Samfunnsstryggleik handlar om evna samfunnet har til å verne seg mot og handtere hendingar som truar grunnleggjande verdiar og funksjonar og set liv og helse i fare, gjennom heile krisespekteret.

Formålet med statstryggleiken er å vareta eksistensen, suvereniteten, den territoriale integriteten og den politiske handlefridommen til staten. Norsk tryggings- og forsvarspolitikkk skal sikre statstryggleiken.

Verkeområdet til tryggingslova er statstryggleiksområdet og den delen av samfunnsstryggleiksområdet som er viktig for evna staten har til å vareta nasjonale tryggleiksinteresser.

3.2 Nasjonal tryggleik

Lov om nasjonal sikkerhet (tryggingslova) tok til å gjelde 1. januar 2019. Justis- og beredskapsdepar-

tementet har ansvaret for lova og det overordna ansvaret for det førebyggjande tryggleiksarbeidet på sivil side. Forsvarsdepartementet har det overordna ansvaret for det førebyggjande tryggleiksarbeidet i forsvarssektoren. Nasjonalt tryggingsorgan (NSM) varetek det utøvande ansvaret for førebyggjande tryggleik på vegne av Justis- og beredskapsdepartementet og Forsvarsdepartementet.

Framveksten av nye tryggleiksutfordringar, medrekna angrep frå ikkje-statlege aktørar, kan utfordre både samfunstryggleiken og statstryggleiken. Samansette truslar, der ulike verkemiddel blir brukte for å støtte oppunder og forsterke kvarandre, kan gjere det vanskelegare å identifisere tryggleikstruande verksemd og å forstå det samla trusselbiletet og kva for aktørar som står bak.

3.2.1 Førebyggjande nasjonal tryggleik

Målet med arbeidet med nasjonal tryggleik er å styrke motstandskrafta og uthaldet i nasjonen, og å gjere oss mindre sårbare mot truslar.

Vi står overfor eit komplekst trusselbiletet, bl.a. pga. aukande geopolitisk spenning. Det nasjonale risikobiletet blir endra når truslane blir endra, t.d. som følgje av teknologisk utvikling.

Større avhengnader på tvers av samfunnssektorar gjer eit tett samarbeid mellom sivile og militære styresmakter stadig viktigare. På sivil side er det viktig at Justis- og beredskapsdepartementet held fram med å vere ein pådrivar for å etablere, halde ved like og analysere eit tverrsektorielt situasjonsbiletet på strategisk nivå.

Formålet med tryggingslova er å tryggje dei nasjonale tryggleiksinteressene våre og å førebyggje, avdekke og motverke tryggleikstruande verksemd. Dei nasjonale tryggleiksinteressene blir støtta ved at departementa identifiserer grunnleggjande nasjonale funksjonar (GNF) innanfor ansvarsområda sine. Dei identifiserte GNF-ane dannar grunnlaget for å kunne leggje verksemder av avgjerande betydning for GNF under

tryggingslova, og for at nødvendige sikringstiltak for skjermingsverdige verdiar blir gjennomførte.

Alle departementa har identifisert GNF innanfor sin sektor. Det går for seg ein prosess med identifisering av tverrsektorielle GNF-ar der fleire departement har ansvar innanfor verdikjeda til GNF. Dette er komplekst og tidkrevjande.

Bergen Engines-saka har synleggjort viktigeita av det førebyggjande tryggleiksarbeidet generelt og av identifisering av GNF-ar og verksemder av avgjerande og vesentleg betydning spesielt. Arbeidet med å implementere tryggingslova kan medføre endringar i kva som blir klassifisert som skjermingsverdige objekt og infrastruktur.

For å bidra til tryggleik knytta til norsk romverksemd har Justis- og beredskapsdepartementet, i kraft av sitt overordna ansvar for det førebyggjande tryggleiksarbeidet i sivil sektor, meldt inn fire førebels GNF-ar knytta til området, sjå tabell under.

Det pågåande arbeidet med desse GNF-ane vil, blant anna, avklare det endelege ansvaret for desse.

Det vart også i 2020 gjort betydelege investeringar og arbeid for å sikre skjermingsverdige objekt i justissektoren i samsvar med det ønskete sikringsnivået. Ytterlegare objekt har fått ønskt sikringsnivå som følgje av at det nye beredskaps-senteret til politiet vart ferdigstilt i november 2020, og tryggleiken i Nødnett er betra. Det går framleis for seg eit arbeid i justissektoren for å sikre skjermingsverdige objekt som ikkje er sikra i samsvar med det ønskete tryggingsnivået. Dette arbeidet vil måtte ta fleire år.

Justis- og beredskapsdepartementet og Forsvarsdepartementet, med støtte frå Nasjonalt tryggingsorgan (NSM), har eit pågåande arbeid med å koordinere og nivellere dei innmelde GNF-ane på tvers av departementsområda. Som ein del av denne prosessen, er det sannsynleg at formuleringa av departementa sine identifiserte GNF-ar vil kunne bli noko justerte. Dei GNF-ane som er identifiserte og innmelde til Nasjonalt tryggingsorgan så langt, kjem fram av tabellen nedanfor:

Tabell 2.9 Grunnleggjande nasjonale funksjonar

Hovudansvarleg departement	Grunnleggjande nasjonale funksjonar (GNF)
Arbeids- og sosialdepartementet	1: Arbeids- og sosialdepartementet si verksemd, handlefridom og avgjerdsdugleik 2: Nødvendige offentlege ytingar til befolkninga
Barne- og familiedepartementet	1: Barne- og familiedepartementet si verksemd, handlefridom og avgjerdsdugleik
Finansdepartementet	1: Evne til å finansiere offentleg verksemd 2: Sikre samfunnet si evne til å formidle finansielle tenester 3: Finansdepartementet si verksemd, handlefridom og avgjerdsdugleik
Forsvarsdepartementet	1: Situasjonsforståing 2: Innsats 3: Kommando og kontroll 4: Vern 5: Forsvarsdepartementet si verksemd, handlefridom og avgjerdsdugleik
Helse- og omsorgsdepartementet	1: Helseberedskap 2: Trygg vassforsyning 3: Helse- og omsorgsdepartementet si verksemd, handlefridom og avgjerdsdugleik
Justis- og beredskapsdepartementet	1: Justis- og beredskapsdepartementet si verksemd, handlefridom og avgjerdsdugleik 2: Nasjonale tryggingstenester 3: Lov og orden <i>Førebels: Satellittbasert kommunikasjon</i> <i>Førebels: Satellittbasert overvaking og jordobservasjon</i> <i>Førebels: Romvêrvarslingsstenester</i> <i>Førebels: Posisjonsavgjerd, navigasjon og tidsavgjerd</i>
Klima- og miljødepartementet	1: Klima- og miljødepartementet si verksemd, handlefridom og avgjerdsdugleik
Kommunal- og moderniseringsdepartementet	1: Kommunal- og moderniseringsdepartementet si verksemd, handlefridom og avgjerdsdugleik 2: Gjennomføring av frie, direkte og hemmelege val til Stortinget, kommunestyre, fylkesting og Sametinget 3: Evne til å vareta talekommunikasjonstenester basert på norsk nummerplan 4: Evne til å vareta tekstbaserte meldingstenester basert på norsk nummerplan

Tabell 2.9 Grunnleggjande nasjonale funksjonar

Hovudansvarleg departement	Grunnleggjande nasjonale funksjonar (GNF)
Kunnskapsdepartementet	5: Evne til å vareta grunnleggjande Internet tilgang 1: Kunnskapsdepartementet si verksemd, handlefri- dom og avgjerdsdugleik
Kulturdepartementet	1: Kulturdepartementet si verksemd, handlefridom og avgjerdsdugleik 2: Krisekommunikasjon til befolkninga
Landbruks- og matdepartementet	1: Landbruks- og matdepartementet si verksemd, handlefridom og avgjerdsdugleik
Nærings- og fiskeridepartementet	1: Nærings- og fiskeridepartementet si verksemd, handlefridom og avgjerdsdugleik 2: Sikre at forsvaret og på førehand utpeika nødven- dige brukarar får tilgang til tilstrekkeleg drivstoff 3: Matvareforsyning ¹
Olje- og energidepartementet	1: Nasjonal kraftforsyning 2: Olje- og energidepartementet si verksemd, handle- fridom og avgjerdsdugleik 3: Kontroll med utvinning av petroleum på norsk sok- kel ²
Samferdselsdepartementet	1: Transport 2: Samferdselsdepartementet si verksemd, handlefri- dom og avgjerdsdugleik
Statsministerens kontor	1: Statsministerens kontor si verksemd, handlefridom og avgjerdsdugleik
Utanriksdepartementet	1: Norsk utanriksteneste 2: Utanriksdepartementet si verksemd, handlefridom og avgjerdsdugleik

¹ Andre departement med ansvar: Landbruks- og matdepartementet og Helse- og omsorgsdepartementet² Andre departement med ansvar: Arbeids- og sosialdepartementet, Forsvarsdepartementet og Justis- og beredskapsdepartementet

NSM har publisert ei samla oversikt over innmelde GNF-ar på nettsidene sine som vert løpande oppdatert.

Ei heilskapleg implementering av tryggingsslova er omtalt i tryggleiksmeldinga – Meld. St. 5 (2020–2021) *Samfunnssikkerhet i en usikker verden*, jf. Innst. 275 S (2020–2021). I meldinga omtaler regjeringa prioriterte område som svært viktige for førebyggjande nasjonal tryggleik. Eit sentralt område er arbeidet mot uønskte investeringar i norske verksemdar. Regjeringa tek hausten 2021 sikte på å ferdigstille retningslinjer for koordinering av departementa si behandling av saker om økonomisk aktivitet i norske verksemdar som kan trua nasjonale tryggingssinteresser. Retnings-

linjene omhandlar òg NSM si rolle som det nasjonale kontaktpunktet for screening og ansvaret deira for å koordinere det tryggingssfaglege arbeidet på etatsnivå.

Meldinga beskriv òg det førebyggjande arbeidet mot bruk av samansette verkemiddel. Regjeringa vil vidareutvikle den nasjonale evna til å avdekke og motverke hendingar slik at vi som nasjon blir mindre sårbare overfor slik verkemiddelbruk. Justis- og beredskapsdepartementet har det koordinerande ansvaret for arbeidet med samansette verkemiddel på sivil side.

Ein stor del av slik verkemiddelbruk går for seg i det digitale rommet. I samsvar med Prop. 14 S (2020–2021) *Vilje til beredskap – evne til forsvar*

Langtidsplan for forsvarssektoren, jf. Innst. 87 S (2020–2021) har NSM på oppdrag utarbeid anbefalingar på korleis organet kan betre situasjonsbiletet i det digitale rommet. NSM, Sivil klareringsmyndigheit (SKM) og Politiets tryggingsteneste (PST) er dei sentrale verksemdene departementet har i arbeidet med nasjonal tryggleik. Sjå omtale under kap. 444, 453 og 457 for nærmare omtale av verksemdene.

3.2.2 Digital tryggleik

Digital tryggleik er avgjerande for å vareta velferdsamfunnet, viktige samfunnsfunksjonar, nasjonale tryggingssinteresser og interessene til den enkelte innbyggjaren og til sivilsamfunnet i det heile. Etterretningstenesta og PST omtalar i dei opne trusselvurderingane sine eit trusselbiletet i endring, der stadig meir aktivitet går for seg i det digitale rommet. Dette biletet blir òg støtta av vurderingane frå Økokrim og Kripes, medrekna kriminalitetsbiletet i det digitale rommet. Virusutbrotet gjer oss meir avhengige av det digitale rommet, noko som aukar sårbarheita for digitale truslar.

Nasjonale observasjonar og internasjonal rapportering viser ein markant auke i cyberoperasjonar og datainnbrot frå både statlege og kriminelle aktørar. Sjølv om auken kan forklarast med betre avsløringsevne, samarbeid, auka medvit og større openheit, er ein trygg på at ein stor del av forklaringa kjem av ein reell auke i aktivitet frå ulike trusselaktørar. Trenden over tid, og spesielt dei to siste åra viser ein stor auke i det som blir klassifisert som alvorlege eller svært alvorlege hendingar. NSM forventar at trenden vil fortsetje.

I 2021 har Justis- og beredskapsdepartementet og Forsvarsdepartementet innhenta status frå alle departementa på oppfølginga av *Nasjonal strategi for digital tryggleik*. Som del av rapporteringa blei det òg gjennomført ei spørjeundersøking blant offentlege og private verksemdar. Rapporteringa til departementa tyder på behov for tettare oppfølging i eigen sektor frå departementas side. Rapporteringa viser òg at rettleiingsmateriellet til styresmaktene blir nytta, men at tilbodet i større grad kan gjerast kjent for verksemdar, spesielt for private verksemdar. Justis- og beredskapsdepartementet vil òg vurdere nærmare korleis ordninga med sektorvise responsmiljø kan forbedrast og styrkast for å vareta behovet både for verksemdar, sektorar og nasjonalt.

Kryptoteknologi må brukast i alle samfunnssektorar for å støtte tryggleik i IKT-system, for å trygge personopplysningar, for å realisere offentlege, digitale tenester og for å sørge for trygg

elektronisk kommunikasjon i forvaltninga og i næringslivet. Bruk av kryptoteknologi er avgjerande for å bevare tilliten til nye digitale tenester i det norske samfunnet. I tråd med kryptopolitikken (2019) vidarefører regjeringa prinsippet om at kryptoteknologi som nyttast til å trygge nasjonal høggradert informasjon, skal være under nasjonal kontroll.

Det er gjennomført ein nasjonal folkeopplysningskampanje retta mot innbyggjarane. Kampanjen var sentral for å bidra til å auke kunnskapen i befolkninga om digital trygging, kjeldekritikk og medvit omkring korleis sosiale medium kan brukast til å spreie desinformasjon. NorSIS, NSM, DSB og politiet stod saman om kampanjen.

Styresmaktene held fram med å fremme internasjonalt samarbeid om digital tryggleik, forsvar mot og handtering av digitale truslar, semje om statleg åtfærd i det digitale rommet og samarbeid om kamp mot IKT-kriminalitet på arenaer som bl.a. FN, NATO, EU, OECD og OSSE. I tillegg skal den bilaterale og regionale dialogen med andre statar, inkludert nordisk samarbeid, vidareutviklast.

3.3 Samordningsrolla til Justis- og beredskapsdepartementet

Samordningsrolla til Justis- og beredskapsdepartementet er fastsett i *Instruks for departementenes arbeid med samfunnssikkerhet* (samfunnstryggleiksinstruksen). DSB har samordningsansvar på etatsnivå, og statsforvaltarane og kommunane har samordningsansvar på regionalt og lokalt nivå. Ansvaret for samfunnstryggleiken er fordelt på alle sektorar.

3.4 Felles planleggingsgrunnlag

Samordning kan vere utfordrande, og ein viktig føresetnad for å lukkast er at aktørane har ei felles situasjons- og risikoforståing og eit felles bilete av kva som er særleg viktig å prioritere.

Trussel- og sårbarheitsvurderingane som blir utarbeid av bl.a. PST og NSM, og krisescenarioa til DSB, gir eit viktig felles grunnlag for arbeidet med nasjonal- og samfunnstryggleik.

Justis- og beredskapsdepartementet har ansvar for å halde oversikt over kva for funksjonar som i eit tverrsektorielt perspektiv er nødvendige for samfunnstryggleiken. Regjeringa har etablert eit system der departementa er peika ut som hovudansvarlege for 14 kritiske samfunnsfunksjonar. Departementa har ansvar for heilskapleg samordning innanfor dei nødvendige samfunns-

funksjonane, bl.a. for å utarbeide status- og tilstandsvurderingar for funksjonane, jf. samfunnstryggleiksinstruksen og tabellen under. Frå 2017 og over ei periode på fire år er det rapportert på alle funksjonane.

Regjeringa har fremma tre stortingsmeldingar om samfunnstryggleik. Den som er lagd fram sist, er Meld. St. 5 (2020–2021) *Samfunnssikkerhet i en usikker verden*, jf. Innst. 275 S (2020–2021), som er

regjeringa sin strategi for samfunnstryggleik i eit fireårsperspektiv. I meldinga blir merksemda retta særleg mot sju område: 1) covid-19 pandemien, 2) sivilt-militært samarbeid og totalforsvaret, 3) førebyggjande nasjonal trygging, 4) digital trygging, 5) samansette truslar, 6) førebygging og beredskap lokalt og regionalt, 7) førebygging, beredskap og redningsteneste i dei nordlege havområda våre.

Tabell 2.10 Kritiske samfunnsfunksjonar og område

Kritiske samfunnsfunksjonar og område	Hovudansvarleg departement	Utøvande verksemdar/forvaltningsnivå	Andre departement med ansvar
Elektronisk kommunikasjonsnett og -tenester (Ekom)	Kommunal- og moderniseringsdepartementet	Nasjonal kommunikasjonsmyndigheit (Nkom), Nasjonalt tryggingorgan (NSM), Direktoratet for samfunnstryggleik og beredskap (DSB), Forsvaret, ekomtilbydarar	Justis- og beredskapsdepartementet, Forsvarsdepartementet
Digital tryggleik i sivil sektor	Justis- og beredskapsdepartementet	NSM, Datatilsynet, DSB, Nkom, Digitaliseringsdirektoratet, Politiets tryggingsteneste (PST), politiet ved KRIPOS, sektorvise responsmiljø, eigarar av kritisk viktige IKT-system, digitale register og arkiv	Kommunal- og moderniseringsdepartementet, dei andre departementa
Satellittbasert navigasjon og kommunikasjon	Kommunal- og moderniseringsdepartementet Samferdselsdepartementet ¹	Norsk Romsenter, Kongsberg Satellite Services, Space Norway AS, Kystverket, Nkom, Kartverket, Avinor AS, NSM	Justis- og beredskapsdepartementet, Nærings- og fiskeridepartementet
Kraftforsyning	Olje- og energidepartementet	Noregs vassdrags- og energidirektorat (NVE), Kraftforsyningens beredskapsorganisasjon, Statnett SF, Statkraft, fjernvarmeselskap, kraft- og nettselskap, DSB, Meteorologisk institutt (MET)	Justis- og beredskapsdepartementet, Klima- og miljødepartementet
Vatn og avløp	Helse- og omsorgsdepartementet	Mattilsynet, Helsedirektoratet (Hdir), Statens helsetilsyn, Folkehelseinstituttet, Miljødirektoratet, Direktoratet for strålevern og atomtryggleik (DSA), vassverkseigarar (offentlege og private vassverk), leverandørar av varer og tenester til vatn og avløp, røyrentreprenørar, statsforvaltarane, kommunane	Klima- og miljødepartementet, Kommunal- og moderniseringsdepartementet

Tabell 2.10 Kritiske samfunnsfunksjonar og område

Kritiske samfunnsfunksjonar og område	Hovudansvarleg departement	Utøvande verksemder/ forvaltningsnivå	Andre departement med ansvar
Forsyningstryggleik	Nærings- og fiskeridepartementet	Landbruksdirektoratet, Fiskeridirektoratet, DSB, Petroleumstilsynet, Toll-etaten, matvarenæringane, drivstoffnæringane, bygg- og anleggsnæringane, sjøfartsnæringane, transportbransjen, statsforvaltarane, kommunane, Forsvaret	Landbruks- og matdepartementet, Samferdselsdepartementet, Helse- og omsorgsdepartementet, Arbeids- og sosialdepartementet, Justis- og beredskapsdepartementet, Forsvarsdepartementet, Olje- og energidepartementet, Finansdepartementet
Transport	Samferdselsdepartementet	Statens vegvesen, Nye Vegar AS, Vegtilsynet, Avinor AS, Avinor Flysikring AS, Bane NOR SF, Luftfartstilsynet, Kystverket, Statens jernbanetilsyn, Entur AS, Jernbandedirektoratet, Sjøfartsdirektoratet, hamnevesen, Norges Rederiforbund, NORTRASHIP, MET, DSB, fylkeskommunar, kommunar, transportaktørar	Nærings- og fiskeridepartementet, Klima- og miljødepartementet, Justis- og beredskapsdepartementet
Finansielle tenester	Finansdepartementet	Noregs Bank, Finanstilsynet, finansforetak	
Helse og omsorg	Helse- og omsorgsdepartementet	Hdir, Folkehelseinstituttet, Direktoratet for e-helse, Statens helsetilsyn DSA, Statens legemiddelverk, Norsk helsenett SF, dei regionale helseforetaka, Arbeids- og velferdsdirektoratet (NAV), Barne-, ungdoms og familiedirektoratet (BUFDIR), Mattilsynet, Vitenskapskomiteen for mattryggleik, Havforskningsinstituttet, Veterinærinstituttet, DSB, Sivilforsvaret, Forsvaret, statsforvaltarane, kommunane, barnevern, krisesenter, legemiddelprodusentar, apotek.	Arbeids- og sosialdepartementet, Landbruks- og matdepartementet, Nærings- og fiskeridepartementet, Justis- og beredskapsdepartementet, Forsvarsdepartementet, Barne- og familiedepartementet

Tabell 2.10 Kritiske samfunnsfunksjonar og område

Kritiske samfunnsfunksjonar og område	Hovudansvarleg departement	Utøvande verksemder/ forvaltningsnivå	Andre departement med ansvar
Lov og orden	Justis- og beredskapsdepartementet	Politidirektoratet (POD), politiet, PST, DSB, Statens sivilrettsforvaltning, Riksadvokaten, Kriminalomsorgsdirektoratet, helseføretaka, Domstolsadministrasjonen, Sekretariatet for konfliktråda, Datatilsynet, Utlendingsforvaltninga, Tolletaten, Forsvaret, NSM	Finansdepartementet, Forsvarsdepartementet, Kommunal- og moderniseringsdepartementet, Helse- og omsorgsdepartementet
Redningsteneste	Justis- og beredskapsdepartementet	Hovudredningssentralen, lokale redningssentralar, frivillige rednings- og beredskapsorganisasjonar, Frivillige organisasjoners redningsfaglige forum, Hdir, POD, DSB, Sivilforsvaret, politidistrikta, brann- og redningsvesen, helseføretaka (regionale og lokale), Forsvaret, Luftfartstilsynet, Kystverket, Sjøfartsdirektoratet, Næringslivets sikkerhetsorganisasjon, industrivern, Redningshelikoptertenesta, Luftambulansetjenesten HF, Nkom, Avinor AS, Telenor Maritim radio, Rednings-selskapet, statsforvaltarane, kommunane	Forsvarsdepartementet, Helse- og omsorgsdepartementet, Nærings- og fiskeridepartementet, Samferdselsdepartementet, Kommunal- og moderniseringsdepartementet
Styring og kriseleing	Justis- og beredskapsdepartementet	POD, politiet, PST, DSB, NSM, Hdir, DSA, Forsvaret, Sivil klareringsmyndigheit, Norsk rikskringkasting, Trygging- og serviceorganisasjonen til departementa, Statsbygg, Kartverket, Statsforvaltarens fellesteneste, Valdirektoratet, andre etatar, statsforvaltarane, kommunane	Statsministerens kontor, Utanriksdepartementet, Forsvarsdepartementet, Helse- og omsorgsdepartementet, Kulturdepartementet, Kommunal- og moderniseringsdepartementet, Finansdepartementet, dei andre departementa

Tabell 2.10 Kritiske samfunnsfunksjonar og område

Kritiske samfunnsfunksjonar og område	Hovudansvarleg departement	Utøvande verksemdar/forvaltningsnivå	Andre departement med ansvar
Forsvar	Forsvarsdepartementet	Forsvaret, NSM, FFI, Forsvarsbygg, Forsvarsmateriell	Justis- og beredskapsdepartementet, Samferdselsdepartementet, Olje- og energidepartementet, Nærings- og fiskeridepartementet, Helse- og omsorgsdepartementet, Utanriksdepartementet
Natur og miljø	Klima- og miljødepartementet	Fiskeridirektoratet, Kystverket, Miljødirektoratet, MET, NVE, Noregs geologiske undersøking, Petroleumstilsynet, Norsk Polarinstitutt, DSA, FHI, Helsedirektoratet, Landbruksdirektoratet, Norsk institutt for bioøkonomi, Havforskingsinstituttet, Mattilsynet, Veterinærinstituttet, DSB, Forsvaret, statsforvaltarane, kommunane, interkommunale utval mot akutt forureining (IUA)	Samferdselsdepartementet, Olje- og energidepartementet, Nærings- og fiskeridepartementet, Arbeids- og sosialdepartementet, Landbruks- og matdepartementet, Justis- og beredskapsdepartementet, Helse- og omsorgsdepartementet, Forsvarsdepartementet

¹ Hovudansvarleg for posisjon, navigasjon og tid, jf. SD sitt koordineringsansvar for sivil radionavigasjonspolitik, irekna koordinering av regjeringa sin strategi for PNT (posisjon, navigasjon, tid).

Områda er tverrsektorielle samfunnsfunksjonar som er viktige for samfunnstryggleiken, som fleire departement har ansvar for, og som er avhengige av kvarandre.

Innføringa av hovudansvarlege departement inneber ikkje at sektoransvaret eller Justis- og beredskapsdepartementet si samordningsrolle blir endra, men det er ei tydeleggjering av ansvaret.

Under behandlinga av covid-19-pandemien har dei 14 samfunnsfunksjonane vore viktige. Dei danna grunnlaget for å identifisere kva personellgrupper som kunne få ha barn i barnehage og på skule sjølv om desse var stengde, og dei har vore viktige i arbeidet med å fastsetje unntak frå innreisestriksjonane for personell i nødvendige samfunnsfunksjonar. Departementa med hovudansvar for dei ulike funksjonane har jamleg rapportert på evna til å halde ved lag kontinuitet i funksjonane. Dette har vore viktig for å sikre kunnskap om konsekvensane av pandemien, for å setje i verk tiltak

og for å kunne identifisere ev. behov for avverjande tiltak.

3.5 Tilsyn med departementa

Tilsyn med korleis departementa arbeider med samfunnstryggleik, er eit sentralt verkemiddel for samordningsrolla til Justis- og beredskapsdepartementet. Tilsyna tener to formål: å fremme god kvalitet i samfunnstryggleiksarbeidet i det enkelte departementet og å bidra til eit samordna og heilskapleg arbeid med samfunnstryggleik på tvers av departements- og sektoransvar. Tilsyna skal vere baserte på viktighet og risiko, og det skal leggast vekt på tverrsektorielle utfordringar.

Tilsyna blir gjennomførte av DSB på vegne av Justis- og beredskapsdepartementet. Det vart gjennomført tilsyn med Klima- og miljødepartementet og Nærings- og fiskeridepartementet i 2021, og tilsynet med Olje- og energidepartementet som starta opp i 2019, er under oppfølging.

Nasjonalt tryggingorgan (NSM) fører i tillegg tilsyn med departementa innanfor verkeområdet til trygginglova. NSM og DSB koordinerer tilsynsaktiviteten sin mot departementa.

3.6 Forsking og kunnskapsutvikling

I regjeringa sin langtidsplan for forskning og høgare utdanning, Prop. St. (2018–2025), er samfunnstryggleik og samhøyr ein av fem langsiktige prioriteringar. Forsking er eit viktig verkemiddel for Justis- og beredskapsdepartementet i arbeidet med samfunnstryggleik og beredskap. Ein nærare omtale av forskingsinnsatsen innanfor samfunnsstryggleik er å finne i programkategori 06.10.

Justis- og beredskapsdepartementet tek del i finansieringa av program i Forskingsrådet knytte til samfunnstryggleik (SAMRISK) og digital tryggleik (IKT Pluss).

Justis- og beredskapsdepartementet held fram med samarbeidet sitt med forskingsinstitusjonar innanfor sivilt-militært samarbeid og totalforsvar (Forsvarets forskingsinstitutt (FFI)), innanfor digital tryggleik og fysisk sikring / bygnings sikring (Simula og NTNU). Prosjekta ved FFI har gitt resultat for styresmakter og andre aktørar innan betre forståing av sårbarheiter i viktig infrastruktur, metodeutvikling for risikoanalyser, læring og øvingar og utviklinga av totalforsvaret.

Justis- og beredskapsdepartementet deltek aktivt i EU sitt rammeprogram for forskning på tryggleiksfeltet. I Programmet Horizon 2020 delte EU ut nesten 400 mill. norske kroner (37,5 mill. euro) til 95 prosjekt innanfor samfunnstryggleik med norsk deltaking. Evalueringa av programmet, utført av Samfunnsanalyse AS/Technopolis i 2020, viste at nytten av deltakinga ikkje berre var finansiell, men at ho òg auka kvalitet og konkurransevne, styrkte nettverka for dei som deltok, og fordjupa samarbeidet med europeiske land.

I 2021 startar det nye rammeprogrammet for Horizon Europe, og Justis- og beredskapsdepartementet deltek i dette på samfunnstryggleiksfeltet, i samarbeid med Kunnskapsdepartementet, Forskingsrådet og andre relevante aktørar.

3.7 Samarbeid innanfor NATO, EU og Norden

Noreg bidrar aktivt til NATO sitt arbeid og har ein nær dialog og eit nært samarbeid med dei nordiske landa. NATO sitt arbeid med sivil beredskap har dei siste fire åra fått fornya merksemd gjennom arbeidet med motstandsdyktigheit. Årsaka er bl.a. ønsket til dei allierte om å styrke sitt eige for-

svar mot samansette truslar. Andre element er å leggje vekt på sårbare område avdekte under koronapandemien, og forsvar mot ikkje-ønskte hendingar som resultat av klimaendringane. Der ein tidlegare såg på motstandsdyktigheit som ein sivil beredskapskomponent og ein del av krisehandteringa, ser dei allierte no i større grad på dette som ein grunnstein i den samla forsvarsevna.

Under NATO-toppmøte i 2021 vart det vedteke ei fornya erklæring om motstandsdyktigheit og dei sju grunnleggjande forventingane til motstandsdyktigheita til medlemslanda skal gjennom ein større revisjon hausten 2021.

Som ein del av forsvarsplanlegging gjennomfører NATO annakvart år ei kartlegging (NATO Defence Planning Capability Survey (NDPCS)) i alle medlemslanda. Noreg skal hausten 2021 rapportere til NATO.

EU si ordning for sivil beredskap vart etablert som EU-program i 2001, og Noreg har delteke sidan ordninga vart oppretta. For Noreg representerer ordninga eit viktig tryggingssnett. Noreg har nytt godt av ordninga i samband med handteringa av virusutbrotet. Ordninga har særleg vore verdifull i samband med heimhenting av norske borgarar, men òg som politisk inngang til ei rekke møtearenaer. I samband med virusutbrotet går det òg for seg vaksinesamarbeid og anskaffing av lagerhold av legemiddel. Gjennom samarbeidet kan Noreg òg bidra med hjelp til andre land, og Noreg stiller bl.a. det norske Emergency Medical Team (NOR EMT) til disposisjon. Noreg har òg bl.a. henta finansiering frå EU for fem store kriseøvingar. Den seinaste er Arctic REIHN som er planlagt for 2022. EU si ordning for sivil beredskap blir no lagd i eit meir operativt spor der beredskap og respons mot dei store og grenseoverskridande hendingane får ei tydelegare finansiell prioritering i EU. Eit døme på dette er etableringa av luftambulansse for transport av pasientar med alvorlege og smittsame sjukdommar. Det er Helse- og omsorgsdepartementet som administrerer luftambulansen på vegne av Noreg. Stortinget vedtok våren 2021 å vidareføre Noreg si deltaking i ordninga i perioden 2021–2027. Den årlege kontingenten vil i den nye perioden auke, og det er ønskeleg at dei miljøa i Noreg som har ansvaret for krisebehandling og sivil tryggleik, i auka grad nyttar dei økonomiske moglegheitene som ligg i ordninga, ikkje minst når det gjeld å melde inn fleire operasjonelle kapasitetar i European Civil Protection Pool (ECP).

Det nordiske samarbeidet innanfor samfunnstryggleik er prega av tett dialog om spørsmål

knytte til nordisk tryggleik, Norden sine nærområde og europeiske og globale problemstillingar. Omfanget av og kompleksiteten i utfordringane i vår tid har gjort verdi- og interessefelleskapa mellom dei nordiske landa synlege. Landa deler ofte vurderingar av desse utfordringane og korleis dei bør handterast.

Det er eit tett samarbeid mellom dei nordiske landa innafor redningstenesta, bl.a. gjennom NORDRED-avtalen.

3.9 Totalforsvaret

Totalforsvarskonseptet omfattar gjensidig støtte og samarbeid mellom sivil og militær side for å førebyggje, planleggje for og handtere kriser, væpna konflikt og krig. Endringar i trussel- og sårbarheitsbiletet dei siste åra har utfordra den sivile og militære beredskapen og krisehandterings-evna og tydeleggjort at det er behov for å jobbe meir med sivil støtte til Forsvaret. Totalforsvarskonseptet har mykje å seie for den norske forsvarsevna, der Forsvaret i aukande grad har blitt avhengig av sivil vare- og tenesteproduksjon.

Eit viktig tiltak frå regjeringa var etableringa i 2016 av eit program for å vidareutvikle totalforsvaret og styrke motstandskrafta i nødvendige samfunnsfunksjonar (Totalforsvarsprogrammet).

Måla for programmet var

- å vidareutvikle totalforsvaret slik at det er tilpassa nye utfordringar, rammevilkår og føresetnader
- å styrke motstandskraft innanfor dei nødvendige samfunnsfunksjonane

Programmet har inkludert alle departementa som har ei rolle i totalforsvaret, og vart fullført i 2020.

Sjølv om arbeidet med totalforsvaret på sivil side er komme langt, inneber både samfunnsutviklinga og eit trusselbiletet i stadig endring at innretninga av totalforsvarsarbeidet kontinuerleg må vidareutviklast. Gjennom programmet er det òg identifisert punkt som krev særskild oppfølging utover programperioden, jf. Meld. St. 5 (2020–2021) *Samfunnssikkerhet i en usikker verden*, jf. Innst. 275 S (2020–2021).

3.10 Nye redningshelikopter

Justis- og beredskapsdepartementet har fag- og budsjettansvar for den offentlege redningshelikoptertenesta. Det er inngått kontrakt for kjøp av 16 nye redningshelikopter SAR Queen til erstatning for Sea King-redningshelikopter under leing av Justis- og beredskapsdepartementet og i sam-

arbeid med Forsvarsdepartementet og Helse- og omsorgsdepartementet, jf. omtalen under kap. 454.

3.11 Leiingsmerksemd og samordning på alle nivå i forvaltninga

3.11.1 Øvingar og planverk

Med bakgrunn i pandemien vart planlagde øvingar for 2020 og 2021 justerte og tilpassa i tråd med dei til kvar tid gjeldande reglane for smittevern og den generelle utviklinga av smitteutbrotet.

Nokre øvingar vart utsette til 2022. Dette medfører auka øvingsaktivitet for heile justissektoren i 2022. Justis- og beredskapsdepartementet vil ha ei rolle i fleire av øvingane som er planlagde for 2022. Justis- og beredskapsdepartementet oppdaterer og held ved like ei oversikt over nasjonale øvingar for alle departementa.

Beredskapssystem og planverk må vere oppdaterte og godt kjende i organisasjonane som skal bruke dei. Sivilt beredskapssystem (SBS) og Beredskapssystem for forsvarssektoren (BFF) utgjer til saman Nasjonalt beredskapssystem (NBS). NBS er bygd opp etter den same strukturen som NATO sitt krisehandteringssystem.

Revisjon av NBS har ein tilnærma toårig syklus, for å gi tid til nødvendig oppfølging i underliggjande planverk. I revisjonsarbeidet blir det teke omsyn til endringar i NATO sitt beredskapssystem, endringar i ansvarsforhold, kva for ordningar som finst for å handtere ulike utfordringar, og kva for utfordringar det er aktuelt å førebu for.

Det er ein føresetnad i beredskapssystemet at etatar og verksemdar skal utarbeide underliggjande planar som skildrar kva den enkelte etaten og verksemda skal gjere.

Det enkelte departementet har ansvar for at underliggjande planverk blir utarbeidde i deira eigen sektor.

3.11.2 Samfunnstryggleik på kommunalt og regionalt nivå

Statsforvaltaren skal samordne samfunnstryggleiksarbeidet i fylket, vareta rolla som pådrivar og rettleiar i arbeidet med samfunnstryggleik og dessutan skjøtte ansvaret sitt for krisehandtering ved hendingar. Statsforvaltaren fører òg tilsyn med at kommunane etterlever den kommunale beredskapsplikta.

Kommuneundersøkinga til DSB for 2021 viser at den positive utviklinga i samfunnstryggleiksarbeidet til kommunane held fram. Undersøkinga

viser at det er ei positiv utvikling i det systematiske arbeidet med kommunal beredskapsplikt. Det er samstundes for mange kommunar som ikkje har oppdaterte risikoanalysar og planar for krisehandtering og beredskap. DSB og statsforvaltaren skal halde fram med arbeidet bl.a. gjennom tilbod om målretta kompetansehevingstiltak. Kommuneundersøkingar syner òg at samfunnstryggleik etter planar etter plan- og bygningslova ikkje har same positive utvikling. Gjennom medfinansieringsordninga til regjeringa har DSB fått tilsegn om midlar til å utvikle ei digital løysing for enklare utarbeiding av risiko- og sårbarheitsanalysar til arealplanlegginga (DigiROS).

Det kjem fram av årsrapporteringa frå statsforvaltarane at handteringa av pandemien har påverka mykje planlagd aktivitet i 2020. Fleire oppgåver vart avlyst eller forskyvde fram i tid, samstundes har det medført mykje ny kunnskap og læring som det er viktig å ta med i det vidare arbeidet. Det er imponerande korleis statsforval-

tarane har ivareteke samordningsansvaret, og vore aktive ovanfor kommunane og løfta gode og viktige problemstillingar til sentrale styresmakter.

Statsforvaltarane har medverka i det pågåande evalueringsarbeidet av virusutbrotet i regi av DSB og Helsedirektoratet. Implementering av læringspunkt blir prioritert vidare.

Resultata frå kommuneundersøkinga 2021 viser at kommunane samarbeider meir om krisehandtering enn dei har gjort tidlegare. Handteringa av koronapandemien prega kommunane sitt arbeid på samfunnstryggleiksområdet. Det er ei positiv utvikling både i samarbeidet mellom kommunane og i samarbeidet med andre samfunnstryggleiksaktørar. Kommunane melder òg om tett og god oppfølging frå statsforvaltarane gjennom det siste året.

For ein meir detaljert omtale av styringssignal til statsforvaltaren, sjå programkategori 13.25 i Prop. 1 S (2021–2022) for Kommunal- og moderniseringsdepartementet.

Kap. 451 Direktoratet for samfunnssikkerhet og beredskap

(i 1 000 kr)

Post	Betegnelse	Regnskap 2020	Saldert budsjett 2021	Forslag 2022
01	Driftsutgifter	999 100	951 465	997 539
21	Spesielle driftsutgifter	14 589	23 802	24 299
22	Spesielle driftsutgifter – Nødnett, <i>kan overføres</i>	471 944	499 659	515 487
45	Større utstyrsanskaffelser og vedlikehold, <i>kan overføres</i>	173 097	114 552	93 544
60	Refusjoner til kommunene		120 000	
70	Overføringer til private	6 654	6 898	7 077
	Sum kap. 0451	1 665 384	1 716 376	1 637 946

Direktoratet for samfunnstryggleik og beredskap (DSB) støttar Justis- og beredskapsdepartementet i samordningsrolla og er på vegner av departementet fag- og tilsynsorgan når det gjeld sivil samfunnstryggleik, jf. kgl.res. 24. juni 2005. Sivilforsvaret, Nasjonalt utdanningscenter for samfunnstryggleik og beredskap (NUSB) og Noregs brannskule er underlagde DSB. DSB er i tillegg ansvarleg for nød- og beredskapskommunikasjon og staten sitt eigarskap til Nødnett og er nasjonal brann- og eltryggleiksstyresmakt.

DSB støttar Justis- og beredskapsdepartementet i samordninga av krisehandteringa knytt til virusutbrotet. DSB sin innsats har vore knytt til

rapportering, gjennomføring og tilrettelegging av samvirkekonferansar for fagstyresmaktene på direktoratsnivå, beredskapskonferansar med statsforvaltarembeta og andre samordningsarenaer. DSB har hatt ansvaret for karantenehotellordninga og innreiseregisteret (IRRS), og delteke i arbeidet med å sikre tilstrekkeleg kapasitet i innreisekjeda i tråd med endringar i innreisereglar. DSB har òg teke imot og koordinert bistandsbehov og oppmodingar om støtte frå Forsvaret. Sivilforsvaret har støtta beredskapetatar i ulike delar av handteringa. Vidare har DSB ytt bistand til arbeidet med samordning og koordinering av kriseinformasjon til befolkninga. DSB har i tillegg

fått oppdrag, saman med IMDi, om å vurdere tiltak for å styrke beredskapstiltak overfor personar med innvandrarakgrunn og andre personar med kort opphald i Noreg i framtidige kriser. DSB er nasjonalt kontaktpunkt for EU si ordning for sivil beredskap, og har støtta Utanriksdepartementet med heimtransport av norske borgarar. Direktoratet bidrog òg i utsendinga av NOR-EMT til Nord-Italia, Hellas og Haiti, og har bidratt i koordineringa av ei rekkje andre norske bidrag til andre land i handteringa.

Sivilforsvaret

Sivilforsvaret er verna etter Genèvekonvensjonane og ein del av totalforsvaret i Noreg og har som primæroppgåve å beskytte sivilbefolkninga i krise og krig. Sivilforsvaret er statens beredskapsressurs og gir støtte til nød- og beredskapsetatane i heile krisespekteret.


Sivilforsvaret har ein styrke på 8 000 tenestepfiktige menn og kvinner fordelt i lokale operative avdelingar og seks mobile forsterkningseiningar.

Ekstremvêr med følgjande flom, skogbrann, migrasjon, pandemi og andre uønskte hendingar har ført til auka tal på innsatsar for Sivilforsvaret. I samband med virusutbrotet har innsatsane til Sivilforsvaret i hovudsak vore bistand til helseve-

sen og kommunar i samband med prøvetaking, bistand til reinseplassar for bl.a. ambulansetene- sta, politiet og redningshelikoptera. I tillegg kjem etablering og drift av karantenehotell, grensekontroll, informasjon til reisande og dessutan materiellbistand. Ved leirskredet i Gjerdrum hjelpte Sivilforsvaret med over 1 000 menneskap og befal i 13 000 timar, og materiellstøtte bestående av lysutstyr, telt, sikringsutstyr og store mengder slange- materiell. Innsatsen vart gitt frå sju distrikt, mobil forsterkningseining og dessutan materiell tilhøyrande NOR EMT.

Stortinget fastset kor lang tenestetida for tenestepfiktige i Sivilforsvaret skal vere. Tenestetida skal kvart år stadfestast i Prop. 1 S. Justis- og beredskapsdepartementet vidarefører dagens nivå i 2022. Dette inneber årleg utdanning på inn- til fem veker, med maksimalt tre veker samanhen- gande tenestetid. Den årlege øvingstida er på maksimalt fem dagar, i tillegg kjem nødvendige kortare kurs og samlingar. Den samla tenestetida for ein tenestepfiktig kan utgjere totalt 19 månader.

Sivilforsvaret vart i 2020 og 2021 gitt øyre- merkte løyvingar til materiell og utstyr (køyretøy, CBRNE-materiell og personlig utrustning). Dette gav betring innanfor enkelte materiellkategoriar og reduksjon i det totale materielletslepet.



Figur 2.9 Innsatsane til Sivilforsvaret fordelte etter hendingar per august 2021

Kjelde: DSB

Branntryggleik og samlokalisering

Regjeringa vil forbetre brannutdanninga gjennom å etablere ein ny fagskule for brann- og redningspersonell ved Noregs brannskule i Tjeldsund kommune. Det er behov for ny infrastruktur ved Noregs brannskule før fagskulen kan starte opp. Ved behandlinga av statsbudsjettet for 2021, jf. Prop. 1 S (2020–2021) for Kommunal- og moderniseringsdepartementet og Innst. 16 S (2020–2021), vedtok Stortinget kostnadsrammer for byggjeprojektet (ordinært byggjeprojekt og brukarutstyrsprosjekt). Oppdaterte kostnads- og uvisseanalysar tilseier at det ikkje vil være mogleg å realisere fagskulen innanfor kostnadsrammene som Stortinget har vedteke. Årsaka til dette er bl.a. høgare entreprisekostnader som følgje av ein generell kostnadsauke i marknaden, særleg knytt til covid-19, og krav frå Miljødirektoratet til handtering av forureina massar. Regjeringa legg derfor fram forslag til nye kostnadsrammer for byggjeprojektet, jf. Prop. 1 S (2021–2022) for Kommunal- og moderniseringsdepartementet. For å unngå større utsetjingar enn det som er nødvendig, har Statsbygg inngått kontrakt med entreprenør med atterhald om samtykke frå Stortinget til nye kostnadsrammer. Regjeringa foreslår å løyve 340 mill. kroner under budsjettet til Kommunal- og moderniseringsdepartementet i 2022. Regjeringa foreslår å løyve 15,6 mill. kroner på kap. 451, post 01, til vidare etablering av fagskulen.

Samlokalisering av nødmeldings- og operasjonssentralane til politiet og brann- og redningsvesenet er ein del av politireforma og er viktig for effektiv samhandling og rask hjelp. Samlokalisering av operasjonssentralane til politiet og 110-sentralane til brann- og redningsvesenet er gjennomført i politidistrikta Innlandet, Møre og Romsdal, Aust og Sør-Aust. Samlokalisering av operasjonssentralen til politiet, 110-sentralen til brann- og redningsvesenet og AMK-sentralen er gjennomført i Nordland politidistrikt og i Finnmark politidistrikt.

Arbeid med samlokalisering er sett i verk i politidistrikta i Troms, Trøndelag, Agder, Sør-Vest

og Oslo. I fleire av distrikta planlegg ein å gjennomføre samlokalisering i nye politihus.

Oppdragshandteringsverktøy i dei kommunale 110-sentralane må skiftast ut. DSB hjelper kommunane ved innkjøp av oppdragshandteringsverktøy for å vareta effektivt samvirke og god nok tryggleik.

Skogbrannhelikopterberedskap

Handtering av skogbrann er eit kommunalt ansvar. Viktige statlege ressursar for å forsterke dette arbeidet er Sivilforsvaret og skogbrannhelikopter. Statens skogbrannhelikopter er i fast beredskap frå 15. april til 15. august kvart år. DSB har det administrative ansvaret for ordninga, medan Hovudredningssentralen koordinerer sjølve bruken av skogbrannhelikoptera. DSB har ansvaret for å sikre at det er beredskap med skogbrannhelikopter, at beredskapen er mest mogleg tilpassa den eksisterande faresituasjonen, og at ein har løpande oversikt over bruken av denne ressursen.

Leiarstøtta følgjer skogbrannhelikopteret. Personell frå fleire brann- og redningsvesen inngår i vaktordninga og er støtte og rådgivarar for den lokale brannsjefen, piloten i skogbrannhelikopteret og DSB.

Nød- og beredskapskommunikasjon

Nødnett er ein av berebjelkane i beredskapen i Noreg. NTNU har gjennom ei evaluering av Nødnettprosjektet stadfesta den såkalla Nødnetteffekten, og at denne effekten må sikrast også i framtida. Nødnetteffekten er at ressursane samhandlar betre med Nødnett.¹

Ei sentral oppgåve for DSB er å følgje opp at leverandøren drifrar og held infrastrukturen ved like i tråd med kontrakten.

¹ NTNU/Forskningsprogrammet Concept rapportnr 1021245 Ettorevaluering av TETRA Nødnettprosjektet (https://www.agendakaupang.no/wp-content/uploads/2021/03/Rapport-NTNU_Concept-Ettorevaluering-av-Nodnettprosjektet_AK.pdf)

Tabell 2.11 Sentral drifts- og bruksinformasjon om Nødnett

Nøkkeltal	Juni 2015	Juni 2016	Juni 2017	Juni 2018	Juni 2019	Juni 2020	Juni 2021
Tal på basestasjonar i drift ¹	1 933	2 192	2 205	2 214	2 214	2 215	2 228 ²
Tal på radioar som er aktiverte for bruk	45 574	51 263	53 660	56 396	62 199	64 518	61 123 ³
Nødnett tilgjengeleg (i pst.)	99,99	99,86	99,92	99,90	99,94	99,84	99,96
Tal på samtalar i Nødnett	1 316 785	1 498 000	1 491 621	1 382 843	1 601 520	1 660 028	1 755 832
Tal på brukar-organisasjonar	548	829	939	965	994	1 014	1039

¹ Det kan være fleire basestasjonar på kvar installasjon.

² Seks nye basestasjonar er oppført siste året. Sju transportable basestasjonar er inkludert i statistikken frå og med 2021.

³ Nedgang i tal på radioar som er aktiverte for bruk kom av at det har vore utskiftingar av radioar. Enkelte brukarar hadde både gamle og nye radioar i 2020. Det er ingen nedgang i abonnement i Nødnett

Kjelde: DSB

Nødnett har fungert som normalt under handteringa av virusutbrotet sidan våren 2020. Helsesektoren opplevde den første tida eit auka press på tenestene sine og DSB bidrog bl.a. med klargjering av fleire radioterminalar, meir linjekapasitet og tilrettelegging for enkelte nye operatørplassar. Nødnett var òg eit viktig verktøy under handteringa av kvikkleireskredet på Gjerdrum. Svært mange personar og organisasjonar verka saman og var heilt avhengige av god kommunikasjon for å kunne gjennomføre søk- og redning. Nødnett var òg viktig for å vareta tryggleiken til det involverte redningspersonellet.

Det følgjer av Prop. 100 S (2010–2011), jf. Innst. 371 S (2010–2011), at brukarane skal betale for drift av infrastruktur gjennom ei abonnementsordning og for utgifter knytte til brukarutstyr. Ytterlegare finansiering av og reinvestering i brukarutstyret er det også brukarane som har ansvaret for. DSB eig, driftar og forvaltar brukarutstyret til det kommunale brann- og redningsvesenet som er knytt til Nødnett. Oppgåva blir finansiert av dei kommunale brukarane. Det er nødvendig med ei oppgradering av kontrollromsutstyr i brann- og redningsvesenet for å sikre både god nok tryggleik og eit tidshøveleg system.

Nød- og beredskapstenester i framtida

TETRA-teknologien Nødnett byggjer på, vil i åra framover vere det primære verktøyet for viktig talekommunikasjon, både i Noreg og i mange andre land i Europa. Datakapasiteten i Nødnett er avgrensa. Derfor er det viktig med samspel mellom tenestene i Nødnett og kommersielle nett for å dekke behovet aktørane har for å ta i bruk data.

I framtida vil nødnettenesta vere basert på breibandsteknologi og infrastrukturen i dei kommersielle mobilnetta. Dei særlege behova nød- og beredskapsetatane har for samhandlingsløysingar med høg grad av tryggleik og motstandskraft, vil krevje investeringar og kompetanse frå statleg side. Staten har kontrakt om drift av dagens Nødnett til og med 2026. Nødnett kan teknisk sett vidareførast utover 2026 i ytterlegare fem år. Nasjonal kommunikasjonsmyndigheit og DSB har gjennomført ei konseptvalutgreiing for å vurdere korleis ei framtidig løysing i kommersielle mobilnett kan og bør realiserast, og for å sjå på overgangen frå dagens Nødnett. Utgreiinga har nylig vore til ekstern kvalitetssikring (KS1), og det er ikkje teke stilling til val av konsept.

Post 01 Driftsutgifter

Løyvinga på posten skal dekke alle ordinære driftsutgifter og investeringar for DSB med underliggjande driftseiningar, medrekna Nødnett, Sivilforsvaret, skular og regionkontor. Bemanninga utgjorde 568 årsverk per 31. desember 2020. Talet på årsverk omfattar ikkje dei tenestepliktige styrkane til Sivilforsvaret.

Det blir foreslått å auke løyvinga med 40,4 mill. kroner i samband med kontingenten for deltakinga i EU si ordning for sivilberedskap (UCPM) for perioden 2021–2027. For Noreg representerer ordninga eit viktig tryggingssnett. Noreg har nytt godt av ordninga i samband med handteringa av virusutbrotet. Ordninga har særleg vore verdifull i samband med heimhenting av norske borgarar, men òg som politisk inngang til ei rekkje møtearenaer.

Det blir foreslått å auke løyvinga med 2,6 mill. kroner til etablering av samordningsfunksjonen for marknadstilsyn som følgjer av at EU si marknadstilsynsforordning (2019/1020) skal etablerast i DSB frå 2022. Det blir foreslått at løyvinga under fleire andre departement blir redusert med mindre summar som samla svarer til 2,6 mill. kroner.

Det blir foreslått å auke løyvinga på posten i samband med *Barents Rescue 2022* med 7 mill. kroner mot tilsvarende reduksjon på Forsvarsdepartementets kap. 1760, post 45 med 2 mill. kroner, Utanriksdepartementets kap. 118, post 21 med 3 mill. kroner og på Helse- og omsorgsdepartementets kap. 702, post 21 med 2 mill. kroner.

Det blir foreslått å auke løyvinga med 500 000 kroner som følgje av at forventa pensjonspremie til Statens pensjonskasse, inklusive arbeidsgivaravgift av dette, tilsvarende blir auka, jf. nærmare omtale under del III, punkt 8.

Det blir foreslått å redusere løyvinga med 25 mill. kroner som følgje av ein eingongs tildeiling til Siviltforsvaret i 2021.

Det blir foreslått å redusere løyvinga med 2 mill. kroner pga. reduserte reiseutgifter som følgje av pandemien, jf. nærmare omtale i del III, punkt 8.

Det blir foreslått at Justis- og beredskapsdepartementet får fullmakt til å overskride løyvinga under kap. 451, post 01, mot tilsvarende meirinntekter under kap. 3451, post 02, post 03 og post 06, jf. forslag til vedtak. Det blir vidare foreslått at posten kan overskridast med inntil 75 pst. av inntektene under kap. 3451, post 40, jf. forslag til vedtak.

Det blir foreslått ei samla løyving på posten på 997,5 mill. kroner.

Post 21 Spesielle driftsutgifter

DSB administrerer skogbrannhelikopterberedskapen i Noreg. Løyvinga på posten dekker utgiftene til flytimar og ekstra beredskap. Faste utgifter i denne beredskapen inngår som ein del av løyvinga under kap. 451, post 01. Vidare dekker posten forskingsaktivitetar som er avtalte mellom DSB og RISE Fire Research AS.

Det blir foreslått at Stortinget samtykker i at Justis- og beredskapsdepartementet kan overskride løyvinga under kap. 451 Direktoratet for samfunnstryggleik og beredskap, post 21 Spesielle driftsutgifter med inntil 34 mill. kroner dersom det oppstår ein situasjon med ekstraordinær stor skogbrannfare og/eller mange skogbrannar som gjer det nødvendig med innsats for sløkking og beredskap utover det ein må rekne med i eit

normalår. Fullmakta gjeld utan opphald og for Kongen kan gi slikt samtykke, jf. forslag til vedtak.

Regjeringa foreslår ei løyving på posten på 24,3 mill. kroner.

Post 22 Spesielle driftsutgifter – Nødnett, kan overføres

Løyvinga på posten dekker utgifter til drift og vedlikehald og mindre utgifter til utvikling og investering i Nødnett og tilhørande tenester. Abonnementsavgifta blir fakturert kundane i Nødnett, og inntektene blir førte på kap. 3451, post 05 Abonnementsinntekter.

Det blir foreslått å auke løyvinga med 5,4 mill. kroner til sikringstiltak i Nødnett.

Det blir foreslått at Justis- og beredskapsdepartementet får fullmakt til å kunne overskride løyvinga på kap. 451, post 22, mot tilsvarende meirinntekter under kap. 3451, post 05, jf. forslag til vedtak.

Regjeringa foreslår ei løyving på posten på 515,5 mill. kroner.

Post 45 Større utstyrsanskaffelser og vedlikehold, kan overføres

Løyvinga dekker utgiftene knytte til større investeringar i Nødnett og til tilleggskjøp av utstyr og funksjonalitet på vegner av brukarane. Utgifter på vegner av brukarane blir dekte inn av refusjonar på kap. 3451 post 04.

Vidare dekker løyvinga utgifter til større utstyrsanskaffingar til Siviltforsvaret.

Det blir foreslått å redusere løyvinga med 23,2 mill. kroner i samband med sikringstiltak i Nødnett.

Det blir foreslått at Justis- og beredskapsdepartementet får fullmakt til å kunne overskride løyvinga på kap. 451, post 45, mot tilsvarende meirinntekter under kap. 3451, post 04, jf. forslag til vedtak.

Regjeringa foreslår ei løyving på posten på 93,5 mill. kroner.

Post 70 Overføringer til private

Løyvinga på posten skal dekke overføringar til Norsk Elektroteknisk Komite som behandlar standardiseringsarbeidet på el-området i Noreg. Vidare dekker posten overføring til Norsk brannvernforening sitt førebyggjande arbeid retta mot bustadbrannar.

Regjeringa foreslår ei løyving på posten på 7,1 mill. kroner.

Kap. 3451 Direktoratet for samfunnssikkerhet og beredskap

(i 1 000 kr)

Post	Betegnelse	Regnskap 2020	Saldert budsjett 2021	Forslag 2022
01	Gebyr	113 588	127 503	124 663
02	Refusjoner driftsutgifter Nødnett	34 307	34 041	34 752
03	Diverse inntekter	23 502	28 179	26 667
04	Refusjoner større utstyrsanskaffelser og vedlikehold Nødnett	131 745	75 045	76 611
05	Abonnementsinntekter og refusjoner Nødnett	480 515	469 556	489 355
06	Refusjoner	20 294	7 026	7 209
40	Salg av eiendom	-551		
	Sum kap. 3451	803 400	741 350	759 257

Post 01 Gebyr

DSB krev inn avgift til å dekke utgifter knytte til forvaltningsoppgåver etter brann- og eksplosjonsvernlova og el-tilsynslova. Avgiftene skal bl.a. dekke utgifter knytte til regelverks-, informasjons- og rettleingsarbeid, og tilsyn med at krava som er gitt i eller i medhald av lovene, er følgde.

Det blir kravd inn avgift for førsteleddsomsetnad av petroleumsprodukt, for ilandføring av olje og gass i rørledning frå sjøområde, og dessutan for førsteleddsomsetnad av sprengstoff. Avgiftsinntektene er avhengig av omsetnads- og/eller produksjonsnivået frå føregåande år, slik at DSB ikkje har nokon innverknad på kor store inntektene er.

DSB krev vidare inn avgift for å dekke utgifter knytte til forvaltninga av el-tilsynslova. Avgifta blir kravd inn og utfakturert etter gjennomførte tilsyn med landbaserte elektriske anlegg, maritime elektriske anlegg, bruk av elektromedisinsk utstyr i somatiske sjukehus o.l.

Det blir foreslått å redusere løyvinga med 5,5 mill. kroner som følgje av redusert omsetjing og ilandføring av petroleumsprodukt.

Regjeringa foreslår ei løyving på posten på 124,7 mill. kroner.

Post 02 Refusjoner driftsutgifter Nødnett

Løyvinga dekker refusjonar til DSB for enkelte driftskostnader til direktoratet, som skal finansierast av ei brukarbetalingsordning.

Det blir foreslått at Justis- og beredskapsdepartementet får fullmakt til å kunne overskride løyvinga på kap. 451, post 01, mot tilsvarende meirinntekter under kap. 3451, post 02, jf. forslag til vedtak.

Regjeringa foreslår ei løyving på posten på 34,8 mill. kroner.

Post 03 Diverse inntekter

Løyvinga på posten består av inntekter i samband med kursverksemd ved Noregs brannskule, NUSB og Sivilforsvaret sine utdannings- og kompetansesenter. Vidare består posten av utleige av Sivilforsvaret sine anlegg, og sal av læremateriell m.m. ved skulane.

Det blir foreslått å redusere løyvinga med 2,1 mill. kroner pga. kursgjennomføring andre stader som følgje av bygginga av ny fagskule for brann- og redningspersonell i Tjeldsund.

Det blir foreslått at Justis- og beredskapsdepartementet får fullmakt til å overskride løyvinga under kap. 451, post 01, mot tilsvarende meirinntekter under kap. 3451, post 03, jf. forslag til vedtak.

Regjeringa foreslår ei løyving på posten på 26,7 mill. kroner.

Post 04 Refusjoner større utstyrsanskaffelser og vedlikehold Nødnett

Løyvinga omfattar refusjonar frå brukarar av Nødnett for tilleggskjøp av utstyr og funksjonalitet som er bestilt av DSB gjennom avtalane deira. Utgiftene blir førte på kap. 451, post 45, og DSB fakturerer kundane for dette.

Det blir foreslått at Justis- og beredskapsdepartementet får fullmakt til å kunne overskride løyvinga på kap. 451, post 45, mot tilsvarende meirinntekter under kap. 3451, post 04, jf. forslag til vedtak.

Regjeringa foreslår ei løyving på posten på 76,6 mill. kroner.

Post 05 Abonnementsinntekter og refusjoner Nødnett

Løyvinga omfattar inntektene DSB får frå abonnementsordninga i Nødnett. Vidare dekkjer løyvinga refusjonar for tenester og produkt som kundar av Nødnett har skaffa seg utover abonnementsordninga i Nødnett.

Det blir foreslått å auke løyvinga med 10 mill. kroner som følgje av auka tal på brukarar av Nødnett.

Det blir foreslått at Justis- og beredskapsdepartementet får fullmakt til å kunne overskride løyvinga på kap. 451, post 22, mot tilsvarende meirinntekter under kap. 3451, post 05, jf. forslag til vedtak.

Regjeringa foreslår ei løyving på posten på 489,4 mill. kroner.

Post 06 Refusjoner

Løyvinga på posten består av variable inntekter og refusjonar frå andre verksemder, under dette refu-

sjonar for administrative tenester frå Valdirektoratet. Vidare består posten av variable overføringar og tilskot frå EU og EØS.

Det blir foreslått at Justis- og beredskapsdepartementet får fullmakt til å overskride løyvinga under kap. 451, post 01, mot tilsvarende meirinntekter under kap. 3451, post 06, jf. forslag til vedtak.

Regjeringa foreslår ei løyving på posten på 7,2 mill. kroner.

Post 40 Salg av eiendom mv.

DSB har gjennomført eit omfattande arbeid med å avhende sivilforsvarsanlegg. Erfaringane viser at det i det vesentlege omfattar tilbakeføring av eigedommar til kommunar og grunneigarar, og at det er eit fåtal anlegg som blir selde til takst i den opne marknaden. Tilbakeføringa krev semje mellom grunneigar og staten om salssummen, noko det kan vere utfordrande å einast om. Det blir derfor foreslått at Justis- og beredskapsdepartementet får fullmakt til å overdra sivilforsvarsanlegg til ein verdi av inntil 500 000 kroner vederlagsfritt, eller til underpris når det er særlege grunnar til det, jf. forslag til vedtak.

I samband med avhending og stenging av sivilforsvarsanlegg blir det vidare foreslått at Justis- og beredskapsdepartementet får fullmakt til å overskride løyvinga under kap. 451, post 01 med inntil 75 pst. av inntektene under denne posten, jf. forslag til vedtak. Ved ev. sal i 2021 ønskjer departementet å nettobudsjettere salsutgiftene på post 40 ved sal av faste eigedommar. Det kan vere tilfelle der utgifter til rydding og sikring er større enn salsinntektene, og det slik vil vere ein nettoutgift å avhende anlegget.

Det blir foreslått at Justis- og beredskapsdepartementet får fullmakt til nettoføring ved å trekke salsutgifter ved sal av faste eigedommar frå salsinntektene, under kap. 3451, post 40, jf. forslag til vedtak.

Kap. 452 Sentral krisehåndtering

(i 1 000 kr)

Post	Betegnelse	Regnskap 2020	Saldert budsjett 2021	Forslag 2022
01	Driftsutgifter	25 661	26 982	27 578
	Sum kap. 0452	25 661	26 982	27 578

Den høgast prioriterte oppgåva for Krisestøtteei-ninga (KSE) er å støtte ved handtering av hendingar og kriser. KSE skal støtte leiardepartementet og Kriserådet i koordineringsfunksjonane deira. Eininga er permanent sekretariat for Kriserådet. KSE er forankra organisatorisk i Justis- og beredskapsdepartementet og støttar òg oppunder Justis- og beredskapsdepartementet si samordningsrolle på samfunnstryggleiksområdet.

Handteringa av virusutbrotet har utfordra KSE sine ressursar og infrastruktur over lang tid. KSE har støtta leiardepartementet gjennom å utarbeide situasjonsrapportar, mediesamandrag, situasjonsoppdateringar, rapportering på samfunnsviktige funksjonar, gjensidig informasjonsdeling med internasjonale samarbeidspartnarar og gjennomføring av ei rekkje møte i Kriserådet. Dette arbeidet går framleis for seg.

KSE har i 2020 og 2021 utvikla og styrkt den digitale kompetansen og kapasiteten til eininga. Eit omfattande løft er bl.a. gjort med dei fysiske

og digitale møteromma til eininga for å vere betre rusta til å møte nye utfordringar i 2022.

Post 01 Driftsutgifter

Løyvinga på posten skal dekke lønns- og driftsutgifter ved KSE, medrekna husleige, vidareutvikling av og vedlikehaldskostnader for teknisk infrastruktur på både ugraderte og graderte plattformer. Løyvinga på posten skal i tillegg dekke utgiftene eininga har i samband med sentral krisehandtering, medrekna døgnkontinuerleg situasjons- og medieovervaking. Løyvinga skal òg dekke utgiftene KSE har som sekretariat for Kriserådet. Løyvinga skal dekke drifta av det sivile situasjonssenteret og drifta av avgjerds- og loggføringsverktøyet KSE-CIM på ugradert og gradert plattform.

Regjeringa foreslår ei løyving på posten på 27,6 mill. kroner.

Kap. 453 Sivil klareringsmyndighet

(i 1 000 kr)

Post	Betegnelse	Regnskap 2020	Saldert budsjett 2021	Forslag 2022
01	Driftsutgifter	41 189	47 212	47 330
	Sum kap. 0453	41 189	47 212	47 330

Sivil klareringsmyndighet (SKM) er den sentrale styresmakta for tryggingssklarering og tilgangssklarering på sivil side, og har som primær-oppgåve å vurdere saker om klarering etter tryggingsslova. Bemanninga utgjorde 32,1 årsverk ved utgangen av 2020.

SKM har fått ein auke i oppdragsmengda som følge av den nye tryggingsslova, og det er forventa ytterlegare endringar i samband med GNF-prosessen og fleire vedtak om bruk av det nye tryggingstiltaket tilgangssklarering. SKM medverkar til å gjere dei nasjonale tryggingssinteressene våre mindre sårbare gjennom førebyggjande personelltryggingstiltak.

SKM opplever at det er behov for meir rettleiing av og kommunikasjon med verksemdene, bl.a. betre opplæring av autorisasjonsansvarlege i oppmodande verksemder.

SKM har eit aktivt samarbeid med andre klare- ringsstyresmakter og med NSM som fagsty- ringsmakt på området. I dette arbeidet blir det fokusert på erfaringsdeling og – læring, slik at

verktøy, metodar og faglege skjønnsmessige vur- deringar blir likt tilnærma og i tråd med tryg- gingslova. Gjennom god informasjon til verksem- der og enkeltpersonar, med tydelege underretnin- gar og orientering om innsyns- og klageordningar, blir det bidratt til auka rettstryggleik.

Klareringsprosessen er framleis prega av manuelle og papirbaserte løysningar. I 2021 har SKM vidareført deltakinga i digitaliseringspro- sjektet for å betre kvaliteten og effektiviteten i kla- reringsprosessen. Sjå kap. 457 for nærmare omtale.

Post 01 Driftsutgifter

Løyvinga på posten dekker kostnader til drift av den sivile klareringsstyresmakta, medrekna med anna lønnskostnader og andre personalkostnader i tillegg til kostnader til leige av lokale i Moss og til drift av IKT-løysingar. I posten inngår bl.a. utgif- ter til gjennomføring av tryggingssamtalar.

Det blir foreslått å redusere løyvinga med 900 000 kroner som følgje av at forventa pensjonspremie til Statens pensjonskasse, inklusive

arbeidsgivaravgift av dette, tilsvarande blir redusert, jf. nærmare omtale under del III, punkt 8.

Regjeringa foreslår ei løyving på posten på 47,3 mill. kroner.

Kap. 3453 Sivil klareringsmyndighet

(i 1 000 kr)

Post	Betegnelse	Regnskap 2020	Saldert budsjett 2021	Forslag 2022
01	Gebyr			1 750
	Sum kap. 3453			1 750

Post 01 Gebyr

Regjeringa planlegg å fremme ein revisjon av tryggingsslova. I det høvet tek ein sikte på å innarbeide heimelsgrunnlag for gebyr på tryggingste-

nester, som t.d. på oppmoding om tilgangsklaring.

Regjeringa foreslår ei løyving på posten på 1,8 mill. kroner.

Kap. 454 Redningshelikoptertjenesten

(i 1 000 kr)

Post	Betegnelse	Regnskap 2020	Saldert budsjett 2021	Forslag 2022
01	Driftsutgifter	625 622	682 222	746 769
45	Større utstyrsanskaffelser og vedlikehold, <i>kan overføres</i>	1 834 469	1 977 470	2 588 546
	Sum kap. 0454	2 460 091	2 659 692	3 335 315

I samband med Stortinget si behandling av Prop. 195 S (2020–2021) *Tilleggsbevilgninger og omprioriteringer i statsbudsjettet 2021* og Innst. 600 S (2020–2021) vart ny kostnadsramme (P85) for kjøp av nye redningshelikopter m.m. sett til 14 838 mill. kroner (2021-kroner, eksklusiv mva. med unntak for den delen av mva. som blir belasta budsjettet til Justis- og beredskapsdepartementet). Det er lagt til grunn ei styringsramme (P50) på 14 462 mill. 2021-kroner. Kostnadsramma er oppjustert til 15 017 mill. 2022-kroner, jf. forslag til romertallsvedtak.

Dei nye helikoptera har langt betre rekkjevidd, større fart og betre evne til å operere i dårleg vær enn dagens Sea King-helikopter. Dei vil i tillegg ha langt meir avanserte sensorar og forbera moglegheit for digital samhandling i sanntid med Hovudredningssentralen. Fleire av helikoptera har komme til Noreg. Det har vore utfordringar i arbeidet med å utvikle og sertifisere dei nye

redningshelikoptera frå leverandøren si side. Dette har hatt konsekvensar for programmet for innføring i Forsvaret og har gjort at arbeidet har blitt forseinka. I tillegg er handteringa av situasjonen med virusutbrotet krevjande, bl.a. som følgje av at leverandøren er lokalisert i Nord-Italia og i Storbritannia. Programmet for innføring i Forsvaret er òg påverka av at mannskapa har vore mindre utnytta som følgje av smitteverntiltak. Dei første helikoptera vart sette i drift på Sola 1. september 2020. Redningshelikopterbasen på Ørland vart satt i drift med SAR Queen 14. mai 2021. Operasjonen med dei nye helikoptera fungerer bra. Til saman er seks maskiner i drift i 2021. Alle dei nye redningshelikoptera skal etter planen vere i drift i løpet av 2023.

Nye redningshelikopter gjer det nødvendig å tilpasse bygningane på redningshelikopterbasane og å utbetre landingsplassane ved sjukehusa som Sea King redningshelikopter bruker. Dei nye heli-

koptera skal kunne lande ved dei aktuelle sjukehusa, eventuelt andre stader etter avtale med helseføretaka. Dei nye og moderne basane på flystasjonane på Ørland, Banak, Rygge og Sola er oppførte og tekne i bruk. Arbeidet på basen i Florø er i gang. Som følgje av slutninga om flytting av Bodø Lufthavn, jf. omtale i Samferdselsdepartementet sin Prop. 1 S (2021–2022), vil det berre bli lagt opp til mellombelse tiltak på den noverande redningshelikopterbasen i Bodø for å handtere drifta av dei nye helikoptera fram til nye fasilitetar er på plass. Det blir vist til omtale av landingsplassar ved sjukehus i Prop. 195 S (2020–2021).

Leverandøren av dei nye redningshelikoptera var i 2010 sett i samband med ei mogleg korrupsjonssak knytt til ei leveranse av helikopter til indiske styresmakter. Saka er framleis ikkje endelig avslutta. Departementet følgjer opp utviklinga i saka og leverandøren sitt arbeid med internkontroll, etikk og antikorrupsjon.

Justis- og beredskapsdepartementet har kjøpt inn mellombels sivil redningshelikopterkapasitet på Florø-basen, som starta opp i 2017. Dette vart gjort for at Forsvaret skal kunne frigjere ressursar til å handtere programmet for innføring av nye helikopter.

Det er utfordringar knytta til høgt vedlikehaldsbehov for dei nye redningshelikoptera og tilgang på teknisk personell frå Forsvaret, som skal utføre lett vedlikehald på helikoptera. Flyteknikarar er ein knapp ressurs i Forsvaret. NAW SARH-prosjektet samarbeider med leverandøren og forsvarssektoren for å finna tilfredsstillande løysingar på dette behovet.

For å styrke redningsberedskapen i Nord-Noreg skal det etablerast ein ny redningshelikopterbase i Tromsø basert på sivil innleige, jf. Prop. 85 S (2020–2021) *Etablering av ny redningshelikopterbase i Tromsø og felles operasjon med Sysselmannens helikoptertjeneste* og Innst. 393 S (2020–2021). Konkurransen viste at felles leverandør og felles operert base for Tromsø og helikoptertenesta for Sysselmeisteren på Svalbard vil gi økonomiske fordeler og betre kvalitet. Det blir derfor lagt opp til ei slik løysing. Det blir teke sikte på at den nye redningshelikopterbasen blir sett i drift i løpet av 2022. Kontrakten har ei varigheit på seks år med opsjonar for forlenging på inntil fire år. Stortinget har bede regjeringa starte nødvendige førebuingar som sikrar at Forsvaret overtek som operatør av redningshelikopterbasen i Tromsø når kontrakten med sivil operatør går ut, jf. Innst. 393 S (2020–2021) og vedtak 983.

For å sikre at beredskapen for politiet er vareteken i Nord-Noreg, har politiet inngått ein avtale

med eit privat selskap som sikrar politiet tilgang på helikopter som står på ein times beredskap gjennom heile året. Avtalen tredde i kraft 1. mai 2020. Det er henta inn ein opsjon på kapasitet til politiet i samband med Tromsø-basen. Justis- og beredskapsdepartementet vil på eit seinare tidspunkt vurdere om opsjonen skal nyttast.

Post 01 Driftsutgifter

Løyvinga på posten dekkjer kostnader til drift av den offentlege redningshelikoptertenesta og prosjektet for kjøp av nye redningshelikopter, i tillegg til ressursar til oppfølging av prosjektet. Løyvinga omfattar vidare ein tiltaksplan for Sea King-redningshelikopterflåten som skal bidra til å halde ved lag drift og god beredskap fram til dei nye redningshelikoptera er tekne i bruk. Det blir teke sikte på å setje i drift ein redningshelikopterbase i Tromsø i løpet av 2022. Løyvinga på posten dekkjer kostnader i samband med dette arbeidet.

Det har over fleire år gått for seg eit program for vedlikehald og modifisering av Sea King-helikopterflåten for å sikre forsvarleg beredskap og drift fram til dei nye redningshelikoptera SAR Queen er fasa inn. På bakgrunn av at ein større del av kostnadene knytte til vedlikehald av motorar og komponentar kjem i tillegg i seinare år, vart løyvinga på kap. 454, post 01 redusert med til saman 125 mill. kroner i samband med Stortinget sin behandling av Innst. 156 S (2020–2021), jf. Prop. 43 S (2020–2021) *Endringar i statsbudsjettet 2020 under Justis- og beredskapsdepartementet*. Utgiftene vil delvis komme i tillegg i 2022, jf. Prop. 195 S (2020–2021) *Tilleggsbevilgninger og omprioriteringer i statsbudsjettet 2021* og Innst. 600 S (2020–2021). Det blir foreslått å auke løyvinga med 25,0 mill. kroner i tråd med planlagt vedlikehald av Sea King-helikopterflåte. Vidare blir det foreslått å redusere løyvinga med 30,6 mill. kroner i samband med at det i ein overgangsperiode er venta lågare kostnader for drifta av Sea King-helikoptera.

Det blir foreslått å redusere løyvinga med 2,5 mill. kroner i samband med at det vil bli mindre aktivitet i prosjektet for kjøp av nye redningshelikopter.

Det blir foreslått å auke løyvinga med 59,3 mill. kroner til etableringa av ein ny redningshelikopterbase i Tromsø og felles operasjon med helikoptertenesta til Sysselmeisteren, jf. omtale under kap. 480, post 50.

Det blir foreslått at Justis- og beredskapsdepartementet får fullmakt til å overskride løyvinga under kap. 454, post 01, mot tilsvarande meirinn-

tekter under kap. 3454, post 01, jf. forslag til vedtak.

Det blir foreslått å redusere løyvinga med 265 000 kroner pga. reduserte reiseutgifter som følge av pandemien, jf. nærmare omtale i del III, punkt 8.

Det blir foreslått ei løyving på posten på 746,8 mill. kroner.

Post 45 Større utstyrsanskaffelser og vedlikehold, kan overføres

Løyvinga på posten dekker investeringar i samband med kjøp av nye redningshelikopter og etablering av ny redningshelikopterbase i Tromsø.

Det blir foreslått å redusere løyvinga med 130 mill. kroner som følge av slutninga om flytting av Bodø Lufthavn, jf. omtale i Samferdselsdepartementet sin Prop. 1 S (2021–2022). Det vil som følge av dette berre bli lagt opp til mellom-tiltak på den noverande redningshelikopterbasen i Bodø for å handtere drifta av dei nye helikoptera fram til nye fasilitetar er på plass. Flyttekostnadene vil bli prioriterte innanfor Samferdselsdepartementet sine budsjetttrammer. I Meld. St. 20 (2020–2021) *Nasjonal transportplan 2022–*

2023 har regjeringa prioritert 350 mill. 2021-kroner medrekna. mva. for å dekke flyttekostnadene for den statlege redningshelikoptertenesta. Ei ekstern kvalitetssikring (KS2), som vart lagt fram 30. juni 2021, foreslår styringsramme (P50) og kostnadsramme (P85) for flyttekostnadene på høvesvis 423 mill. kroner og 520 mill. kroner medrekna mva. Justis- og beredskapsdepartementet vil komme tilbake med forslag til reduksjon av kostnadsramma for kjøp av nye redningshelikopter m.m. som følge av slutninga om flytting av Bodø Lufthavn i samband med nysalderinga av 2021-budsjettet.

Det blir foreslått å auke løyvinga med 486,7 mill. kroner til utbetalingar knytte til investeringar ved kjøp av nye redningshelikopter og nødvendige tiltak for tilrettelegging av infrastruktur. I forslaget frå regjeringa til budsjett for 2022 er det sett av til saman 2 464,2 mill. kroner til dette.

Det blir foreslått å auke løyvinga med 124,4 mill. kroner i samband med etableringa av ny redningshelikopterbase i Tromsø og felles operasjon med helikoptertenesta til Syssemeisteren, jf. omtale under kap. 480, post 50.

Det blir foreslått ei løyving på posten på 2 588,5 mill. kroner.

Kap. 3454 Redningshelikoptertjenesten

(i 1 000 kr)

Post	Betegnelse	Regnskap 2020	Saldert budsjett 2021	Forslag 2022
01	Refusjoner	27 479	28 358	29 095
	Sum kap. 3454	27 479	28 358	29 095

Post 01 Refusjoner

Løyvinga på posten dekker refusjonar frå Helse- og omsorgsdepartementet, som kjøper ambulansetimar i redningshelikoptertenesta frå Justis- og beredskapsdepartementet. Refusjonen blir ført på

kap. 3454, post 01 Refusjonar. Det blir foreslått å gi fullmakt i 2022 til å overskride løyvinga under kap. 454, post 01, mot tilsvarende meirinntekter under kap. 3454, post 01, jf. forslag til vedtak.

Det blir foreslått ei løyving på posten på 29,1 mill. kroner.

Kap. 455 Redningstjenesten

(i 1 000 kr)

Post	Betegnelse	Regnskap 2020	Saldert budsjett 2021	Forslag 2022
01	Driftsutgifter	120 754	113 707	121 530
21	Spesielle driftsutgifter	35 729	29 707	30 327
45	Større utstyrsanskaffelser og vedlikehold, <i>kan overføres</i>	2 770	6 244	6 394
71	Tilskudd til frivillige organisasjoner i redningstjenesten	66 801	59 361	60 904
72	Tilskudd til nød- og sikkerhetstjenester	120 535	121 106	124 255
73	Tilskudd til Redningsselskapet	106 393	126 798	128 043
	Sum kap. 0455	452 982	456 923	471 453

Justis- og beredskapsdepartementet har koordineringsansvar for redningstenesta, som omfattar land-, sjø- og luftredningsteneste. Hovudredningsentralen (HRS) leier og koordinerer alle typar redningsaksjonar, anten direkte frå avdelinga i Nord-Noreg eller avdelinga i Sør-Noreg eller ved oppdrag til underliggjande lokale redningssentralar. Leiing og samordning av landredningsaksjonar blir som regel delegert frå HRS til den lokale redningssentralen (LRS). LRS-ar er lokaliserte ved alle politidistrikt og hos Sysselmeisteren på Svalbard.


Regjeringa har fastsett organisering, roller og ansvar for redningstenesta i Noreg i *Organisasjonsplan for redningstjenesten*, jf. kgl. res. av 6. desember 2019.

Regjeringa gav HRS i oppdrag å leie arbeidet med å evaluere redningsaksjonen og den akutte krisehandteringa etter kvikkleireskredet på Gjerdrum 30. desember 2020. HRS har utarbeidd ein rapport i samarbeid med Direktoratet for samfunnstryggleik og beredskap og Politihøgskolen, som vart overlevert departementet 1. juni 2021.

Det er identifisert fleire lærings- og bestepraksis-punkt i rapporten som svarer ut mandatet. Regjeringa vil følgje opp rapporten på eigna vis.

Dei frivillige organisasjonane er ein viktig del av redningstenesta i Noreg med omkring 10 000 operative mannskap over heile landet. Frivillige organisasjonar i redningstenesta trener og utrustar lokale ressursar som kan stille på kort varsel. Dei frivillige er ein ressurs som alltid har vore viktig for redningstenesta, og dei er ofte dei første som kjem til hendinga.

Den frivillige innsatsen er òg viktig for å nå målet regjeringa har sett seg om å sørge for ein trygg og påliteleg beredskap for kvar og ein i samfunnet. Staten legg til rette for innsatsen til dei frivillige organisasjonane gjennom årlege økonomiske tilskot og gjennom å dekke faktiske utgifter ved søke- eller redningsaksjonar. HRS og LRS-ane gir uttrykk for at samarbeidet med dei frivillige er godt, og at oppdrag blir løyste på ein profesjonell og tilfredsstillande måte. Dei frivillige bidrar til å skape den tryggleiken samfunnet vårt byggjer på.



Figur 2.10 Månadleg fordeling av og utvikling i talet på registrerte hendingar ved HRS i perioden 2012 til juli 2021

Kjelde: HRS

Regjeringa har styrkt nødkommunikasjonen og redningsberedskapen i nord gjennom etablering av HF-dekning i dei nordlege havområda, som var i drift frå 1. januar 2021.

Hovudredningssentralen og kystradiostasjonen kan dermed ha tovegs-talekommunikasjon med nødstadde og redningsressursar, noko som er avgjerande for ein effektiv redningsinnsats.

Redningstenesta er i stor grad regulert gjennom ulike internasjonale konvensjonar, traktatar og samarbeidsavtalar mellom land. Gjennom tidene har det vore viktig for Noreg å ha gode rednings- og beredskapsavtalar med nabolanda våre. Noreg er bl.a. part i ein avtale om samarbeid om førebygging, beredskap og innsats i krisesituasjonar i Barentsregionen. Dei andre partane er Sverige, Finland og Russland. Avtalen gjeld dei nordlegaste delane av dei tre nordiske landa, og den nordvestlege regionen i Russland. Avtalen blir øvd gjennom øvingsserien *Barents Rescue*, og Noreg har ansvaret for å arrangere neste øving i Bodø-området i september 2022. Noreg har òg ein bilateral samarbeidsavtale med Russland om søk og redning i nordlege havområde, og Noreg deltek aktivt i eit søk- og redningssamarbeid som er skrive under av alle medlemslanda i Arktisk Råd.

Justis- og beredskapsdepartementet, som ansvarleg for den maritime nød- og tryggleikstenesta (kystradiotenesta), vurderer korleis tenesta bør innrettast i framtida. Tenesta er ei spesiell, samfunnspålagt oppgåve og blir levert av Telenor Noreg. Pga. samfunnsutviklinga og utviklinga

innan kommunikasjonsteknologi og digitalisering er det gjort ein gjennomgang av innretning av kystradiotenesta. Ein rapport med anbefalingar er levert til Justis- og beredskapsdepartementet og er til behandling.

Post 01 Driftsutgifter

Løyvinga på posten dekkjer kostnader ved sentrale element ved redningstenesta, medrekna Hovudredningssentralen (HRS). Bemanninga ved HRS utgjorde 52 årsverk per 31. desember 2020, inkludert to prosjektstillingar.

Løyvinga på posten omfattar utgifter i samband med det internasjonale satellittbaserte nødpeilesystemet COSPAS-SARSAT og utgifter til Justis- og beredskapsdepartementet si nasjonale og internasjonale forplikting og engasjement innanfor redningstenesta.

Det blir foreslått at Justis- og beredskapsdepartementet får fullmakt til å overskride løyvinga under kap. 455, post 01, mot tilsvarende meirinntekter under kap. 3455, post 01, jf. forslag til vedtak.

Det blir foreslått å auke løyvinga med 6,2 mill. kroner som følgje av at forventa pensjonspremie til Statens pensjonskasse, inklusive arbeidsgivaravgift av dette, tilsvarende blir auka, jf. nærmare omtale under del III, punkt 8.

Det blir foreslått å redusere løyvinga med 100 000 kroner pga. reduserte reiseutgifter som

følgje av pandemien, jf. nærmare omtale i del III, punkt 8.

Regjeringa foreslår ei løyving på posten på 121,5 mill. kroner.

Post 21 Spesielle driftsutgifter

Løyvinga på posten omfattar utgifter til å engasjere private selskap, t.d. helikopterselskap og frivillige redningsorganisasjonar i konkrete redningstilfelle, til refusjon til frivillige hjelparar for innsats i redningstenesta, til forbruk og erstatning av tapt materiell m.m. Forbruket på posten er vanskeleg å berekne, sidan utgiftene varierer med talet på og omfanget av redningsaksjonar.

Regjeringa foreslår ei løyving på posten på 30,3 mill. kroner.

Post 45 Større utstyrsanskaffelser og vedlikehold, kan overføres

Løyvinga på posten dekker diverse investeringar til kjøp og vedlikehald av utstyr til Hovudredningssentralen.

Regjeringa foreslår ei løyving på posten på 6,4 mill. kroner.

Post 71 Tilskudd til frivillige organisasjonar i redningstjenesten

Løyvinga på posten dekker tilskot til Frivillige organisasjonars redningsfaglege forum (FORF) og til frivillige organisasjonar i redningstenesta som er representerte av paraplyorganisasjonen FORF. Løyvinga kan òg dekke tilskot til andre særskilte relevante frivillige organisasjonar innanfor redningstenesta. Midlane blir gitt til hovudorganisasjonar som er viktige for redningstenesta, og desse vil ha ansvaret for å fordele midlane til lokale lag og foreiningar i eigen organisasjon. Posten omfattar òg premie til forsikringsordning for frivillige i redningstenesta og midlar til varetaking av sekretariatsfunksjonen til Nasjonalt redningsfagleg råd. Sekretariatsfunksjonen blir vareteken av FORF.

Løyvinga omfattar òg tilskot til dei frivillige organisasjonane i redningstenesta tilsvarande abonnementsordninga for alle brukarar av Nødnett.

Vidare dekker løyvinga på posten utgifter til dykkaropplæring av frivillige som deltek i redningsdykkarberedskap og må ha redningsdykkarsertifisering.

Regjeringa foreslår ei løyving på posten på 60,9 mill. kroner.

Post 72 Tilskudd til nød- og sikkerhetstjenester

Løyvinga på posten skal bl.a. dekke tilskot til Telenor for den samfunnsplagde tenesta dei utfører i samband med nød- og tryggingstenesta til kystradioen, for bidraget til å halde ved lag 24-timars tårnteneste ved Svalbard lufthamn, og til andre tilskot innanfor rednings- og beredskapsfeltet.

Regjeringa foreslår ei løyving på posten på 124,3 mill. kroner.

Post 73 Tilskudd til Redningsselskapet

Tilskotet skal bidra til å halde oppe Redningsselskapet sin innsats i redningstenesta og i arbeidet med å førebyggje ulukker. Det dekker ein del av driftsutgiftene selskapet har til søk- og redningsberedskap.

Redningsselskapet er ein landsdekkande og frivillig humanitær organisasjon. Det primære formålet er å redde liv og berge verdiar på sjøen. Organisasjonen er ein viktig beredskapsressurs og utfører søke-, rednings- og hjelpeteneste langs kysten av Noreg og i tilstøytande havområde. Redningsselskapet driv i tillegg arbeid med førebygging av ulukker og vern av kystmiljøet. Organisasjonen har i dag ein flåte med redningsskøyter der om lag halvparten er bemanna av frivillige sjøredningskorps og den andre halvparten er bemanna av Redningsselskapet sitt faste mannskap og har 24 timars beredskap heile året. I tillegg har Redningsselskapet fire ambulansébåtar som dei opererer på vegne av helseføretak i Nordland.

Det blir foreslått å redusere løyvinga med 2 mill. kroner som følgje av nedjustering av ei eingongsløyving til førebyggjande arbeid mot drukning gitt i 2021.

Regjeringa foreslår ei løyving på posten på 128 mill. kroner.

Kap. 3455 Redningstjenesten

(i 1 000 kr)

Post	Betegnelse	Regnskap 2020	Saldert budsjett 2021	Forslag 2022
01	Refusjoner	3 961		
	Sum kap. 3455	3 961		

Post 01 Refusjoner

Løyvinga dekker refusjonar gjennom ulike aktiviteter i redningstenesta. Det blir ikkje budsjettert med noko beløp.

Det blir foreslått at Justis- og beredskapsdepartementet får fullmakt til å overskride løyvinga under kap. 455, post 01, mot tilsvarende meirinntekter under kap. 3455, post 01, jf. forslag til vedtak.

Kap. 457 Nasjonal sikkerhetsmyndighet

(i 1 000 kr)

Post	Betegnelse	Regnskap 2020	Saldert budsjett 2021	Forslag 2022
01	Driftsutgifter	363 597	344 590	361 645
45	Større utstyrsanskaffelser og vedlikehold, <i>kan overføres</i>	4 063	20 000	20 480
	Sum kap. 0457	367 660	364 590	382 125

NSM er administrativt underlagt Justis- og beredskapsdepartementet. Forsvarsdepartementet har instruksjonsmakt overfor NSM i saker på ansvarsområdet deira, og direktoratet er såleis òg underlagt Forsvarsdepartementet og er ein del av forsvarssektoren.

NSM har det sektorovergripande ansvaret for at førebyggjande tryggleiksarbeid blir utført i samsvar med *Lov om nasjonal sikkerhet* (tryggingslova). NSM har eit overordna ansvar for at tryggingstilstanden i alle sektorar blir kontrollert, og dei skal sjå til at verksemdene oppfyller pliktene dei har etter lova. NSM er vidare nasjonalt tryggingsorgan i kontakten med andre land og internasjonale organisasjonar. NSM er peika ut som ansvarleg styresmakt etter tryggingslova til å drive ein nasjonal responsfunksjon for alvorlege digitale angrep og eit nasjonalt varslingsystem for digital infrastruktur (VDI). NSM er i tillegg nasjonalt fagmiljø for digital tryggleik. Som nasjonalt fagmiljø skal NSM støtte Justis- og beredskapsdepartementet og Forsvarsdepartementet innanfor områda departementa har ansvar for.

NSM skal bl.a. leggje til rette for at verksemdar som lova gjeld for, får tilgang til informasjon

om trussel- og risikovurderingar og andre opplysningar som er viktige for det førebyggjande tryggleiksarbeidet i verksemdene. NSM skal òg bidra til å vidareutvikle samarbeidet med dei andre nasjonale etterretnings- og tryggingstenestene.

Regjeringa har peika ut NSM som det nasjonale kontaktpunktet for screening av utanlandsinvesteringar, og dei har fått ansvar for å koordinere arbeidet på etatsnivå. Nasjonalt cybertryggings-senter (NCSC) har som formål å styrke kapasiteten samfunnet har til motstand og beredskap i det digitale rommet. Senteret har ei rekkje partnarar frå offentlege og private verksemdar som deltek aktivt i senteret. NSM er nøgd med verksemda så langt, men ser òg behov for å vidareutvikle samarbeidet. Det er etablert eit nært samarbeid med politiet sitt nasjonale cyberkrimssenter (NC3) og miljø i Forsvaret. Slik vil ressursane samfunnet rår over på området bli utnytta best mogleg.

Tryggleikstruande digitale hendingar mot nasjonale interesser aukar og blir meir omfattande å handtere. Samfunnet taper stadig større verdiar til cyberangrep. Trusselaktørane bruker eksisterande og nye teknologiske verkemiddel.

Kryptologiske verkemiddel er ein føresetnad for sikker digitalisering av det norske samfunnet. Tryggleiken i kryptosystema vil likevel bli utfordra og tryggleiksmarginane vil bli mindre over tid. Det er derfor nødvendig å teste kor robuste kryptosystema er, for å avdekke ev. svakheiter i måten dei er konstruerte på eller måten dei blir brukte på.

For å møte dette risikobiletet foreslår regjeringa ei styrking av NSM for å halde oppe den nasjonale evna til å verne høggradert informasjon og etablere eit nasjonalt kompetansemiljø for anvend kryptologi. Tiltaket inneheld bemanning av ein nasjonal kryptolab i NSM, der investeringa i utstyr blir løyvd over forsvarsbudsjettet, ref. Innst. 87 S (2020–2021) jf. Prop. 14 S (2020–2021) *Evne til forsvar – vilje til beredskap*.

Arbeidet for å digitalisere saksbehandlinga av tryggingklarering av personar blir vidareført. Sjølv om arbeidet er forseinka av eksterne forhold med om lag eit halvår, er det realisert effektar i 2021. Bl.a. vart klareringsportalen sett i produksjon i mars for fleire verksemder. Sentrale leveransar i 2021 og 2022 vil vere tilpassa automatisert saksbehandling og nylagde digitale kjelder, i tillegg til ei vidare utvikling av klareringsportalen for endå fleire verksemder.

NSM følgjer framleis utviklinga av covid-19 i Noreg og utlandet tett for å ha eit oppdatert bilete av tryggingstilstanden. NSM har fremma konkrete og detaljerte tilrådingar og råd innanfor bl.a. digital tryggleik, personelltryggleik, tryggleiksgraderte innkjøp og kryptohandtering. Desse er formidla breitt til befolkninga og verksemder, og i eigna kanalar til samarbeidande aktørar og enkelte verksemder i spesifikke tilfelle. Den særskilde oppfølginga av virusutbrotet blir vidareført så lenge det blir vurdert formålstenleg.

Post 01 Driftsutgifter

Løyvinga på posten skal dekke alle ordinære driftsutgifter og investeringar for NSM. Bemanninga ved NSM utgjorde 289 årsverk ved utgangen av 2020.

NSM vil nytte den foreslåtte aukinga av løyvinga på 6,2 mill. kroner til å halde oppe den nasjonale evna til å verne høggradert informasjon og etablere eit nasjonalt kompetansemiljø for anvend kryptologi. Løyvinga vil styrke NSM sitt arbeid for å avdekke svakheiter som kan ha medverka til å skape ukjende sårbarheiter i eksisterande krypto-

system, og dessutan ta denne kompetansen vidare med i arbeidet med utvikling av nye kryptosystem.

Det blir foreslått å auke løyvinga med 5,5 mill. kroner til NSM sine aktivitetar innanfor tryggleik i romverksemda. Nærings- og fiskeridepartementet sitt kap. 922, post 74, er foreslått redusert med same beløp.

NSM kjøper tenester frå Direktoratet for forvaltning og økonomistyring (DFØ). Det er behov for å justere rammeoverføringa frå 2021, og det blir derfor rammeoverført ytterlegare 600 000 kroner for 2022. Løyvinga på NSM sitt kap. 457, post 01, blir redusert med 600 000 kroner mot ein tilsvarende auke i Finansdepartementet sitt kap. 1605, post 01.

Det er håp om å gjennomføre ein ordinær tryggleikskonferanse i 2022, og regjeringa foreslår derfor å auke utgiftene på post 01 med 4 mill. kroner i 2022, sjå omtale under kap. 3457 post 01.

Det blir foreslått å redusere løyvinga med 1,5 mill. kroner mot ein tilsvarende auke på kap. 400, post 01, som følgje av at eitt årsverk er ført over til Justis- og beredskapsdepartementet, jf. omtale under kap. 400, post 01.

Det blir foreslått å redusere løyvinga med 4,4 mill. kroner som følgje av at forventta pensjonspremie til Statens pensjonskasse, inklusive arbeidsgivaravgift av dette, tilsvarende blir redusert, jf. nærmare omtale under del III, punkt 8.

Det blir foreslått å redusere løyvinga med 400 000 kroner pga. reduserte reiseutgifter som følgje av pandemien, jf. nærmare omtale i del III, punkt 8.

Det blir foreslått at Justis- og beredskapsdepartementet får fullmakt til å overskride løyvinga under kap. 457, post 01, mot tilsvarende meirinntekter under kap. 3457, post 01, jf. forslag til vedtak.

Regjeringa foreslår ei løyving på posten på 361,6 mill. kroner.

Post 45 Større utstyrsanskaffelser og vedlikehold, kan overføres

Løyvinga på posten skal dekke utgiftene i prosjektet for digitalisering av klareringsprosessen og andre oppgåver som følgjer av tryggingsslova. Prosjektet er planlagt å gå over fire år med årlege løyvingar frå og med 2020.

Regjeringa foreslår ei løyving på posten på 20,5 mill. kroner.

Kap. 3457 Nasjonal sikkerhetsmyndighet

(i 1 000 kr)

Post	Betegnelse	Regnskap 2020	Saldert budsjett 2021	Forslag 2022
01	Inntekter	38 105	29 689	34 309
	Sum kap. 3457	38 105	29 689	34 309

Post 01 Inntekter

Inntektene til Nasjonalt tryggingssystem (NSM) er i hovudsak samansett av medlemsavgifter frå næringslivet til varslingsystemet for digital infrastruktur (VDI), kurs- og konferanseavgifter og brukarbetaling ved tryggleiksgodkjenning av informasjonssystem.

NSM legg opp til å gjennomføre den årlege tryggleikskonferansen i 2022, og regjeringa fore-

slår derfor å auke inntektene på posten med 4 mill. kroner.

Det blir foreslått at Justis- og beredskapsdepartementet får fullmakt til å overskride løyvinga under kap. 457, post 01, mot tilsvarende meirinntekter under kap. 3457, post 01, jf. forslag til vedtak.

Regjeringa foreslår ei løyving på posten på 34,3 mill. kroner.

Programkategori 06.60 Andre verksemder

Utgifter under programkategori 06.60 fordelte på postgrupper

(i 1 000 kr)

Post-gr.	Betegnelse	Regnskap 2020	Saldert budsjett 2021	Forslag 2022	Pst. endr. 21/22
01-25	Driftsutgifter	1 621 156	1 675 790	1 687 550	0,7
	Sum kategori 06.60	1 621 156	1 675 790	1 687 550	0,7

Utgifter under programkategori 06.60 fordelte på kapittel

(i 1 000 kr)

Kap.	Betegnelse	Regnskap 2020	Saldert budsjett 2021	Forslag 2022	Pst. endr. 21/22
460	Spesialenheten for politisaker	54 895	54 454	55 882	2,6
466	Særskilte straffesaksutgifter m.m.	1 186 324	1 223 786	1 221 593	-0,2
467	Norsk Lovtidend	6 479	4 488	9 264	106,4
468	Kommisjonen for gjenopptakelse av straffesaker	22 289	17 540	19 487	11,1
469	Vergemålsordningen	351 169	375 522	381 324	1,5
	Sum kategori 06.60	1 621 156	1 675 790	1 687 550	0,7

Innleiing

Programkategori 06.60 omfattar Spesialeininga for politisaker, særskilte straffesaksutgifter m.m. (medrekna bl.a. utgifter til advokat, tolk og sakkunnig i straffesaker), den rettsmedisinske kommisjonen, Norsk Lovtidend, kommisjonen for gjenopptaking av straffesaker og verjemålsordninga.

Målet for programkategori 06.60 *Andre verksemder* er rettstryggleik. Alle verksemder og ordningar som ligg under denne programkategorien,

bidrar til auka rettstryggleik for ulike grupper menneske i ulike delar av samfunnet.

Prioriteringar i budsjettet

Kommisjonen for gjenopptaking av straffesaker har i dei seinare åra hatt fleire krevjande saker til behandling, og saksbehandlingstida har auka. Det er viktig for rettstryggleiken til den enkelte at saka blir behandla innan rimeleg tid. Regjeringa foreslår derfor å styrke kommisjonen for gjenopptaking av straffesaker med 1,4 mill. kroner.

Kap. 460 Spesialenheten for politisaker


(i 1 000 kr)

Post	Betegnelse	Regnskap 2020	Saldert budsjett 2021	Forslag 2022
01	Driftsutgifter	54 895	54 454	55 882
	Sum kap. 0460	54 895	54 454	55 882

Spesialeininga for politisaker skal sikre lik og rettvís behandling av saker som gjeld spørsmålet om tilsette i politiet eller påtalemakta har gjort straffbare handlingar i tenesta. Ved å behandle alle saker mot politiet eller påtalemakta med det same alvoret og like grundig som andre som blir sette under straffeforfølgning, bidrar Spesialeininga for politisaker til rettstryggleik. Spesialeininga for politisaker etterforskar, avgjer påtale i og fører desse sakene for domstolane. Eininga skal sikre rettstryggleik både for den som melder, og for dei som blir melde. Spesialeininga for politisaker set òg i verk etterforskning dersom nokon døyr eller blir alvorleg skadde som følge av tenestutøvinga til politiet eller påtalemakta, sjølv om det ikkje er mistanke om ei straffbar handling. Spesialeininga

er ikkje del av politiet eller påtalemakta, men er administrativt underlagd Justis- og beredskapsdepartementet og fagleg underlagd Riksadvokaten.


Spesialeininga har mykje erfaring med overføringsverdi, og det er derfor viktig at politiet og påtalemakta bruker årsrapportane og vedtaka frå Spesialeininga til utvikling og læring. Eininga får gjennom sakene mykje kunnskap bl.a. om kulturelle trekk i politiet. Eininga har i årsrapport for 2020 peika på at mange saker kunne vore unngått dersom både politiet og påtalemakta hadde teke tak i forhold som det vart snakka om, eller andre forhold, som ikkje har vore handtert i tide. Det er viktig å ta denne erfaringa med vidare i eininga, i politiet og i påtalemakta. Sjå òg omtale under programkategori 06.40.



Figur 2.11 Registrerte og behandla meldingar i Spesialeininga (2017–2020).

Frå utgangen av 2019 til utgangen av 2020 var det ein reduksjon på 30 pst. i restansane hos Spesialeininga for politisaker. Nedgangen kjem i stor grad av at leiaren hadde ein ekstra juridisk rådgivar frå april og ut året. Eininga har i fleire år vore i ein krevjande ressursituasjon, og saksbehandlingstida er lang. Det kjem bl.a. av at eininga har hatt

fleire saker under etterforskning som har kravd mykje ressursar dei seinare åra. Saman med Riksadvokaten er det fastsett eit konkret resultatkrav om at gjennomsnittleg saksbehandlingstid skal vere innanfor 150 dagar. I 2020 var den gjennomsnittlege saksbehandlingstida for avgjorde saker 193 dagar.



Figur 2.12 Saksbehandlingstid i Spesialeininga (2017–2020).

Saksbehandlingstid er viktig for tilliten til Spesialeininga. Sakene må behandlast effektivt og innanfor rimelege fristar. Sakene er ofte alvorlege (sjå boks 2.1), og det er avgjerande at det finst ressursar tilgjengeleg slik at desse sakene ikkje blir liggjande for lenge. Det kan skade omdømmet og tilliten til eininga.

Frå 1. desember 2020 vart det etablert ei ordning der utvalde etterforsningsleiarar har fått delegert myndigheit til å avgjere enkelte saker der det ikkje er grunnlag for å setje i gang etterforskning. Det er venta at dette òg skal bidra til å redusere saksbehandlingstida, utan at kvaliteten blir dårlegare.

I forbindelse med revidert nasjonalbudsjettet for 2020 vart det gitt ei ekstra løyving på 6 mill. kroner. I statsbudsjettet for 2021 vart løyvinga vidareført, og i statsbudsjettet for 2022 blir det foreslått å føre vidare 4,3 mill. kroner av denne løyvingssauka som ei permanent styrking. Løyvinga vart brukt til bl.a. kompetanseløft og mellomelse stillingar, noko som har gitt gode resultat. Det vart etablert eit samarbeid med Politihøgskolen om eit tilpassa og nettbasert opplæringstilbod. I november 2020 var dei første spesialetterforskarane og etterforsningsleiarane i gang med vidareutdanning innan rettleiingspedagogikk, som bl.a. skal brukas til den nettbaserte opplæringa. På slutten av året vart tre av dei mellomelse stillingane gjorde faste.

Boks 2.2 Sakskomplekset i Spesialeininga for politisaker

Spesialeininga for politisaker etterforskar eit mangfald av saker, mange av dei svært alvorlege. I 2020 vart det reagert med positive påtaleavgjerder i 56 av 1 375 behandla meldingar.

Ein tenesteperson vart tiltalt for å ha skaffa seg seksuell omgang ved å utnytte ein person under 18 år i ein særleg sårbar livssituasjon.

Ein tenesteperson vart dømd til 6 md. fengsel, inndraging av 72 000 kroner og inndraging av våpen for bedrageri, underslag og brot på våpenlova.

I fleire saker har tenestepersonar blitt tiltalte for uforholdsmessig og ikkje nødvendig bruk av makt.

Fleire saker omhandlar søk i registera til politiet utan tenestelege behov.

Ei sak handla om brot på teieplikta.

Fleire saker handla om brot på våpenlova og vegtrafikklova.

Post 01 Driftsutgifter

Løyvinga på posten skal dekke driftsutgifter til Spesialeininga for politisaker som lønn, godtgjersler til advokatar på verv, husleige og andre administrative utgifter. Spesialeininga for politisaker hadde 37 årsverk per 31. desember 2020.

Det blir foreslått å auke løyvinga med 2 mill. kroner som følgje av at forventa pensjonspremie til Statens pensjonskasse, inklusive arbeids-

gjevaravgift av dette, tilsvarande blir auka. Jf. nærmare omtale under del III, punkt 8.

Det blir foreslått ei løyving på posten på 55,9 mill. kroner.

Kap. 466 Særskilte straffesaksutgifter m.m.

		(i 1 000 kr)		
Post	Betegnelse	Regnskap 2020	Saldert budsjett 2021	Forslag 2022
01	Driftsutgifter	1 186 324	1 223 786	1 221 593
	Sum kap. 0466	1 186 324	1 223 786	1 221 593

Juridisk hjelp i straffesaker bidrar til god rettstryggleik for den enkelte ved å sikre at alle partar får den hjelpa dei treng, anten dei er sikta, tiltalte, fornærma eller pårørende. På denne måten kan ei rettssak gå rettviss for seg.

Justis- og beredskapsdepartementet fremma i april 2021 forslag til endringar i reglane for behandlinga av straffesaker i den gjeldande straffeprosesslova, jf. Prop. 146 L (2020–2021). Forslaga departementet fremma skal effektivisere behandlinga av dei meir omfattande sakene. Det blir òg foreslått at fristen i lova for å framstille pågripne personar for varetektsfengsling blir stramma inn, og enkelte endringar som gjeld bistandsadvokatorordninga. Departementet legg opp til at forsvarar skal bli kompensert for meirarbeidet ved å utarbeide tilsvar som skal bli sendt til retten. Sjå òg omtale under programkategori 06.20.

Salær til offentleg oppnemnde forsvararar, bistandsadvokatar, sakkunnige og tolkar er regulert gjennom *forskrift om salær fra det offentlige til advokater mv.* (salærforskrifta) og *forskrift om salær fra det offentlige til advokater m.fl. etter faste*

satser (stykkprissatser) ved fri rettshjelp og i straffesaker (stykkprisforskrifta). Det blir foreslått å vidareføre salærsatsen i 2022 på 1 085 kroner.


Den rettsmedisinske kommisjonen

Hovudoppgåva til den rettsmedisinske kommisjonen (DRK) er å kvalitetssikre rettsmedisinske erklæringar og utsegner som sakkunnige gir i straffesaker, noko som er viktig for å sikre rettstryggleiken til den enkelte.

DRK får stadig tilsendt fleire erklæringar for kvalitetssikring. I 2020 tok kommisjonen både imot og behandla over 10 000 erklæringar. Om lag 47 pst. av dei innkomne erklæringane er innanfor fagområdet rettspatologi og klinisk rettsmedisin. Dei andre fagområda er toksikologi, genetik og psykiatri.

Saksbehandlingstida går i hovudsak ned, og kommisjonen har behandla fleire erklæringar enn tidlegare.

Kommisjonen har arbeidd med alternative tiltak og arbeidsformer for å effektivisere drifta ved DRK.



Figur 2.13 Innkomne og behandla saker, og dessutan restanse i DRK (2017–2020).

Post 01 Driftsutgifter

Løyvinga på posten dekker i hovudsak utgifter til juridisk hjelp i straffesaker til personar som har rett til advokathjelp i medhald av straffeprosesslova kap. 9 og 9a. Dette er personar som har status som sikta eller tiltalte, som fornærma eller som pårørende til eller etterlatne etter fornærma i ei straffesak. Løyvinga dekker utgifter til salær og reise- og kostgodtgjersle til forsvararar, bistandsadvokatar, tolkar og sakkunnige som er oppnemnde av retten eller av kommisjonen for gjenopptaking av straffesaker.

Løyvinga dekker vidare tapt arbeidsforteneste til tolkar utan salærrett og sakkunnige i straffesaker, enkelte utgifter til den rettsmedisinske kommisjonen, som honorar og/eller godtgjersle og reise- og kursutgifter, og dessutan salær og reise- og opphaldsutgifter til aktorar i militære straffesaker. Løyvinga dekker òg utgiftene til Justis- og

beredskapsdepartementet i samband med omsetjing av rettsoppmodingar, utleveringssaker og barnebortføringssaker etter Haag-konvensjonen av 1980 og Europakonvensjonen av 1980.

Dei totale utgiftene på posten er i hovudsak avhengige av mengda straffesaker og omfanget av dei, talet på oppnemnde forsvararar eller bistandsadvokatar, bruken av tolkar og sakkunnige og nivået på den offentlege salærsatsen.

Det blir foreslått ei løyving på posten på 1 221,6 mill. kroner.

Det blir foreslått å auke løyvinga med 14,8 mill. kroner med utgangspunkt i rekneskapstal og forventa utvikling i straffesaksutgifter.

Det blir foreslått å redusere løyvinga med 7,8 mill. kroner som følgje av endringer i straffeprosesslova.

Det blir foreslått å redusere løyvinga med 8 mill. kroner som følgje av ny lov om valdserstatning.

Kap. 467 Norsk Lovtidend

(i 1 000 kr)

Post	Betegnelse	Regnskap 2020	Saldert budsjett 2021	Forslag 2022
01	Driftsutgifter	6 479	4 488	9 264
	Sum kap. 0467	6 479	4 488	9 264

Norsk Lovtidend sørger for at lover og reglar er tilgjengelege for allmenta, og at regelverk- sendringar kan bli kunngjorde raskt, noko som er eit viktig prinsipp for rettstryggleiken. Norsk Lovtidend blir publisert av stiftinga Lovdata på vegner av Justis- og beredskapsdepartementet.

Dei siste åra har det vore ein auke i talet på produserte sider i Norsk Lovtidend. Pandemien har ført til at auken har vore enda større i 2020. Auken gjeld kunngjeringar og publisering av lover og forskrifter, sentralt og lokalt.

Post 01 Driftsutgifter

Løyvinga på posten dekker utgifter til tilarbeiding av manuskript og arbeidet med den elektroniske utgåva av Norsk Lovtidend.

Det blir foreslått å auke løyvinga på posten med 4,7 mill. kroner som følgje av auka produksjon hos Norsk Lovtidend.

Det blir foreslått ei løyving på posten på 9,3 mill. kroner.

Kap. 468 Kommisjonen for gjenopptakelse av straffesaker

(i 1 000 kr)

Post	Betegnelse	Regnskap 2020	Saldert budsjett 2021	Forslag 2022
01	Driftsutgifter	22 289	17 540	19 487
	Sum kap. 0468	22 289	17 540	19 487


Kommisjonen for gjenopptaking av straffesaker er eit uavhengig forvaltningsorgan som skal behandle krav om gjenopptaking av straffesaker som er rettskraftig avgjorde i domstolane. Kommisjonen skal rettleie, greie ut og avgjere sakene. Gjennom å opne for at domfelte kan få saka si prøvd på nytt i rettssystemet, bidrar kommisjonen for gjenopptaking av straffesaker til å sikre rettstryggleiken til den domfelte.

Kommisjonen for gjenopptaking av straffesaker skal ta stilling til om ein domfelt med rettskraftig straffedom skal få ny behandling av saka si i retten. Kommisjonen har hatt fleire krevjande saker til behandling i 2020 og 2021. Det har kravd store ressursar og har medført at saksbehandlingstida har auka. I samband med det reviderte nasjonalbudsjettet for 2021 vart løyvinga auka med 2,3 mill. kroner. Det er behov for å vidareføre styrkinga i 2022 og framover, slik at saker blir

behandla innan rimeleg tid og rettstryggleiken til individet blir vareteken. Det blir foreslått å auke løyvinga til kommisjonen for gjenopptaking av straffesaker med 1,4 mill. kroner i 2022 som ei varig styrking.

Gjennom åra har saker som reiser tvil om den domfelte var strafferettsleg tilrekneleg, utgjort ein relativt stor del av dei sakene kommisjonen har opna. Dette er noko politiet òg må vere merksame på for evaluering og læring. Utilreknelegreglane er nyleg endra slik at ein større grad av skjønn kan bli avgjerande. Det er mogleg at dette kan generere fleire saker for kommisjonen.

Av dei totalt 161 realitetsvurderte sakene i 2020 vart 37 opna att, mot 11 året før. 11 av dei sakene som var opna att, vart opna som følgje av tvil om den domfelte var strafferettsleg tilrekneleg, jf. figuren under.



Figur 2.14 Grunnlag for gjenopning, 2020.

Nav-sakene er årsaka til at delen saker som er gjenopna som følgje av tvil om den domfelte er tilrekneleg er lågare i 2020 enn tidlegare år. Årsaka til det er at heile 48,6 pst. av dei gjenopna sakene er Nav-saker, noko som gjer at delen andre saker blir mindre. Nav-sakene dukka opp i kommisjonen for første gong i 2020. Talet på Nav-saker frå tida før 2012 til behandling hos kommisjonen for gjenopptaking av straffesaker er venta å auke noko, jf. den einstemmige dommen i Høgsterett (om Nav-saken) i storkammer frå 2. juli 2021 – HR-2021-1453-S.

Post 01 Driftsutgifter

Løyvinga på posten dekker driftsutgifter til medlemmene av kommisjonen, lønn til tilsette i sekretariatet og andre driftsutgifter knytte til kommisjonen og sekretariatet. Sekretariatet hadde 13,6 årsverk per 31. desember 2020.

Det blir foreslått å auke løyvinga med 1,4 mill. kroner slik at kommisjonen skal behandle sakene innan rimeleg tid.

Det blir foreslått ei løyving på posten på 19,5 mill. kroner.

Kap. 469 Vergemålsordningen

(i 1 000 kr)

Post	Betegnelse	Regnskap 2020	Saldert budsjett 2021	Forslag 2022
01	Driftsutgifter	259 255	260 556	263 959
21	Spesielle driftsutgifter	91 914	114 966	117 365
	Sum kap. 0469	351 169	375 522	381 324

Verjemålsforvaltninga sørger for rettstryggleiken til personar som treng hjelp til å vareta sine egne interesser. Førstelinja i verjemålsforvaltninga er statsforvaltaren. Statens sivilrettsforvaltning (SRF) er sentral verjemålsstyresmakt og er bl.a. ansvarlig for klagebehandling og tilsyn med statsforvaltarane. Ordinære verjemål er eit frivillig velferdsgode, som byggjer på sjølvråderett. Dersom ein person motset seg det, kan ikkje statsforvalta-

ren opprette verjemål, uavhengig av om personen har samtykkekompetanse eller ikkje. Det er viktig at kvart enkelt verjemål er tilpassa viljen og behovet til personen, og at verjemålet ikkje er meir omfattande enn nødvendig. Til skilnåd frå frivillige verjemål kan fråtaking av rettsleg handleevne skje mot personen sin vilje. Ei slik avgjerd krev domstolsbehandling, og strenge vilkår må vere oppfylte.

Per 31. desember 2020 var det registrert litt over 64 000 verjemål. Talet på vaksne med verjemål auka noko i 2020 og utgjorde om lag 42 300 av alle verjemål. Om lag 280 personar var fråtekne rettsleg handleevne. Verjemåla var fordelte på nesten 45 000 verjer, og av desse var om lag 86 pst. verje for berre éin person, i hovudsak nærstående. Nærstående får som hovudregel ikkje godtgjerjing.

Statsforvaltaren forvaltar om lag 22 mrd. kroner på vegner av personar med verje. For å styrke kvaliteten i verjemåla har arbeidet med sjølvråderett, individtilpassing og kompetanseheving blant verjer. Dette har vore sentralt i arbeidet til statsforvaltarane i 2020 og 2021, og det er viktig å halde fram utviklingsarbeidet for å heve kvaliteten på verjemålsordninga ytterlegare.

Ved oppstarten av verjemål har det vore ein aukande del saker der det blir gjennomført samtalar. Statsforvaltarane har samstundes lagt vekt på å rettleie personar om alternative ordningar til verjemål der det er formålstenleg.

Retten til sjølvråderett har òg stått sentralt i opplæringa til statsforvaltarane av verjer. Pandemien har medført at opplæringa har blitt meir digitalisert.

Statsforvaltarane har samla hatt ei positiv utvikling i måloppnåinga på verjemålsfeltet gjennom 2020 og første halvdel av 2021.

Det har over fleire år blitt arbeidd for å auke bruken av framtidfullmakter. Framtidfullmakter er eit privatrettsleg alternativ til verjemål, der ein peikar ut kven som skal vareta økonomien og personlege interesser, dersom ein sjølv blir ute av stand til det. Det er ønskjeleg at bruken av framtidfullmakter aukar, både for å sikre at fleire tek kontroll over si eiga framtid, og for å redusere belastninga på verjemålsforvaltninga. I 2020 var det ein vesentlig auke i stadfesting av framtidfullmakter hos statsforvaltarane. Stadfestinga er frivillig og er ikkje nødvendig for at fullmakta skal vere gyldig.

Digitalisering er sentralt for å effektivisere verjemålsforvaltninga og for å nå målet om å levere betre og meir effektive tenester til brukarane. Prosjektet om automatisert kontroll med verjerek-

neskapen legg opp til automatisk overføring av data frå Skatteetaten og finansnæringa. Det vil på sikt bli mogleg å kontrollere alle verjerekneskapane og på den måten avdekke avvik meir effektivt.

Prosjektet *Fullmaktsregister for innbyggere* (FUFINN) er ein del av eit større prosjekt i regi av SKATE¹ for å lage ein heilskapleg løysing for digital fullmaktsrepresentasjon. Prosjektet skal bli ferdig i løpet av 2022. I registeret skal oppdatert informasjon om kven som er verje og kva oppdraget omfattar gjerast tilgjengeleg. Digitale verjefullmakter inneber at verja kan utføre oppgåver for ein person med verje ved bruk av elektronisk ID. Elektroniske fullmakter kan effektivt bli avgrensa, utvida og oppheva, noko som vil gi auka rettstryggleik for personar med verje.

Post 01 Driftsutgifter

Løyvinga på posten dekkjer driftsutgifter til statsforvaltarane og SRF, som lønn og andre administrative utgifter. I tillegg skal løyvinga dekke investeringar, nødvendig konsulenthjelp, utstyr og prosjektkostnader.

Det blir foreslått å redusere løyvinga med 3,2 mill. kroner som følge av at forventta pensjonspremie til Statens pensjonskasse, inklusive arbeidsgjevaravgift av dette, tilsvarande blir redusert. Jf. nærmare omtale under del III, punkt 8.

Det blir foreslått ei løyving på posten på 264 mill. kroner.

Post 21 Spesielle driftsutgifter

Løyvinga på posten dekkjer godtgjersle og utgiftsdekking til verjer, jf. verjemålslova § 30. Posten dekkjer òg godtgjersle og utgiftsdekking til representantar for einslege mindreårige asylsøkarar i tillegg til nødvendige utgifter til tolk, jf. utlendingslova § 98 f.

Det blir foreslått ei løyving på posten på 117,4 mill. kroner.

¹ Styring og koordinering av tenester i e-forvaltning

Kap. 3469 Vergemålsordningen

(i 1 000 kr)

Post	Betegnelse	Regnskap 2020	Saldert budsjett 2021	Forslag 2022
01	Vergemåls-/representantordning, ODA-godkjente utgifter	4 295	4 407	4 499
	Sum kap. 3469	4 295	4 407	4 499

Post 01 Vergemåls-/representantordningen, ODA-godkjente utgifter

Visse innanlandske utgifter knytte til mottak av asylsøkarar og flyktningar kan etter OECD DAC sitt statistikkdirektiv godkjennast som offisiell utviklingshjelp det første året asylsøkarar og flykt-

ningar er i mottakarlandet. Tiltaka må følge internasjonale retningslinjer for offisiell utviklingsbistand (ODA) om dei skal kunne reknast som bistand.

Det blir foreslått ei løyving på posten på 4,5 mill. kroner.

Programkategori 06.70 Statens sivilrettsforvaltning, rettshjelp, erstatningsordninger, m.m.

Utgifter under programkategori 06.70 fordelt på postgrupper

		(i 1 000 kr)			
Post-gr.	Betegnelse	Regnskap 2020	Saldert budsjett 2021	Forslag 2022	Pst. endr. 21/22
01-25	Driftsutgifter	923 716	845 045	832 405	-1,5
60-69	Overføringer til kommuner	13 202			
70-89	Overføringer til private	632 030	590 266	677 149	14,7
	Sum kategori 06.70	1 568 948	1 435 311	1 509 554	5,2

Utgifter under programkategori 06.70 fordelt på kapittel

		(i 1 000 kr)			
Kap.	Betegnelse	Regnskap 2020	Saldert budsjett 2021	Forslag 2022	Pst. endr. 21/22
470	Fri rettshjelp	616 648	667 752	644 420	-3,5
471	Statens erstatningsansvar og Stortingets rettferdsvederlagsordning	194 233	205 894	216 172	5,0
473	Statens sivilrettsforvaltning	435 046	403 720	480 857	19,1
474	Konfliktråd	179 106			
475	Bobehandling	143 915	157 945	168 105	6,4
	Sum kategori 06.70	1 568 948	1 435 311	1 509 554	5,2

Innleiing

Programkategori 06.70 omfattar utgifter knytte til fri rettshjelp, tilskotsordninga for spesielle rettshjelpstiltak, statens erstatningsansvar, erstatning i samband med strafforfølgning, Stortingets rettferdsvederlagsordning, Statens sivilrettsforvaltning, valdsoffererstatningsordninga og garantiordninga for bubehandling.

Målet for programkategori 06.70 *Statens sivilrettsforvaltning, fri rettshjelp, erstatningsordningar m.m.* er rettstryggleik.

Felles for dei ulike ordningane i denne programkategorien er at dei varetek rettstryggleiken til den enkelte gjennom hjelp og støtte til rettshjelp eller gjennom erstatning frå staten i visse tilfelle.

Prioriteringar i budsjettet

Delen barn som lever i låginntektsfamiliar aukar, og ein vesentleg del av låginntektsfamiliar har ikkje rett til behovsprøvd rettshjelp. Regjeringa vil derfor heve inntektsgrensene for fri rettshjelp med ti pst. Det vil vere til stor hjelp for vanske-

legstilte barnefamiljar. Dette er ein del av satsinga mot fattigdom til regjeringa.

Forslaget medfører ein utgiftsauke på 23,5 mill. kroner over kap. 470, post 01.

Kap. 470 Fri rettshjelp


		(i 1 000 kr)		
Post	Betegnelse	Regnskap 2020	Saldert budsjett 2021	Forslag 2022
01	Driftsutgifter	558 653	607 942	586 355
72	Tilskudd til spesielle rettshjelptiltak	57 995	59 810	58 065
	Sum kap. 0470	616 648	667 752	644 420

Rettshjelpslova med forskrifter gir reglar om offentleg stønad til rettshjelp for dei som har behov for rettshjelp. Etter lova kan stønaden bli gitt i form av fritt rettsråd, fri sakførsel eller fritak for rettsgebyr. Fritt rettsråd og fri sakførsel inneber at den som har behov for rettshjelp, får hjelp frå ein advokat eller frå andre rettshjelparar. Tene- sta blir heilt eller delvis betalt av det offentlege på grunnlag av den offentlege salærsatsen. Statens sivilrettsforvaltning (SRF) er klageinstans for vedtak gjorde av statsforvaltarane, av fylkesnemndene for barnevern og sosiale saker og av kontrollkommisjonane for psykisk helsevern. SRF etatsstyrer statsforvaltarane på rettshjelpsområdet og skal bidra til styrkt kompetanse blant statsforvaltarembeta og sikre einsarta praksis.

Inntektsgrensene er 246 000 kroner for einslege og 369 000 kroner for ektefellar og andre som lever saman og har felles økonomi. Inntektsgrensene for fri rettshjelp har ikkje blitt justerte sidan 2009. Dei er låge og famnar berre ein liten del av befolkninga. I tillegg blir dei ikkje justerte

årleg. Det gjer at talet personar som er omfatta av ordninga, blir mindre for kvart år, og dei totale utgiftene til fri rettshjelp går ned, jf. figuren under. I 2020 vart dei reduserte med 11,4 pst. frå året før. Dette er ikkje intensjonen med ordninga. Regjeringa foreslår difor å auke inntektsgrensene med ti pst. Inntektsgrensa for einslege blir 270 600 kroner, og den blir 405 900 kroner for ektefellar og andre som lever saman og har felles økonomi. Då vil delen av befolkninga som vil ha krav på behovsprøvd rettshjelp auke frå om lag 8,6 pst. til om lag 9,5 pst.

For nokre sakstypar, d. saker etter barnevernlova, har søkaren krav på rettshjelp utan omsyn til inntekt eller formue. Det offentlege dekker alle kostnadene i desse sakene. For andre typar saker er det i utgangspunktet berre søkarar med inntekt og formue under eit visst nivå som kan få stønad til rettshjelp. I tilfelle med økonomisk behovsprøving skal det normalt betalast eigendel for rettshjelpa.



Figur 2.15 Utgifter til fri rettshjelp og tilskot til spesielle rettshjelpstiltak (2017–2020).

Regjeringa sette i oktober 2018 ned eit offentleg utval som skulle gjennomgå rettshjelpsordninga, jf. oppmodingsvedtak nr. 98, 4. desember 2018. Utvalet la fram utgreiinga si 30. april 2020. Utvalet foreslår ei ny lov om støtte til rettshjelp i staden for dagens ordning med fri rettshjelp. Det inneber at fleire personar vil bli omfatta av ordninga, men med ein betydeleg bruk av eigendelar tilpassa betalingsevna til mottakaren. Utgreiinga har vore på høyring og er no til oppfølging i departementet.

Justis- og beredskapsdepartementet har med heimel i rettshjelpslova § 7 tredje ledd etablert eit særleg rettshjelpstiltak utan økonomisk behovsprøving for personar som er omfatta av den feilaktige praktiseringa av trygderegelverket til Nav. Ordninga omfattar personar som feilaktig har fått vedtak om stans i, avslag på og/eller tilbakebetaling av sjukepengar, arbeidsavklaringspengar (rehabiliteringspengar/attføringspengar) og pleiepengar fordi dei frå og med 1994 har opphalde seg mellombels i eit anna EØS-land. Ordninga gjeld saker der det nye vedtaket ikkje endar med full omgjerding til gunst for den det gjeld. Per 30. april 2021 har statsforvaltaren motteke 27 saker gjennom ordninga. SRF, som behandlar ev. klagar, har ikkje fått nokon saker til behandling. Mange søkarar får medhald i saka si hos Nav, noko som kan forklare den låge inngangen av saker.

Post 01 Driftsutgifter

Løyvinga på posten skal dekke utgifter til advokat, sakkunnige og meddommarar m.m. i saker der det er gitt fri sakførsel etter reglane i rettshjelps-

lova. Fri sakførsel blir gitt i saker for domstolane og for særskilde forvaltningsorgan som fylkesnemndene for barnevern og sosiale saker, kontrollkommisjonen (for psykisk helsevern), smittevernemnda m.m. I tillegg dekker løyvinga utgifter til advokat og rettshjelp i saker der det heilt eller delvis er løyvd fritt rettsråd etter reglane i rettshjelpslova. Fritt rettsråd er juridisk rådgiving i saker som ikkje er til behandling i domstolane eller eit anna organ der det kan bli gitt fri sakførsel.

Det blir foreslått å auke løyvinga med 2,8 mill. kroner i samband med ny lov om valdserstatning.

Det blir foreslått å auke løyvinga på posten med 23,5 mill. kroner som følge av auka inntektsgrenser for fri rettshjelp.

Det blir foreslått ei løyving på posten på 586,4 mill. kroner. Posten er regelstyrt.

Post 72 Tilskudd til spesielle rettshjelpstiltak

Justis- og beredskapsdepartementet gir tilskot til spesielle rettshjelpstiltak. Løyvinga på posten dekker tilskot for å sikre rettstryggleiksarbeid, rettshjelpsverksemd og rettspolitisk arbeid. Formålet med tilskotsordninga er å gi kostnadseffektive rettshjelpstilbod til utsette grupper og menneske som er i ein spesielt vanskeleg situasjon, og som kan oppfatte at terskelen for å oppsøke ordinær juridisk hjelp er høg. Ordninga blir forvalta av Statens sivilrettsforvaltning som fordeler heile posten etter søknad frå dei ulike tilskotsmottakkarane.

Ordninga er ein viktig del av det totale tilbodet innanfor rettshjelp. Tilskotsmottakarane skal rapportere om oppnådde mål, erfaringar med tiltaka og bruken av ressursane. Måloppnåinga til tilskotsmottakarane er over år gjennomgåande god. Løyvinga har auka med 23,3 prosent frå 2017 til og med 2021. Departementet vil vurdere innretninga

på ordninga, og om nokon tilskottsmottakarar skal betale ein egedel.

Det blir foreslått å redusere løyvinga med 3,3 mill. kroner.

Det blir foreslått ei løyving på posten på 58,1 mill. kroner.

Kap. 3470 Fri rettshjelp

(i 1 000 kr)

Post	Betegnelse	Regnskap 2020	Saldert budsjett 2021	Forslag 2022
01	Tilkjente saksomkostninger m.m.	2 036	4 326	4 438
02	Fri rettshjelp, ODA-godkjente utgifter	5 255	5 391	5 503
	Sum kap. 3470	7 291	9 717	9 941

Post 01 Tilkjente saksomkostnader m.m.

Saksomkostnader som blir tilkjende staten i saker der éin eller begge parter får fri sakførsel (benefiserte saker), blir førte over til denne posten.

Det blir foreslått ei løyving på posten på 4,4 mill. kroner.

Post 02 Fri rettshjelp, ODA-godkjente utgifter

Utgifter til fri rettshjelp til asylsøkarar som har fått avslag på søknad om vern, kan godkjennast som utviklingshjelp (ODA). Dette er i tråd med OECD/DAC sine presiseringar til ODA-regelverket. Sjå utdjupande omtale under kap. 3490 og i Utanriksdepartementet sin Prop. 1 S (2021–2022).

Det blir foreslått ei løyving på posten på 5,5 mill. kroner.

Kap. 471 Statens erstatningsansvar og Stortingets rettfærdsvederlagsordning

(i 1 000 kr)

Post	Betegnelse	Regnskap 2020	Saldert budsjett 2021	Forslag 2022
71	Erstatningsansvar m.m., <i>overslagsbevilgning</i>	110 723	116 762	119 798
72	Erstatning i anledning av straffeforfølgning, <i>overslagsbevilgning</i>	58 320	65 428	67 129
73	Stortingets rettfærdsvederlagsordning	25 190	23 704	29 245
	Sum kap. 0471	194 233	205 894	216 172

Post 71 Erstatningsansvar m.m., overslagsbevilgning

Kap. 471, post 71 blir belasta når staten blir dømd til, eller har inngått forlik om, å betale erstatning fordi staten er ansvarleg etter ulovfesta eller lovfesta erstatningsrettslege reglar. Posten blir òg belasta når staten betaler ut erstatning utan at det

har oppstått usemje om erstatningsansvaret i desse sakene. Posten blir vidare brukt til å dekke saksomkostnadene til ein motpart og til å dekke forseinkingsrenter som er tilkomne fram til éin månad etter at ein dom vart rettskraftig. Utbetaling av erstatning i kontraktsforhold kan ikkje bli belasta posten. Finst det andre budsjettpostar som dekker dei aktuelle utgiftene, skal ikkje erstat-

ningsutbetalingane bli belasta kap. 471, post 71. Sjå elles rundskriv G-01/2017. Løyvinga på posten er regelstyrt og er ei overslagsløyving.

Det blir foreslått ei løyving på posten på 119,8 mill. kroner.

Post 72 Erstatning i samband med strafforfølgning, overslagsbevilgning

Ein person som har vore sikta, tiltalt eller dømd for ei straffbar handling, kan ha rett til erstatning for økonomisk tap og oppreising dersom vedkommande blir frifunnen, dersom forfølgninga mot vedkommande blir innstilt, eller dersom vedkommande har vore arrestert eller fengsla i strid med sentrale menneskerettskonvensjonar. Oppreising for fridomsrøving følgjer faste satsar. Statens sivilrettsforvaltning (SRF) behandlar og avgjer krav om erstatning etter strafforfølgning.

Dei fem siste åra har saksinngangen halde seg nokså stabil på mellom 920 og 1 000 saker i året. I 2020 behandla SRF fleire saker enn tidlegare år og restansane er jobba ned. Saksbehandlingstida har vore stabil hos politiet og SRF. Delen som fekk tilkjend erstatning, vart redusert frå 50 til 45 pst., noko som er den lågaste tilkjenningsprosenten dei siste fem åra.

Utgiftene knytte til erstatning i samband med strafforfølgning varierer frå år til år. Utbetalingane er først og fremst avhengige av kva type saker som er til behandling. Mengda saker som blir behandla, har mindre å seie for det totale utbetalingsnivået. SRF forventar å få fleire erstatningskrav med utgangspunkt i Nav-sakene i 2021.

Løyvinga på kap. 471, post 72 blir belasta ved dekking av erstatning i samband med strafforfølgning etter straffeprosesslova kap. 31 og ved dekking av sakskostnadene til motparten etter straffe-

prosesslova § 438. SRF avgjer krav om erstatning i samband med strafforfølgning og betaler ut ev. erstatning. Når staten blir dømd til å betale sakskostnadene til motparten etter straffeprosesslova § 438, blir utbetalinga belasta post 72. Det er politidistriktet eller påtalemakta som utøver partsstillinga på vegne av staten som betaler ut, ikkje domstolen. Forseinkingsrenter av sakskostnadene som er tilkomne fram til éin månad etter at ein dom vart rettskraftig, kan bli belasta kap. 471, post 72. Forseinkingsrenter som er komne til etter dette tidspunktet, skal bli belasta driftsbudsjettet til verksemda. Løyvinga på posten er regelstyrt og er ei overslagsløyving.

Det blir foreslått ei løyving på posten på 67,1 mill. kroner.

Post 73 Stortingets rettferdsvederlagsordning

Posten dekker utbetalingar av rettferdsvederlag. Rettferdsvederlagsordninga er Stortinget si eiga ordning der enkeltpersonar som har komme særleg uheldig ut i møte med det offentlege jamført med andre på same tid, kan søke om kompensasjon etter skjønn. SRF er sekretariat for Stortinget sitt utval for rettferdsvederlag.

Stortinget gjorde 26. november 2020 oppmødingsvedtak nr. 111 om å gjere ordninga med rettferdsvederlag betre kjend. For å følgje opp vedtaket har SRF, i dialog med departementet, sett i verk tiltak som sikrar målretta informasjon om ordninga overfor potensielle søkarar og søkargrupper, og som sikrar betre og breiare informasjon om ordninga for allmenta. Vedtaket er følgt opp.

Det blir foreslått ei løyving på posten på 29,2 mill. kroner.

Kap. 473 Statens sivilrettsforvaltning

(i 1 000 kr)

Post	Betegnelse	Regnskap 2020	Saldert budsjett 2021	Forslag 2022
01	Driftsutgifter	77 165	79 158	77 945
70	Erstatning til voldsofre, <i>overslagsbevilgning</i>	357 881	324 562	402 912
	Sum kap. 0473	435 046	403 720	480 857

Statens sivilrettsforvaltning (SRF) forvaltar statlege ordningar på tvers av sivil- og strafferetten, som skal sikre rettar og rettslikskap til individet og bidra til god rettspleie. SRF har kompetanse til

å gjere vedtak innanfor bl.a. verjemålsområdet, fri rettshjelp, erstatning i samband med strafforfølgning og saker etter valdsoffererstatningslova. SRF etatsstyrer statsforvaltarane på områda verjemål


og rettshjelp. SRF har i tillegg som oppgave å etatsstyre Kontoret for valdsoffererstatning. SRF utøver òg sekretariatsfunksjon for erstatningsnemnda for valdsoffer, den rettsmedisinske kommisjonen, barnesakkunnig kommisjon, barnevernets tvisteløysingsnemnd, konkursrådet og kontrollutvalet for kommunikasjonskontroll.

SRF har fått tilsegn frå Digitaliseringsdirektoratet til eit prosjekt som skal utvikle eit system der verjefullmakter blir registrerte i eit sentralt fullmaktsregister (FUFINN). Prosjektet er viktig for det legg til rette for meir effektive representasjonsordningar. SRF har fått tilsegn om 21 mill. kroner over tre år frå 2020. Sjå òg omtale under programkategori 06.60.

Valdsoffererstatning – Kontoret for valdsoffererstatning

Kontoret for valdsoffererstatning (KFV) behandlar søknader om valdsoffererstatning frå personar som er påførte personskade som følgje av ei straffbar valdshandling. KFV behandlar òg saker om regress mot skadevaldaren. Erstatningsnemnda for valdsoffer (ENV) behandlar klagar på vedtak om valdsoffererstatning som er gjorde i første instans. SRF utøver sekretariatsfunksjon for ENV og har delegert fullmakt til å gjere vedtak i nokre klagesaker.


Talet på nye søknader var lågare i 2020 enn året før, med 4 642 nye søknader. Talet på behandla saker auka for andre året på rad. Sjølv om behaldninga av ubehandla saker vart redusert, er ho framleis betydeleg, jf. figuren under.



Figur 2.16 Saksbehandling hos KFV (2017–2020).

I 2020 gjorde KFV over 2 000 vedtak om regress mot skadevaldar, jf. figuren over. Det vart betalt inn om lag 88 mill. kroner frå skadevaldar. Det er ein reduksjon 14 pst. frå året før, som kjem av at KFV i 2019 la særskild vekt på regress og på å


arbeide ned restansane, jf. figuren under. Det vart utbetalt om lag 358 mill. kroner i valdsoffererstatning i 2020. Det er ein auke på 32 pst. frå året før. Auken kjem bl.a. av to større nettovergrepssaker der det vart tilkjent store beløp.



Figur 2.17 Utbetalt erstatning og innbetalt regress (2017–2020).

Saksbehandlingstida ved KfV heldt fram med å auke i 2020, jf. figur 2.18. Trass i dette behandlar KfV 56 pst. av sakene innan 120 dagar. Delen saker som er ferdigbehandla innan 60 dagar,

utgjør 48 pst. KfV har behandla fleire av dei eldste sakene i 2020. Det gir ein negativ effekt på saksbehandlingstida, men inneber samstundes at fleire søkarar som har venta lenge, får svar.



Figur 2.18 Saksbehandlingstid ved KfV (2017–2020).

SRF tok imot 26 pst. fleire klagesaker i 2020. Auken kjem bl.a. av at det vart gjort fleire vedtak hos KfV. SRF og ENV behandla til saman 888 ordinære klagesaker, og SRF gjorde vedtak i 76 pst. av dei. Saksbehandlingstida på klagesaker i både SRF og ENV auka, frå høvesvis fire til fem månader hos SRF og frå sju til ti månader hos ENV. Talet på saker som fekk medhald i andre

instans, auka betydeleg, frå 9 til 25 pst. Auken i medhaldsprosenten kan delvis forklarast med fråsegner frå Sivilombodet og seinare rettspraksis som har medført at nemnda har justert praksisen sin. Dette gjeld særleg handlingar i det nedre sjikt når det kjem til kor alvorleg handlinga var. Nokre handlingar som tidlegare falt utanfor ordninga,

vart no omfatta og fleire er som følgje av dette gitt medhald i klagesaka.

Regjeringa fremma 26. mars 2021 Prop. 113 L (2020–2021) *Endringer i voldsoffererstatningsloven (den øvre grense)*. Stortinget gjorde lovvedtak 28. mai 2021, og endringane tredde i kraft 1. juli 2021. Lovendringane inneber at den øvre grensa for valdsoffererstatning på 60 gonger grunnbeløpet i folketrygda gjeld for alle nye søknader som kjem inn, og at den øvre grensa gjeld per person per sak, i staden for per sak som tidlegare. I tillegg er den nye øvre grensa gitt verknad for allereie avgjorde saker der søkaren ved dom er tilkjend høgare erstatning frå skadevaldar, men valdsoffererstatninga har blitt avkorta pga. ei tidlegare øvre grense. Endringa svarer ut oppmodingsvedtak nr. 589 og 590, 10. april 2018.

Den 17. september 2021 fremma regjeringa forslag til ny lov om valdserstatning, jf. Prop. 238 L (2020–2021) *Lov om erstatning fra staten til valdsutsatte (valdserstatningslova)*. Forslaget til ny lov inneber ei langt meir effektiv ordning og skal erstatte dagens regelverk som er komplisert og vanskeleg tilgjengeleg. Alle som ved dom er tilkjende erstatning frå skadevaldar for nærmare gitte valds- eller seksuallovbrot, vil, om dei ønskjer det, få utbetalt erstatninga frå staten tilnærma automatisk og direkte, utan eigen søknad. Målet er at ei rask avklaring vil hjelpe dei valdsutsette i prosessen med å leggje det som i mange tilfelle har vore ei traumatisk hending, bak seg, og at dei i mindre grad vil få økonomiske bekymringar som følgje av at dei må vente på erstatning. Systemet er basert på at heile erstatningskravet blir fremma og behandla i straffesaka. Slik blir erstatningskravet behandla tidlegare i straffesakskjeda og avgjerda får høg kvalitet og vil i større grad bli opplevd rettvis, samstundes som at det ikkje blir nødvendig med ytterlegare behandling hos valdsoffererstatningsstyresmaktene. I saker som ikkje har blitt behandla av domstolane, skal den valdsutsette kunne fremme søknad om erstatning for Kontoret for valdsoffererstatning. Forslaget svarer ut oppmodingsvedtak nr. 124, 5. desember 2019.

Kontrollutvalet for kommunikasjonskontroll

Kontrollutvalet for kommunikasjonskontroll (KK-utvalet) er eit uavhengig organ som skal kontrollere at bruken av kommunikasjonskontroll i poli-

tiet, romavlytting og dataavlesing skjer innanfor ramma av lover og instruksar. Utvalet skal òg kontrollere sletting og bruk av overskotsinformasjon, og vurdere meldingar og rapportar som politi-meistrane sender til Riksadvokatembetet. SRF utøver sekretariatsfunksjonen for utvalet.

Post 01 Driftsutgifter

Løyvinga på posten dekker ordinære driftsutgifter til SRF. Dette omfattar òg godtgjersle og reise- og kursutgifter til medlemmer av Stortinget sitt utval for rettferdsvederlag, erstatningsnemda for valdsoffer (ENV) og Kontroll- og kommunikasjonsutvalet (KK-utvalet). Løyvinga dekker i tillegg dei ordinære driftsutgiftene til KfV, driftsutgiftene til den rettsmedisinske kommisjonen (DRK), medrekna sekretariatet til kommisjonen, driftsutgiftene til sekretariatet til KK-utvalet og driftsutgiftene til sekretariatet for konkursrådet og andre utgifter knytte til konkursrådet, medrekna godtgjersle og reiseutgifter til medlemmene av rådet. Bemanninga i SRF utgjorde 66 årsverk, og KfV hadde 32 årsverk per 31. desember 2020.

Det blir foreslått å redusere løyvinga med 2,1 mill. kroner som følgje av at forventta pensjonspremie til Statens pensjonskasse, inklusive arbeidsgjevaravgift av dette, tilsvarande blir redusert. Jf. nærmare omtale under Del III, punkt 8.

Det blir foreslått at Justis- og beredskapsdepartementet i 2022 får fullmakt til å overskride løyvinga over kap. 473, post 01, mot tilsvarande meirinntekter på kap. 3473, post 01, jf. forslag til vedtak.

Vidare blir det foreslått at Justis- og beredskapsdepartementet i 2022 kan nettoføre som utgiftsreduksjon på kap. 473, post 01, inntektene frå å halde kurs og konferansar i regi av konkursrådet og dessutan inntekter frå anna verksemd som rådet driv, jf. forslag til vedtak.

Det blir foreslått ei løyving på posten på 77,9 mill. kroner.

Post 70 Erstatning til voldsofre, overslagsbevilgning

Løyvinga på posten dekker erstatning i saker etter valdsoffererstatningslova. Løyvinga på posten er regelstyrt og er ei overslagsløyving.

Det blir foreslått ei løyving på posten på 402,9 mill. kroner.

Kap. 3473 Statens sivilrettsforvaltning

(i 1 000 kr)

Post	Betegnelse	Regnskap 2020	Saldert budsjett 2021	Forslag 2022
01	Diverse inntekter	14	5	5
	Sum kap. 3473	14	5	5

Post 01 Diverse inntekter

Inntektene på posten er refusjonar som skal dekke utgifter som den rettsmedisinske kommi-

sjonen har i samband med kurs, og ev. andre inntekter.

Det blir foreslått ei løyving på posten på 5 000 kroner.

Kap. 475 Bobehandling

(i 1 000 kr)

Post	Betegnelse	Regnskap 2020	Saldert budsjett 2021	Forslag 2022
01	Driftsutgifter, <i>overslagsbevilgning</i>	136 327	149 918	159 910
21	Spesielle driftsutgifter, <i>kan overføres</i>	7 588	8 027	8 195
	Sum kap. 0475	143 915	157 945	168 105

Post 01 Driftsutgifter, overslagsbevilgning

Løyvinga på posten dekker staten sitt ansvar for utgifter til konkursbehandling i tilfelle der buet eller den som ber om konkurs (rekvirenten), ikkje dekker utgiftene. Dette er regelstyrte utgifter etter konkurslova § 73. Det blir foreslått ei løyving på posten på 159,9 mill. kroner.

Det blir foreslått at kap. 475 Bobehandling, post 01 Driftsutgifter får stikkordet *overslagsløyving*, jf. forslag til vedtak.

Post 21 Spesielle driftsutgifter, kan overføres

Løyvinga på posten skal dekke utgifter til Justis- og beredskapsdepartementet si særskilde garantiordning.

Det blir foreslått at Justis- og beredskapsdepartementet under garantiordninga får fullmakt til å pådra staten forpliktingar med inntil 10 mill. kroner utover løyvinga som er gitt over kap. 475, post 21, slik at den totale ramma for nye tilsegner og gammalt ansvar ikkje overstig 33 mill. kroner, jf. forslag til vedtak.

Vidare blir det foreslått at Justis- og beredskapsdepartementet i 2022 får fullmakt til å nettoføre som utgiftsreduksjon over kap. 475, post 21, inntekter under garantiordninga som er betalte tilbake, jf. forslag til vedtak. Slik tilbakebetaling skjer når buet får inn pengar etter at tingretten har betalt ut garantibeløp til bustyraren.

Det blir foreslått ei løyving på posten på 8,2 mill. kroner.

Programkategori 06.80 Svalbardbudsjettet m.m.

Utgifter under programkategori 06.80 fordelte på postgrupper

		(i 1 000 kr)			
Post-gr.	Betegnelse	Regnskap 2020	Saldert budsjett 2021	Forslag 2022	Pst. endr. 21/22
01-25	Driftsutgifter		56 052	57 103	1,9
50-59	Overføringer til andre statsregnskaper	406 119	377 978	409 456	8,3
Sum kategori 06.80		406 119	434 030	466 559	7,5

Utgifter under programkategori 06.80 fordelte på kapitler

		(i 1 000 kr)			
Kap.	Betegnelse	Regnskap 2020	Saldert budsjett 2021	Forslag 2022	Pst. endr. 21/22
480	Svalbardbudsjettet	406 119	377 978	409 456	8,3
481	Samfunnet Jan Mayen		56 052	57 103	1,9
Sum kategori 06.80		406 119	434 030	466 559	7,5

Innleiing

Programkategori 06.80 *Svalbardbudsjettet m.m.* omfattar tilskotet til svalbardbudsjettet (kap. 480) og løyvinga til Samfunnet Jan Mayen (kap. 481).

Justis- og beredskapsdepartementet har ansvaret for koordineringa av norsk politikk i polarområda, medrekna Svalbard og Jan Mayen.

Justis- og beredskapsdepartementet fremmar svalbardbudsjettet som ein eigen budsjettproposisjon samstundes med statsbudsjettet, Prop. 1 S (2021–2022) *Svalbardbudsjettet*.

Kvart år blir det gitt eit tilskot frå statsbudsjettet til dekking av underskotet på svalbardbudsjettet. For 2022 er det foreslått 599,9 mill. kroner i utgifter og 190,4 mill. kroner i inntekter på svalbardbudsjettet. Differansen på 409,5 mill. kroner dannar grunnlaget for tilskotet på Justis- og beredskapsdepartementet sitt kap. 480 post 50. Løyvinga er foreslått auka med 31,5 mill. kroner samanlikna med saldert budsjett for 2021.

Auken kjem bl.a. som følge av eingongsutgifter i samband med at staten har inngått kontrakt om ein ny sivil redningshelikopterbase i Tromsø og felles operasjon med helikoptertenesta for Sysselmeisteren.

I hovudsak er det den statlege administrasjonen av Svalbard som er finansiert over svalbardbudsjettet. Dette inneber bl.a. verksemd på Svalbard som er underlagd Justis- og beredskapsdepartementet og verksemd underlagd andre fagdepartement. Longyearbyen lokalstyre får òg løyvingane sine over svalbardbudsjettet.

Prop. 1 S (2021–2022) *Svalbardbudsjettet* gir òg ei samla oversikt over statlege løyvingar til svalbardformål som ikkje er finansierte over kap. 480, post 50. Desse utgiftene blir dekte på statsbudsjettet på kapitla til dei enkelte fagdepartementa. Forslag til løyvingar for 2022 er omtala nærmare i Prop. 1 S (2021–2022) *Svalbardbudsjettet*.

Frå 1. januar 2021 vart forvaltningsansvaret for Jan Mayen overført frå Samferdsledepartementet til Justis- og beredskapsdepartementet. Justis- og

beredskapsdepartementet hadde frå før ansvaret for samordning av norsk politikk i polarområda, inkludert Jan Mayen. I samband med overføringa vart løyvingane og kapitla 1361 Samfunnet Jan Mayen og 4361 Samfunnet Jan Mayen overførte til Justis- og beredskapsdepartementet. Kapitla vart plasserte på kap. 481 Samfunnet Jan Mayen og kap. 3481 Samfunnet Jan Mayen.

Jan Mayen er ei øy i Norskehavet som vart ein del av Kongeriket Noreg frå 27. februar 1930 gjennom ei eiga lov, *lov om Jan Mayen*. Justis- og beredskapsdepartementet har ansvaret for lova. Øya er administrert av statsforvaltaren i Nordland. Ansvaret for infrastruktur på Jan Mayen, medrekna flystripa, er lagt til Samfunnet Jan

Mayen. Løyvinga til Samfunnet Jan Mayen skjer over budsjettet til Justis- og beredskapsdepartementet. Samfunnet Jan Mayen er ein del av Cyberforsvaret, som er ei avdeling i Forsvaret. Meteorologisk institutt har personell for vêrobservasjon på øya. I tillegg har desse statlege verksemdene overordna ansvar for eller driftsansvar på Jan Mayen:

- Politimeisteren i Nordland
- Miljødirektoratet
- Norsk Polarinstitutt
- Riksantikvaren
- Forsvarsbygg
- Kongsberg Satellite Services (KSAT)
- Meteorologisk institutt

Kap. 480 Svalbardbudsjettet

(i 1 000 kr)

Post	Betegnelse	Regnskap 2020	Saldert budsjett 2021	Forslag 2022
50	Tilskudd	406 119	377 978	409 456
	Sum kap. 0480	406 119	377 978	409 456

Måla for svalbardpolitikken

Heilskaplege meldingar til Stortinget om Svalbard blir lagde fram med nokre års mellomrom. Regjeringa la 11. mai 2016 fram Meld. St. 32 (2015–2016) *Svalbard*. Regjeringa stadfesta i denne meldinga at dei overordna måla for svalbardpolitikken ligg fast:

- ei konsekvent og fast handheving av suvereniteten
- å overhalde Svalbardtraktaten på korrekt måte og å føre kontroll med at traktaten blir etterlevd
- bevaring av ro og stabilitet i området
- bevaring av den særleine villmarksnaturen i området
- å halde oppe norske samfunn på øygruppa.

Behandlinga i Stortinget, jf. Innst. 88 S (2016–2017), viste igjen ei brei politisk semje om hovudlinjene i svalbardpolitikken. Regjeringa legg vekt på at forvaltninga av øygruppa er føreseieleg og ber preg av kontinuitet. Å halde fram med ei langsiktig forvaltning av Svalbard, i tråd med måla, vil både medverke til tryggleik for folk i Longyearbyen og medverke til stabilitet og ei føreseieleg utvikling i regionen.

Måla for svalbardpolitikken, saman med den auka aktiviteten på og rundt øygruppa og det at

fleire aktørar er til stades, gjer det nødvendig med sterk koordinering og samordning av svalbardpolitikken. Mange departement har roller på Svalbard og er involverte i arbeidet med å nå måla. Polarområda er viktige politisk, noko som gjer det nødvendig å sjå verksemda til dei enkelte fagetane i samheng og i eit breiare perspektiv. Justis- og beredskapsdepartementet er tildelt eit eige ansvar for å koordinere norsk svalbardpolitikk.

Utover måla som er fastsette i stortingsmeldinga, har Justis- og beredskapsdepartementet eit eige mål for Arktis og Antarktis: *godt forvalta polarområde*. Med godt forvalta polarområde meiner ein at polarområda skal forvaltast slik at samordning og styring byggjer opp under dei overordna måla for Svalbard og andre polare strøk.

Befolkning i Longyearbyen

Regjeringa har foreslått og sett i verk ei rekkje tiltak for å støtte og stimulere til at næringslivet i Longyearbyen klarar seg gjennom perioden med mindre økonomisk aktivitet. For å byggje opp under målet om å halde ved lag norske samfunn, er det avgjerande at næringsliv på Svalbard kan halde fram gjennom perioden med redusert aktivitet. Bl.a. har det vore løyvd midlar til ulike tilskotsordningar for å gi eit godt grunnlag for å byggje

opp att, utvikle og omstille reiselivsaktiviteten på Svalbard slik at den seriøse delen av næringa bidreg til å underbygge dei svalbardpolitiske måla.

Nedbemanninga i gruveverksemda til Store Norske Spitsbergen Kulkompani medfører ei stor omstilling for Longyearbyen. Samstundes har ikkje nedbemanninga hatt særleg innverknad på talet på sysselsette og talet på innbyggjarar i Longyearbyen, då andre næringar har vore i vekst. Samansetninga av befolkninga er derimot i endring på fleire måtar, bl.a. med ein større del utlendingar enn i tidlegare år. Tal frå Statistisk sentral-

byrå (SSB) syner at befolkningsauken i Longyearbyen og Ny-Ålesund til saman var 31 personar i 2020. Ni var nordmenn, medan 22 var utlendingar.²

Longyearbyen er og skal vere eit levedyktig norsk lokalsamfunn og administrasjonssenter. Det er viktig med ein god balanse mellom talet på norske og talet på utanlandske statsborgarar i dette samfunnet. Det er derfor grunn til å følgje med på utviklinga i Longyearbyen.

² SSB *Befolkningen på Svalbard*

Tabell 2.12 Folketal i Longyearbyen og Ny-Ålesund, 1. januar

2013	2014	2015	2016	2017	2018	2019	2020	2021
2 158	2 100	2 185	2 152	2 145	2 214	2 258	2 428	2 459

Kjelde: SSB

Tal frå SSB syner at folketalet i Longyearbyen og Ny-Ålesund i første halvår 2021 var 2 459 personar. 870 personar var utanlandske statsborgarar, noko som utgjorde 35,4 pst. av befolkninga.

Regjeringa vil halde fram arbeidet for å sikre at Longyearbyen skal vere attraktiv for norske familiar. Det er nødvendig å leggje til rette for at folk er og kjenner seg trygge, og at bustadene held ein tilfredsstillande standard. Rammene for god samfunnsutvikling i Longyearbyen vart i si tid utvikla for å passe til eit gruvesamfunn. Måla for svalbardpolitikken fordrar at regelverk og rammer for Svalbard og Longyearbyen blir vurderte og tilpassa etter samfunnsutviklinga. Regjeringa har foreslått fleire endringar i regelverket som omhandlar Svalbard i 2020 og 2021. Dei foreslåtte endringane i regelverket vil leggje til rette for at den langsiktige og føreseielege forvaltninga av Svalbard fortset.

Energiforsyning

Forsyningstryggleik for energi er grunnleggjande for alle samfunnsfunksjonar. Kolkraftverket i Longyearbyen forsyner innbyggjarane med kraft og fjernvarme. Longyearbyen er ikkje knytt saman med eit større energisystem, og tilgang på energi er òg avgjerande for annan grunnleggjande infrastruktur i samfunnet. Forsyningstryggleik for elektrisitet er derfor spesielt viktig.

Forsyningstryggleiken for elektrisitet i Longyearbyen har ikkje vore god nok. Regjeringa la opp til at staten finansierte halvparten av kostnadene til eit nytt reservekraftverk. Stortinget

løyvde på den bakgrunnen til saman 27,8 mill. kroner over svalbardbudsjettet som statleg tilskot til eit nytt reservekraftverk i 2019 og 2020. Det statlege tilskotet utgjordet om lag halvparten av utgiftene til eit nytt reservekraftverk. Reservekraftverket er oppført på vestsida av kolkraftverket og vart sett i drift i november 2020.

Longyearbyen har no tilstrekkeleg reservekapasitet på straum, noko som gjer at ein kan levere straum og varme sjølv om kolkraftverket er ute av drift. Kostnadene med å byggje eit nytt reservekraftverk i Longyearbyen var på totalt 55,5 mill. kroner.

Gruve 7 sørger for kolforsyninga til kraftverket som genererer elektrisk kraft og fjernvarme til Longyearbyen, jf. Prop. 1 S (2019–2020). I juli 2020 vart det oppdaga ei større innstrøyming av vatn i indre del av Gruve 7. Vatnet kom frå isbreen Foxfonna, som ligg over Gruve 7. Vatnet gav straumutfall og tilhøyrande pumpestopp. Gruve 7 var på dette tidspunktet i planlagd produksjonsstans som var venta å vere ferdig medio august 2020. Som følgje av innstrøyminga av vatn i gruva blir produksjonsstansen utvida. Produksjonen starta opp igjen 31. oktober 2020. Gruva hadde kol på lager som sikra forsyning av kol til kolkraftverket.

Med dei noverande kolprisane og eit rimeleg anslag på framtidige kolprisar ventar ein årlege underskot frå drifta av Gruve 7 framover. Nærings- og fiskeridepartementet fremmar forslag om å løyve 51 mill. kroner i tilskot på kap. 950, post 71, for å møte likviditetsbehovet i Gruve 7. Storleiken på dei årlege underskota vil i stor

grad avhenge av utviklinga i kolpris og dessutan av kor lenge gruva skal halde fram.

Tiltak


I samband med behandlinga av Meld. St. 32 (2015–2016) *Svalbard*, bad Stortinget regjeringa om å setje i gang ei brei utgreiing av moglegheitene for framtidig energiforsyning på Svalbard, basert på berekraftige og fornybare løysingar, jf. Innst. 88 S (2016–2017). Olje- og energidepartementet har gjort nærmare vurderingar av samfunnsøkonomiske nytte- og kostnadsverknader for eit utval alternative energiløysingar og kombinasjonar av løysingar.

Kolkraftverket i Longyearbyen skal bli fasa ut til fordel for eit nytt kraftvarmeverk der ein gradvis og forsvarleg fasar inn meir fornybar energi. NVE og Thema/Multiconsult har gjennomført

nærmara utgreiingar av ulike grunnlastløysingar. Ei energiløysing basert på fornybare energikjelder og diesel/multifuelteknologi, er etter regjeringa si meining den løysinga som gir høgast forsyningsstryggleik, lågaste kostnader og moglegjer ei trinnvis oppbygging av ei langsiktig, fornybar energiløysing for Longyearbyen. For nærmare omtale av energiforsyning i Longyearbyen viser ein til Prop. 1 S (2021–2022) *Svalbardbudsjettet*.

Beredskap og skredsikring

Det har vore ein nedgang i talet på fartøy med seglingar i farvatna ved Svalbard i 2020 samanlikna med åra før. Tendensen er samstundes at den maritime aktiviteten i farvatna rundt Svalbard aukar.



Figur 2.19 Samla tal på fartøy med seglingar i fiskevernsona ved Svalbard, seglingar i året.

Kjelder: Kystverket/Fiskeridirektoratet

Sysselmeisteren har avtale om leige av tenestefartøyet M/S «Polarsyssel». Avtaleperioden er 2014–2024, med moglegheit til å utløyse opsjon ut 2025. M/S «Polarsyssel» er ein sentral ressurs i rednings- og beredskapssamanheng bl.a. ved fare for skipsforlis, grunnstøyting, oljeutslepp, m.m. M/S «Polarsyssel» har helikopterdekk som er tilpassa helikopteret til Sysselmeisteren. Frå 2020 disponerer Sysselmeisteren «Polarsyssel» heile året, jf. Innst. 17 S (2019–2020). Utvida seglingssesong inneber ei styrking av beredskapen hos Sysselmeisteren. M/S «Polarsyssel» er òg viktig for at Sysselmeisteren skal kunne drive oppsyn og utøve mynde.

Justis- og beredskapsdepartementet har sett ut arbeidet med ei konseptvalutgreiing (KVU) som skal gi eit godt grunnlag for å vurdere kva slags framtidige behov eit tenestefartøy for Sysselmeisteren på Svalbard skal dekke. Konseptvalutgreiinga skal vere ferdigstilt på nyåret 2022.

Arbeidet med skredsikring i Longyearbyen har komme langt, men nokre tiltak står att. Noregs vassdrags- og energidirektorat (NVE) har frå 2016 gjennomført regional snøskredvarsling for regionen Nordenskiöld Land. I tillegg vart det etablert lokal varsling for Longyearbyen. Universi-

tetssenteret på Svalbard (UNIS) er samarbeidspartner for observasjonar.

Sikringstiltak i området Lia under fjellet Sukkertoppen består av støtteforbyggingar i fjellsida og ein fangvoll nedanfor fjellsida.

Dei samla utgiftene til skredsikringstiltak under fjellet Sukkertoppen i Longyearbyen er rekna til 165 mill. kroner. Regjeringa har gjennom ulike proposisjonar til Stortinget i åra 2018 til 2021 foreslått ei samla løyving til skredsikringstiltak som svarer til dei rekna utgiftene. Arbeidet med skredsikring inneber bl.a. prosjektering og grunnundersøkingar. Arbeidet starta opp i 2019 og er førebels venta avslutta i 2022. Framdrifta i arbeidet er forseinka, bl.a. på grunn av ny kunnskap om grunnforholda og fordi det har vist seg å vere meir krevjande å byggje sikringstiltaka enn ein først trudde. Klimaframskrivingane fører med seg utfordringar innanfor geoteknikk, fundamentering og bygging av fysiske tiltak i område med permafrost. Regjeringa foreslo i Prop. 195 S (2020–2021) ei bestillingsfullmakt på inntil 25 mill. kroner på kap. 0007, post 30, Skred og bustadtiltak på svalbardbudsjettet. Stortinget slutta seg til forslaget, jf. Innst. 600 S (2020–2021). På grunn av den nemnde forseinkinga fekk løyvinga på kap. 0007, post 30, stikkordet «*kan overførast*» i sam-

band med revidert nasjonalbudsjett 2019. Olje- og energidepartementet nyttar midlane.

Tiltak

Regjeringa foreslår å løyve 26,1 mill. kroner til skredtiltak i Longyearbyen i 2022 på kap. 0007, post 30. Olje- og energidepartementet vil kunne nytte løyvinga gjennom ei fullmakt til å belaste. Løyvinga skal nyttast til skredsikringstiltak under fjellet Sukkertoppen.

Fram til skredsikringstiltak og nye bustader er på plass, er dei viktigaste tiltaka varsling og evakuering. Den lokale varslinga blir vidareført vinteren 2021–2022. Longyearbyen lokalstyre skal etter planen overta denne varslinga når sikringstiltaka er ferdige.

Post 50 Tilskot

Løyvinga skal nyttast til å dekke underskotet på svalbardbudsjettet, for å sikre at inntektene på svalbardbudsjettet er like store som utgiftene. Bortsett frå tilskotet er skattar og avgifter på Svalbard den største inntektsposten.

Regjeringa foreslår ei løyving på posten på 409,5 mill. kroner.

Kap. 481 Samfunnet Jan Mayen

(i 1 000 kr)

Post	Betegnelse	Regnskap 2020	Saldert budsjett 2021	Forslag 2022
01	Driftsutgifter		56 052	57 103
	Sum kap. 0481		56 052	57 103

Justis- og beredskapsdepartementet koordinerer frå 1. januar 2021 drifta av og har budsjettansvaret for Samfunnet Jan Mayen. Budsjettposten Samfunnet Jan Mayen låg tidlegare hos Samferdsdepartementet. Den daglege drifta blir utført av Forsvaret ved Cyberforsvaret, ei avdeling i Forsvaret. Norsk nærvær på Jan Mayen blir halde ved lag. Verksemda på Jan Mayen medverkar til norsk nordområdepolitikk på fleire område, bl.a. innan meteorologi- og kommunikasjonstenester. Plasseringa gjer øya godt eigna for referansestasjonar for satellittbaserte navigasjonssystem.

Delar av verksemda på Jan Mayen er direkte knytte til oppfølging av internasjonale plikter, som drift av bakkestasjonar for EU sine satellittnavigasjonsprogram Galileo og Egnos, og dessutan ein

seismisk målestasjon for overvaking av avtalen om prøvestans.

Hovudbygget på Jan Mayen vart oppført tidleg på 1960-talet, med ei levetid rekna til 10 år. Eit arbeid med å greie ut eit nytt hovudbygg på Jan Mayen er i gang. Forsvarsdepartementet er ansvarleg for prosjektet med nytt hovudbygg.

I 2020 vart det installert betre kommunikasjonsløyvingar (større hastigheit) til Jan Mayen.

Forsvarsbygg har ansvar for drifta av bygga som er på Jan Mayen no. Forsvarsdepartementet og Justis- og beredskapsdepartementet vil be Forsvarsbygg og Cyberforsvaret om å utarbeide ein vedlikehaldsplan for å sikre framleis norsk nærvær på Jan Mayen fram til eit nytt bygg er på plass.

Post 01 Driftsutgifter

Samfunnet Jan Mayen omfattar all felles infrastruktur på øya og personellet som driv denne. Samfunnet yter i dag tenester til Meteorologisk institutt, og det omfattar bakkestasjonane for EGNOS og Galileo, Telenor Maritim Radio og seismiske stasjonar. Justis- og beredskapsdeparte-

mentet har avtalar med dei institusjonane som har ansvaret for desse tenestene. Avtalane omfattar bl.a. arbeidsoppgåver som skal utførast av personellet på øya, og dekning av fellesutgifter. Løyvinga skal dekke utgiftene til drifta av fellesfunksjonane på Jan Mayen.

Regjeringa foreslår ei løyving på 57,1 mill. kroner på posten.

Kap. 3481 Samfunnet Jan Mayen

(i 1 000 kr)

Post	Betegnelse	Regnskap		Forslag
		2020	Saldert budsjett 2021	2022
01	Refusjoner og andre inntekter		6 502	6 637
	Sum kap. 3481		6 502	6 637

Post 01 Refusjonar og andre inntekter

Inntektsposten omfattar refusjonar for delar av fellesutgiftene knytte til Samfunnet Jan Mayen. Desse blir betalte av Meteorologisk Institutt, Kongsberg Satellite Services AS, Telenor Maritim Radio og andre som kjøper tenester på Jan Mayen. Inntekter frå kioskdirifta på Jan Mayen blir òg førte på denne posten.

Det blir foreslått at Justis- og beredskapsdepartementet i 2022 får fullmakt til å overskride løyvinga på kap. 481 post 01 mot tilsvarende meirinntekter på kap. 3481 post 07, jf. forslag til vedtak.

Regjeringa foreslår ei inntektsløyving på kap. 3481, post 01, Refusjonar og andre inntekter på 6,6 mill. kroner.

Programkategori 06.90 Beskyttelse og innvandring

Utgifter under programkategori 06.90 fordelt på postgrupper

		(i 1 000 kr)			
Post-gr.	Betegnelse	Regnskap 2020	Saldert budsjett 2021	Forslag 2022	Pst. endr. 21/22
01-25	Driftsutgifter	1 822 192	1 951 176	1 953 955	0,1
30-49	Nybygg, anlegg m.v.	204 319	56 199	119 821	113,2
60-69	Overføringer til kommuner	152 254	149 329	144 639	-3,1
70-89	Overføringer til private	189 074	219 380	227 069	3,5
Sum kategori 06.90		2 367 839	2 376 084	2 445 484	2,9

Utgifter under programkategori 06.90 fordelt på kapitler

		(i 1 000 kr)			
Kap.	Betegnelse	Regnskap 2020	Saldert budsjett 2021	Forslag 2022	Pst. endr. 21/22
490	Utlendingsdirektoratet	2 112 781	2 081 928	2 162 593	3,9
491	Utlendingsnemnda	255 058	294 156	282 891	-3,8
Sum kategori 06.90		2 367 839	2 376 084	2 445 484	2,9

Innleiing

Programkategorien omfattar løyvinga til Utlendingsdirektoratet (UDI) og Utlendingsnemnda (UNE). Desse verksemdene er ansvarlege for iverksetjing av innvandringspolitikken, i samarbeid med politiet og utanrikstenesta (sjå omtale av politiet under programkategori 06.40 og utanrikstenesta under Prop. 1 S (2021–2022) for Utanriksdepartementet). Verksemdene i programkategorien har i hovudsak oppgåver knytte til målet om kontrollert og berekraftig innvandring og målet om rettstryggleik (sjå definisjon i del I).

UDI og UNE har hovudansvaret for forvaltning av utlendingslovgivinga og behandling av søknader og klagar knytte til opphald i Noreg. Dette inkluderer saker om arbeid og EØS-saker som er under Arbeids- og sosialdepartementet sitt ansvarsområde. I tillegg behandlar verksemdene saker etter statsborgarlova som er under Kunn-

skapsdepartementet sitt ansvarsområde. UDI har òg ansvar for assistert retur, innkvartering av asylsøkarar og omsorgsansvar for einslege mindrea- rige mellom 15 og 18 år. Vidare har UDI oppgåver knytte til integrering som ligg under Kunnskapsdepartementet sitt ansvarsområde.

Søknader om opphald og statsborgarskap blir leverte til førstelinja i politiet eller ved ein utanriksstasjon. Søknader om vern (asyl) blir leverte til politiet. Saker der det er tvil, eller der førstelinja ikkje har myndigheit til å gjere vedtak, blir sende til UDI for behandling. Klagar på vedtak blir først behandla i UDI, og dei blir deretter sende til UNE dersom UDI ikkje gjer om vedtaket.

Hovudprioriteringar for 2022

Regjeringa meiner det er nødvendig med felleseuropeiske løysingar for å kontrollere innvandringa til Noreg. Schengen-landa betrar for tida IKT-sys-

tema for å styrke grense- og migrasjonskontrollen og politisamarbeidet. Dei nye systema vil leggje til rette for auka informasjonstilgang til og frå utlandet, og Noreg vil bli betre rusta til å førebyggje, avverje og motarbeide grensekryssande kriminalitet, ulovleg migrasjon og terrorisme. Gjennom deltaking i Schengen-samarbeidet har Noreg forpliktet seg til europeisk samarbeid om utvikling og bruk av felles IKT-infrastruktur og deling av informasjon. Regjeringa følgjer opp med å løyve 302,5 mill. kroner til å implementere og oppdatere systema, der 94,7 mill. kroner av desse går til arbeidet i UDI og UNE.

Regjeringa meiner at talet på overføringsflyktingar til Noreg må sjåast i samanheng med talet på asylsøkarar og andre utfordringar knytte til innvandring og integrering i Noreg. Dei siste åra har Noreg hatt ein kvote på 3 000 plassar. Dette er fleire per innbyggjar enn i dei fleste andre europeiske landa. Pga. det låge talet på asylsøkarar dei siste åra foreslår regjeringa å vidareføre ein kvote på 3 000 plassar i 2022, sjå òg omtale under kap. 490, post 01 og post 75. Plassane på kvoten kan nyttast til å ta imot overføringsflyktingar eller annan type byrdedeling.

Regjeringa meiner det er viktig for legitimiteten til innvandringspolitikken og -regelverket å hindre moglegheiter for misbruk. Dei siste åra

har arbeidet med tilbakekall av løyve blitt styrkt, og regjeringa vil vidareføre innsatsen på dette området i 2022.

Regjeringa meiner det er viktig at personar som oppheld seg ulovleg i landet returnerer. For å få til betre retursamarbeid gir departementet tilskot til tiltak i land som Noreg treng å returnere personar til. Det blir òg gitt tilskot til personar som vel assistert retur etter endeleg avslag på søknad om opphald og tilskot til reintegrering til land som tek dei i mot. Regjeringa foreslår å vidareføre tilskot til personar på same nivå som i 2021. På bakgrunn av at det no er få utreisepliktige i mottak, foreslår regjeringa å avvikle returrådgiving i asylmottaka og å redusere tilskot til organisasjonar for å fremme retur.

Det har vore ein stor auke i søknader om statsborgarskapet etter at prinsippet om eitt statsborgarskap vart avvikla 1. januar 2020. Lovendringa og stengde publikumsmottak i politiet våren 2020 har medført eit høgt tal på ubehandla søknader om statsborgarskap. Etter forslag frå regjeringa blei det løyva 61,5 mill. kroner i 2021 for å behandle fleire saker. Regjeringa foreslår å løyve ytterlegare 30,1 mill. kroner til UDI og politiet i 2022 for å behandle fleire statsborgarskapsaker, der 20,3 mill. kroner går til UDI.

Kap. 490 Utlendingsdirektoratet

(i 1 000 kr)

Post	Betegnelse	Regnskap 2020	Saldert budsjett 2021	Forslag 2022
01	Driftsutgifter	1 010 140	1 062 635	1 130 522
21	Spesielle driftsutgifter, asylmottak	545 697	575 789	515 307
22	Spesielle driftsutgifter, tolk og oversettelse	7 657	13 845	18 735
23	Spesielle driftsutgifter, kunnskapsutvikling , <i>kan overføres</i>	3 640	4 751	6 500
30	Ombygginger, ankomstsenter for asylregistrering og mottak, <i>kan overføres</i>	116 927		
45	Større utstyrsanskaffelser og vedlikehold, <i>kan overføres</i>	87 392	56 199	119 821
60	Tilskudd til vertskommuner for asylmottak	152 254	149 329	144 639
70	Stønader til beboere i asylmottak	68 885	50 800	49 832
71	Tilskudd til aktivitetstilbud til barn i asylmottak, og veiledning for au pairer	8 035	8 480	8 700
72	Assistert retur og reintegrering i hjemlandet	51 448	51 205	29 336

(i 1 000 kr)

Post	Betegnelse	Regnskap 2020	Saldert budsjett 2021	Forslag 2022
73	Beskyttelse til flyktninger utenfor Norge mv., støttetiltak, <i>kan nyttes under kap. 291 post 60</i>	12 251	18 448	28 078
74	Internasjonale forpliktelser, kontingenter mv., <i>kan overføres</i>	37 482	55 400	49 565
75	Reiseutgifter for flyktninger til og fra utlandet, <i>kan overføres</i>	10 973	35 047	39 558
76	Internasjonalt migrasjonsarbeid, <i>kan overføres</i>			22 000
	Sum kap. 0490	2 112 781	2 081 928	2 162 593

Innleiing

Utlendingsdirektoratet (UDI) skal setje i verk innvandringspolitikken.

Hovudoppgåvene til UDI er å behandle søknader etter utlendingslova og statsborgarlova, å forvalte innkvarteringstilbodet til asylsøkarar, å leggje til rette for retur av personar utan lovleg opphald og å gjennomføre uttak av overføringsflyktningar og ev. annan byrdedeling. UDI skal vidare gi fagleg baserte bidrag til utviklinga av regelverk og politikk på innvandringsfeltet. UDI har òg ansvar for å drifte og forvalte fellesløysingar for IKT i utlendingsforvaltninga.


Budsjett 2022

Departementet foreslår å setje utgiftsramma for UDI til 2 162,6 mill. kroner i 2022. Dette er 3,9 pst. høgare enn saldert budsjett 2020. Sjå nærmare omtale under dei enkelte postane.

Behandling av saker

Utgifter knytte til saksbehandling er førte over kap. 490, post 01 og post 22.

Virusutbrotet førte til færre søknader om vern og anna opphald i 2020 og det første halvåret i 2021. På same tid auka saksbehandlingstida i ein del saker sjølv om talet på nye søknader samla sett gjekk ned. Figuren under viser at restansane i UDI auka i 2020 og at restansane har auka ytterlegare i første halvår 2021. Talet på ubehandla asylsaker har gått ned, men for andre saker auka restansane frå om lag 42 400 saker i 2019 til nesten 48 600 saker ved utgangen av 2020. Årsaka til dette er at virusutbrotet og smitteverntiltaka har ført til utfordringar med behandlinga av saker. Særleg har det blitt nytta mykje ressursar til tilpassing til stadige endringar i innreiserestriksjonane, og auka brukarretteiing knytte til dette. Samstundes har det komme inn langt fleire søknader om statsborgarskap enn tidlegare, som følgje av at det frå januar 2020 er opna for at personar kan ha dobbelt statsborgarskap. I saker om statsborgarskap var det ein auke på over 5 800 saker i restanse frå 2019 til 2020.



Figur 2.20 Utvikling i restansar i UD I 2016–juni 2021. Tilbakekallssaker registrerte frå 2018.


Kjelde: UD I

Saker om vern (asyl)

Asylsøkarar som kjem til Noreg, blir registrerte av politiet og får søknaden sin behandla av UD I. Dei fleste asylsøkarane blir innkvarterte på Nasjonalt ankomstsenter i den første fasen samstundes som dei får behandla søknaden om vern. Førstegongsløve er mellombelse og må bli fornya. Dei

fleste som får innvilga søknaden, får løyve som gir grunnlag for å søke om permanent opphald og deretter statsborgarskap.

UD I har dei siste åra behandla fleire søknader om vern enn det som har komme inn, noko som går fram av figuren under. Slik har dei redusert talet på eldre søknader som ventar på svar.



Figur 2.21 Tal på asylsaker og saksbehandlingstid 2014–juni 2021.

Kjelde: UD I

I dei siste prognosane er anslått at det kjem mellom 1 000 og 5 000 asylsøkarar til Noreg i 2022. I budsjettet for 2022 er det lagt til grunn 3 000 asylsøkarar. Dette er basert på ei forventning om at det vil vere færre reiserestriksjonar knytte til virusutbrotet i og til Europa i 2022 enn i 2021. Det er alltid stor uvisse om talet på asylsøkarar og det er spesielt stor uvisse om korleis situasjonen i Afghanistan vil påverke asyltilstrøyminga til Noreg.


Det er forventa at UDI skal behandle omtrent 3 000 saker i 2022, og at ein større del av vedtaka i asylsaker skal bli behandla innan 21 dagar. Dette er knytt til arbeidet i UDI og politiet med å innføre ny saksflyt i den innleiande asylfasen i samband med opprettinga av Nasjonalt ankomstsenter der etatane er samlokaliserte. Etter planen skulle den nye saksflyten blitt implementert i 2020 samstundes som senteret vart ferdigbygd, men smitteutbrot og karantenetid for bebuarar skapte utfordringar for saksflyten. I 2020 vart 27 pst. av asylsøknadene behandla innan 21 dagar. Per utgangen av juni 2021 var talet opp mot 50 pst. for søkarar som har søkt etter at ny asylflyt vart innført.

Den nye saksflyten vil leggje til rette for kortare butid i mottak før busetjing eller retur. Den vil òg betre arbeidet med avklaring av identitet, og han vil dermed føre til fleire riktige vedtak. Dette vil på sikt kunne føre til at færre personar som søker om vern, får opphald på feil grunnlag. Potensielt fleire riktige asylvedtak vil på sikt òg

reduere behovet for å opprette saker om tilbake kall i samband med fornya eller permanent opphaldsløyve. Det vil dermed òg kunne gi færre tilfelle der det blir gitt løyve til familieinnvandring til ein hovudperson som ikkje burde ha fått opphald i første omgang. Vidare vil det ved større mengd av asylsaker vere behov for noko mindre ressursar i UDI og politiet til saksbehandling. Effektiviseringsgevinstane som følgjer av den nye saksflyten avheng av talet på asylsøkarar, men det er venta at utgiftene knytte til asylsøkarar i UDI og politiet vil bli redusert frå 2023.

Andre saker om opphald og statsborgarskap

Søknader om statsborgarskap, visum og opphald på anna grunnlag enn vern blir leverte til politiet eller til ein utanriksstasjon. Førstegongsløyve er mellombelse og må fornyast. Fleire av løyva gir grunnlag for å søke om permanent opphald og deretter statsborgarskap. Visum blir gitt for 90 dagar og kan ikkje fornyast. UDI gjer vedtak i alle typar saker, men politiet og utanriksstasjonane har myndigheit til å gjere vedtak i enkelte saker. Klagar på vedtaka blir først behandla i UDI, og deretter blir dei sende til UNE dersom UDI ikkje gjer om vedtaka. Figuren under viser utvikling i innkomne saker og saksbehandling for desse sakene frå 2017 til juni 2021.



Figur 2.22 Tal på saker om opphald 2017– juni 2021 (eksklusiv utvising og tilbakekall).

Kjelde: UDI

Samla har talet på innkomne saker til UDI om opphald vore nokså stabilt dei siste åra, med unntak


av 2017 der det var særleg mange saker om familiesameining med asylsøkarar som kom i 2015,

året med rekordhøge tal på asylsøkarar til Europa og Noreg. For 2020 er det særleg auken i søknader om statsborgarskap som gjer at talet på innkomne saker til UDI er såpass høgt. UDI tok i mot nesten 8 500 fleire søknader om statsborgarskap i 2020 enn i 2019. Det har vore ein stor reduksjon i andre saker om opphald (særleg visum) pga. stengde publikumsmottak i politiet og ved utanriksstasjonar og pga. reiserestriksjonar knytte til virusutbrotet.

Figuren over viser at UDI i 2020 og så langt i 2021 har behandla færre saker om opphald enn det som kom inn, og at restansane har auka. Stadige endringar i regelverket om innreiserestrik-

sjonar knytte til virusutbrotet har gitt meirarbeid i UDI med bl.a. tilpassingar til endra regelverk og rettleiing av søkarar. I 2021 har UDI òg fått i oppgåve å behandle søknader om unntak frå karantenehotell og søknader om besøk frå kjærestar. Desse sakene kjem i tillegg til sakene i figuren over. Det er venta at UDI vil behandle fleire saker i 2022.

I 2020 og 2021 har saksbehandlingstida auka for dei fleste sakstypar unntatt statsborgarskap hvor saksbehandlingstida har blitt redusert. Figuren under viser utviklinga i median saksbehandlingstid for dei ulike sakstypane.



Figur 2.23 Saksbehandlingstid i ulike saker om opphald, 2017–juni 2021.

Kjelde: UDI

Talet på innkomne saker til UDI avheng av nye søknader og av kapasiteten i førstelinja i politiet og utanriksstenesta. I prognosen for talet på søknader om opphald og statsborgarskap til førstelinja er det lagt til grunn at smitteverntiltaka ved publikumsmottak i politiet og ved utanriksstasjonane er avvikla, og at desse har normal kapasitet i 2022. UDI forventar likevel færre søknader om arbeidsløyve, studieløyve og visum enn før pandemien som følgje av at det er forventa nokre tiltak knytte til innreise også i delar av 2022. Det blir òg færre søknader om permanent opphald i 2022. Dette følgjer av at kravet om butid for permanent opphald vart auka frå tre til fem år for flyktningar og familiane deira frå 1. desember 2020. Samla blir det forventa i overkant av 207 000 søknader om opphald

og statsborgarskap til førstelinja i 2022, og det blir forventa at UDI vil få om lag 94 000 søknader.

Ved søknad om statsborgarskap, visum og opphald på anna grunnlag enn vern blir det betalt gebyr for personar over 18 år. Ved søknad om reisebevis eller utlendingspass må alle søkarar over og under 18 år som har opphald på anna grunnlag enn vern, betale gebyr. Ein gjennomgang av kostnadene til behandling av søknader viser at gebyra for enkelte sakstypar er lågare enn dei faktiske kostnadene, medan dei forventa kostnadene til permanent opphaldsløyve er venta å bli lågare enn tidlegare år. På denne bakgrunnen legg regjeringa opp til følgjande endringar i gebyrsatsar frå 1. januar 2022:

	Gjeldande satsar	Forslag til nye satsar
Statsborgarskap	5 500	6 500
Utdanning	4 900	5 900
Permanent opphald	4 700	3 800
Au pair	8 400	9 100
Reisebevis og utlendingspass over 18 år	1 300	2 400
Reisebevis og utlendingspass under 18 år	750	1 200

Dette medfører endringar i inntekter, sjå nærmare omtale under kap. 3100, post 02 i Prop. 1 S (2021–2022) for Utanriksdepartementet og under kap. 3440, post 06. Sjå også omtale av endringar i statsborgargebyret under Prop. 1 S (2021–2022) for Kunnskapsdepartementet.

Tilbakekall og utvising

Politiet og UDI opprettar sjølv saker knytte til utvising og tilbakekall av løyve. Det blir oppretta sak om utvising dersom ein utlending bryt norsk lov, og oppretta sak om tilbakekall når det er mistanke om at løyvet er gitt basert på urette opplysningar, at søkaren har heldt tilbake vesentleg informasjon, eller at grunnlaget for løyvet er falle bort.


Det er ikkje berre kriminelle handlingar som kan danne grunnlag for eit vedtak om utvising, men òg brot på utlendingslova, slik som t.d. å opphalde seg i Noreg utan løyve eller å gi feil informasjon om identiteten sin. Den som blir utvist, må forlate Noreg, og som oftast òg Schengen-området. Personen vil ikkje kunne reise inn igjen før innreiseforbodet er gått ut, og i dei grovaste tilfella kan innreiseforbodet vere varig. Sjølv om vilkåra for utvising er oppfylte, skal det alltid vurderast om ein så alvorleg reaksjon samsvarer med tilknyttinga personen har til Noreg, slik som familie og lang butid. I saker som involverer barn, skal omsynet til kva som er best for barnet, vurderast særskilt.

UDI behandla kring 4 500 saker om utvising i 2018 og 2019. Talet for 2020 var i overkant av 3 400. Delen personar som blir utviste har gått ned dessa åra, og i 2020 vart 1 883 personar utviste frå Noreg. Nesten 60 pst. av utvisingane er med årsak i brot på utlendingslova.

Betre ID-arbeid har ført til at utlendingsstyresmaktene har avdekt at fleire personar har opphaldsløyve basert på feil identitet eller på andre urette opplysningar, noko som gir grunnlag for å kalle tilbake opphaldsløyvet etter utlendingslova § 63 eller statsborgarskap etter statsborgarlova § 26. Samstundes kan ein med heimel i utlendingslova § 37 kalle tilbake flyktningstatus og opphaldsløyve når det ikkje lenger er behov for vern. Opphaldsløyve kan òg kallast tilbake når opphaldsgrunnlaget elles ikkje lenger er til stades, sjå utlendingslova § 63.


Figuren under viser utviklinga i oppretta og behandla saker (etter alle paragrafar) sidan 2017, i tillegg til utfall av vedtaka som vart gjorde i 2020. I 2020 vart det oppretta rundt 2 300 tilbakekallssaker og UDI behandla ca. 2 700 slike saker. I tillegg kjem innkomne og behandla klagesaker. UDI gjorde i 2020 kring 1 600 vedtak om tilbakekall. Om lag 20 pst. av sakene som blir kalla tilbake, er knytte til feil eller urette opplysningar, og nokre få er knytte til betra forhold i heimlandet, medan dei resterande i hovudsak er knytte til forvaltningsmessige grunnar som t.d. at dei ikkje lenger fyller vilkåra for løyvet. Fleire av dei som får eit løyve kalla tilbake, både pga. urette opplysningar og pga. slutt på behovet for vern, arbeid eller anna opphald, får eit nytt løyve på anna grunnlag.

Det er altså få vedtak om tilbakekall knytte til betra forhold i heimlandet, og dei fleste av dei oppretta sakene vart lagde bort i 2020. Årsaka til dette var t.d. at barn hadde budd lenge i Noreg eller at saksbehandlingstida hadde vore for lang. I nokre saker kan personen framleis ha eit individuelt behov for vern sjølv om dei generelle forholda i eit land er betra.



Figur 2.24 Tilbakekallssaker innkomne og behandla saker og klager 2018–juni 2021.

Kjelde: UDI



Figur 2.25 Utfall i tilbakekallssaker 2020, behandla saker i UDI, første vedtak.

Kilde: UDI

Det har vore lang saksbehandlingstid i mange av tilbakekallssakene. Desse sakene krev mykje ressursar, og det er utfordrande å byggje ned restansar. Den lange saksbehandlingstida har òg hatt konsekvensar for søknader om permanent opphald for dei same personane og for saker knytte til familiemedlemmer. UDI har fått kritikk av Sivilombodet for den lange saksbehandlingstida for slike tilknytte søknader. UDI har sett i verk tiltak for å få ned ventetida; dei har lagt vekt

på å behandle dei eldste sakene, dei har fornya løyve og dei har jobba med prosessforbetringar. Dessutan er saksbehandlingskapasiteten på tilbakekall blitt styrkt i 2021. Sjølv om UDI har redusert restansane i tilbakekallssaker i 2020, er det per 30. juni 2021 om lag 3 700 tilbakekallssaker totalt som ikkje er ferdig behandla, der berre ei handfull er knytte til betra forhold i heimlandet. Regjeringa har sidan 2020 gitt auka løyve til å byggje ned restansar og for å styrke rettsvernet i saker om tilbakekall av statsborgarskap, noko som blir vidareført i 2022.

Asylmottak


Alle utlendingar som søker om vern, har rett til innkvartering i asylmottak. Det blir gitt tilbod om plass i mottak fram til retur eller busetjing. Mottakstilbodet er differensiert etter behova til utlendingsforvaltninga og mottaksbebuarane, bl.a. med Nasjonalt ankomstsenter, transittmottak, ordinære mottak, mottak for einslege mindreårige mellom 15 og 18 år, integreringsmottak og mottak for bebuarar med særskilde behov. UDI har omsorgsansvaret for einslege mindreårige mellom 15 og 18 år som bur i mottak. Regjeringa foreslår å innføre at statsforvalteren skal føre tilsyn med omsorgen for einslege mindreårige som bur i asylmottak. Regjeringa tek sikte på at ordninga skal etablerast 1. juli 2022, sjå omtale under anmodningsvedtak nr. 921 i del I og kap 525, post 01 under Prop. 1 S (2021–2022) for Kommunal- og moderniseringsdepartementet. Omsorgsan-

svaret for einslege mindreårige under 15 år ligg under Barne-, ungdoms- og familiedirektoratet (Bufdir) (sjå omtale i Prop. 1 S (2021–2022) for Barne og familiedepartementet). Aktivitetar i mottaka vil vere retta både mot retur og mot integrering.


Utgifter knytte til asylmottak er førte over høvesvis kap. 490, post 01 og 21. Det er ført utgifter til tilskot til vertskommunar for asylmottak

over kap. 490, post 60, og utgifter til stønader til bebuarar i mottak over kap. 490, post 70. I tillegg blir det gitt tilskot for aktivitetar for barn i mottak over kap. 490, post 71.

Talet på bebuarar i asylmottak har variert frå å vere rekordhøgt ved utgangen av 2015 til å vere svært lågt i 2020 og så langt i 2021, jf. figuren under.



Figur 2.26 Bebuarar i mottak per 31. desember 2014–2021 (30. juni 2021)



Figur 2.27 Tal asylmottak per 31. desember 2014–2021 (30. juni 2021)

At det er så få bebuarar i mottaka dag, kjem i hovudsak av at det er færre asylsøkarar enn i tidlegare år. Mange har òg flytta ut av mottaka i den

same perioden, bl.a. som følge av at busetjingsakta generelt har auka dei siste åra. At regjeringa over tid har satsa på retur, har òg medverka til at

det er færre bebuarar i mottaka. UDI har tilpassa kapasiteten i mottaka til færre bebuarar. Ved utgangen av juni 2021 var 22 asylmottak i drift.

Som følge av virusutbrotet har det komme færre asylsøkarar både i 2020 og i det første halvåret av 2021 enn tidlegare år. På same tid har virusutbrotet ført til forseinkingar i både busetjing og returar. Dette har gjort at talet på bebuarar i mottaka i 2020 og så langt i 2021 ikkje har gått like mye ned som i ein normalsituasjon. UDI og driftsoperatørane har òg fått krav og råd frå helsestyresmaktene bl.a. om at færre bebuarar kan dele rom, bad og kjøkken for å sikre smittervernet. Dette gjer at behovet for mottakskapasitet har vore større enn ein normalsituasjon skulle tilseie i 2020 og 2021. I tillegg har Noreg i august 2021 evakuert personar frå Afghanistan etter Taliban si maktovertaking. Desse personane bur nå mellombels i mottak.

Det er alltid uvisse knytt til asyltilstrøyminga til Noreg pga. at migrasjonspresset mot Europa er vedvarande høgt. Dette gjer det utfordrande å planleggje mottakskapasiteten. Som det går fram av figuren over, har UDI dei siste åra redusert talet på mottaksplassar i raskt tempo for å tilpasse kapasiteten til eit stadig mindre behov. Dette gir reduserte offentlege utgifter. Samstundes gir færre mottaksplassar redusert kapasitet til å handtere rask og uventa auke i talet på asylsøkarar.

Å redusere kapasiteten i tråd med dagens ankomstnivå vil medføre høg risiko for at UDI ikkje vil kunne innkvartere asylsøkarar i mottak dersom det blir en rask auke, bl.a. fordi det vil medføre ein stor reduksjon i marknaden for mottaksplassar. Det er derfor viktig at UDI har ein basiskapasitet, det vil seie eit minimum av plassar i operative mottak, som er tilstrekkeleg til å halde ved lag marknaden for mottaksplassar og med moglegheit for å skalere opp raskt. I 2021 er det lagt til grunn ein basiskapasitet på 2 850 plassar. Regjeringa planleggjer for ein basiskapasitet i mottak på 2 735 tilgjengelige plassar i 2022. I tillegg kommer Nasjonalt ankomstsenter som no er i full drift. Sjå òg omtale under kap. 490, post 21 og post 60.

Samstundes vurderer UDI fortløpande ulike løysingar for å sikre beredskap for innkvartering og har bl.a. inngått fleire rammeavtalar for akuttinnkvartering og andre former for innkvartering. Nasjonalt ankomstsenter bidrar òg til betre beredskap og gjer at asylsøkarar får eit tilbod om innkvartering allereie før dei er registrerte av politiet.


Overføringsflyktningar og anna byrdedeling

Noreg tek imot overføringsflyktningar innanfor ein årleg kvote. Overføringsflyktningar er personar som FN sin høgkommissær for flyktningar (UNHCR) har slått fast at treng vern. Plassane på kvoten kan òg nyttast til annan type byrdedeling.

Justis- og beredskapsdepartementet fastsett kvotesamansetninga i samråd med Utanriksdepartementet og Kunnskapsdepartementet etter forslag frå UDI og Integrerings- og mangfaldsdirektoratet (IMDi), som igjen byggjer på forslag frå UNHCR og innspel frå norske frivillige organisasjonar. UDI har ansvar for å gjennomføre uttak av overføringsflyktningar i tråd med føringar frå Justis- og beredskapsdepartementet. Som hovudregel deltek òg IMDi og politiet i uttak av overføringsflyktningar. Når overføringsflyktningane kjem til Noreg, skal dei som hovudregel bli busette direkte i ein kommune, sjå omtale i Prop. 1 S (2021–2022) for Kunnskapsdepartementet.

Utgifter knytte til uttak av overføringsflyktningar og ev. annan byrdedeling blir ført over kap. 490, post 01, 73 og 75. Det blir også ført utgifter til politiet og IMDi sitt arbeid med uttak under kap. 440, 01 og kap. 290, post 01, samt utgifter til busetting og integrering over kap. 291, post 60 og 61 og kap. 292, post 60. Sjå omtale i Prop. 1 S (2021–2022) for Kunnskapsdepartementet.

UDI gjer vedtak for uttaka av dei enkelte flyktningane i samsvar med fordelinga som er vedteken, og i tråd med gjeldande rundskriv. Figuren under viser talet på vedtak om overføring og det faktiske talet på innkomne overføringsflyktningar til Noreg i åra 2014–2021 (per utgangen av juni).



Figur 2.28 Overføringsflyktningar 2014–2021 (per 30. juni).

Kjelde: UDI

I 2020 var det 3 015 plassar for overføringsflyktningar på kvoten, inkludert 15 plassar som vart overførte frå 2019. UDI gjorde vedtak for 2 407 overføringsflyktningar i 2020 og 1 527 overføringsflyktningar kom til Noreg i 2020. Syrarar var den største gruppa med 993 personar. Virusutbrotet har skapt store utfordringar i arbeidet med uttak av overføringsflyktningar. Dei låge tala for både vedtak og innreise i 2020 er direkte konsekvensar av virusutbrotet.

Kvoten for 2021 er 3 608, inkludert 608 plassar overførte frå 2020. 50 av plassane vart satt av til relokalisering av asylsøkarar frå Hellas. Inkludert eit nyfødd barn vart resultatet 51 personar, og alle desse kom til Noreg det første halvåret av 2021. Vidare er det per utgangen av juni gjort vedtak om overføring for totalt 1 500 overføringsflyktningar. Dette inkluderar mottak av Forsvaret sine lokalt tilsette i Afghanistan, både tolkar og reinhaldarar. Noreg tok i mot denne gruppa i juni 2021 som følgje av NATO sitt vedtak om å avslutta Resolute Support Mission (RSM) i Afghanistan 31. august 2021.

Noreg har hatt ordningar for å ta imot Forsvaret sine lokalt tilsette tolkar i Afghanistan sidan 2012 og har no samla teke imot om lag 360 lokalt tilsette tolkar og deira næraste familiemedlemmer. Som følgje av situasjonen i Afghanistan legg regjeringa opp til å ta imot menneskerettsforsvarar, journalistar og sivilsamfunnsaktørar frå Afghanistan. Det blir òg arbeidd med ei ordning for at tidlige lokalt tilsette av norske styresmakter i

Afghanistan kan bli overført til Noreg. Desse vil bli rekna på kvoten som overføringsflyktningar.

I samband med Taliban si maktovertaking i Afghanistan, bidrog Noreg til evakuering av i overkant av 900 afghanske borgarar i august 2021. Dette inkluderte lokalt tilsette på den norske ambassaden og deira familiemedlemmer, samarbeidspartar til Forsvaret, menneskeretts- og sivilsamfunnsforkjemparar og einslege barn som var på flyplassen, og som hovudsakeleg vart overlevert til feltsjukehuset som Noreg dreiv der. I tillegg var det afghanske borgarar med ulike former for familietilknytning til Noreg. Fordi evakueringa var ein naudoperasjon under stort tidspress, blir det etterarbeid med mange av sakene. Det er venta at dei fleste som vart evakuert vil bli rekna innanfor den fastsatte kvoten for overføringsflyktningar i 2021.

Regjeringa planlegg å vidareføre kvoten på 3 000 plassar i 2022. Regjeringa meiner at den årlege kvoten på 3 000 plassar må sjåast i samanheng over år. Det vil seie at ubrukne plassar blir overført frå eit år til det neste, og om det blir nytta fleire plassar skal kvoten for neste år bli redusert tilsvarende. For forslag til løyving for 2022 er det lagt til grunn ei overføring frå kvoten i 2021, på bakgrunn av at det var venta å bli vanskeleg å fylle kvoten i 2021 som følgje av virusutbrotet.

Situasjonen er no endra som følgje av hendigane i Afghanistan. Både evakueringa og planlagt uttak av fleire personar frå Afghanistan kan medføre at det blir nytta fleire plassar på kvoten i 2021 enn lagt til grunn for budsjettforslaget. Det kan òg medføre at det blir fatta vedtak i fleire saker enn

den fastsatte kvoten for 2021 og at det blir planlagt uttak som leggjer føringer for bruk av kvoteplassane i 2022. Samstundes har arbeidet med evakueringa medført at planlagte intervju av andre grupper blir forseinka, og det er usikkerheit og utfordringar knytte til pandemien i mange land. Regjeringa legg til grunn at ev. bruk av plassar utover den fastsatte kvoten for 2021 vil bli handtert med ein tilsvarende reduksjon i plassar for 2022. Fleire av dei evakuerte frå Afghanistan er plassert i asylmottak og dette kan medføre eit større behov for mottakskapasitet enn forutsatt i vedtatt budsjett 2021 og budsjettforslaget for 2022.


Assistert retur

Dei som får endeleg avslag på ein søknad om vern eller anna opphald, har ei plikt til å forlate landet. Dei får ein frist til å forlate landet, normalt tre veker. Vedkommande skal rette seg etter dette

ved å returnere til heimlandet innan fristen anten på eiga hand (sjølvorganisert retur) eller ved å søke om assistert retur med hjelp frå norske styresmakter. Alternativet til dette er uttransportering av politiet, sjå nærmare omtale under programkategori 06.40. Dei som fyller vilkåra for assistert retur, får hjelp med å skaffe reisedokument, flybillett m.m., og dei får tilskot til reise og reintegrering.

Utgifter til administrasjon av assistert retur er førte over kap. 490, post 01, og utgifter til tilskot til retur er førte over kap. 490, post 72.

Dei siste åra har talet på assisterte returar gått ned. I løpet av 2020 valde 127 personar assistert retur. Hovudårsaka til at talet går ned, er at det kjem færre asylsøkarar til Noreg. Figuren under viser utviklinga i talet på assisterte returar og utviklinga i talet på personar med utreiseplikt som bur i asylmottak.



Figur 2.29 Tal på assisterte returar og personar i mottak med utreiseplikt per 31. desember 2014–2021 (per 30. juni).

Kjelde: UDI

Samstundes med at målgruppa for retur har blitt mindre, har det blitt meir utfordrande for UDI å motivere personane til gjennomføring av retur. Ein stor del av utreisepliktige har no opphalde seg i landet over lang tid, har familie med opphald i Noreg eller har særskilde behov som gjer returarbeidet vanskelegare. Fleire har òg uavklart identitet og statsborgarskap. Dei fleste i målgruppa for assistert retur oppheld seg truleg utanfor mottaka, og det er vanskeleg å nå desse med effektive returtiltak.

Det er ikkje berre talet på returar som er viktig, men òg kven som reiser. UDI og Politiets utlendingseining (PU) har sidan 2018 styrkt innsatsen for å få til returar av utreisepliktige personar som fører til store kostnader for samfunnet. Dette gjeld personar som bur i særskilde butilbod, tilrettelagde avdelingar i mottak, og i fengsel. Frå 2020 deltek og spesialutsendingar ved norske utanriksstasjonar i dette arbeidet. I 2020 returnerte tolv personar, assistert eller med tvang, frå slike spesielle butilbod. Det var like mange som i

2019, mot seks i 2018. Sjølv nokre få slike returar kan gi store innsparingar. Returen av dei tolv personane har gitt ei innsparing på minimum 18,8 mill. kroner i året berre til mottaksutgifter. Arbeidet med denne gruppa vil halde fram.

For 2022 forventar ein 220 assisterte returar.

Post 01 Driftsutgifter

Løyvinga på posten skal dekke utgifter til drift av UDI. Dette inkluderer lønn til tilsette, tolkeutgifter, IT-system, utstyr, anskaffelser med unntak av større investeringar og asylmottak, jf. kap. 490, post 21 og 45, samt kontorlokaler m.m. I det første halvåret av 2021 var utførte månadsverk i UDI i gjennomsnitt 886 årsverk.

Det blir foreslått å auke løyvinga med 67,9 mill. kroner.

20,7 mill. kroner av auken er knytt til implementering av nye IKT-system for grense- og migrasjonskontroll mellom Schengenlanda, sjå og omtale under kap. 440 og kap. 490, post 45. Løyvinga skal dekke auka driftsutgifter med dei ny systema og endra arbeidsprosesser og opplæring m.m. Det blir foreslått ei samla kostnadsramme på kap. 490 på 237,3 mill. kroner for perioden 2022–2024 (2022-prisnivå), og ei styringsramme på 206,7 mill. kroner for perioden 2022–2024, jf. forslag til vedtak. Nasjonal tilpassing til endringar i IKT-systema i Schengen vil bidra til styrkt grensekontroll, migrasjonskontroll og politisamarbeid, sjå òg omtalen under programkategori 06.40 og del I.

Det blir foreslått auke løyvinga til UDI med 20,3 mill. kroner for å auke kapasiteten til å handtere fleire statsborgarskapsaker. Bakgrunnen for dette er at det er ein stor auke i ubehandla statsborgarskapsaker. Dette heng saman med at prinsippet om eitt statsborgarskap vart avvikla frå 1. januar 2020 og mellombels stengde publikumsmottak i politiet våren 2020. Vidare er det venta at endringar i kravet om opphaldstid for søknad om norsk statsborgarskap vil medføre meir komplisert saksbehandling i statsborgarskapsaker. 17,2 mill. kroner av auken blir foreslått rammeoverført frå Kunnskapsdepartementets budsjett kap. 291, post 01 og resterande blir dekt inn i tråd med auka gebyrinntekter som har kommet inn ved auka søknader om statsborgarskap frå 2020, sjå òg omtalen under kap. 440, post 01.

Vidare blir det foreslått å auke løyvinga med 10,6 mill. kroner for å byggje ned restansar og gjennomføre tilpassa saksbehandling for saker om tilbakekall av statsborgarskap pga. urette opplysningar. Løyvinga på posten vart auka med

17,6 mill. kroner til dette arbeidet i 2021. Dette er på bakgrunn av ein lovproposisjon regjeringa fremma i 2019 om tilbakekall av statsborgarskap pga. urette opplysningar m.m. Løyvinga er ei vidareføring av ei samla løyving på 50 mill. kroner frå 2020 til arbeidet med dette i UDI, UNE, domstolane og politiet, men det er lagt til grunn ei anna fordeling enn i 2020 og 2021, samt forskyving av utgifter mellom år.

I tillegg blir det foreslått å auke løyvinga på posten med 9,2 mill. kroner knytte til forskyving av plassar på kvoten for overføringsflyktingar og annan byrdedeling frå 2021 til 2022. På bakgrunn av virusutbrotet er det venta at uttak og tilkomst av overføringsflyktingar til Noreg i 2021 vil bli forseinka. Regjeringa foreslår å overføre dei ubrukte plassane på kvoten i 2021 til 2022. På grunn av evakuering av personar og planlagt uttak av fleire personar frå Afghanistan er det uvisse knytte til bruken av kvoteplassar i 2021, sjå òg omtalen under kap. 490 og kap. 490, post 73 og post 75.

Vidare blir det foreslått å redusere løyvinga med 17,8 mill. kroner som følgje av at forventa pensjonspremie til Statens pensjonskasse, inklusive arbeidsgjevaravgift av dette, tilsvarende blir redusert, jf. nærmare omtale under Del III, punkt 8.

Det blir foreslått å redusere løyvinga med 1 mill. kroner pga. reduserte reiseutgifter som følgje av pandemien, jf. nærmare omtale i Del III, punkt 8.

Det er òg endringar som følgje av tidlegare budsjettvedtak og tekniske endringar på posten som ikkje blir omtalt nærmare.

Delar av utgiftene på kap. 490, post 01, blir rapporterte som bistandsutgifter i tråd med OECD sine retningslinjer om Official Development Aid (ODA) og blir førte som inntekter på kap. 3490, post 01, post 03 og post 06, jf. nærmare omtale under posten.

Det blir foreslått at Justis- og beredskapsdepartementet får fullmakt til å overskride løyvinga på kap. 490, post 01, mot tilsvarende meirinntekter på kap. 3490, post 05, jf. forslag til vedtak.

Regjeringa foreslår ei løyving på posten på 1 130,5 mill. kroner.

Post 21 Spesielle driftsutgifter, asylmottak

Løyvinga på posten skal dekke utgifter staten har til drift av mottak for asylsøkarar, inkludert integreringsmottak.

Forutan losji skal tilbodet om innkvartering omfatte visse nødvendige sosial- og omsorgste-

nester, bl.a. mat, klede og omsorgstenester for bebuarar med særskilde behov. Løyvinga dekker òg opplærings- og informasjonstiltak, ulike organiserte sosiale aktivitetar som dagtilbod for barn, nødvendig helsehjelp til nykomne asylsøkarar og returfremmande tiltak for bebuarane i mottaka. Vidare dekker posten utgifter til bl.a. tiltak som vakthald, tilrettelegging av buforhold og plassering utanfor mottak for personar med særskilde behov, aldersundersøkingar av asylsøkarar som oppgir å vere einslege mindreårige, reise og kost for asylsøkarar i samband med asyLintervju og transport for asylsøkarar til og frå norskopplæring og mellom mottak.

Posten omfattar òg midlar til lokala (ekskl. kontorlokale til UDI tilsette som blir ført over kap. 490, post 01) og mottaksdrifta på Nasjonalt ankomstsenter. Ekstra utgifter til lovpålagde kommunale tenester for vertskommune for eit innkomstsenter, kan dekkast over posten.

Behovet for løyving på posten avhenger av talet på mottaksplassar, kor mange bebuarar det er i mottaka og samansetninga av bebuarane og deira behov. Det er venta at det i gjennomsnitt vil vere rundt 1 550 bebuarar i mottaka i løpet av 2022. Samla er dette 250 færre bebuarar enn lagt til grunn for saldert budsjett 2021.

Regjeringa foreslår ein basiskapasitet på 2 735 tilgjengelege plassar i tillegg til Nasjonalt ankomstsenter. Dette inneber at den tilgjengelege mottakskapasiteten ikkje blir justert ned utover denne kapasiteten. Dette vil gi evne til å handtere svingingar i innkomstar av nye asylsøkarar. I driftsavtalene ligger det inne at enkelte av plassane berre blir betalt for ved bruk. På bakgrunn av den låge prognosen for bebuarar i mottak er det derfor venta at det berre vil bli behov for å betale for drift for rett i underkant av 2 500 plassar i tillegg til Nasjonalt ankomstsenter.

Som ein del av nødvendige prioriteringar i budsjettet for 2022 blir det foreslått å redusere returarbeidet i mottak og at løyvinga på posten blir redusert med 11,5 mill. kroner. Tiltaket vil gi eit redusert tilbod om returrådgiving og rettleiing i mottak. Utgiftene til drift av mottak er venta å gå ned med ytterlegare 50 mill. kroner samanlikna med saldert budsjett 2021. Dette er i hovudsak knytte til at det er venta færre bebuarar i mottak i 2022 og at mottakskapasiteten blir foreslått redusert.

Det er svært usikkert kor mange asylsøkarar som faktisk vil komme gjennom året og det er uvisse knytt til behovet for innkvartering av personar som har blitt evakuert frå Afghanistan, jf. nærmare omtale under kap. 490. Den faktiske kapasitet

teten gjennom året kan derfor avvike frå det som blir lagt til grunn ved inngangen til året. Ved endringar i bebuarsamansetninga kan det òg bli behov for å utløyse fleire plassar. Sjå òg forslag til romartalsvedtak om fullmakt om mellombels drift av asylmottak.

Delar av utgiftene på kap. 490, post 21, blir førte som ODA-godkjende utgifter og blir førte som inntekter under kap. 3490, post 04, jf. nærmare omtale under kap. 3490, post 04.

Regjeringa foreslår ei løyving på posten på 515,3 mill. kroner.

Post 22 Spesielle driftsutgifter, tolk og oversettelse

Posten skal dekke tolking og omsetjing i kommunikasjonen mellom søkarar og UDI i første instans. Løyvinga skal òg dekke kvalitetssikringsarbeid i samband med intervju og omsetjingar. Vidare dekker løyvinga utgifter til nødvendig omsetjing av originaldokument. Løyvinga kan òg dekke tolking og omsetjing for overføringsflyktningar som blir valde ut frå transittområde der det er vanskeleg å finne tilstrekkeleg med tolkar.

Det er forventa at UDI i 2022 vil gjennomføre fleire intervju i samband med behandling av søknader enn i 2021. I samband med innføring av ny flyt i asylsaker ved Nasjonalt ankomstsenter er det planlagt at UDI frå 2022 skal gjennomføre samtalar med søkarane når dei får svar på søknaden, og det inneber behov for auka bruk av tolk. Samla blir det derfor foreslått å auke løyvinga på posten med 4,9 mill. kroner.

Delar av utgiftene på kap. 490, post 22, kan utgiftsførast som ODA-godkjende utgifter og inntektsførast på kap. 3490, post 07, jf. nærmare omtale under kap. 3490, post 07.

Regjeringa foreslår ei løyving på posten på 18,7 mill. kroner.

Post 23 Spesielle driftsutgifter, kunnskapsutvikling, kan overføres

Løyvinga skal brukast til å støtte oppgåveløysinga i UDI ved å utvikle kunnskap om innvandring.

Det blir foreslått å auke løyvinga på posten 1,7 mill. kroner i 2022 mot tilsvarende reduksjon over kap. 400, post 23. Dette har samband med at nokre av oppgåvene fram til no har blitt budsjettet under departementet på kap. 400, post 23. Dette gjeld utgifter til arbeid i UDI med å utvikle kunnskap i samarbeid med European Migration Network (EMN) og bistand i form av opplæring

av migrasjonsstyresmakter i aktuelle samarbeidsland.

I 2020 og hittil i 2021 har UDI publisert seks studiar ved hjelp av midlar frå post 23. Alle rapportane er tilgjengelege på nettsida til UDI:

- Cecilie Schjatvet: Bevis- og troverdighetsvurderinger i Utlendingsdirektoratets asylvedtak i 2018. Anbefalinger til regelutvikling
- Fafo: Kunnskapsoppsummering om arbeidsinnvandrere fra tredjeland
- Simonsen, Vogt & Wiig: Utlevering av personopplysninger til forskning
- Rambøll og Oslo Economics: Statlige virkemidler ved bosetting av flyktninger med særlege behov.
- Oxford Research: Frivillig arbeid i asylmottak
- Oxford Research: Evaluering av informasjonsprogram i ordinære asylmottak

Seks studiar skal bli ferdige hausten 2021:

- Utredning om torturutsatte
- Evaluering av barnefaglige tiltak i utlendingsforvaltningen
- Effekter av underholdskravet i familieinnvandringsaker
- Evaluering av representantordningen
- Kompetanse hos mottaksansatte om vold i nære relasjonar
- Tilrettelegging for faglært arbeidsinnvandring frå tredjeland

I 2022 planlegg UDI omfanget på same nivå som i 2021, og legg bl.a. opp til å vidareføre evalueringar og studiar som starta opp hausten 2021. Desse er:

- Hvordan bør utlendingsforvaltningen gjennomføre høring av barn som er berørte i utvisningssaker?
- Evaluering av kvaliteten på UDIs asylintervjuer
- Hvordan fungerer regelverket for økonomiske ytelser for beboere i asylmottak?
- Evaluering av arbeidet med automatisering i UDI

I tillegg planlegg UDI heilt nye prosjekt som skal starte opp i 2022. Desse vil bli utvikla på grunnlag av kunnskapsbehov som blir identifiserte i siste del av 2021.

Regjeringa foreslår ei løyving på posten på 6,5 mill. kroner.

Post 45 Større utstyrsansanskaffelser og vedlikehold, kan overføres

Løyvinga på posten skal dekke utgifter til større utstyrsanskaffingar og vedlikehald, medrekna

utgifter til utvikling av IKT-system for utlendingsforvaltninga.

Det blir foreslått å auke løyvinga på posten med 72,8 mill. kroner i 2022 for å implementere Noreg sine Schengen-IKT-forpliktingar i tråd med fristar frå EU. Det blir foreslått ei samla kostnadsramme på kap. 490 på 237,3 mill. kroner for perioden 2022–2024 (2022-prisnivå), og ei styringsramme på 206,7 mill. kroner for perioden 2022–2024, jf. forslag til vedtak. Nasjonal tilpassing til endringar i IKT-systema i Schengen vil bidra til styrkt grensekontroll, migrasjonskontroll og politisamarbeid, sjå òg omtalen under programkategori 06.40 og del I. Samstundes er det lågare behov for investering i enkelte prosjekt starta opp i 2020. Dette reduserer behovet for løyving med 10,3 mill. kroner.

Løyvingsforslaget legg til grunn vidareføring av moderniseringa av IKT-systema til UDI, som starta i 2017. Moderniseringa skal bidra til høgare effektivitet og betre kontroll og styring. I 2020 har UDI gjennomført tiltak for stegvis modernisering og utvida opptak, lagring og bruk av biometri. UDI har dessutan arbeidd med nødvendige systemendringar som vil bli kravde som følgje av Pass & ID-prosjektet til politiet. UDI har òg starta ei gradvis modernisering av utlendingsforvaltninga sine databasar og system, og dessutan automatisering av statsborgarsaker. UDI har som mål å oppnå ein automatiseringsgrad på 30 pst. i behandlinga av slike saker ved slutten av 2021. Arbeidet vil halde fram i 2022.

Regjeringa foreslår ei samla løyving på posten på 119,8 mill. kroner.

Post 60 Tilskudd til vertskommuner for asylmottak

Vertskommunetilskotet skal dekke utgifter til helse, barnevern, tolk og administrasjon i samband med drift av mottak og omsorgssenter i kommunen. I tillegg til det ordinære vertskommunetilskotet omfattar ordninga eit særtilskot ved omsorgsplassering og tilskot til kommunar som tek imot og følgjer opp personar med alternativ mottaksplassering (AMOT). UDI forvaltar tilskotsordninga og betaler ut tilskot kvartalsvis når det er inngått kontrakt med ein driftsoperatør i den respektive kommunen. Kommunane treng ikkje å søke om tilskot.

For 2022 vil desse satsane gjelde:

- grunnsats per kommune: 719 186 kroner per år
- sats per ordinære mottaksplass og plass ved Nasjonalt ankomstsenter: 11 038 kroner per år

- sats per plass for einslege mindreårige asylsøkarar: 16 999 kroner per år
- sats per tilrettelagd plass: 156 278 kroner per år
- sats per plass i omsorgssenter: 41 926 kroner per år

Vertskommunar for omsorgssenter tek ikkje imot grunntilskot. AMOT inneber at UDI gir tilskot til ein kommune mot at kommunen gir ein person utan opphaldsløve eller ein flyktning eit tilbod om bustad i kommunen i staden for opphald i asylmottak. I tilskotsbrevet blir det stilt krav til korleis kommunen skal bruke tilskotsmidlane. Kommunen skal vurdere individuelt kva for oppfølging personen i AMOT har bruk for. I 2022 vil satsen for AMOT vere 16 105 kroner per plass per månad.

Kommunen kan i visse tilfelle få eit auka ansvar for ein mindreårig asylsøkar, jf. barnevernlova kap. 4. Det er fastsett eigne satsar for å bidra til å dekke desse utgiftene til barnevern. For 2022 vil desse satsane gjelde:

- særtilskot for barn som har komme til Noreg i følge med føresette: 30 650 kroner per månad
- særtilskot for einslege mindreårige: 15 324 kroner per månad

Regjeringa foreslår å vidareføre tilbod om gratis barnehageplass for alle barn i asylmottak frå eitt år og fram til skulestart, i tillegg til tilbod om gratis skulefritidsordning (SFO) for barn i integreringsmottak. Alle kommunar som tilbyr plass, får tilskot til å dekke utgiftene til barnehageplass for barn i mottak og SFO for barn i integreringsmottak.

Satsane for barnehageplass i 2022 er som følger:

- 1–2-åringar, heildagsplass: 308 279 kroner per år
- 3–5-åringar, heildagsplass: 171 266 kroner per år
- SFO: 30 866 kroner per år

Behovet for løyving på posten er avhengig av talet på mottak og omsorgssenter, talet på vertskommunar og talet på plassar. Behovet vil derfor kunne endre seg i løpet av budsjettåret.

I 2020 var det totalt 27 kommunar som fekk tilskot for delar av eller heile året. I løpet av året gjekk talet frå 21 kommunar i første kvartal til 25 i fjerde kvartal. Det er lagt til grunn at 19 kommunar vil motta tilskudd i 2022.

Løyvingsforslaget er redusert med 4,7 mill. kroner samanlikna med saldert budsjett 2021. Det

skyldes bl.a at det blir planlagt for færre vertskommunar og mottaksplassar enn det som vart lagt til grunn for 2021, jf. omtalen av kap. 490, post 21.

Delar av utgiftene på kap. 490, post 60, kan utgiftsførast som ODA-godkjende utgifter og inntektsførast på kap. 3490, post 04, jf. nærmare omtale under kap. 3490, post 04.

Regjeringa foreslår ei løyving på posten på 144,6 mill. kroner.

Post 70 Stønader til beboere i asylmottak

Løyvinga på posten skal dekke utgifter til stønadsordninga som omfattar økonomiske ytingar til livsopphald for bebuarar i asylmottak som ikkje kan dekke dette sjølv, og andre nødvendige ytingar. Driftsoperatøren for asylmottaket betaler ut ytingar for bebuarar i asylmottak og får dei refunderte av UDI.

Behovet for løyving på posten er avhengig av talet på bebuarar i mottak og samansetninga av bebuargruppa. Løyvingsforslaget for 2022 er basert på ein prognose på i overkant av 1 550 bebuarar i mottak. Dette er kring 250 færre enn det som er lagt til grunn for saldert budsjett 2021. Dette er i hovudsak knytt til lågare innkomstar føregåande år. Det blir foreslått å redusere løyvinga med 968 000 kroner samanlikna med saldert budsjett 2021.

Delar av utgiftene på kap. 490, post 70, kan utgiftsførast som ODA-godkjende utgifter og inntektsførast på kap. 3490, post 04, jf. nærmare omtale under kap. 3490, post 04.

Regjeringa foreslår ei løyving på posten på 49,8 mill. kroner.

Post 71 Tilskudd til aktivitetstilbud for barn i asylmottak, og til veiledning for au pairar

Løyvinga på posten skal dekke utgifter til ei tilskotsordning til aktivitetstilbud for barn i mottak og utgifter til tilskot til informasjons- og rettleiingstiltak for au pairar.

Formålet med tilskot til aktivitetstilbud er å bidra til at barna får ein meningsfull kvardag og ein så normalisert barndom som mogleg innanfor rammene av eit asylmottak. UDI lyser ut og forvaltar tilskotsordninga innanfor rammene av forskrift om tilskot til aktivitetstilbud for barn i asylmottak. Tiltaka har bidratt til at barn i mottak har fått fleire moglegheiter til å vere med på sportslege og kulturelle aktivitetar. Sjå nettsidene til UDI for utdjupande opplysningar om tilskotsmottakarane.

Heile løyvinga på 3,2 mill. kroner til rettleiing for au pairar vart brukt i 2020. Det vart utbetalt 4,8 mill. kroner i tilskot til aktivitetar for barn i asylmottak i 2020. Regjeringa foreslår å vidareføre løyvinga til tilskotsordninga på 5,2 mill. kroner.

Regjeringa foreslår vidare å løyve 3,3 mill. kroner til tilskot til informasjons- og rettleiingstiltak til au pairar i 2022.

Delar av utgiftene som er knytte til tilskot til aktivitetstilbod på kap. 490, post 71, kan utgiftsførast som ODA-godkjende utgifter og inntektsførast på kap. 3490, post 04, jf. nærmare omtale under kap. 3490, post 04.

Regjeringa foreslår ei løyving på posten på 8,7 mill. kroner.

Post 72 Assistert retur og reintegrering i hjemlandet

Formålet med posten er å bidra til:

- at personar med endeleg avslag på søknad om vern og andre personar utan lovleg opphald i Noreg returnerer til heimlandet
- at flyktingar kan vende tilbake til heimlandet når det er trygt

Desse tilskotsordningane til enkeltpersonar blir finansierte over denne posten:

Tabell 2.13 Returar og rekneskapstal per ordning, 20201

	Rekneskap 2020 (i 1 000 kroner)	Talet på returar og tilbakevendingar
Voluntary Assisted Return Programme («VARP») – avtale med International Organization for Migration (IOM)	12 057	109
Returførebuande utgifter for personar i mottak	93	
Assistert retur med politiet, reintegreringstilskot	118	16
Landprogram, assistert retur, Somalia	1 036	16
Landprogram, retur, Marokko	121	2
Landprogram, retur, Afghanistan	3 301	3
Verifiseringsavtale, Afghanistan	5	–
Tilbakevending, reintegreringstilskot	189	11
Totalt	16 920	

Løyvinga skal òg dekke utgifter til ei tilskotsordning til organisasjonar for at dei skal bidra med informasjons- og motiveringsarbeid som kan få personar som er busette utanfor mottak, til å returnere til heimlandet. UDI inngår hovudsakleg

- reisetilskot ved assistert retur
- reintegreringstilskot ved assistert retur
- reintegreringstilskot til særleg sårbare grupper og einslege mindreårige
- reintegreringstilskot til utlendingar som er særleg kostnadskevjangende for samfunnet
- reintegreringstilskot for personar som blir tvangsreturnerte til land UDI har eit eige returprogram for
- tilbakevendingstilskot for personar med opphaldsløyve

Justis- og beredskapsdepartementet forskriftsfesta i 2020 ordninga med tilskot til assistert retur. Forskrifta har reglar om reisetilskot og reintegreringstilskot for personar som vel assistert retur, og reintegreringstilskot ved tvangsretur av utlendingar som anten er særleg kostnadskevjangende for samfunnet eller blir returnerte til land UDI har eit særskilt returprogram for. I 2020 vart det gjennomført 127 assisterte returar, og 11 personar fekk tilbakevendingstilskot.

Tabellen under viser talet på returar innanfor kvar ordning og summen som vart brukt til desse ordningane i 2020. Éin retur kan ha fått tilskot frå fleire ordningar.

fleirårige avtalar med ulike organisasjonar, i tillegg lyser UDI ut midlar og forvaltar tilskotsordninga innanfor rammene av *forskrift om tilskudd til tiltak for å nå personer uten lovlig opphold i Norge med informasjon om assistert retur*. Søknadss-

kjema og informasjon om dei finst på nettsidene til UDI. Som ein del av nødvendige prioriteringar i budsjettet for 2022 blir det foreslått å redusere tilskota med 1 mill. kroner samanlikna med saldert budsjett 2021.

Tabell 2.14 Organisasjonar UDI har inngått avtalar med i 2020

Namn	Beløp
NOAS (Norsk organisasjon for asylsøkere)	1 500 000
Caritas	1 300 000
NOMKUS (Norges multi-kulturelle senter)	1 100 000
Pireus	1 475 000
Totalt	5 375 000

For å styrke arbeidet med retur ved ambassaden i Islamabad blir det foreslått å flytte 200 000 kroner til Utanriksdepartementet, sjå òg omtale under kap. 100, post 01 i Prop. 1 S (2021—2022) for Utanriksdepartementet.

Det blir foreslått å flytte 22 mill. kroner frå posten til kap. 490, ny post 76, knytte til tilskot til og tiltak som bidrar til at migrasjon går for seg på ein velordna, trygg og regulert måte, sjå omtalen under kap. 490, post 76.

Delar av utgiftene på kap. 490, post 72, kan bli førte som ODA-godkjende utgifter og bli førte som inntekter på kap. 3490, post 01, jf. nærmare omtale under kap. 3490, post 01.

I budsjettforslaget er det teke utgangspunkt i at det vil bli 220 assisterte returar i 2022.

Regjeringa foreslår ei løyving på posten på 29,3 mill. kroner.

Post 73 Beskyttelse av flyktningar utanfor Noreg m.m., støttetiltak, kan nyttas under kap. 291, post 60

Formålet med posten er å finansiere støtte til arbeidet som FN sin høgkommissær for flyktningar (UNHCR), International Organization for Migration (IOM) og ev. andre organisasjonar gjer med overføring av flyktningar. Dersom midlar på posten ikkje blir brukte til slik støtte, vil dei bli brukte til å overføre flyktningar til Noreg. Løyvinga bidrar til å auke kapasiteten organisasjonane har til å arbeide med overføringssaker med tanke på både kvantitet og kvalitet. Tilskot blir gitt direkte frå departementet utan utlysing.

I 2020 vart det løyvd 17,7 mill. kroner på posten. Det vart rekneskapsført 12,3 mill. kroner, noko som gav eit underforbruk på 5,4 mill. kroner. Det meste av løyvinga vart overført til UNHCR. Av løyvinga vart 8,9 mill. kroner løyvde til UNHCR og IOM sitt operative arbeid, bl.a. knytt til gjennomføring av norske uttakskommissjonar. Uttakskommissjonar inneber at UDI, IMDi, PU og i nokre høve PST reiser til vertsland og intervjuar flyktningane som er aktuelle for overføring til Noreg. Som følgje av virusutbrotet vart arbeidet forseinka, og det er rekneskapsført 3,5 mill. kroner til det operative arbeidet. I tråd med løyvinga gjekk det 8,8 mill. kroner til UNHCR for bruk av personell frå samarbeidsorganisasjonane International Catholic Migration Commission, RefugePoint, Dansk Flygtningehjælp og International Refugee Assistance Project. Dette personellet inngår i ei ordning for utplassering i land der UNHCR har behov for styrking av kapasiteten.

Regjeringa foreslår å vidareføre ein kvote på 3 000 plassar i 2022. På bakgrunn av virusutbrotet er det venta at uttak og tilkomst av overføringsflyktningar til Noreg i 2021 vil bli forseinka. Regjeringa foreslår å overføre dei ubrukne plassane på kvoten i 2021 til 2022. På bakgrunn av dette blir det foreslått å auke løyvinga på posten med 9,6 mill. kroner samanlikna med saldert budsjett 2021. På grunn av evakuering av personar og planlagt uttak av fleire personar frå Afghanistan er det uvisse knytt til bruken av kvoteplassar i 2021. Sjå òg omtale under kap. 490 og kap. 490, post 01 og post 75.

Utgiftene på kap. 490, post 73, kan bli førte som ODA-godkjende utgifter og bli førte som inntekter på kap. 3490, post 06, jf. nærmare omtale under kap. 3490, post 06.

Regjeringa foreslår ei løyving på posten på 28,1 mill. kroner.

Post 74 Internasjonale forpliktelser, kontingenter mv., kan overføres

Løyvinga under posten dekkjer utgifter knytte til internasjonale forpliktingar på migrasjonsområdet, medrekna bl.a. EUs organ for samarbeid på asylfeltet, IKT-systemet VIS, som er eit system for grensekontroll som Noreg er forplikta til å ta i bruk som følgje av at vi deltek i Schengen-samarbeidet, og Eurodac, som er eit biometrisystem for asylsøkarar.

Det blir foreslått å redusere løyvinga på posten med 5,8 mill. kroner. Noreg si innbetaling blir rekna basert på Noreg sin del av BNP for alle delt-

akarlånda, og Noreg sin del av BNP er venta å bli lågare enn det som er lagt til grunn for saldert budsjett 2021.

Regjeringa foreslår ei løyving på posten på 49,6 mill. kroner.

Post 75 Reiseutgifter for flyktninger til og fra utlandet, kan overføres

Løyvinga dekker reiseutgifter for overføringsflyktningar og ev. anna byrdedeling og reiseutgifter for flyktningar som vender tilbake til heimlandet sitt. Løyvinga dekker òg utgifter i samband med mottak av overføringsflyktningar.

Løyvinga på posten varierer med talet på personer som kjem som overføringsflyktningar og ev. anna byrdedeling.

Det er lagt til grunn for løyvingsforslaget på posten at det vil komme 4 200 overføringsflyktningar til Noreg i 2022. Årsaka til auken samanlikna med 2021 er at ein del av flyktningane frå kvoten i 2021 vil ha forseinka innkomst pga. virusutbrotet, slik at dei kjem i 2022 i staden for i 2021. På grunn av evakuering av personar og planlagt uttak av fleire personar frå Afghanistan er det uvisse knytt til kor mange som kjem i 2021 og i 2022. Sjå òg omtale under kap. 490 og kap. 490, post 01 og post 73.

Delar av utgiftene på kap. 490, post 75, kan utgiftsførast som ODA-godkjende utgifter og inntektsførast på kap. 3490, post 03, jf. nærmare omtale under kap. 3490, post 03.

Regjeringa foreslår ei løyving på posten på 39,6 mill. kroner.

Post 76 Internasjonalt migrasjonsarbeid, kan overføres

Formålet med posten er å bidra til at migrasjon går for seg på ein velordna, trygg og regulert måte, og at det blir mindre irregulær migrasjon frå enkelte land og regionar.

Det blir foreslått å flytte 22 mill. kroner frå kap. 490, post 72, slik at tilskot til internasjonalt retursamarbeid blir ført på ein eigen post.

Posten skal bli brukt til tilskot til prosjekt som støttar opp om dialog og forhandlingar med viktige opphavs- og transitland og om velordna, trygg migrasjon. Det kan bli gitt prosjekttilskot til tiltak som styrker retursamarbeid generelt eller migrasjonsforvaltninga spesielt i land Noreg prioriterer for retur- og reintegreringsprogram i regi av IOM til retur frå transitland til opphavsland. Justis- og beredskapsdepartementet tildelte 28,3 mill. kroner i tilskot til slike prosjekt i 2020. Det vart i 2020 gitt tilskot bl.a. til styrking av migrasjonsforvaltninga i Somalia, til retur- og reintegreringsprogram i Afghanistan, Algerie, Marokko og Tyrkia, til opplæring av styresmakter i Djibouti for å drive eit senter for migrantar og til eit informasjonsprosjekt retta mot flyktningar og migrantar i Aust-Afrika om farane knytte til irregulær migrasjon. Tilskot blir gitt direkte frå departementet utan utlysing.

Delar av utgiftene på kap. 490, post 76, kan bli førte som ODA-godkjende utgifter og bli førte som inntekter på kap. 3490, post 08, jf. nærmare omtale under kap. 3490, post 08.

Samla blir det foreslått å løyve 22 mill. kroner på posten.

Kap. 3490 Utlendingsdirektoratet

(i 1 000 kr)

Post	Betegnelse	Regnskap 2020	Saldert budsjett 2021	Forslag 2022
01	Assistert retur fra Norge for asylsøkere med avslag, ODA-godkjente utgifter	1 081	1 170	3 566
03	Reiseutgifter for flyktninger til og fra utlandet, ODA-godkjente utgifter	43 442	49 924	63 322
04	Asylmottak, ODA-godkjente utgifter	244 529	264 656	254 042

(i 1 000 kr)

Post	Betegnelse	Regnskap 2020	Saldert budsjett 2021	Forslag 2022
05	Refusjonsinntekter	6 417	4 616	2 600
06	Beskyttelse til flyktninger utenfor Norge mv., ODA-godkjente utgifter	17 693	22 624	30 410
07	Tolk og oversettelse, ODA-godkjente utgifter	8 971	13 191	17 986
08	Internasjonalt migrasjonsarbeid og reintegring i hjemlandet, ODA-godkjente utgifter	33 494	26 783	26 600
	Sum kap. 3490	355 627	382 964	398 526

Innleiing

Visse utgifter under kap. 490 Utlendingsdirektoratet (UDI) kan godkjennast som offisiell utviklingshjelp (Official Development Assistance, «ODA») og inntektsførast under kap. 3490. Desse utgiftene blir altså rekna som ein del av bistandsbudsjettet til Noreg. Under følgjer ei oversikt over dei ulike postane og delane av verksemda til UDI som kan reknast som utviklingshjelp, i tillegg til ein omtale av post 05, som består av refusjonsinntekter UDI tek imot.

Etter OECD/DAC (Development Assistance Committee) sine retningslinjer kan visse utgifter knytte til både opphald i Noreg og tilbakevending til heimlandet for flyktningar klassifiserast som offisiell internasjonal bistand (ODA). Kva for utgifter som skal reknast som bistand, er regulert i retningslinjene til OECD. På bakgrunn av nye presiseringar frå OECD gjer Noreg frå og med 2019 fleire endringar i rapporteringa, jf. Prop. 1 S (2018–2019) for Justis- og beredskapsdepartementet og for Utanriksdepartementet. Den nye praksisen er lagd til grunn for berekninga av løyvingforslaga for 2022.

Post 01 Assistert retur fra Norge for asylsøkere med avslag, ODA-godkjente utgifter

Utgifter til tilrettelegging for at flyktningar skal kunne vende tilbake til heimlandet, og utgifter til at personar med avslag på asylsøknad skal kunne returnere, kan i tråd med statistikkdirektiva til OECD/DAC godkjennast som offisiell internasjonal bistand. Regjeringa foreslår at deler av utgiftene på kap. 490, post 01 og 72, blir rapporterte inn som bistand. I samband med dette foreslår regjeringa å inntektsføre 3,6 mill. kroner på kap. 3490, post 01, i 2022.

Post 03 Reiseutgifter for flyktninger til og fra utlandet, ODA-godkjente utgifter

Reiseutgifter til og frå utlandet for flyktningar kan i tråd med statistikkdirektiva til OECD/DAC godkjennast som offisiell bistand. Regjeringa foreslår at 23,8 mill. kroner av utgiftene på kap. 490, post 01 og alle utgiftene på post 75, knytte til reiser og administrative tenester i samband med at flyktningar reiser, blir rapporterte som bistand. I samband med dette foreslår regjeringa å inntektsføre 63,3 mill. kroner på kap. 3490, post 03, i 2022.

Post 04 Asylmottak, ODA-godkjente utgifter

Visse innanlandske utgifter knytte til mottak av asylsøkarar og flyktningar kan i tråd med statistikkdirektiva til OECD/DAC godkjennast som offisiell bistand. Regjeringa foreslår at delar av utgiftene på kap. 490, post 21, post 60, post 70 og post 71, blir rapporterte som bistand. I samband med dette foreslår regjeringa å inntektsføre 254 mill. kroner på kap. 3490, post 04, i 2022.

Post 05 Refusjonsinntekter

Posten består av refusjon for deltaking i europeiske samarbeidsprosjekter og andre refusjonar. På bakgrunn av erfaringstal blir det foreslått å løyve 2,6 mill. kroner i 2022. Det blir foreslått at løyvinga på kap. 490, post 01, kan overskridast mot tilsvarende meirinntekter under kap. 3490, post 05, jf. forslag til vedtak.

Post 06 Beskyttelse av flyktninger utenfor Norge mv., ODA-godkjente utgifter

Utgifter knytte til overføring av flyktningar kan i tråd med statistikkdirektiva til OECD/DAC godkjennast som offisiell bistand. Regjeringa foreslår

at relevante utgifter på kapp. 490, post 01 og post 73, blir rapporterte inn som bistand. I samband med dette foreslår regjeringa å inntektsføre 30,4 mill. kroner på kap. 3490, post 06, i 2022.

Post 07 Tolk og oversettelse, ODA-godkjente utgifter

Utgifter til tolk, omsetjing og informasjon i samband med asylsøkarprosessen kan ifølgje statistikkdirektiva til OECD/DAC godkjennast som offisiell bistand. Det blir foreslått at utgiftene på kap. 490, post 22, blir rapporterte som bistand. I samband med dette blir det foreslått å inntektsføre 18 mill. kroner på kap. 3490, post 07, i 2022.

Post 08 Internasjonalt migrasjonsarbeid og re integrering i hjemlandet, ODA-godkjente utgifter

Utgifter knytte til reintegrering av personar som blir returnerte til opphavslandet eller til eit tredjeland, og tiltak som bidrar til samarbeid om retur, returavtalar, oppbygging av migrasjonsforvaltninga i sentrale opphavs- og/eller transitland og velordna migrasjon, kan godkjennast som offisiell internasjonal bistand ifølgje statistikkdirektiva til OECD/DAC. Regjeringa foreslår at relevante utgifter under kap. 490, post 72 og post 76, blir rapporterte inn som bistand. I samband med dette foreslår regjeringa å inntektsføre 26,6 mill. kroner på kap. 3490, post 08, i 2022.

Kap. 491 Utlendingsnemnda

		(i 1 000 kr)		
Post	Betegnelse	Regnskap 2020	Saldert budsjett 2021	Forslag 2022
01	Driftsutgifter, <i>kan nyttas under post 21</i>	249 986	278 275	269 737
21	Spesielle driftsutgifter, nemndbehandling, <i>kan nyttas under post 1</i>	5 072	15 881	13 154
Sum kap. 0491		255 058	294 156	282 891

Innleiing

Som klageinstans har Utlendingsnemnda (UNE) til hovudoppgåve å etterprøve vedtak som er gjorde i første instans, og som blir klaga på. UNE fungerer som eit uavhengig forvaltningsorgan når dei gjer vedtak i klagesaker. UNE vurderer både saker om vern og andre saker om opphald etter utlendingslova, i tillegg til saker om statsborgarskap. UNE saksbehandlar òg krav om omgjerung av eigne vedtak. UNE har ei eiga prosedyreeining som prosederer ein del av UNE sine saker i rettsystemet i samarbeid med Regjeringsadvokaten. Gjennom systematisk og grundig etterprøving av vurderingane som er gjorde i første instans, bidrar UNE til å vareta rettstryggleiken på utlendingsfeltet. Saker med tvilsspørsmål som er utslagsgevendende for utfallet blir avgjort i nemndmøte, som oftast med fram møte av klagaren. Nemndleiarar og nemndmedlemmer har sjølvstendig avgjerdsmyndigheit slik som dommarar i domstolane.

Budsjett 2022

Departementet foreslår å setje utgiftsramma for UNE til 282,9 mill. kroner i 2022. Dette er 3,8 pst. lågare enn saldert budsjett 2021. Sjå nærmare omtale under dei enkelte postane.

Behandling av klagar og omgjeringsoppmodingar

Talet på innkomne saker hos UNE vil variere både med talet på asylsøkarar og søknader om ulike løyve, og med utfalla i vedtaka hos UDI. UNE tok samla i mot om lag 5 600 saker i 2020, om lag 1 400 færre enn i 2019. Om lag ein fjerdedel av sakene var omgjeringsoppmodingar. Det har vore ein vedvarande nedgang i innkomne saker til UNE sidan 2016, då UNE tok imot nærmare 17 000 saker. Nedgangen har vore særleg stor for asylsaker.


For å tilpasse verksemda til ein lågare saksinnang nedbemanna UNE med 24 pst. frå 2018 til 2020. Som følgje av dette har lønnsutgifter, husleigeutgifter og ein del andre driftsutgifter blitt redu-

serte dei siste åra. UNE reduserte bl.a. arealet på kontorlokala sine vesentleg i 2020.

Gjennomsnittleg saksbehandlingstid for alle saker auka frå 2019 til 2020, og var i 2020 på 130 dagar. Auka saksbehandlingstid heng bl.a. saman med talet på innkomne saker, samansetninga av porteføljen, lågare produktivitet som følgje av virusutbrotet og endringar i verksemda.

UNE har dei siste åra behandla fleire asylsaker enn det som har komme inn, og talet på ubehandla asylsaker i UNE har derfor gått ned. Sam-


stundes har gjennomsnittleg saksbehandlingstid i asylsakene gått opp sidan fjoråret, frå 122 dagar i 2019 til 140 dagar i 2020. Saksbehandlinga i UNE vart i 2020 òg påverka av virusutbrotet, bl.a. Dublin-saker som ikkje kunne bli behandla og fekk utsett iverksetjing. I 2020 har dessutan virusutbrotet ført til utsetjingar av nemndmøte, sjå under postomtalen. Den gjennomsnittlege saksbehandlingstida for nemndmøtesaker gjekk derfor opp med om lag ein måned frå 2019 til 2020.



Figur 2.30 Tal på saker og gjennomsnittleg saksbehandlingstid i asylsaker 2014–juni 2021.

Kjelde: UNE

Talet på innkomne opphaldssaker er òg lågare i 2020 enn i 2019. Samstundes har både talet på ubehandla saker og saksbehandlingstida auka.



Figur 2.31 Tal på saker og gjennomsnittleg saksbehandlingstid i saker om opphald 2014–juni 2021.

Kjelde: UNE

UNE behandla til saman 5 285 saker i 2020, som var 1 254 færre enn i 2019. Per første halvår 2021 hadde UNE behandla 2 368 saker, og med ei pågåande styrking av sekretariatet er det forventa at saksavviklinga samla for året kan bli omtrent på same nivå som i 2020. For 2022 er det forventa ei auking i talet på behandla saker samanlikna med 2020 og 2021.

Når UNE stadfestar eit avslag frå UDI, er dette eit endeleg avslag. Det er då mogleg å saksøke staten ved UNE med påstand om at domstolen skal kjenne vedtaket frå UNE ugyldig. UNE var 261 dagar i retten i 2020, mot 360 i 2019. Nedgangen har truleg samanheng med at det i 2020 var fleire rettssaker som vart forskyvde eller stansa som følgje av virusutbrotet. Staten ved UNE tok imot 81 rettskraftige dommar i 2020. Staten fekk medhald i 60 av sakene, som utgjer 74 pst.

Regjeringa har fremma forslag om enkelte endringar i handsaminga av klager i UNE som vil styrke rettstryggleiken for dei som klagar. Fleire av endringane tek særleg sikte på å styrke rettstryggleiken for barn. Dette kjem i tillegg til at regjeringa har gjort endringar i utlendingsforskrifta som styrker retten til personleg oppmøte og til å føre vitne under nemndmøte i utlendingsnemnda i asylsaker der truverdet ved ei konvertering blir vurdert.

Post 01 Driftsutgifter, kan nyttes under kap. 491, post 21

Løyvinga på posten skal dekke utgifter til drift av UNE. I det første halvåret av 2021 var utførte månadsverk i UNE i gjennomsnitt 182,6 årsverk.

Det blir foreslått å redusere løyvinga med 8,5 mill. kroner.

Det blir foreslått å auke løyvinga til UNE med 1,2 mill. kroner knytte til å implementere nye IKT-system for grense- og migrasjonskontroll mellom Schengenlanda, jf. nærmare omtale under kap. 490, post 45 og del I.

Vidare blir det foreslått å redusere løyvinga med 2,6 mill. kroner som følgje av at forventa pensjonspremie til Statens pensjonskasse, inklusive arbeidsgjevaravgift av dette, tilsvarande blir redusert, jf. nærmare omtale under Del III, punkt 8.

Det blir foreslått å redusere løyvinga med ytterlegare 9,6 mill. kroner knytte til færre saker om tilbakekall av statsborgarskap. Løyvinga på posten vart auka med 10,6 mill. kroner til dette arbeidet i 2021 på bakgrunn av ein lovproposisjon om tilbakekall av statsborgarskap pga. urette opplysningar m.m. Sjå nærmare omtale under kap. 490, post 01.

Det er òg endringar som følgje av tidlegare budsjettvedtak og tekniske endringar på posten som ikkje omtalast nærmare.

Det blir foreslått at Justis- og beredskapsdepartementet får fullmakt til å overskride løyvinga på kap. 491, post 01, mot tilsvarande meirinntekter på kap. 3491, post 01, jf. forslag til vedtak.

Samla foreslår regjeringa ei løyving på posten på 269,7 mill. kroner.

Post 21 Spesielle driftsutgifter, nemndbehandling, kan nyttas under kap. 491, post 01

Løyvinga på posten skal dekke utgifter i samband med avvikling av nemndmøte. Det er den enkelte nemndleiaren som, ut frå regelverket, avgjer om det skal setjast nemnd i den enkelte saka. Nemndutgiftene omfattar bl.a. godtgjersle for reise og opphald for nemndmedlemmer og tolkar i tillegg til reise- og opphaldsutgifter for advokatar og klag-arar. Det blir foreslått å redusere løyvinga med 2,7 mill. kroner. Dette er knytte til færre saker om

tilbakekall av statsborgarskap, sjå òg omtale under kap. 491, post 01.

UNE utsette nemndmøtebehandling i om lag tre månader etter virusutbrotet våren 2020. I mai 2020 vart det vedteke mellombelse endringar i utlendingslova for å avhjelpe konsekvensar av smitteutbrotet. Desse gjorde bl.a. at det vart mog-leg for UNE å halde fjernmøte. Den mellombelse lovendringa gjeld fram til 1. desember 2021.

Posten skal òg dekke sakskostnadene til klag-aren ut frå forvaltningslova § 36 og i tillegg reise- og opphaldsutgifter for sakføraren i samband med tvunge verneting for utlendingssaker.

Samla foreslår regjeringa ei løyving på posten på 13,2 mill. kroner.

Del III
Særlege tema

3 Fornye, forbedre og forenkle

3.1 Innleiing

Justis- og beredskapsdepartementet jobbar kontinuerleg med tiltak som vil forenkle, modernisere og betre gjennomføringskrafta i sektoren. I dette kapitlet presenterer vi dei mest sentrale tiltaka som er planlagde, starta opp eller gjennomførte. I tillegg er det mykje kontinuerleg arbeid og småskalatilak i departementet og i sektoren som ein del av utviklinga av den ordinære verksemda.

3.2 Direktoratet for samfunnstryggleik og beredskap

3.2.1 Nødmeldingssentralar

Nasjonalt nødmeldingsprosjekt dokumenterte i 2014 at det er lønnsamt å redusere talet på sentralar i kvar etat og i størst mogleg grad lokalisere dei saman. Felles geografiske verkeområde har praktiske og beredskapsmessige fordelar og vil kunne leggje til rette for meir effektiv handtering av hendingar og færre feil og mistydingar i samvirket mellom etatane. Fleire av operasjonssentralane i politiet og 110-sentralane i brannvesenet er derfor i ferd med å bli lokaliserte vegg i vegg i dei nye politidistrikta, som har samanfallande geografiske grenser med 110-regionane. Det blir òg lagt til rette for at AMK-sentralane til helsetenestene kan bli plasserte på same stad på eit seinare tidspunkt, dersom dei sjølv ønskjer det. Det er gjennomført samlokaliseringar mellom politi og brannvesen i politidistrikta Innlandet, Møre og Romsdal, Øst, Sør Øst, Nordland og Finnmark. AMK-sentralane er samlokaliserte i Nordland og Finnmark og det er prosessar for å leggje til rette for samlokalisering i Tromsø. Direktoratet for samfunnstryggleik og beredskap (DSB) skal i samarbeid med Politidirektoratet utarbeide ein plan for samlokalisering i dei attståande regionane/politidistrikta.

3.3 Kriminalomsorga

3.3.1 Nytt fengsel i Agder

Nye Agder fengsel opna medio 2020 og er det største fengselet i landet med høgt tryggningsnivå for menn. Fengselet har totalt 300 nye plassar, fordelt med 100 plassar i Mandal og 200 plassar i Froland. Det nye fengselet markerer eit viktig løft for norsk kriminalomsorg. Moderne fengselsbygg gir betre forhold for både dei innsette og dei tilsette, og dei legg til rette for eit godt innhald i soninga.

Utbygging av kapasitet i kriminalomsorga blir gjort gjennom gjenbruk av einsarta løysingar. Kriminalomsorga og Statsbygg utvikla i 2015 ein modell for fengselsbygg, kalla Modell 2015. Denne modellen for fengselsbygg vart først nytta ved utbygginga av Ullersmo og Eidsberg fengsel. Det er òg denne modellen som ligg til grunn for utbygginga i Agder.

Standardiseringa av fengselsbygg medverkar til meir tids- og kostnadseffektive planleggings- og byggjeprossar og ein meir kostnadseffektiv drift.

3.4 Politiet

3.4.1 Digitalisering i politiet

Digitalisering er ein nøkkelfaktor for at politiet skal klare å effektivisere tenestene og styrke kontakten med befolkninga. Digitalisering i politiet er å bruke informasjonsteknologi til å fornye, forenkle og forbedre tenester gjennom arbeidsprossar og metodar og digitale innbyggjartenester. Politiet skal tilby nye og betre tenester som er enkle å bruke, effektive og pålitelege, og setje innbyggjarane i sentrum. For mange er den føretrekte plattformen for kontakt med politiet i dag digital, som sjølvbeteningsløysingar på politiet.no eller kommunikasjon på sosiale medium. Politidirektoratet har i 2020 sluttført ein kanalstrategi som beskriv korleis politiet skal møte behova til befolkninga i framtida, i samspel mellom digitale og andre kanalar. Strategien skal i tillegg bidra til å forbedre, forenkle og fornye prosessar som i dag

er kostnadsdrivande og mindre effektive. Strategien følger opp digitaliseringsstrategien til regjeringa, digitaliseringsrundskrivet og prinsippa i Meld. St. 30 (2019–2020) *En innovativ offentlig sektor – Kultur, ledelse og kompetanse*.

I 2020 prioriterte politiet å utvikle fleire digitale publikumstenester. I 2020 vart det sendt inn 54 082 meldingar digitalt, ei auke på 32 pst. samanlikna med 2019.

Politiet skal leggje til rette for auka verdiskaping og innovasjon slik at produktiviteten aukar. Digitalisering handlar om å endre arbeidsprosessar for å oppnå kostnadseffektivitet og på sikt frigjere ressursar. Det dreier seg òg om å endre organisering og kultur for å realisere potensielle gevinstar, som vil bidra til å avdekke meir kriminalitet, styrke beredskapen og effektivisere etterforskinga.

Digitalisering aukar behovet for utvikling av nye arbeidsmetodar, system og kompetanse i politiet. Digitalt politiarbeid er derfor eit av fem prioriterte område i politiet sin kompetanse- og kunnskapsstrategi 2021–2025.

3.5 Domstolane

3.5.1 Digitalisering av domstolane

Brukarane av domstolane forventar at domstolane nyttiggjer seg av digitale verktøy, og at dei tilbyr brukarvennlege digitale tenester på lik linje med andre offentlege verksemdar. Satsinga på å modernisere domstolane har over dei seinare åra vore betydeleg, og domstolane tek del i det digitale skiftet.

Moderniseringa av domstolane skjer ved å etablere løysingar som gjer det mogleg å halde papirlause rettsmøte, ved å investere i fjernmøteteknologi, ved å etablere løysingar for digital kommunikasjon mellom rettsaktørane og aktørane på straffesaksområdet, ved å investere i løysingar for lyd- og bileteopptak av rettsforhandlingar, ved å betre informasjonstryggleiken og ved regelverkendringar. Det å ta i bruk digitale løysingar i domstolane stiller nye krav til kompetanse hos brukarar og dei tilsette i domstolane. Det stiller òg særlege krav til personvern og informasjonstryggleik. I digitaliseringa av domstolane må det takast særleg omsyn til grunnleggjande verdiar som rettstrygging og sjølvstende.

Moderniseringa av domstolane vil føre til ei vesentleg effektivisering, bidra til å redusere saksbehandlingstida og halde oppe den høge saksbehandlingkvaliteten i domstolane.

3.6 Utlendingsforvaltninga

3.6.1 Modernisering av IT-løysingane til utlendingsforvaltninga

UDI arbeider med å stegvis modernisere og utfase eldre IT-løysingar. Dette skal bl.a. leggje til rette for effektivisering i forvaltninga og kortare ventetider for søkarane gjennom betre funksjonell støtte og automatisering av utlendingsforvaltninga si saksbehandling. UDI har i 2020 implementert ei løysing for automatisering i søknader om statsborgarskap. I mai i år vart 24 pst. av sakene som UDI fekk fullautomatiserte, medan i juni auka denne graden til 26 pst. UDI ligg godt an til å kunne automatisere om lag 30 pst. av sakene ved utgangen av året.

UDI arbeider i 2021 òg vidare med ei større restrukturering av persondata i grunnsystema sine, slik at informasjonen blir enklare tilgjengeleg for UDI og andre aktørar, og legg til rette for å auke automatisering av saksbehandling i framtida.

3.6.2 Meir effektiv innleiande asylsaksbehandling

UDI og PU er frå hausten 2020 samlokaliserte på Nasjonalt ankomstsenter. På senteret er det innført ein ny saksflyt for å effektivisere asylsaksbehandlinga i den innleiande tilkomstfasen. Etatane ventar at det skal vere mogleg å gjere vedtak i 70 pst. av alle nye asylsøknader innan tre veker etter at asylsøkarane kjem til Noreg, med unntak av sakene der etatane må innhente eller gjennomføre nødvendige undersøkingar. Sidan hausten 2020 og fram til juni 2021 har opp mot 50 pst. av asylsøkarar som har søkt etter at ny saksflyt vart innført, fått vedtak innan tre veker.

Kortare ventetid for asylsøkaren før førstegongsvedtak legg til rette for raskare og meir effektiv retur og integrering og kan òg bidra til å redusere utgifter til asylmottaka. Det er venta at den nye asylprosessen kan behandle inntil 300 asylsøkarar om dagen. Effektiviseringsgevinstane av den nye saksflyten avheng av talet på asylsøkarar, men det er venta at utgiftene til knytte til asylsøkarar i UDI og politiet vil bli redusert frå 2023.

3.6.3 Betre samhandling mellom utlendingsforvaltninga og det moderniserte Folkeregisteret

UDI og Skattedirektoratet har i 2020 innført automatisk tildeling av ID-nummer og fødselsnummer i Folkeregisteret ved registrering og innvilging av

opphald i saker etter utlendingslova. Ein greier no ut om korleis det skal registrerast ytterlegare opplysningar for om ID er kontrollert, ved at biometri er samanlikna mot ulike kjelder. Frå mars 2021 kan all biometri i utlendingsforvaltninga bli lagra,

henta ut og søkt opp i ein nasjonal database (ABIS). Løysinga fører til færre feilregistreringar og gjer det vanskeleg å ha fleire identitetar i Noreg.

4 FNs berekraftsmål – rapportering

FNs berekraftsmål nr. 10 og 16.

10: Mindre ulikskap: redusere ulikskap i og mellom land. 16: Fred, rettferd og velfungerende institusjonar: Fremme fredelege og inkluderande samfunn for å sikre berekraftig utvikling, sørgje for tilgang til rettsvern for alle og byggje velfungerande, ansvarlege og inkluderande institusjonar på alle nivå. Justis- og beredskapsdepartementet rapporterer under på relevante delmål.

4.1 Rapport om nasjonal og internasjonal innsats i 2020

10.7: Leggje til rette for migrasjon og mobilitet i ordnede, trygge, regulerte og ansvarlege former, mellom anna ved å føre en planmessig og godt forvalta migrasjonspolitik.

Noreg har ei velfungerende migrasjonsforvaltning. Denne arbeider fortløpande for ein tilpassa respons på utfordringer på migrasjonsfeltet.

Regjeringa støttar det pågåande arbeidet i EU med ei reform av ulike rettsakter som har som formål å førebyggje ukontrollerte sekundærrørsler og sikre jamnare fordeling av asylsøkarar i Europa. EU-landa diskuterer endringar i både Dublin-samarbeidet og andre typar asylsamarbeid, basert på Europakommisjonen sitt forslag til ny pakt om migrasjon og asyl som vart lagt fram 23. september 2020. Regjeringa vurderer det slik at det i utgangspunktet er i norsk interesse at EU-landa blir samde om ein permanent og bindande fordelingsmekanisme.

Regjeringa vil vidare halde fram med å hjelpe europeiske land som er utsette for eit særleg migrasjonspress. Gjennom EØS-midlane har Noreg bidratt til å styrke asyl- og migrasjonsforvaltninga i land som Hellas, Romania og Bulgaria. Vi viser til omtalen av EØS-midlane i Prop. 1 S (2021–2022) for Utanriksdepartementet. I tillegg støttar Noreg europeiske land, bl.a. ved å sende ut ekspertar gjennom EU sitt organ for samarbeid på asylfeltet og EU sin grensevaktstyrke (Frontex).

16.1: Oppnå ein betydeleg reduksjon i alle former for vald og i delen av valdsrelaterte dødsfall i heile verda

Nasjonalt: Drapsrata i Noreg ligg stabilt på rundt 0,5 drap per 100.000 innbyggjarar. I 2020 vart det gjort 31 drap i Noreg. Seks av offera var partner/eks-partnar, kjæraste eller tidlegare kjæraste til gjerningspersonen. Partnardrap har siste åra representert ein fjerdedel av alle drap i Noreg. Dei fleste drepne i denne gruppa er kvinner. Partnardrapsutvalet, i utgreiinga NOU 2020: *17 Varslede drap?*, fremmar ei rekkje anbefalingar som regjeringa følgjer opp, bl.a. gjennom den nye handlingsplanen for å førebyggje og motarbeide vald i nære relasjonar, *Frihet fra vold* (2021–2024). Planen vart lansert i august 2021. Ein permanent kommisjon vil bli sett ned for å avdekke om, i kva grad og på kva måte det har vore svikt i relevante styresmakter si handtering før desse drapa. I Noreg har vi sett ein generell nedgang i kriminaliteten over fleire år. Innbyggjarane opplever også at det er trygt å bu i Noreg. Fleire kvinner enn menn er urolege for vald eller truslar på bustaden. Vald og seksuallovbrot held fram med å vere ei betydeleg utfordring. Regjeringa sitt arbeid mot vald og overgrep er organisert ved fleire tverrdepartementale planar som dekker alle former for vald i nære relasjonar, inklusive vald og overgrep i parforhold, vald og overgrep mot barn og dessutan tvangsekteskap og kjønnslemlesting.

16.2: Stanse overgrep, utnytting, menneskehandel og alle former for vald mot og tortur av barn

Nasjonalt: Regjeringa sin strategi mot arbeidskriminalitet skal førebyggje menneskehandel innan arbeidslivet. Justis- og beredskapsdepartementet forvaltar ei tilskotsordning på prostitusjons- og menneskehandelsfeltet. Strategien prioriterer støtte til offer som har vore utnytta i ulike arbeidsforhold, og støtte til prosjekt som skal støtte offera. Hausten 2020 arrangerte Koordineringseininga for offer for menneskehandel ein konferanse om bl.a. utnytting av arbeidstakarar, rettar for dei som blir utnytta i gråsona, og om bistand til offera.

Internasjonalt: Noreg støttar arbeidet mot vald og overgrep mot barn gjennom Unicef og FNs spesialrepresentant for nedkjemping av vald mot barn. I 2020 vart arbeidet med å førebyggje og oppklare straffesaker om seksualrelatert krimina-

litet mot barn og unge styrkt med ein politiutsending ved ambassaden i Manila. Vern mot seksualisert og kjønnsbasert vald, spesielt mot kvinner og jenter, er høgt prioritert i Noregs humanitære strategi.

16.3: Fremme rettsstaten nasjonalt og internasjonalt og sikre lik tilgang til rettsvern for alle

Nasjonalt: I 2020 vart ein ny domstolsstruktur vedteken, og dette inneber at talet på rettskrinsar vart redusert våren 2021. Strukturendringa gir auka rettstrygging og sørger for eit betre og likare tenestetilbod i domstolane.

Rettshjelpsutvalet foreslår ei ny lov om støtte til rettshjelp i staden for den noverande ordninga med fri rettshjelp. Det inneber at fleire personar vil bli omfatta av ordninga, men med ein betydeleg bruk av eigendelar tilpassa betalingsevna til mottakaren. Utgreiinga vart levert våren 2020, har vore på høyring og er no til oppfølging i departementet.

Internasjonalt: Noreg samarbeider med aktørar i sivilt samfunn, som International Commission of Jurists, som fremmar rettstryggleik for menneskerettsforsvararar.

16.4 Innan 2030 oppnå ein betydeleg reduksjon av ulovlege finans- og våpenstraumar, gjere det enklare å spore opp og returnere stolne eigedelar og dessutan motarbeide alle former for organisert kriminalitet/16.5. Oppnå ein betydeleg reduksjon i alle former for korrupsjon og bestikkelingar.

Nasjonalt: Dei siste åra har det blitt lagt meir vekt på å hindre og kjempe mot ulovlege pengestraumar. Ny teknologi og nye betalingstenester gjer det vanskelegare å avdekke slik kriminalitet. Ei ny kvitvaskingslov tredde i kraft i 2018, og i 2019 kom nye bandleggingssreglar om å fryse midlar som blir mistenkte å skulle nyttast til terrorfinansiering. Ein ny nasjonal strategi om kamp mot kvitvasking, terrorfinansiering og finansiering av spreiging av masseødeleggingsvåpen vart vedteken av regjeringa i juni 2020. Eit ope og gjennom-siktig samfunn bidrar vesentleg til å førebyggje korrupsjon, og tiltak for å sikre openheit om kva fysiske personar som eig og/eller kontrollerer selskap er viktig i så måte. Lov og forskrift om register over reelle rettshavarar er vedtekne, og det blir arbeidd med å skipe registeret.

Sjølv om korrupsjon førekjem i Noreg, har han ikkje vore eit stort samfunnsproblem. Institusjonar sin integritet er verna ved offentleglova, forvaltningslova og spesiallover for dei enkelte institusjonane. Medvitngjering, transparens, nulltoleranse og straffetrussel kombinert med aktive tilsynsstyresmakter og effektiv rettshandheving er

viktige føresetnader for førebygging og kamp mot korrupsjon i Noreg.

Internasjonalt: Noreg arbeider i UNODC (FNs kontor mot narkotika og kriminalitet), FNs generalforsamling, FNs økonomiske og sosiale råd (ECOSOC), Financial Action Task Force (FATF), utviklingsbankane, OECD og andre forum for å førebyggje og nedkjempe skattesnyting, korrupsjon og ulovleg kapitalflyt. Finansiering for utvikling er hovudtema for Noregs presidentskap i ECOSOC 2019–2020. Saman med presidenten for FNs generalforsamling (Nigeria) etablerte ECOSOC-presidenten (Noreg) i mars 2020 FNs høgnivåpanel for finansielt ansvar, openheit og integritet (FACTI-panelet), som er forventa å levere en førebels rapport i september 2020 og endeleg rapport i første kvartal 2021. Med norsk støtte arrangerte UNODC eitt ekspertmøte om storskalakorrupsjon i Lima i 2018 og eitt i Oslo i 2019. Noreg deltok på det åttande storpartismøtet for FNs anti-korrupsjonskonvensjon (UNCAC) i 2019 og lukkast med å synleggjere Oslo-erklæringa om storskalakorrupsjon i fleire av resolusjonane som vart vedtekne. Noreg deltek i førebuingane til FNs spesialsesjon om korrupsjon 2021 (UNGASS21). Støtta til fagleg samarbeid for å nedkjempe korrupsjon og fremme godt styresett har auka.

16a: Styrke relevante nasjonale institusjonar, bl.a. gjennom internasjonalt samarbeid, med sikte på å byggje kapasitet på alle nivå, og særleg i utviklingsland, for å førebyggje vald og kjempe mot terrorisme og kriminalitet

Internasjonalt: Norsk politi og anna personell frå justissektoren deltek i internasjonale fredsoperasjonar i land som har behov for støtte til på ny å opprette ein normal samfunnsstruktur etter krig og konflikt. Norsk politi deltek for tida i FN-operasjonane i Sudan, Sør-Sudan, Mali og Colombia. Der bidrar dei til å byggje opp kapasitet i lokalt og nasjonalt politi og dessutan til å verne sivile. I Mali har Noreg ansvar for eit spesialisert polititeam som assisterer malisk politi med etterforskning av kriminalitet. Dette vil bidra til å styrke styresmaktene sin kamp mot organisert kriminalitet og terrorisme. I alle fredsprosessar der Noreg har ei formell rolle, støttar Noreg kvinner og sivil samfunnet si deltaking i samfunnet. I samsvar med gjeldande handlingsplan for kvinner, fred og tryggleik blir det arbeidd stadig meir systematisk med inkludering gjennom heile fredsengasjementet, i samarbeid med sivilsamfunn, styresmakter, FN og regionale organisasjonar. Alle humanitære partnerar Noreg samarbeider med involverer kvinner som har behov for humanitær hjelp i sitt arbeid. Vern mot seksualisert og kjønnsbasert vald, sær-

leg mot kvinner og jenter, er høgt prioritert i Noreg sin humanitære strategi. 1 mrd. kroner vil gå til våre humanitære partnerar i dette arbeidet i 2019–2021.

I 2014 vart det etablert eit formelt nordisk nettverk med føremål om å tryggje effektiv informasjonsutveksling og erfaringsbasert læring mellom dei nordiske land om førebygging av voldelig ekstremisme. Dette inkluderer utveksling av kunnskap om trendar, førebyggingsmetodar og målretta tiltak. Noreg vil halde fram med å bidra aktivt inn i nettverket. Handlingsplan mot radikalisering og valdeleg ekstremisme er i 2020 revidert med nye og justerte tiltak. Handlingsplanen inneheld bl.a. tiltak for styrking av nasjonale institusjo-

nar, som t.d. etablering av radikaliseringskontaktar i politidistrikta og i kriminalomsorga, og dessutan ein ny nasjonal rettleiarfunksjon ved dei regionale ressursentera om vald, traumatisk stress og sjølvmoordsførebygging. I den internasjonale innsatsen for førebygging og kamp mot valdeleg ekstremisme er inkludering ein gjennomgåande prioritet. I 2019 kunne halvparten av landinnsatsane rapportere om at kvinner faktisk deltok og hadde innverknad, og at kvinner sine rettar vart integrert i arbeidet. Noreg er engasjert for å bidra til at FN og regionale aktørar sine fredsoperasjonar inkluderer fleire kvinner og sikrar menn- og kvinner sine rettar.

5 Likestilling

Under følger ei omtale av og oversikt over arbeidet med likestilling i Justis- og beredskapsdepar-

tementet og dei underliggjande og tilknytte etatane. Vi viser òg til årsrapportane for etatane.

5.1 Justis- og beredskapsdepartementet

Tabell 5.1 Oversiktstabell for departementet

År	N	Kjønnsbalanse (pst.)		Kvinner si lønn i pst.	Deltid (pst.)	Legemeldt fråvær (pst.)		
		M	K	av menn si lønn		M	K	
2021	374	37	63	97,7	0,3	1,4	–	–
2020	377	37	63	99,4	0,7	3,0	0,5	4,2
2019	377	37	63	96,8	1,4	3,8	1,2	4,4
2018	440	39	61	96,0	1,7	3,0	1,8	3,8

Tala for 2021 er frå DFØ per 1. februar 2021.

Tabell 5.2 Fordeling av stillingar 2020 og 2021

	Februar 2020		Februar 2021	
	Kvinner	Menn	Kvinner	Menn
Dep.råd og eksp.sjef	3	7	3	7
Avdelingsdirektør	24	16	24	16
Direktør		3		1
Fagdirektør	23	14	26	17
Underdirektør	2	3	1	3
Spesialrådgivar	3	3	2	2
Lovrådgivar	14	3	14	5
Prosjektleiar	1	2	2	1
Utgreiingsleiar	17	2	21	3
Seniorrådgivar	104	62	94	52
Rådgivar	26	19	36	22
Seniorkonsulent	10	1	8	–
Førstekonsulent	6	9	6	9
Konsulent				
Sum	233	144	236	138

Talet inkluderer både tilsette lønte på kap. 400 og dei som er lønte over andre kapittel under Justis- og beredskapsdepartementet. Kjelde: DFØ per 1. februar 2020 og 2021.

Oversikta viser at delen av kvinner i departementet er stabil på 63 pst. i 2021 som i 2020. Delen kvinner i det høgaste leiarnivået er i 2021 uendra frå 2020. På det høgaste leiarnivået er kvinner underrepresenterte, med ein del på 3 mot 7 menn.

Departementet har fleire kvinner enn menn i saksbehandlarstillingar som seniorrådgivar og rådgivar. Det same gjeld for kategorien fagdirektør.

Tabell 5.3 Lønn (i 1 000 kroner)

	Februar 2020		Februar 2021	
	Kvinner	Menn	Kvinner	Menn
Dep.råd og eksp.sjef ¹	1 562	1 396	1 589	1 420
Avdelingsdirektør	1 011	997	1 025	991
Direktør		990		
Fagdirektør	808	817	809	836
Underdirektør	775	781	770	785
Spesialrådgivar	1 123	1 190	1 168	1 181
Lovrådgivar	880	910	896	861
Prosjektleiar	941	879	875	1 360
Utgreiingsleiar	725	785	728	850
Seniorrådgivar	675	688	668	704
Rådgivar	548	547	561	560
Seniorkonsulent	578	514	585	
Førstekonsulent	503	494	511	511

¹ Tala for 2021 inkluderer lønnsauken frå 1. januar 2021.
Kjelde: DFØ per 1. februar 2020 og 1. februar 2021

Skilnadene i lønn på toppleiarnivå er i nokon grad knytte til tyngda til stillinga, dvs. ansvar, omfang og kompleksitet jf. leiarlønnssystemet.

Justis- og beredskapsdepartementet er oppteke av å ha mest mogleg lik kjønnsbalanse i alle stillingar og lik lønn for samanliknbare stillingar.

Det er nokre fleire kvinner enn menn som arbeider deltid. Bruk av deltid er i stor grad knytt til omsorgspermisjonar. Det legemelde sjukefråværet er 2,7 pst. samla for kvinner og menn.

Ved tilsetjingar i ledige stillingar skal minst ein kvalifisert søkar med minoritetsbakgrunn, nedsett funksjonsevne og hol i CV-en kallast inn til intervju. Dette skal omtalast i innstillinga.

Justis- og beredskapsdepartementet hadde ein måloppnåing på to prosent for 2020 i den statlege inkluderingsdugnaden. Det er lågare enn det overordna målet på 5 pst., men ein auke frå 2019.

Justis- og beredskapsdepartementet samarbeider med representantane til dei tilsette i det løpande arbeidet med å fremme likestilling og hin-

dre diskriminering i departementet. Det er fastsett i lønnspolitikken til departementet at vi ikkje skal ha ugrunna skilnader i lønn.

Likestillingsperspektivet skal takast omsyn til både ved tilsetjingane og ved forhandlingane om lønn, og alle tilsette skal ha lik moglegheit for utvikling i lønn.

Ved gjennomføring av forhandlingane om lønn kartlegg departementet lønn bl.a. fordelt etter kjønn. Likestilling er vidare omtalt i tilpassingsavtalen til Hovudavtalen i staten.

I 2020 gjennomførte departementet ein ros-analyse på likestillings- og diskrimineringsfeltet i samarbeid med dei tilsette sine representantar, medrekna arbeidsmiljøutvalet.

På bakgrunn av analysen vart det avgjort tiltak i samarbeid med representantane. Samstundes oppdaterte vi varslingsrutinen i departementet.

Departementet gjennomfører årlege ros-analyser på HMT-området for å undersøke det fysiske

og psykososiale arbeidsmiljøet i verksemda, irekna risikoen for mobbing og trakassering.

Medarbeidarundersøkingar der også slike spørsmål blir tekne opp, blir gjennomførte jamleg.

Justis- og beredskapsdepartementet har utarbeidd ein samla handlingsplan for inkluderingsdugnaden som gjeld for departementet og justis-sektoren fram til og med 31. desember 2021. Pla-

nen består av ein overordna strategisk plan med tilhøyrande handlingsplanar for kvar enkelt verksemd.

Formålet med handlingsplanen er å gi inkluderingsdugnaden nødvendig merksemd i heile justis-sektoren, og dessutan tydeleg forankring og forplikting hos leiinga i departementet, og hos øvste leiing i verksemdene.

5.2 Domstoladministrasjonen

År	N	Kjønnsbalanse (pst.)		Lønna til kvinner i pst. av lønna til menn		Mellombelse stillingar (pst.)		Legemeldt fråvær (pst.)		
		M	K	M	K	M	K	M	K	
2020	2062	37,2	62,8	74,2	2,6	9,4	11,2	12,1	2	4,5
2019	2002	36,3	63,7	74,0	3,3	10,3	9	10	2,2	4,8
2018	2048	36,2	63,8	72,4	2,9	10,9	8,3	8,6	2,1	4,6
2017	2073	36,5	63,5	71,3	2,8	12,2	7,7	7,0	2,1	4,8

Per 31. desember 2020 var det 2 062 tilsette i domstolane. Dette svarte til 1 991 årsverk. Det er ei overvekt av kvinnelege tilsette i Domstoladministrasjonen og i domstolane. Dette kjem i hovudsak av at kvinner er overrepresenterte i saksbehandlarstillingar, som utgjer om lag halvparten av talet på medarbeidarar i domstolane. Utskiftinga i administrative stillingar i domstolane er låg. Endring i kjønnsfordelinga vil derfor ta tid, uavhengig av tiltak som blir sette i verk. Domstolane prioriterer balansert kjønnsfordeling i arbeidet med rekrutterings- og personalpolitikken. Bruken av deltidsstillingar er stabil og følgjer hovudsakleg av ønska til dei tilsette om redusert stilling i ein periode.

Bruken av mellombelse stillingar har auka i 2020. Det kjem av det pågåande omstillingsarbeidet i domstolane, der bl.a. oppgaver knytte til økonomi blir flytta frå dei enkelte domstolane til ei felles eining i Trondheim.

Det blir sett i verk tiltak for å betre situasjonen for medarbeidarar som av helseårsaker har behov for tilpassingar. Domstolane legg vekt på god seniorpolitikk. Det er få medarbeidarar med innvandrarbakgrunn i domstolane.

Lønnsskilnadene mellom kvinner og menn må sjåast i samanheng med at kvinner er overrepresenterte i saksbehandlarstillingar, og at menn er overrepresenterte i dommarstillingar, som er vesentleg høgare lønte.

5.3 Kriminalomsorgsdirektoratet (KDI)

År	N	Kjønnsbalanse (pst.)		Lønna til kvinner i pst. av lønna til menn		Mellombelse stillingar (pst.)		
		M	K	M	K	M	K	
2020	4 897	54	46	97	4	12	1	1
2019	4 935	55	45	98	4	11	1	1
2018	5 047	55	45	97	6	19	6	6

Kjelde: KDI

Når det gjeld talet på tilsette, omfattar dette òg aspirantar ved KRUS. Når det gjeld lønn, deltid og mellombelse stillingar, er aspirantar haldne utanfor.

Kjønnsfordelinga blant tilsette i kriminalomsorga var 46 pst. kvinner og 54 pst. menn i 2020. Delen kvinner i kriminalomsorga ligg stabilt. Det er fleire kvinner enn menn som arbeider deltid. Dei deltidstilsette utgjer om lag 7 pst. av dei tilsette. Delen tilsette i kortvarige stillingar auka i åra fram til 2015, men har gått ned dei siste åra. Den gjennomsnittlege månadslønna til kvinner utgjer om lag 97 pst. av lønna til menn. Kjønnsfordelinga blant aspirantar ved Høgskolen og utdanningssenteret for kriminalomsorga (KRUS) var 55 pst. menn og 45 pst. kvinner i 2020.

Kriminalomsorga har som mål å oppnå ein del av kvinner i leiarstillingar på minimum 40 pst. KDI, KRUS og tre av fem regionar oppnådde målet i 2020. Kriminalomsorga legg vekt på balansert kjønnsfordeling ved tilsetjingar. I 2020 utarbeidde Kriminalomsorgsdirektoratet ny rutine og nye rettleiingar for handtering av konflikthandlingar og trakkassering og nye etiske retningslinjer.

Kriminalomsorga har som mål å auke mangfaldet blant dei tilsette i etaten. I 2020 hadde om lag 8 pst. av aspirantane ved KRUS ein annan kultur- og språkkompetanse enn norsk og engelsk. Kriminalomsorgsdirektoratet har eit mål om at minst 10 pst. av aspirantane skal ha ein slik kompetanse.

5.4 Sekretariatet for konfliktråda (Sfk)

År	N	Kjønnsbalanse (pst.)		Lønna til kvinner i pst. av lønna til menn		Mellombelse stillingar (pst.)		Legemeldt fråvær (pst.)		
		M	K	M	K	M	K	M	K	
2020	143	29	71	99,0	4,8	3,0	11,9	9,9	3,1	7,3
2019	142	41	59	101,2	0	3,5	5,6	9,8	3,1	3,6
2018	128	29	71	102,6	0	11	27,0	15,0	8,2	2,9
2017	134	27	73	103,3	0	8,9	16,2	18	4,1	6,8
2016	131	31	69	96,3	0,8	7,6	4,7	4,4	1	3,8

Kjelde: Sfk

31. desember 2020 utgjorde bemanninga i konfliktrådet 138 årsverk, med 143 tilsette. Kvinner er overrepresenterte blant dei tilsette. Sekretariatet blir leidd av ein kvinneleg direktør. I leiargruppa til Sfk er det tre menn og to kvinner. Ved årsskiftet var ein konfliktrådsleiar under rekruttering, og det var derfor berre elleve konfliktrådsleiarar. Av desse var ni kvinner og to menn. Sfk har som mål å ha eit inkluderande arbeidsmiljø der medarbeidarane speglar mangfaldet i befolkninga med tanke på kjønn, funksjonsevne og etnisk bakgrunn. Dette blir spegla i stillingsannonseane til verksemda. Menn har blitt oppmoda om å søke ved nokre rekrutteringar for å fremme likestilling blant kjønna.

Som offentleg styresmakt arbeider konfliktrådet for at det skal vere god og lett tilgang til tenestene, for alle innbyggjarar uansett alder, etnisitet, bakgrunn og geografisk lokalisering. Dette blir bl.a. gjort gjennom mangfaldsrekruttering av meklarar, gjennom rettleiing og opplæring av meklarar og gjennom bevisst representativitet i kommunikasjonsmaterialet som verksemda lagar for brukarane. I det lønnspolitiske dokumentet for organisasjonen er det òg teke omsyn til likebehandling mellom kjønna, og det er etablert etiske retningslinjer som bidrar til å motarbeide diskriminering.

5.5 Politiet

År	N	Kjønnsbalanse (pst.)		Lønna til kvinner i pst. av lønna til menn			Mellombelse stillingar (pst.)		Legemeldt frávær (pst.)	
		M	K		M	K	M	K	M	K
2020	18 540	54	46	97	0,8	4,9	4,3	4,7	2,6	5,8
2019	17 758	54	46	96,7	1,0	5,5	1,8	2,4	2,6	5,8
2018	17 626	54	46	96,3	0,9	6,0	2,3	3,2	2,6	5,7
2017	17 242	54	46	96,1	0,9	7,6	3,5	4,3	2,6	5,8
2016	16 595	55	45	95,1	1	8,7	2,3	3,6	2,3	5,5

Tabellen omfattar Politidirektoratet og alle underliggjande einingar og er basert på data frå personal- og lønssystemet i etaten. Tala omfattar ikkje timelønne medarbeidarar, medarbeidarar på pensjonistvilkår, eksterne, medarbeidarar i permisjon utan lønn eller tilsette i Politiets tryggingsteneste (PST).

Kjønnsbalanse: prosent av tilsette som får lønn, inkludert medarbeidarar i foreldrepermisjonar (ikkje årsverk).

Lønn: berekna av gjennomsnittleg grunnlønn per måned for alle tilsette (eksklusiv faste tillegg). Lønn for deltidstilsette er omrekna tilsvarende 100-pst.-stilling.

Deltid: omfattar ikkje medarbeidarar i delvis omsorgspermisjon.

Mellombelse: Tala for tidlegare år er endra som følgje av at vikarar tidlegare var tekne med i berekningane. Ein del fast tilsette er mellombelse i ei anna stilling og kan vere koda som mellombelse.

Kvinner ligg noko under menn i gjennomsnittleg lønn, men det er ein liten nedgang i ulikskapen på 0,3 prosentpoeng frå 2019. Lønsskilnader kan bl.a. forklarast ut frå variablar som ansienitet og kjønnsfordeling over tid. Det er òg fleire menn i leiarstillingar. Fleire kvinner enn menn jobbar deltid. Noko av forklaringa kan liggje i at kvinner i større grad enn menn vel deltidsarbeid for å oppnå betre balanse mellom jobb og fritid i periodar av karrieren.

Opptaket til PHS i 2020 viste den høgaste delen av kvinnelege søkarar gjennom tidene, med 54,6 pst., opp frå 52,6 pst. i 2018. 51,1 pst. av dei som vart tekne opp, er kvinner. Det er venta at god kjønnsbalanse på Politihøgskolen vil bidra til fleire kvinnelege leiarar i etaten på sikt. For å få fleire kvinner til å satse på leiing er det viktig med gode rollemodellar. Delen kvinnelege toppleiarar i distrikta per 31. desember 2020 var 50 pst.

I den overordna planen for kjønnsbalanse i leiarstillingar er det sett mål om 30 pst. kvinnelege leiarar i politistillingar og 40 pst. kvinnelege leiarar totalt innan 2022. Alle distrikt og særorgan har utarbeidd eigne tiltak som blir følgde opp lokalt, for å nå målsettinga. Eit resultat av dette arbeidet er ein jamn auke av kvinner i leiarstillingar dei siste åra. Per 31. desember 2020 var delen kvinnelege leiarar totalt 37 pst., medan delen i politistillingar var 24 pst., opp frå 16 pst. i 2015. Ein konsekvens for arbeidet med likestilling i politiet gjennom pandemien kan vere at det er avlyst fleire kurs på Politihøgskolen for å utdanne innsattpersonell, der det er eit mål om å auke delen kvinner. Fleire tiltak er òg utsette pga. omprioritering av oppgåver under pandemien.

I etterkant av undersøkinga om uønskt seksuell merksemd i politiet, har politidistrikt og særorgan arbeidd lokalt og utarbeidd handlingsplanar med tiltak. Politidirektoratet følgjer opp i styringsdialog og resultatavtalar og gjennom HMT-leiarnettverk. Dei første tiltaka var dilemmatrening i alle einingar og obligatorisk gjennomføring av etiske retningslinjer gjennom e-læring. Ei breitt samansett nasjonal arbeidsgruppe har utarbeidd overordna tiltak som omhandlar leiarutvikling og opplæring med merksemd på konkret handtering av trakasseringssaker og på systematisk arbeid med å utvikle eit trygt arbeidsmiljø. Politidirektoratet har revidert rutinar og prosedyrar og har ei temaside på intranettet med verktøy for å arbeide med eit trygt arbeidsmiljø. I september 2021 blir det lansert ei haldningskampanje retta mot leiarar og alle medarbeidarar som skal medverke til bevisstgjerung og førebygging.

Sjukefráværet held seg relativt stabilt på rundt 5 pst. for kvinner og 2 pst. for menn. Det totale sjukefráværet for 2020 var på 5,3 pst., som det òg var i 2019.

5.6 Den høgare påtalemakta

År	Talet på tilsette	Kjønnsbalanse (pst.)		Lønna til kvinner i pst. av lønna til menn	Deltid (pst.)		Mellombelse stillingar (pst.)		Legemeldt frávær (pst.)	
		M	K		M	K	M	K	M	K
2020	216	37	63	70,4	1,3	9,6	16,3	16,9	1,1	4,2
2019	209	37,3	62,7	68,6	2,6	9,9	12,8	12,2	2,7	2,2
2018	204	37,7	62,3	67,5	1,3	9,4	13	13,4	2,1	3,4
2017	200	40	60	68,5	1,3	8,3	13,8	16,7	4,2	5,0

Stillingskategoriane i Den høgare påtalemakta er embetsmenn og administrativt tilsette. Lønna til embetsmennene er høgare enn lønna til administrativt tilsette. Vidare er dei fleste av administrativt tilsette kvinner, noko som gjer lønna at til kvinner i pst. av lønna til menn verkar som låg når begge stillingskategoriane blir slått saman.

Stillingskategorien embetsmenn omfattar riksadvokaten, assisterande riksadvokat, førstestatsadvokatar og statsadvokatar. Blant statsadvoka-

tane er det 44,6 pst. kvinner og 55,4 pst. menn. Det blir praktisert likelønn i denne stillingskategorien og lønna til kvinner er 97,6 pst som pst. av lønna til menn. Det er framleis flest førstestatsadvokatar/embetsleiarar som er menn. Trenden er likevel ei utjamning i kjønnsbalansen. Av dei statsadvokatane som no går av med pensjon, er det flest menn, og nye tilsetjingar er meir balanserte med omsyn til kjønn. Dei siste åra har det blitt tilsett fire kvinnelege embetsleiarar.

5.7 Direktoratet for samfunnstryggleik og beredskap (DSB)

År	N	Kjønnsbalanse (pst.)		Lønna til kvinner i pst. av lønna til menn	Deltid (pst.)		Mellombelse stillingar (pst.)		Legemeldt frávær (pst.)	
		M	K		M	K	M	K	M	K
2020	631	56,1	43,9	94,5	3,1	12,3	0,5	1,5	3,1	4,5
2019	661	55,8	44,2	95,6	1,5	6,2	3,2	2,2	2,4	4,3
2018	667	56,4	43,6	94,1	2,2	8,7	1,9	1,3	2,9	5,5
2017	684	56,4	43,6	94,0	2,9	9,6	2,4	1,9	2,1	2,4
2016	639	56,6	43,4	91,5	1,9	6,7	2,5	2,4	2,1	2,6

Kjelde: DSB

Blant leiarar i Direktoratet for samfunnstryggleik og beredskap (DSB) i 2020 utgjer kvinner totalt 34 pst., mot 36 pst. i 2019.

Det er i dag stor skilnad innanfor dei ulike leiararnivåa, med 70 pst. kvinneandel på direktørnivå mot 27 pst. kvinneandel i mellomleiarstadiet.

I mellomleiarstadiet finn vi dei tradisjonelt mannsdominerte delane av verksemda med sivilforsvarsdistrikt og regionskontor innanfor eltryggleik. Her er berre 3 av 20 leiarar kvinner, og rekrutteringsgrunnlaget består i hovudsak av menn.

DSB jobbar for likestilling og ei balansert kjønnsamansetning gjennom rekrutteringsprosesser, og direktoratet legg særleg vekt på at kunngjeringsstektane skal utformast slik at verksemda kan tiltrekkje seg begge kjønn og samstundes stimulere til betre mangfald i verksemda. DSB arbeider for likelønn mellom kjønna og for å redusere uønskte skilnader i lønn mellom nyttilsette og tilsette som har arbeidd i DSB i fleire år. Likelønnsprinsippet er nedfelt i det lønnspolitiske dokumentet til DSB.

5.8 Sivil klareringsstyresmakt (SKM)

År	N	Kjønnsbalanse (pst.)		Lønna til kvinner i pst. av lønna til menn		Deltid (pst.)		Mellombelse stillingar (pst.)		Legemeldt fråvær (pst.)	
		M	K	M	K	M	K	M	K		
		2020	34	35,3	64,7	89,2	0	0	8,8	5,9	0,01
2019	33	30,3	69,7	88,7	0	0	6,1	0	0,41	1,27	
2018	27	33,3	66,7	86,4	0	0	11	4	0,10	0,75	

Kjelde: SKM

Mot slutten av 2020 var det kjønnsbalanse i leiargruppa i Sivil klareringsstyresmakt (SKM), som bestod av to kvinner og to menn. Totalt har talet på kvinner i verksemda gått ned frå 2019 til 2020, og talet på menn i verksemda har auka. Per 31. desember 2020 var 65 pst. av dei tilsette kvinner og 35 pst. var menn. Lønna til kvinner i prosent av lønna til menn, har auka frå 2019 til 2020.

I kunngjeringsstekstane har verksemda alltid med ei mangfaldserklæring, men SKM har ikkje aktivt oppfordra kandidatar av eit bestemt kjønn om å søke. Kjønnsbalanse har likevel vore eitt av

fleire element som har vore vurdert i rekrutteringsprosessar.

I lønnspolitikken til verksemda er det eit mål at tilsette skal få lik lønn for arbeid av lik verdi, og at kvinner og menn skal ha lik lønnsutvikling. Lønns- og personalpolitikken skal medverke til at alle arbeidstakarar har moglegheit for karriere-messig utvikling, uavhengig av kjønn. Samstundes skal lønn og stillingskode spegle innhald, ansvar, kompleksitet og krav til kompetanse og resultat i stillinga.

Likestilling vil være eit sentralt tema i utviklinga av livsfasepolitikken til SKM.

5.9 Hovudredningsentralen (HRS)

År	N	Kjønnsbalanse (pst.)		Lønna til kvinner i pst. av lønna til menn		Deltid (pst.)		Mellombelse stillingar (pst.)		Legemeldt fråvær (pst.)	
		M	K	M	K	M	K	M	K		
		2020	53	79,2	20,8	69,3	0	0	0	1,9	1,9
2019	54	79,7	20,3	73,1	0	0	0	1,9	1	4,2	
2018	53	80,9	19,1	75,7	0	0	0	0	2,7	2,5	
2017	48	83,3	16,7	66,7	0	0	0	0	1	2,8	
2016	48	83,3	16,7	66,7	0	0	0	0	1	2,8	

Kjelde: HRS

Av sju leiarar ved Hovudredningsentralen var seks menn ved utgangen av 2020. Ved nyrekruttering blir kvalifiserte kandidatar med ulik utdanning og arbeids- og livserfaring alltid oppmoda til å søke stillinga. Det blir likevel ikkje praktisert noka form for kvotering. Til stillingane som redningsleiar er det eit krav om såkalla operativ erfa-

ring. Dette inneber at kandidatane ofte kjem frå mannsdominerte yrke, som Forsvaret, politiet eller sivil luft- og sjøfart. HRS har ei forventning om at prosentdelen kvalifiserte kvinnelege søkarar vil auke i takt med at kvinneprosenten aukar i dei nemnde sektorane.

5.10 Nasjonalt tryggingsorgan (NSM)

År	N	Kjønnsbalanse (pst.)		Lønna til kvinner i pst. av lønna til menn			Mellombelse stillingar (pst.)		Legemeldt frávær (pst.)	
		M	K	M	K	M	K	M	K	
		2020	297	64,8	35,2	92,1	4,7	1,7	4,4	3,8
2019	295	68,1	31,9	92,3	4,7	1,3	2,1	2,5	3,55	8,33
2018	289	68,5	31,5	94,3	2,4	2,4	2,8	3,5	3,0	7,5

Kjelde: Totalt sjukefrávær, legemeldt og eigenmeldt. Nasjonalt tryggingsorgan (NSM) gjekk frå 1. januar 2019 over til nye system for lønn, rekneskap og tidsregistrering. Dette påverkar korleis sjukefráværet blir registrert.

Ved utgangen av 2020 var 35,2 pst. av dei tilsette i Nasjonalt tryggingsorgan (NSM) kvinner. I leiargruppa var 30 pst. kvinner. I mellomleiarstillet (einings- og seksjonsleiarstillingar) var 18,8 pst. av dei tilsette kvinner.

NSM skal vere ein attraktiv arbeidsplass for begge kjønn. Dette kan først og fremst bli påverka gjennom rekrutteringsprosessane. NSM er oppteke av å ha personalgode som er kjønnsnøytrale, og som kan appellere til alle tilsette, uavhengig av kjønn. NSM legg til grunn kvalifikasjonsprinsippet, som betyr at den best kvalifiserte kandidaten blir tilsett i alle rekrutteringsprosessar. I stillingar der det har vist seg å vere vanskeleg å rekruttere kvinner, oppmodar NSM kvinner om å søke. Kvali-

